

Det norske språk- og litteraturselskap 2010.

Olav Duun: *Menneske og maktene*.

Utgave ved Bjørg Dale Spørck.

Teksten er lastet ned fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

# Menneske og maktene

Olav Duun

1938



[OM BORD I ØYVÆRE](#)

[SOGA OM HELMER OG NOKRE TIL](#)

[BORGHILD OG BROR HENNES](#)

[TORGER](#)

[ROALD, VIDUNDERBARNE](#)

[SJØTROLLE](#)

[DA GUD RØMTE LANDE](#)

[OM BORD I ØYVÆRE](#)

Det var spådd frå gammal tid at Øyvære skulde gå under. Uti have låg det, og have skulde ta det. Det hadde ikkje hendt hit-til. Det kom ikkje til å hende heller. Visst det da ikkje hendte i år. Det var spådd det òg, av einkvan ulykkesvarslaren.

Dei var mange menneske der ute, om bord i Øyvære som dei sa. Somme var fødd der, andre var nykommarar. Eit par huslydar hadde nyst flytta der i frå, av kvar sin grunn.

Namne Øyvære hørtas litt rart for andre: alle væra der i kring låg på øyar. Men namne var gammalt, og godt nok til sitt bruk. Der var tre øyar, og ei mengd med holmar og skjær. Utanfor var fallgaren, men han var stygt open rett vest for være. Berre på to av øyane budde der folk nå, ein huslyd på Langholmen og ein fem seks på Heimvære.

Dei låg i breidd dei tre øyane. Sunde mellom Heimvære og Langholmen var hamna deres, men ei utrygg hamn var det, det fekk vera tilstått.

Folk hadde budd her i alle dei år, frå utgammal tid og til nå. Før var her fleir, i den gode gamle tida dei kallar. Da var her godt fiske om vintrane, når berre vøre ga lov til det. Eit årvisst sommarfiske var her òg. Og så var det *prisar* den tida, øyværingen var velberga mann. Nå var det slut med både det eine og det andre. Det var nøda som rådde her nå eit tak. Ho hadde vel gjesta her før òg, men ho budde her ikkje den tida.

Her hadde dei levd ja. Øyvære hadde aldri gått *under*, kva ein elles kunde seie om det. Dei hadde trivdes her frammed sunde, åre rundt. Fòr dei bort, så kom dei heim att om ei tid. Innflyttarane ga seg gjerne til å trivas her dei med.

Heimvære er ei lang og smal øy, liksom Langholmen, og høgast på øystre enden. Ved vestre odden stig Nakken i vøre, ein høg og bratt holme. Lågast er øya midt på, og der heiter det Lone, låglenda, — der er det fine grasvollen ned mot sunde. Berre eitt hus stod der, dei andre lenger vest, oppunder den låge bergryggen, han er ikkje høgare enn at storsjøen frøser skom over han både ein og to gonger om åre. I Lone spyler han vollen når vøre er på det grovaste. Være stod der like godt for det; — det har da flyti til i dag, sa folk. Javisst flaut det ja, om ein vilde seie det slik.

Husa låg bra høgt over flomåle. Det gjorde huse i Lone òg, skolestua, verdens minste skolehus, påstod vidreist folk. Det gjorde tenest som bedehus òg; så det

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html) skulde da stå. Læraren budde der når det var skole i være, som nå, og han gjorde tenest som emissær attåt.

Nærmast Lone men høgt oppe låg Gammalstua, der gamlefolka i være budde. Dei låg til sengs av alderdom. Dotterdottra deres var heime og røkta dem. Dei var fødd her ute baa to.

Torgerstua låg høgst. Mannen der var òg innfødd. Så var det Nystua, så gammal ho var. Der budde Ludvik, Sjøtrolle, ein sjømann som gifta seg inn der i ungdommen; han hadde ei dotter som ikkje var rett. Enda litt lenger vest var Bua, der Helmer budde, han var ein bonde som kom flyttande hit i sommar. Vestfor den var Iverstua. Iver var innfødd. Huslyden som losjerte der var frå grannelage. Lengst vest, eller *Vestpå*, budde Eivind. Foreldra hans flytta hit da han var småguten.

På Langholmen budde Elling, fødd og boren her han òg, men han hadde vore langt ut i verda. Hoss han losjerte Fridtjof, som gjekk med trefot.

I sunde budde Erik Bergan om bord i bankfartye sitt, når han ikkje låg utpå. Han låg her nå òg, i breidd med gamle storbåten, som låg der og aldri vart hogd opp.

Men ein kvelden var det ikkje kvelden som vanlig. Sjøen var still, dei tykte mest han var uhuglig still. Han kom lenger og lenger over flomåle. Dei vaka den natta, somme. Dagen etter var fin, og kanskje tenkte ingen meir på det. Ulykka kom rett nok, men det var Vestpå, hoss Eivind, han vart bråsjuk og måtte til dokteren; det var blodforgift.

I kveldinga den dagen skulde rutebåten vore her, men det torde dei ikkje vente på, det kunde like snart hende han ikkje kom. Herrane i styre hadde funne ut at ein gong i veka fekk klare seg vinters tid, for dette fillevære her, som ikkje var noko vær lenger, og øyane i kring her var heller ikkje noko å koste kol på. Det skulde vera avgjort det, stod kanskje alt i blada. Ingen såg likt til røyk av båten austpå. Det vart å ta skjøyta, som vanlig.

Torger var den som åtte henne. Han var den som ennå åtte nokon ting her om bord, dei andre var snaue for år og dag sia; hadde dei ein småbåt så var det stort. To mann fór i veg. Det vart Elling på Langholmen og så Gunnerus, sonen åt sjuklingen. Elles vart aldri Torger heime når skjøyta fór. Det var den folk skulde

leva av, på det vise det var. Dei undra seg sterkt over han i kveld. Det måtte vera det at han kom nylig heim frå ei ferd austover; anna kunde det da ikkje vera? — Ja ja, der gjekk dei og stod dei.

Slik dag, slik kveld. Sjøen så blank at det reint båra i ein når ein såg det. Skya låg i vide flak over himmelen. Dei såg sjelden slik ro i henne her ute, det var rart å sjå. Det mørkna tidlig, det hørte årstida til. Månen synt seg da han rann austpå innlande. — Ein full og god måne, var det ein som sa. Sia skjein han fram berre gløtt og annan.

Nå nei, dampbåten kom ikkje. I staden kom lensmannsbåten kakkande inn sunde. Fullmekten var ute og skulde ta ein symaskin-agent, knekten hadde einkvart ulovlig å svara for, men han hadde alt fare sin veg, og ta han så att!

Med lensmannsbåten fór læraren sin veg. Skolen hadde så vidt tatt til her ute for i haust, og nå skulde det vore bedehusmøte i kveld, men så laut han eit erend austover, fanns ikkje råd for anna, og han bad Iver stå-for møte. Ingen kunde seie han rømte. Dei kom berre til å undre seg. For resten kom her ingen båtar frå granneøyane i kveld, så det vart ikkje større møte å snakke om.

Det var to slag folk her som andre stader, dei som var frelst og så dei andre. Dei levde elles fredelig i lag, rodde bokstavelig sagt i samme båten. Ein kunde trygt seie dei delte brøde med kvarandre, så langt det rakk i desse tidene. Og var lykkelige på kvar sitt vis, så det klara seg.

Men emissæren deres fór han. Han fór ikkje ein gong til den andre krinsen sin.

Der stod ein og annan på «haugen» ovanom husa, i kveld som ein annan godvêrskveld. Stod der og såg utover, prata litt om vøre eller kva det kunde bli. Einkvan nemnte kanskje sjøen òg, han steig fort, som i gårkveld og vel så det. Dei var ikkje uvant med det.

Ei stund stod Torger og kona hans der, og så Helmer, bonden, og Sjøtrolle (som var fienden hans). Ungguten Roald frå Langholmen kom og stod der han òg. Dei var verdslig folk alle, det fall seg slik. Enda Helmer hadde vore ein kraftkar i bedehuse ei tid, det skulde han sjøl ha fortalt. Han kom ikkje inn her. — Enten er huse for lite, eller så er det han som er for stor, sa dei. Han sat på dørhylla der ein gong i sommar med møte stod på. — Jaja-ja! hørte dei han

— Lat berre sjøen flø, sa han nå der han stod. Han plar da falle att.

Ludvik, Sjøtrolle deres, snudde seg bort og spytta, eit dugelig tvi!

Borghild, kona til Torger, sa at ho likte aldri sjøen når han kom over flomåle;

— kva er det han kjem etter? sa ho, men ho lo det bort att.

— Eg er glad vi har han eg, sa Helmer og lo han med.

— *De?* frøste Sjøtrolle, og ein kunde mest sjå kor skjeggfluren hans yvde seg av hat.

— Sjøen fell nok han, sa Torger. Berre dei kom tids nok fram med 'n Eivind, la han til.

— Ja, sa kona hans, men ho tenkte på andre ting. Han er der aust nå *han*, sa ho med seg sjøl.

Roald sa ikkje noko i kveld. Han hadde vore still av seg i det siste, som eit eldre menneske.

Best dei stod hørte dei Erik Bergan sette i gang motoren, og dei såg han gjekk austover med fartye sitt. Det let ikkje særst lovande for dem det. Dei såg ut, den eine for den andre, som dei hadde blitt glømt att her av Vårherre. I grunnen var det vel berre det at Erik skulde austover og proviantere.

Men dei hadde tenkt på fartye som ein hjelpar i nøda. Dei hørte motorlyden lenge.

Ei stund etter gjekk dei ned, ein om senn; Helmer sist, for han var ivrig til å stå og sjå på himmelen og have og kva det nå var, dag og kveld.

Dei hadde kvar si soga. Dei som andre. Eller vel så det, tykte dei nok sjøl.

## SOGA OM HELMER OG NOKRE TIL

### I.

**H**elmer hadde komme hit i sommar ein gong. Han var styfaren til Kari, eller Enka som dei kalla henne etter mannen rømte frå henne. Ho og mannen kom flyttande hit med to barn for ei tid sia. Han fór sin veg da han vel hadde fått henne i hus. Han var fødd i være her, men han hørte liksom den vide verda til.

Sjølive og ektestande var ulidelige vilkår for den mannen. Drakk gjorde han òg, så han tørsta kanskje her ifrå. Han skulde ut og ordne seg med pengar til ei forretning, fortalde han. Sia hørte dei han hadde ordna seg med eit damemenneske ein staden nordafor og dreiv kinematograf. Der fór *han*. Kona sat att her og venta på han.

Enda ho var så klok å sjå til. Ja vakker var ho òg, på sitt vis. Ho hadde så blanke auga, brune ja, men likevel, dei var det klåraste du såg, og stort brunt hår hadde ho, klipt og krulla etter moten, og så smilte ho til deg samme kven du var, klokt og godt. Det var vakkert. Ho var eit uvanlig menneske. Det såg ut som ho uroa både menn og kvinner i det arme være.

Litt etter kvart kom smilen hennes bort. Knappt nok ho takka når dei ga henne ei hands hjelp, ho hadde nok med sorga si, med skamma. Og med dei to barna. Var det ikkje for deres skyld, da hadde ho svelta seg i hel, så visst som ho levde.

To rare ungar var det. Så spell levande, og så alt for kloke etter alderen, det var uråd å snakke vettugt åt dem. Dei var berre nokre få år, kanskje seks eller sju, men der var ord i dem som i vakse folk og vel så det, og slikt snakk da! Mora hadde fresta å aga dem, hardt òg, det kunde mange vitne. Nytta henne ikkje det spytt, dei såg henne høgt over hovude. Kan hende ho var litt overklok ho òg i den alderen? Ein kunde komma i skade for å tenke det. Der var elles ikkje noko vondt i dem. Men slikt innmari munnbruk. Det hørtes i alle fall ikkje særers bra her ute. Om ein måtte le langt ned i magen, som ei kjerring sa, ho hadde hørt på dem.

Solveig og Egil heitte dei. Vakre små skapningar. Berre det at gutungen voks ikkje lenger.

Folk hørte gjentungen sa ein gong: — Ikkje gråt du mor, det kan da bli folk tå meg. Ein annan gong sa ho til mora: — Du veks vel av deg sorga, du er ikkje eldre. Egil trøsta mora og sa: — Om ho Solveig er litt klokare enn deg, det er da vel berre bra det? Det blir i *familien*.

Men her ein dagen sa Solveig: — Og så er det spådd at være vårt skal gå under med mann og mus. Det er ei trøst det. For'n Egil, meiner eg. Visst han slett ikkje skulde bli større. Og han svara som sant var: — Du blir for stutt du òg *da*; om du er aldri så langskanka.

Der stod mora og hørte det, og andre med hørte det. Ja visst måtte ho le, slikt

Så kom Helmer hit og tok seg av dem. Han vart morfaren deres tålig fort. Det såg ut som han fryda seg over dem. Som over utrulig mangt anna. Ein merkelig mann, enda så lite merkelig han var. Ofte måtte dei tru han fryda seg over alt som i kring han var: over solskine eller uvêre, over saltfiskene og nypoteten eller eit grønt grasstrå, over all armoda her ute. Men særlig over desse ungekreka. — Dei agar seg sjøl, sa han og godhumra. Og det gjorde dei òg, når han var i nærleiken. — Han Helmer vår, sa dei. Forsørgaren vår.

Bonde var han ja, landkrabbe, men han rodde småfiske det beste han kunde, og heldt live og mote oppe i den vesle huslyden. Det var det han kom her for. Sjølo han og sa, det var gammal synd han skulde sveitte ut. Han sa mangt, han var så full av mot, gamle mannen. Her låg han og rodde tarane rundt, fiska småsei om ikkje anna, og ga bort til alle som vilde ha. Ja han ga bort andre ting òg, gud signe han, og støtt med ein saftig spøk til. Men i grunnen var han still av seg, mest som han bar andsvare for all verdsens tyngsel. Hadde vel opplevd eitt og anna han òg, for det om han var ein bonde.

— Venner, venner! kunde han seie, som han vilde i gang med ei preke, men så tagde han og tenkte på andre ting, sukka og gjekk sin veg.

— Eg var ung ein gong eg òg, sa Helmer stundom, og rista på hovude og mintes. Det var likt til han trega det og gleddes ved det i samme stunda, mest som han lo trass i alt. — Å ja da, ja da, kunde han seie med seg sjøl. Han syntes han var barn da, samme barne som han var den gongen og alle gongene, han burde hatt ris, gutknekten!

Han var einaste sonen på ein storvoren gar, sonen til velstandsfolk og gjennom-bra menneske. Ein to-tre søster hadde han, men han var storebror for dem og vart elska eller høgakta i kor av dem. Ein sjølvis kar var han, det var dei òg einige om, men han var så klok og var dertil så hjartans god av seg, det var lovlig alt han fann på. Og fann på gjorde han, det vanta just ikkje. Ai ai! kunde han tenke nå etterpå.

Han kunde funne på ein million ting meir, og mykje galnare. Han let det vera. Han forsynte seg elles bra av live, Helmer var hans vitne på det.

Ein vakker dag fann han på å gifte seg. Søsterne vart forfælde, men foreldra



gledde seg, for nå fall det nok ro over han òg, og dessutan tok han den gjenta dei ønska han. Det var eit stillfarande menneske, og snild og vakker, tykte dei. Arvelaus var ho ikkje heller.

Kvifor han tok Ane og ikkje ei av dei andre han hadde leikt seg med? Dei kunde så spørre. Han undra seg over det sjøl òg stundom. Søsterne fann dette giftarmåle *usømmelig*. Der til så gjorde det dem heimlause, dei vart nøydd til å gifte seg dei òg. — Ta motgift ja! sa Helmer og lo.

I femten år var Helmer gift med ei sjuklig og tålmodsam kvinne. Dei var barnlause folk. I førstninga regjorde han hardt med arbeide, bygde opp nye hus, braut opp nye jordvidder, han skulde tvidoble garen. Han bygde og braut seg til fant.

Ja vel, sa Helmer. Han selde garen i tide, tok unda eit strandstykke og litt skog, bygde seg hus på nytt, dyrka seg opp ein hjelpelig smågar. Dei sa han arbeidde for to mann. Han både sukka og smilte når han mintes det nå. Han kom til bergings att. Men gamle galningen fór i han rett som det var. Han kunde sette av på dans i lag med kammeratane, heilt bort i andre bygder stundom, kom ikkje att før lyse morgonen, kom kanskje ikkje att da heller. Men drakk gjorde han mest ikkje. — Eg er da full nok lel eg, var orda hans, og det kunde dei gi han rett i. Kona si var han snild mot all tida. Og ho klaga seg ikkje. Folk sa han bar henne på gullstol. — Ja hadde eg så visst *hatt* ein gullstol! sa han.

Men kva som nå fór i han: Han omvendte seg ein vakker dag. Han hivde brennvinsflaska dei bydde han, mot steinmuren, tobakkdåsen etter, og sa så heile unglyden hørte det: — Far vel, Satan! Eg seier opp tenesta hoss deg. *Du* skal ikkje ha sjela mi.

Han kom heim eit nytt menneske den kvelden. Sia stod han fram på eit kristenmøte og vitna. Det var gripande å høre på. — Venner, venner! sa han. Her kjem eg, de lyt ta i mot meg. Gud Herren tok i mot meg han òg, *med glede*, enda eg hadde ikkje fått tid til å angre synda mi, — det får eg kanskje aldri. Store Gud ja! sa han halvt med seg sjøl.

Og dei tok i mot han. Han vart førstemannen i kristenlive som han hadde vore det i galenskapen. Han var slik. Forkynninga hans var sterk, dei staup for tvert for han, vart det sagt. Han var ein lykkelig mann. Ein gladværug kjempe, han

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
gjekk fram som ein song, eit signal da striden kvesste seg til. Det var han som fekk opp bedehuse, så det stod der og vitna i bygda. Det vart ei makt. Striden gjekk sin gang, mot djevelen og verden, men særlig mot presten, mot prestevelde, det var Helmer som skapte frikjerka der, av lite eller ingenting. Det samme gjorde han mange stader.

Kona hans døde lykksalig. Få såg han sørgde over henne, men det gjorde han. Eg fekk da angre synda mi, tenkte han somme nettene. Nå, Helmer, sa han, nå kjenner du deg sjøl. Det smilte han til sia.

Han gjorde seg så ring at han trudde gudsorde for tvert, kvar ein smitt og smule. Trua er naturstridig ho, vil du med så heng fast, kar! Helmer hang fast.

Like vel lak der bort noko i forkynninga hans smått om senn. Han reiste langt ut og vitna somme tider, vart meir og meir ivrig, men han fann sjelden att tonen frå før. Som einkvan har sagt om ein annan storing, at han var ein varm hatar av djevelen, men ein kaldvoren elsker av Gud, — noko slikt var det ja, og sant måtte dei tilstå det var, om 'n Helmer. Sia tilstod han det sjøl òg.

Kom så elskhugen over han att. Da var han over 50 år. Ho heitte Gisken den han fekk. Ho var enke med tre barn, ikkje 40 år enda, og like så finskapt som han var stor og grov. Ei stillfarande og kristelig kvinne som første kona hans, men ho var av eit anna slag; ho gjorde ein stakar varm når ho såg på han. Og tre vakre barn hadde ho. — Eg har vore barnlaus mann lenge nok, sa Helmer.

Guten var elles så gammal han fór ut til sjøs samme åre. Åre etter døde han i utlande.

Dei to gjentungane var så ulike dei kunde bli. Helmer kjente det òg som ein gave. Målfrid var lys som mora, still og blid som henne, og samme vakkerjenta som ho hadde vore. Ho smilte gjerne, men sa lite, ho kunde sjå mest hjelpelaust på ein. Ho var klok nok på skolen, og Helmer merka der var mykje fint vett i henne. Ho var for godhjarta, det var det som gjorde henne dum. Ho ga bort katta si ein gong.

Da var Kari over henne, da som alltid, — ho var klok nok for dei baa, enda ho var åre yngre. Kari hadde mørke auga. Det var utruleg kor vaksent ho såg på ein med dem, og så uredd, som ein modig men snild gutunge, av dem du ikkje må dumme deg mot.

Målfrid vart litt fattig av seg når Kari kom, let henne rå i alle ting. Men dei heldt av einannan så det var kløkkande å sjå.

— Verda går ikkje under så lenge her finns slike, sa Helmer til Gisken. Ho smilte, for ho kjente Helmer: det var han meir om å gjera at det han sa var morosamt enn at det var sætande; han hadde auga som eit barn, for det meste da.

Visst var gjentungane litt opprådde med han i førstninga. Målfrid gret snykt og annan med seg sjøl. Kari var ikkje den, ho såg heller litt spottesjuk på han, kunde jamvel le ope til dumheita hans. Båe skjønnte dei visst at mora var ei stakars sål som trong ein slik dansarbjønn i huse. Helmer humra til det som til alt dei hadde for seg. Gud skapte ikkje barn for ingenting.

Dei kom til å like denne bjønnen hennes dei òg. Kari først. Ho kom smilande til han, stod litt og såg på arbeide hans, og sa: — Kan du snekre òg du? Eller: — Enn han kan lodde spann da gut! Ho var så truverdig i tonen når ho sa slikt.

Sia når ho bad han om einkvart, sa ho som så: — Ho Målfrid vilde så gjerne ha bedt deg om denne bordstubben her; kanskje du pyntar han til litt med høveln din og let henne få han? Og ein gong ho vart to-eina med han, sa ho og hadde den rare blenken sin i auga: — Det er da vel ikkje *berre* ho mor som er til? Ho meinte nok meir med det, trolle, enn ho sjøl visste om. Det gledde han veldig, — ja om han hadde gjort henne sjøl, tykte han, så kunde ho ikkje vore meir etter hans hjarte!

Men det vart Målfrid han tok seg mest av. Ho var nå eingong slik. Eit barn i verda. Enda ho vart tidlig kvinne, arme gjenta. Ho rødna først ein av grannegutane snakka til henne. Kari såg berre ertesamt på den samme skapningen, ho stod der så bein med hendene på ryggen: smågutar var smågutar dei, stakar.

Helmer sukka stundomtil. Han kunde seie det med Gisken òg: — Kan eg vera i fars stad for slike, trur du? Ja ja, Herren har gjort det slik. Han våga det ja. Store Gud og fader! mumla han og såg fram i vøre eller tida.

Åra gjekk. Helmer låg hardt i arbeide, såg seg aldri tid til å dra ut meir, han var ein mann med hus og heim, med kone og barn og alt det som godt er. Det var urimelig godt. Han arbeidde helsa av seg, sa Gisken. Han svara at ho kjente ikkje helsa hans. Og det var sant. Der var ei ovhelse i han.

Det var det som førte han i ulykka. (Sia visste han ikkje for vel om det var ei ulykka, men det var ei lang tid etterpå.)

Han fall i synda med ei frammand kvinne. Ja det gjorde han det, han Helmer sjøl i bygda. Han som kristenfolke hadde emna på til ordførar og meir stort når dei snart tok over makta. Folk kunde ha sagt og trudd så ømse om han, men ikkje det. Når slikt kunde hende, da måtte ein mest misstru seg sjøl òg. Der låg *han*. Til skade og skam for både frikjerka og bygda. Slikt har hendt før, sa einkvan, og det var gjerne så, men kva hjalp det?

Gjenta var i trettiårs-alderen og hadde hatt eit barn før. Så ho burde hatt bedre vett, men det hadde ho vel ikkje. Olga heitte ho. Ho hørte bedehuse til ho òg. Ho såg bortgitt på han når han var oppe og tala. Einkvart i blikke hennes heldt han fast. Han syntes det var noko reint åndelig, han hadde møtt mangt eit blikk på ferdene sine, slikt som vermer ein i trua. Med kvart tykte han det var einast dei to i heile lyden som song. Det var sæle stunder.

Og så gjekk det opp for han: at ho var den kvinna han hadde leita etter og aldri funne. Det kom knapt for han at nå var det for seint. Ho kom stadig i tankane hans, kom og var med han. Midt i arbeide måtte han sjå henne for seg. Ho var litavori og rundlett, ho hadde kinn og munn som eit barn. Ho var frisk så det lyste av henne. Men det var særlig auga hennes, — ja der var ikkje noko særst ved dem, dei kom berre så livsens nær han. Forunderlig. Aldri før hadde eit menneske komme han så nær.

Men det vart lenge før han snakka med henne. Ikkje hadde det blitt heller, om ikkje høve hadde skapt det til slik. Det skapte det til slik mange gonger. Mange underlige gonger; dei møttes der dei minst venta det.

Der var ei overmakt som fór ille med dem. Ikkje å spørre om tanke eller slikt, synda var som eit oppdemt vatn i dem, dei gjekk i mørkre, lukt mot undergangen. Underlige dagar! Ei veldig glede var over han, over dem båe. Haustkvelden kom som ein trolldomskonst. Stilla i kring dem, og stjerneverda over dem. Store Gud! hadde det sagt ofte i Helmer, men aldri slik, aldri slik.

Men det var i byen *det* skjedde. Dei møttes der sant sagt ved eit slumpehøve. Dei tok det som eit tegn eller kva det var. Så det gjekk som det måtte gå.

Ikkje ein gong etter den uferda vakna dei. Men Helmer vakna ein dagen like

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html) vel. Det var ikkje syndkjensla som gjorde det. Han vart vår andlete til Gisken. Det synta at ho visste alt. Verda hadde gått under for henne. Da tok verda til og gjekk under for han òg.

Han la nokså openlyst i veg og snakka med Olga. Ja ja, ho kom til samlings ho òg, på eit vis. Trøsteorda hans om synd og nåde hørte ho ikkje på. Ho gret og tagde. Snart etter reiste ho bort, men da hadde ho tilstått alt sammen for ei veninne.

Vennene og andre hadde ottast gale. Dei vona like vel at Olga hadde tala over seg.

Ein av dei eldste i frikjerka kom og spurde Helmer om der var noko sant i fortelinga. Helmer tilstod. Vennen var ikkje mann til å seie stort. Han var bleik og såg ned. Han nemnte berre at Helmer måtte skrifte synda si i bedehuse, særlig når det var kjent i bygda kor som var. Helmer gjekk med på det, han var ferdig til tyngre tak, om så skulde vera.

— Men, sa han og retta seg bein, — han hadde dette lage sitt enda til å rette seg opp og vide ut bringa —, eg har andre eg lyt skrifte for først. Store Gud ja! anka han seg.

Dei skildes med det. Helmer stod att og var ingen Helmer meir, ikkje dusta av han. Fjellranda stod svart og meiningslaus mot ein utsløkt kveldhimmel; det minte han om eit vanskapt sagblad. Og ei synd er ei manggreina ulykke, synda vi preker om er berre ein poesi. Syndaren burde krype på buken og eta rask, nei han burde gar-fara og be kvar ein fåne om tilgiving, for alle har han synda i mot, han burde — — han burde for resten ingen verdsens ting, der er *for seint*, menneske! Synda får du angre, om du er slik at du kan det, men skaden er skjedd, det samme seier vindsusen oppi lia, skydrage over deg, du får ta og gå heim. Greier du gå til Gisken du, da gi deg i veg! Du gjer ein gjerning med det, om han er aldri så tåpelig.

Han makta det ikkje før dagen etter. Han såg at Gisken visste kva han kom til henne med. Det var kanskje ein lettna i det. Ho var visst nær på å rette fram baa hendene mot han, men så gjorde ho ikkje det. Og det var fint av henne. Ho stod bein, slik Kari pla stå. Ungane, ungene! Auga hennes var på lag like kloke som Kari sine, det blykta og bevra oppi panna på henne og over brynene. Ho fekk røde roser i kinna, om det nå ikkje var som første gongen han kom til henne. Ho var eit

Han fekk da skrifta frå seg. Ho hadde skjønt han heile tida; ho hadde bladd i han og lese. Nå stod ho der som mora hans. Aldri hadde han stått til svars for nokon før, nå fekk han da røyne det. Her står du, Helmer, tenkte han, du kan ikkje noko anna heller, han var nær på å seie amen.

Gisken hadde tilgitt han lenge før han kom, så godt ho fekk det til da. Det var mest som ho hadde venta seg dette, av *han*. Nå er du liten, Helmer, sa han seg, det var som det lo i han, nå endelig er du den du er. Han torde ikkje ein gong ta i kring kona si! Nei ho var han litt for mykje til menneske til det. Ho stod still og trudde kvart orde av det han fortalde henne, — kva anna råd veit ho seg, arme Gisken?

Haustsola skjein inn til dem, vinden sopte lauv ute og hadde andre ting for seg, ein mann nedved stranda klinka båt, — det var mann det! og Gisken sukka og såg ned. Han var ikkje så mykje til kar at han kasta seg ned breiddmed henne og bad. Nå ja, det fekk så vera; *det* fekk stå ut ei tid.

— Berre eg kunde skrifte som dei ventar seg det, sa han. I bedehuse.

Gisken tenkte på andre ting. Kom så etter orda hans, og sa at noko slikt trongs vel ikkje?

Nei, men visst dei krevde det, sa han.

— Lat oss ikkje tenke på slike småting nå, bad ho. Litt etter la ho til, at ho skulde gjerne vera med han dit, om han ønska det. — Men, sa ho best det var og strauk kaldsveitten av panna hans: Eg veit ikkje om det høver seg for deg, slikt.

Neigu ei! heldt han på og skulde seie, for der sa ho visst noko styggelig sant. Det var mest så han fraus: For henne måtte han vera ein underlig Goliat, på leirføter som dei seier. Slik er det vel når det eine menneske kjenner det andre til botns, det blir eit konstig resultat, venner.

Til bedehuse fekk han gå. Det gjer godt å svi brentsåre, det visste vel han som hadde fokla med smiearbeid. — Vi går, Gisken! sa han.

Ho berre såg på han. Ho måtte åt fjøse. Ved døra snudde ho seg, og smilte og sa: — Men eg kjem ikkje til å gråte for dem; eg er ferdig med det nå.

Gud var stor den dagen han planla henne der.

Da ho kom ut i kjøkkene, hørte Helmer at gjentungane var der. Dei hadde

ikkje lya, tvert i mot, kunde han seie, men han måtte ta seg over auga da han kom i hug dem att. Han skulde aldri tatt på seg å vera far for dem! Nei, godtfolk, det er dem eg har synda mest i mot, den kvennsteinen får eg ha kring halsen samme kor lenge eg skriftar. Nå fekk han gå ut og sjå *dem* i andlete. Det vart eit skriftemål det.

Armingane hadde nok både set og skjønt, kanskje hørt av kammeratane òg. Dei hadde knapt nok tort nemne det for einannan. Nå såg dei ut som han hadde skylda dem for stygge tankar. Barn er barn, seier vi. Herre gud alt det vi tullar og seier! Han skulde ikkje seie det oftare.

Han stod der og såg på dem. Han kunde ikkje det heller, slik det skulde vore, men der stod han, og der var dei. Enda visste ikkje dei to om slike som han. Dei var skapt i Guds billete. Kari var klok nok, men det var Målfrid, vesle kvinnemenneske, som vart rød. Kari ga seg til å sjå utgjennom vindauge, på vêre og ingenting. Kunde ho berre det, all tida frametter! Dei hadde mist Helmer'n sin nå, og mykje meir. Liksom dei ikkje var fattige nok før. Og at dei skulde miste han slik.

— Ja ja, sa han, retta på seg og fresta smile. Eg skulde ha snakka med dykk, men eg er ikkje verdig til det. Han stod der enda litt, gjekk så mot døra. — Ja! sa han.

Da sa Kari ut i hytt og vêr: — Med tida får kattungen auga han òg.

Dei hadde ein kattunge under komfyren. Men ho var ikkje så langt frå gråten som ho less vera, hørte han. Målfrid torde han ikkje sjå meir på. Bedehuse blir berre ein leik det, sa han da han var utom døra. Mest ikkje verdt ganga dit. Kvennsteinen er ikkje særlig god kring halsen nett nå. Du har prekt om *nåde* du Helmer.

## II.

Gisken følgde han til bedehuse laurdagskvelden. Det skulde vera berre eit vennemøte i leseromme. Helmer hadde all tida tala i mot syndskrifting i vanlig bedehusmøte. Offentlig vask hadde han kalla det. Kvifor det? undra han seg nå, men det fekk vera som det var. Nå vilde han heller fått stå fram for heile møtelyden.

Romme var fullt av folk. Bror den og den stod-for møte. Helmer og Gisken sat på fremste benken, — på botsbenken, kviskra han til henne. Songen og bønna tok slut, mannen sa nokre trudomsglade ord om ein bror i nød, og at der var større glede i himmelrike over *ein* sau som fór vill o. s. b.

Det vart stillt i samlinga. Dei såg ned og venta. Helmer såg på nokon kvar av dem. Ein og annan såg på han. Han kremta, men det vart ikkje så han reiste seg.

— Ja her sitt eg, sa han endelig. Han ansa kor rødleten dåma over andlete til Gisken, auga hennes fekk ein overjordisk glans dei kallar, ein vakker og jordisk glans som han hadde set før, da og da, men la oss ikkje minnas slikt i ei slik stund.

Men der vart ikkje noko slik stund. — De veit kva eg har gjort, sa han, eg treng ikkje fortele dykk nytt. Herren har tilgitt meg det for over tusen år sia. Og ho Gisken her slik slag, sa han og såg på henne, tok handa hennes og klemte. Ho skjemdes, som rett var, men ho heldt seg sterk. — Tilgir meg gjer nok de òg, heldt han ved. Men eg har *synda*, det er det. Mot to små av Vårherre sine. Eg har gjort dem skade, skjønner de (— det er fan likt! var han nær på å tenke). Det hjelper lite om eg får tilgiving for det.

Meir sa han ikkje. Dei bad og song og kva dei tok seg til med. Det gjekk utanom han. Gode venner var dei, og snart nå skulde han stemme i med att, når han fekk meir luft i bringa. — Å ja ja! sukka han og reiste seg. Dei sa farvel og gjekk.

Han kom ikkje i bedehuse oftare den vinteren. Ikkje Gisken heller. Dei kom ikkje til å diskutere det spørsmåle. Gisken såg meir religiøs ut enn noka tid før, om ho ikkje var så overseg lykkelig. Nei han gjekk ikkje dit anna enn i tankane. Venner var venner, som før, kunde ein mest seie, men det vilde ikkje bli som før.

Så nær som mellom han og gjentungane, kunde ein narre seg til å tru. Smått om senn tok dei han god som far att; sia var dei visst like glad i han som før. Ungar er noko allvetande herk! humra det i han med kvart, å dei er rare, gut, — har du *set* dem? Det sa han direkte til Vårherre.

Men bedehuse var langt unda. Han var ein villhedning ennå, det var sanninga, og når vart han noko anna tru? Han burde ha skrifta og vitna og vore Helmer frå før i tida, den glade kjempa, men han var speare kar enn som så, han makta det ikkje.



Gisken såg han var nedfor nå eit tak. Det var ikkje langt frå det gjorde han godt at ho såg det. Så tufs var det med han ja. Det fekk vera botnen det. Han retta seg opp att på eit vis, og la seg i arbeide att. Han måtte så gjera den første Adamen òg. Kroppsarbeide var alltid gildt for Helmer; han la i veg og gjorde i stand grisehuse. Just det ja; — til eit minne om den hausten, skjemta han og sa til seg sjøl.

Men slite var aldri nok for han. Få ord var sannare for han enn namne moldtræl, eller så stygt. Han skulde vore her og han skulde vore der, ute i lag med venner og fiendar, gjerne fiendar ja. Han hadde da ein budskap til nokon kvar av dem, og dei til han. Akk ja, Helmer! sukka han, lo litt og arbeidde på ny frisk. Gisken eller gjentungane kom og såg på verke hans gong og annan, særlig *dei*.

Folk venta på han i bedehuse. Og kvifor gjekk han så ikkje dit? Ja han spurde seg ofte om det. Var han furten fordi han hadde missfare seg? Det vart han før, når mor skjente på han for einkvart, vart blodsmakande harm over at ho hadde rett. Eller er du for liten til å stå fram med skamma di? spurde han seg. Det kjentes ikkje som det var nokon av dei delene.

Tvert i mot, han vilde helst ha stått fram og synt dem andlete sitt: her ser de ein syndar for Gud! Men det var just det han tykte Gud vilde misslike. Gisken meinte sikkert det samme. Henne hadde det nok gått meir innpå enn ho let seg merke med. Tilgitt han ja, det var *ein* ting; å bera den tilgivinga var visst like tungt for dem båe.

Men dei var da friske menneske, ikkje farlig med eit sår eller slikt, og maken til haustvêr, såg de det nokon gong? Og mange morosame hendingar gjekk for seg i bygda, mange gode ting òg.

Som nå dette: Vennene skillinga i hop og berga ein av sine, han hadde tulla reint ulovlig med meierikassen sin og med ein kasse til, — Helmer fekk vera med etter evne han òg. Det skjedde *i løynd*, så fiendane av gudsrike ikkje fekk tak i det. Fint, men i Helmer lo det aldri så lite. — — Ein mann kom her og prekte døden over frikjerka, men så kom kjerringa og henta han heim til seg, og da lo folk *unisont* som det heiter. — Ja og så kom ein mann heim frå Amerika og gifta seg med gammalkjæresten sin, dei var jamt 120 år til sammen. Han ga mange tusen

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
til gamleheimen i bygda, den som Helmer onna så hardt med ei tid, ga så ein tusenlapp til stymor si for det ho jaga han så tidlig heimefrå, jamt ein prosent av det han tente på det. Da mista ho mæle, forstår seg, men det var nyttig det òg, det visste Helmer og mange andre.

Og Helmer hadde godvêre all veg. Han tok opp ei *lengd* med grøft, ei heil byferd.

Ja og så kom trollkonstnaren til bygds. Helmer og gjentungane drog i veg. Verdslig jugl, sa Gisken, men ho tykte da dei burde gå. Der sat dei, og ungane lo, og Helmer lo med, med heile seg. Trollaren skapte om ting for ting, jugla og narra dem, han brente opp hovudtørklee for ei kjerring, så ho skreik, men da sat ho og blåheldt i det, det kjære gamle tørklee sitt! Det *er* gildt, tykte Helmer, å sjå at folk blir narra. Ikkje lenge etter fann konstnaren ein passlig stor steiketorsk i frakkelomma hoss'n Helmer. Helmer vart ille ved, først, men han lo sist og best. — Har eg vore anna da? sa han. Målfrid såg ned. Og det hadde ho jamenn rett i.

Ein lærte litt om seg sjøl på ømse måtar ja. I heimvegen samme kvelden lærte han litt om andre òg. Helmer vart gåande litt for seg sjøl, kom ruslande med hendene på ryggen. Ingen av delene var hans vis, men det laga seg slik.

Da møtte han to mann. Dei stana og helsa, og Helmer kjente dem, det var dei to eldste i frikjerka. Da måtte dei ha vore heime hoss han først, og Gisken hadde tilstått kor *han* heldt til. Ja ja, dei fann han her. Dei snudde og gjekk i lag med han. Bror Jørgen og bror Erik, som Helmer gjerne kalla dem.

Bror Jørgen var ein varsam mann i all si ferd, gammal og klok. Det var få som la i mot han når han sa noko. Helmer ja, han hadde sagt mangt til denne gubben, når det måtte gjerast. Ein gong sa han til han at han var for strevsam i det jordiske, i arbeide og i politikken, ein annan gong at han var ein slø stridsmann nå, — du har sove bort sverde ditt, bror! Bror Jørgen såg på Helmer da, men han sukka og ga han rett. Han sukka i alle fall. Det var han som stod-for møte da Helmer skulde skrifte.

Bror Erik var av eit meir beinkløyvd treslag. Han sa det han meinte og vel så det. I det stykke skulde han likne Helmer, vart det sagt. Gjerne det. Om det nå ikkje var så overhendig sant.

To elskelige brør i alle fall. Det var bror Erik som tok til ords nå òg.

Først var det litt skjemt: At Helmer fór og såg på slikt jugl? Som han var berre ungen enda.

Helmer tok samme tonen: Det var inga synd å bli som barn.

Dei bytta nokre ord om dette. Bror Erik vart alvorsam, og sa at det *var* gale av ein kristen å gi seg med i noko så verdslig.

Helmer lo, beint utor bringa, slik som før mellom venner: — Du skulde vore der, bror Erik. Det var friskt, seier eg deg! Og ikkje meir verdslig enn du og eg er.

Dei andre tagde. Helmer var nær på å trega orda sine. Da såg Erik og Jørgen på einannan. Helmer ønskte han ikkje hadde set dem slik. Erik snudde seg mot han og sa:

— Da burde ikkje du Helmer snakke vondt at'n Jørgen om å vera verdslig. Og det vil eg fortele deg med det samme, at'n Jørgen *han* har ikkje sove bort sverde sitt.

Helmer sa å hå med seg sjøl. Den kula der hadde dei vore to om å støype. Men er dei vonde på meg da? Er ikkje venner venner lenger, kva er eg da? Underlig at ein vaksen kar, skulde vera, kan bli så tynnsliten. Ei natt for lenge sia rodde han fjorden åleine i vestavinds-rokk og måneskin. Bonden krøkte seg i hop på tofta for tredjekvar båra som kom, og saup etter anda. Toeina med sjøen nattens tid, da er ein bra åleine, men det var godt om venner på landjorda den gongen, om ein berre — med Guds hjelp — kom seg levande dit.

Dei stod ved krossvegen. Erik skulde vestetter, Helmer rett fram. Jørgen kunde ta samme vegen som Helmer eit stykke.

Erik sa før han gjekk: — Vi saknar deg i bedehuse, Helmer. Kjem du, da finn du alt som før.

— Ikkje fullt det, svara Helmer. Eg lyt ta eit års straffetid. Med tap av statsborgarlige rettar. Det er Herren sjøl som har dømt slik. Og det bøyer eg meg med glede for. Men takk for de ventar meg!

Jørgen ga seg til og gjekk med Helmer. Han sukka og kremta, og så kom han fram med erende sitt. — Lat oss ikkje tape oss bort i småting nå. Lat oss gløkke både det eine og det andre. Han sa mange og gode ord, og Helmer hørte etter så godt han kunde. Det gjekk ut på at dei venta Helmer ja, dei hadde bruk for han, det vil seie, Herren hadde bruk for han. Ingen kunde gjera så mykje for Guds rike

Jørgen hadde eit uventa liv i røsta. Men, som Helmer hadde venta, der gjekk politikk i det. Jørgen minte han om at Guds kirke er stridande her i verda, dei trong Helmer og gavene hans. Kom i hug at trua er ein strid ho òg. Nå var tida her, Jesu flokk var mannsterk i bygda, dei kunde, og burde, ta over styre, og dermed bu seg til hærferd mot verden, mot verdensånden. Og du er mannen, Helmer. Du har store ting å gjera for oss, du *samlar* du, trass i det som har hendt deg, ja på grunn av det. Tru du meg, Helmer.

Så mykje, og slik, hadde ingen hørt Jørgen tala før. Helmer vart som løfta i vêre av det. — Du er talsmannen vår, heldt han fram, du er den einaste av oss som kan ta på seg ordførarombude. Svik du oss i det, da svik du Guds sak. Tenk, Helmer, tenk på det!

Visst var det sant. Ulaglig sant. Men Helmer stana og braut av snakke hans, bad han slutte med leiken var god; — vi skal tenke baa to, sa han.

Der fór eit *vêr* gjennom han. Han segla og såg til han vart redd: Han var den som burde gått i brodden nå, der var viktige ting som venta han, kjære ting, all sin dag må han ha visst at denne stunda kom, han har hørt rope: fram, Helmer, du veit vegen, og her er vi! Slik var det ja. Slik kunde det ha vore.

Han retta seg opp. — Det òg har eg synda meg bort frå, sa han. Eg har ødelagt meir enn nokon trur. Allting er bortkomme for meg nå eit tak. Gud òg ja, kor han nå kan ha gjort av seg. Han rista på hovude eit par gonger. Fanns ikkje meir å seie. Han såg ikring seg, ein rådlaus mann.

Dei kjente haugane, kor sannferdige dei var å sjå til, så armods kulrygga mot dei lyse skyene; slik var dei og ikkje ansles. Lenger bort stod fjella. Dei var frammandvorne nå med måneskrimsla og seinkvelden på dei nakne skoltane sine; dei vitna og sa ting, men einast Gud kunde tyde det.

Helmer hørte det vart sagt like ved han: — Er du ein svikar i dette òg? — Ja! sette han i, og i samme drekta: — Ta handa di frå aksla mi, Jørgen! Og sia hørte han, etter ei lekse med broderord: — Vi skal be for deg, vi bed i flokk for deg, i kor. — Å nei da, bad han, ikkje be så overhendig for meg, det har a Gisken gjort, det gjer ho i denne stunda. Store Gud, Jørgen! Du veit ikkje — —

Striden rasa i han. Dei kom mot han med menneskemakt, med svik og med

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html) vald, med politikk! Dei visste kor veik han var just der — ja og kva skulde han gjera, hadde han rett til å stå dem i mot? — Venner, venner! Harmen gjorde han tør i halsen, han la handa på aksla til Jørgen, litt for drygt, visst. Røsta gjekk i skjelv for han, der var ei hellig sorg i henne.

— Stryk meg utor samfunde dykkes! For eg er berre Helmer nå ei tid.

— Jaså, du er ikkje *bror* Helmer lenger?

Ærlig og sorgsamt spurd. Gud gi mannen ein lett død, ta han med deg i paradiset! fór det gjennom han.

Jørgen heldt ved: — Du er da meir til menneske enn som så?

Han svara: — Eg er så lite til menneske at det kjem aldri du til å skjønne. Takk Gud du slepp det.

Den andre sukka, sjøl visste han kva meir han sa, og vart borte som ein sukk i mørkre. All skapningen sukka visst med, og stjernene var usæle i blikke. Huff, gutar! Helmer huttra og smått fraus. Er eg så einsam da, så reint forkasta? Det er da ikkje berre hemnlysten som har tatt meg? — — Gå heim med deg, syntes han det sa.

Han stomla visst unødig tungt da han kom inn i kammerse. Gisken hadde lagt seg. Ho såg på han, spurde med auga, litt frammandt, men ho var da hans like vel. Useielig og urimelig hans, Gud skje pris for det! Han småler og ristar på hovude: — Nei eg kjem frå vennemøte eg. Huttemegtu, det var kaldvore der. Her er det godt å vera. Stasfint! Seier så med seg sjøl: — Dei vil meg så vel, så alt for vel! Han gjekk på golve og smilte, ein gong med seg sjøl og ein gong mot henne.

— Var det 'n Jørgen? spurde ho.

— Jaha. Og heile samfunde vårt. Og når ikkje eg breker som ei gjeit, ser du, da remjar alle gjeitene at eg er ikkje gjeit ein gong. Og det skal eg svara på? For det om eg har missfare meg mot deg og ungane våre?

Da smilte Gisken og var god mot han. Ho var av dem som vi berre ansar på ein og annan gongen, når vi er nedfor og slik; da priser vi dem, slo han fast.

Han vakna midt på natta. Så still ei natt hørte han ikkje før. Ikkje ein lyd nokon stan ifrå. Liksom der ikkje fanns menneske til. Alt tulle deres var søkk borte, stryki ut, heile Helmer'n og kjølfare etter han i verda.

Det var godt det òg, nå i natt. Stryki ut, Helmer, har du aldri tenkt deg det? At

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
slik er det òg, set frå ein annan kant? Han låg still og fann seg i det og var ingenting særleg, hadde ikkje vore noko heller. Anna enn ei tru, ein vane, — som kom bort att.

Nå ja, i morgo var ikkje det sant. Han var ansles skapt enn som så. Og ein har da ikkje skapt seg sjøl.

### III.

Helmer møtte vennene da og da utover vinteren. Dei var mildt folk, småvorne og godslige. Ein og annan såg litt skygg på han, kom vel i hug synda hans, ho var så stygg og rar å minnas. Dei tilga han den. Det var nå deres rett.

Dei andre, dei som var eldste i frimenigheita, dei såg ansles på det. Feilar og fell det gjer vi alle, meir og mindre, men at Helmer sette seg opp mot dem, sveik dem når dei trong han, det var verre enn synd. Dei vilde han vel, og han vilde dem vondt, det var det som var så sårt. Han hadde gitt fienden sverde sitt politisk set i alle fall. Der var dei som sa at ennå vona dei og venta på han. — Du tar deg sjøl for høgtidelig, sa ein. Helmer svara at det var dei som tok han for høgtidelig. Bror Erik spurde: — Hører du slett ikkje at Gud seier noko til deg nå meir? — Jau, svara Helmer. Men han talar aldri politisk til meg.

Ja ja. Vondt er vondt det. Om det så berre er eit brannså, sa kjerringa. Det vart han ein langvoren vinter. Våren og sommaren gjorde det litt romsligare for han. Mellom anna så kranгла han litt med lensmannen, kvifor ikkje med han? Det gjaldt berre ein liten laksrett, og da lensmannen hadde granska dei rette papira ga han seg straks. Men vennene undra seg, for den Helmer dei kjente låg aldri i kranigel med nokon, han sa versågod, sitt der med retten din du, *eg* treng han ikkje. Slik var dei òg, så vidt dei visste. Men Helmer hadde gjort det for gjentungane si skyld, han kom i hug kor fattige dei var, og at lensmannen klara seg utan denne uretten. Helmer sette ut not, og fiska for eit par hundre kroner første åre. Så nå hadde gjentene kvar si bankbok.

Målfrid vart konfirmert i frikjerka om hausten. Kari vilde bli konfirmert i statskjerka, ho tykte vel det var grommare det, stakar. Ho var så snarp på skolen, så ho slapp ut og vart konfirmert samme hausten. Stor glede over små ting; det var vakkert å sjå.

Det hende dem noko leit den hausten òg. Helmer tykte elles det var ein lystig hending, førsteparten av det, gjentungane levde her i verda dei som andre, og Kari var ei lita heltinne i den saga. Det som følgde etter var ei anna sak.

Ein målargut frå byen arbeidde i bygda, ein ung og stillfarande ein, og bra å sjå til, det var ikkje fritt for at gjentungane interesserte seg for han, som det heitte nå for tida. Men det vart ymta om at der skulde vera noko i vegen med han. Ein sundagen synte tusslingen kva grisgut han var.

Gjentungane og ei frå grannegaren var oppi skogen og såg etter nøtter. Dei var som ikonnen, dei tok helst nøtta ein måna for tidlig. Dei to av dem kom bort frå Målfrid, og da dei fann henne stod gromguten deres der og kledde av seg, slik og slik, og Målfrid stod dødbleik og stiv og klemte seg att-ende mot eit tre. Kari treiv ein staur av skigaren, den andre det samme, der med sette dei på fienden med fullt hærskrrik, så han tok rømminga, — dei etter! Dei delja til han så sant dei nådde han, dei jaga han stups ut i bekken, men da berga han seg inn i skogen på andre sida.

Det var ein dåd av dem. Folk tykte han burde hatt meir. Men Målfrid kom heim mest så ho sjangla, vilde ikkje sjå nokon av dem. Det tok på Kari òg: ho gret av sinne ho, gjorde visst oppreist mot både Gud og menneske. Til ho lo og sa pytt, ein fann seg alltid ein staur å slå med. Ho fekk snakka mot i Målfrid òg etterkvart.

Men Helmer hadde lagt merke til Gisken. Ho var visst nær på å svimre gong for gong utetter kvelden, og ei stund måtte ho legge seg nedpå. Sia om dagane skjønnte han at ho var ikkje frisk. Denne rødleten hennes var noko for seg, og auga var ansles blanke enn dei skulde vera. Ho lea trøytt på hovude da han vilde ha henne med til dokteren, det vanta ikkje henne noko.

Endelig fekk han henne dit. Tæring, visste Helmer om det ikkje vart sagt. Og det var da ein sjukdom med von i? Dokteren sa der var god von, berre ho levde slik og slik. Gisken gjorde som dei bad henne om. Ho vilde så gjerne leva.

Ein sundag utpå vinteren gjekk ho til bedehuse, utan å be Helmer bli med. Han vart harm, og han vart blid att, sat så og las i bibelen eit tak, som vise hans var i det siste. Ei merkelig bok, venner, og ei frammandvori bok for han, enda han hadde lese og prekt bibel så lenge. Om sider kjente han på seg at nå var det slut i bedehuse, — nå slepp dei ut, sa han, tok på seg og gjekk Gisken i møte.

Det var berrfrost, men nå kom vestavêre med regnluft. Gisken var litt føre dei andre. Han tok i kring henne på gammalt vis og kysste henne. — Det likte ho, gut! sa han og lo, og Gisken smilte og let Helmer vera Helmer.

Men utpå kvelden sette hosten til. Ikkje noko dødsbud, men om natta vakna Helmer og var redd. Og Gisken låg og fraus borti senga si. Ho påstod det var for heitt. Han fór etter dokteren. — Lungeinflammasjon, kunngjorde dokteren, og det var da meir enn sant nok. Gjentungane såg til Helmer etter hjelp.

Det var slik det, at Helmer den stivnakken måtte i veg og be. Be Vårherre om personlig hjelp, kom det for han. Visst hadde han bedt før, det var ikkje få timar sammenlagt, men det var nå eit anna mål det, meir som ein kveldsong, ei morgonhelsing. Her laut han *be*. Utan von om noko slag hjelp i det, for Vårherre visste presis kva som burde skje og ikkje, han tok Gisken til seg når tida var der. Helmer bad likevel, han kunde ikkje la vera.

Sjukdommen gjekk sin gang.

Ute var det rimfrost og sol. Dag etter dag, og om natta lyste Gud med månen på all denne herligdommen, han let naturen stå der så fager og vitne: Ein stan finn du fred, Gud skapte himmelen og jorda. Og nå slapp Helmer å tenke på seg sjøl, han tok seg fri frå det tulle.

Barna såg han som i ein draum. Med Gisken sa han farvel ei stund ho var klår nok til det. Nå ja, live var henne ein liten ting nå. Ho skulde ein annan veg.

Ho tok Gud med seg da ho fór. Det var visselig ikkje hennes meining. Gong for gong heldt han på og skulde seie store Gud, men han tagde da med *det*. Ho hadde tatt han med seg til så lenge; det var slik det.

Barna hadde han. Han var dem ei trøst, såg det ut til. Og dei var han det samme. Der til hadde dei gravøle å tenke på, alle tre. Stort likfølge men lite gravøl, hadde han tenkt. Han måtte bortpå ein av brørne med labben sin: — Er vi kristenfolk, eller skal vi blote med mat og drikk? Men så var det gjentungane, dei ønska seg gravøle slik og slik. Helmer ga seg, og gledde seg ved det.

Helmer såg på folk i likfølge. Ein venneskare i sorg, måtte ein seie. Han sa ikkje noko ved båra eller ved grava, fekk seg heller ikkje til å høre skikkelig etter det dei andre sa, og det skjemdes han over. Eit prydelig gravøl vart det ja. Målfrid og Kari var hugtakande vakre i sørgedraktene sine, to sørgande prinsesser, —



Han vart litt full av folkfjølða og all vennesongen utover kvelden. Før dei skildes stod han opp og takka dem alle sammen, og så kom det over han: han takka Gud for alt som hadde hendt han, for alt som skjer med oss, for det er godt! (Ein gong får kattungen auga han òg, smilte det i han.)

Han møtte ikkje anna enn gode blikk. Han bad Gud signe dem ein og kvar. Sia vilde han tenke over dem litt meir enn før, rettferdig så å seie.

Gjentungane, gjentungane. Å ja da, dei fyllte huse tålig bra. Dei sørgde utan han såg det, og prøvde å trøste han. Dei trudde så lykkelig at det gjorde dei. Og det hadde dei rett i. Dei fann på mange små ting, la hjarta sine i det, den eine slik og den andre slik. Med kvart spela Kari på gitarren etter mora. Ho gjorde det like godt som mora, om det nå ikkje var fullt så vakkert. Målfrid, så lite for seg ho var, ho song med røsta til mora. Målfrid var ei varm gjente. Rikare ord kunde du ikkje seie om nokon skapning. Og Kari såg strålande klokt på han, var liksom einig med han i all ting. Som sagt, dei var skapt i gudsbillete. Til sammen vart dei eit bra billete av skaparen, ingen såg det stort gjevare. Ein merkelig gave, venner.

Gisken, ho var inne i den natta som er bortanfor alt, der all ting er stryki ut. Det er der det er godt å vera. Sia skulde han tenke ansles om det, som før, han var ingen hedning. Han måtte ut og stå med kvart, enten det var dagen eller natta. Gisken vilde ikkje ha smilt til at 'n Helmer var litt sentimental nå ei tid, om ho hadde vore oss så nær. Ho vilde ha visst at han kom seg opp att.

#### IV.

Gjentene voks. Dei var ikkje ungar lenger. Helmer hadde nok å bale med, og det var godt, det var dem han strevde for. Kan hende han avguda dem aldri så lite. Han snakka elles alvor til dem når dei vart han for verdslige. Det skulde ikkje stort til. Nå ja, han likte dei var litt verdslige òg; han var eit jordmenneske sjøl i streve sitt for dem. Det er i verda vi bur, det veit Gud bedre enn vi. Han vil berre ikkje sjå oss som trælær, det er han forhatig på, gammeln. Helmer var einig med han i det.

Gong og annan gjekk Helmer i bedehuse nå. Dit gjekk Gisken, det var siste

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
ganga hennes her. Lat meg sjå dit, tykte han. Gjentene gjekk villig med han, lat vera dei gjekk av ømse grunnar dei, — det gjorde nok Helmer òg, det. Mang ein ung og gjev gut såg på dem, verdslig nok, ventelig, men kven er vi, som sagt? Kven var Helmer der han sat? Eg sitt berre her eg, svara han seg, i Guds hus, ikkje fremst i salen nei, men ikkje bakerst heller.

Han såg ned mykje godt, men stundom såg han opp, frimodig som før i tida. Det plaga han litt at ingen nemnte Gud lenger, berre Jesus, Jesus, orde vart eit kvardagsord på den måten, eller som ei vanebanning å høre på; men lat dei dure i veg, vi meiner vel det samme med det, vona han.

Det hendte han tok opp tonen for dem, når ikkje organisten var der. Dette orgle deres, han måtte smile åt seg sjøl: Ein gong var han i mot det, det var for verdslig. Det kom ikkje for han at det var uviljen mot statskjerka som gnog han. Du hadde ei snerp i skjortekragen du òg, Helmer, dømte han nå; det var du som var verdslig. Han skylda på at Guds venner skulde synge seg sammen. Rare skapningar er vi ja. Men vi kunde vore verre, kom i hug det!

Vennene snakka sjelden til Helmer. Dei hadde kåra han til ordførar, i Guds namn så å seie, og han tok ikkje i mot det. Bror Jørgen var iskald i blikke mot han, venta seg visst verre ting av han.

Helmer hadde desse to gjentene han. Han var far deres, i all truskyld. Han levde med i live deres, utan han tenkte på det. Med kvart såg dei uhjelpelig morlause ut.

Han let dem gå framhaldsskolen den vinteren. Han var både taus og dreng heime.

Åre etter tok Kari tenest hoss presten. Det var ingen stasplass just, men gjenta var mota på det. Ho var dugande ho, ho skulde sagt greie seg og sitt. Det var nok dei som måtte slå ned auga for henne, Helmer såg det for seg og smilte: der møtte dei *henne*. Ho vart fort noko høgare i prestegaren, hørte han. Da han ønska henne lykka til med det, smilte ho gammalklokt til han, men lykkelig.

Heim kom ho rett som det var, det var ikkje lenger vegen. Det var lite ho fortalde utor tenesta. Men ein kvelden lo ho og fortalde om denne prestsonen, studenten utor romanane kalla ho han, for ho hadde lesi ikkje så få av dem. Enn menneske ga seg til og vilde fri åt henne! Nei det var ikkje på narri, — da hadde eg slått til da! let ho. Ein dagen, eller når det var, da *gret* han. Gu gjorde han så

ja, berre for det ho ikkje brydde seg om han, ja! og dagen etter takka han henne for det ho var så klok, at ho berga han, sa han visst? Skjønner du Helmer det folkslage? Eg gir meg eg.

Helmer var lykkelig. Men aldri så lite av ei tullhøne er du nå lel da, tenkte han. Det høver godt til klokskapen din det.

Målfrid stelte heime, det var det *ho* vilde. For deg og dyra, skjemta ho ein gong. Der var ein utleita fin smil kring den vesle munnen hennes når ho sa slikt ein sjelden gong. Så alt for sjelden berre, han måtte, gamle mannen, jaga henne ut i lag med den andre ungdommen somme gonger; — du går her og blir jamgammal med meg, klaga han og sa. Verdslig moro? Nå, det er som de tar det, det, veit de. De har kanskje ikkje tenkt over det enda, snakka han med seg sjøl.

Men korles kom det til å gå desse småskapningane hans, tru?

Han måla opp huse innvendes, i småstundene sine, laga så i stand ein villa til hønene, alt etter sitt eige hovud. Kva hønene og dei andre sa om verke hans, dei han gjorde det for? Dei fekk bøye seg for kjennsgjerningen, det var loven i verda nå om dagen. Som verda er, så er lovene, trudde han. Men verda det er folke, det var det som var så leit.

Men Målfrid var for god til å gå heime slik. Og for verjelaus til å bli sendt ut. Det var angsten hans. Han var nifst så allvetande om henne, for ho stod han så nær. Ho hadde for mjukt hjarte, hadde for varmt blod. Einkvan uverdige kunde komma og ta henne frå han før han fekk sukk for seg. Passe på henne? Kom i hug den namngjetne høna. Ei mor kunde slikt, kanskje, men ein Helmer?

Da tok det til å skje det som skal skje, som ein skulde ha bedt til Gud om det.

Arvid kom. Ein dagen ser Helmer dei kjem i lag etter vegen. Arvid og Målfrid, det rima seg fint det. Lyse sundagen, men ein blåsande vårdag var det, søle etter alle vegane, gulgråe elende alle vollane bortover. Dei to kom gåande i breidd, frå bedehuse, Helmer såg just opp frå kokinga si og ut gjennom kjøkkenvindauge. Han får som ein skjelv i seg, han er så nær på å bli glad. Han less ikkje ha set det verdsens grann da Målfrid kom inn. Kanskje ho torde ikkje sjå på han heller.

Sia såg han meir av det samme, sannferdige ting, dei var berre for vakre for ein vantruen ein.

For Arvid er Arvid. Han er ein gut for seg. Han er mykje til kar, så einslig han er. Der til er han odelsgut i velstand å kalle, av godt folk, av dei beste, lat så vera han er litt bortskjemt av denne velmakta. Kar er han ja, står tvert i mot både foreldra og bygda. Helmer må le: guten er rød kommunist han, skire rødkløveren, ei ku måtte like han, og Helmer gjer det samme. For gutkroppen har merg i seg, det er det. Mor hans er motstandaren til Helmer, i frikjerka og elles, ho er av bror Jørgen-slage, slik.

Han sa det til henne ein gong: — Du er sjølv motmannen min du. Ho lo; det var ikkje anna råd med 'n Helmer den tida. Ho var ei staut kvinne, litt for staut kanskje, men mannen var da jamhøg med henne og styrde sitt. Dei let Arvid rå seg sjøl mykje godt, men det hadde knapt skadd han, tvert i mot, trudde Helmer. Bror hans, eldsteguten, var død. Han studerte, han, til medisindokter, fortalde moster hans, og det var ein stor ting for folkehelsa, let ho; men guten døde av det.

Nå var det Arvid dei såg opp til. Og når den guten var ute og synte seg med ei gjente, da var han heit i bringa. Han fór aldri med vas. Ein kvelden følgde han Målfrid inn i stua og helsa på Helmer. Målfrid såg ut som ho vilde søkke nedgjennom golve, men *ein* blenk frå auga hennes møtte Helmer. Det gjekk han som vin gjennom blode. Han måtte ut og bortetter vegen ein sving. Der anga det heggeblom, der og all verda utover, syntes han. Han song ikkje, det gjorde han sjelden nå, han let berre kvelden synge i seg, lyse og lufta, regnelingen sørpå fjella og den rare kjeimen av jorda i kring.

Berre ho er fanga godt nok, tenkte han sia. Det såg slik ut, heile sommaren utetter. Men, Helmer, sa han seg, litt hemnsmak går du og syg på nå: at *dei* lyt ta Målfrid god, ta henne i hus med seg. Han retta seg opp og smått lo: Det får vera meg tilgitt det, som så mangt anna. Det var denne mora han sa det til.

Det var ho som var varig harm på han for dette med vale. Kristenfolke sette ikkje opp ordførareme når Helmer slo seg rang, dei hadde ingen til det. Han hørte ein vakker dag at ho hadde tatt for seg Målfrid og snakka alvor med henne. Gjenta vilde ikkje ut med stort, men ho hadde det vondt, såg han, var vel bedt om å halde seg unda.

Han gjekk på den gode kona, han fekk snakke alvor han òg. Nå ja, i heimvegen stana han og lo høgt med seg sjøl. — Eg skal fortele deg ho ga meg inn! sa han. Ho ga meg inn med treskjeia gut.

Han hadde hørt ting som han måtte tenke på, enda dei var for stygge til det. Bror Jørgen hadde fortald at der var ein som visste *ømse* om Helmer. Olga, den gjenta han synda med, skulde ha sagt at Helmer valdtok henne. Løgn, det visste Helmer, Olga hadde aldri sagt noe slikt. Men skarven visste meir. Korles var det mellom Helmer og Målfrid, *om* sanninga skulde fram? — Det er dryge skyldingar det Helmer, hadde ho sagt. — Litt for dryge ja, svara han berre, men han var just ikkje mange merkerne da. Det var ikkje slik han hadde set verda, lat gå at ho er full av synd og dumheit. Var det ikkje for Målfrids skyld, da rømte han landjorda og fór sytten i vald.

— Spør Arvid kva *han* trur! sa han og såg rasande på henne.

Ho svara at det var han ho vilde verje. — Han er den einaste eg har nå, klagja ho seg.

— Spør han, seier eg. Trur han det, da skal eg tie. Der med gjekk han frå henne. Men dei kan da ikkje vera slik! sa han der han traska og gjekk. Så stana han og lo ja.

Denne tuslingen som hadde baktala han var ein venn i fordoms tid. Sia vart han òg med i vennekrinsen. Han fór med noko bakvask ein gong, og Helmer vart pålagt å tala han til rettes for det. Arme mannen var mjuk nok da, du kunde ikkje ha slått han i hel med ei slegge. Men han skreiv seg ut or frikjerka straks etter. Ein gong spytta han etter Helmer, høgt og tydelig.

Kvifor skulde slike vera til? Gud hadde ikkje skapt dem slik, nei vel, men kvifor skapte han dem da? Nå hå, sa Helmer og smålo: Lat oss ikkje gå oss ned i myra, i dei djupe spekulasjonane våre, vi er da langt nok nede som vi er. Men Jørgen, ein bror og venn som gjekk og fortalde slikt? Det måtte ha komme verdslig politikk i han? Ja men politikk og kristendom er da ikkje fiendar. Nei, venner, vi lar hemntankane ta oss, det er tingen. Om de er aldri så verdslige, de har da eit menneske-verd å halde dykk fast i, — hald dykk fast, seier eg! Å, eg kunde ha fare hardt med deg, bror, *uverdslig*, seier eg deg, — det seier eg dykk alle!

Lat nå ikkje hemntankane ta *deg* nå, åtvare han seg. Med hemn i hjarte fór du i veg, og med hemn kjem du heim att. Med straffa i helane på deg, ventelig. Den får Målfrid lide.

Straffa kom, der var ingenting å seie på det. Ingenting å seie på han som kom med henne heller. Emil heitte han, og gutladden var bra nok på sitt vis, lensmannsdræng med motorsykkel, og var ein stauting å sjå til. Han kom og tok Målfrid, just da Helmer ikkje ottas noko slikt. Tok henne på sykkelen sin for det første. Helmer visste ikkje kva han skulde trive til, det bar gale i veg! Han bad til Gud ja, det var ikkje fritt. Men visst det var Gud som sendte ein denne plaga?

Stakars Målfrid ho vart med denne staskaren på motorsykkelen bortetter vegane, ein gong og fleire gonger; — berre for moro, sa ho og lo når ho kom att, men kva kunde *ho* lyge! Auga hennes og heile gjenta fortalde sanninga. Det var høge ting for henne, noko drømt og ufattelig, mest som ho òg skulde få kjenne ein snert av ungdomslykka ein gong. Helmer vart ståande og drømme for henne stund og anna. Han burde ha tatt og blåheldt henne og snakka vett i henne, javisst, javisst, men det kunde han ikkje. Det kunde ikkje han.

Det var inga god tid nei.

Verst var det for Arvid. Han kunde heller ikkje seie noko, han var ikkje av dem. Mor hans hadde sagt alt, lenge før han kom til. Helmer hadde ikkje tenkt over slike før, kor beistelig dei må tie og lide når nokon svik dem.

Det var så ille med Arvid, at mor hans kom til Helmer ein dagen. Guten var sjuk, påstod ho. Helmer den utangen berre nikka til det. Arvid var sjuk, reint nedfor, berre jordiske elende med han. Og det var Helmer si skyld frå først til sist.

Helmer bad henne sette seg. Visst lo det *litt* i han, men det skamma han seg over; det var da inga trøst i at vi kunde vore verre, som desse diktarane forkynner oss (*dei* kunde kanskje vore verre, han kjente så lite til evnene deres). Han tversnudde seg mot henne.

— Det er a Målfrid eg verjer, sa han. Men det er ikkje eg som har fått henne forlova med Arvid. Ikkje heller har eg noko med det siste her. Du får tru meg på det, Lina.

Ho såg uverdigg flatt på han. Ho måtte tru han, der var ikkje anna råd. Ho snakka om at når ein hadde berre ein einaste son å sette sin lit til, da — da —

— Da ser ein nokså fåtenkt ut ja, sa han. Men, lova han, eg skal hjelpe deg det

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
eg kan. For 'n Arvid si skyld om ikkje anna. Resten sett vi i Guds hand, det skulde klare seg det.

Ho gret da, snakka og gret og sette si von til Helmer. Kaffe rista ho på hovude til. Men ho vilde sjå Målfrid. — Det trur eg knapt Vårherre liker, sa han. Men friskt mot, Lina. Eg kan fortelle deg at Målfrid er glad i Arvid ennå. Kanskje ho berre har gruva seg litt for værmora skulde bli? Javisst er ho litt glad i den andre òg, — kjem du i hug da vi to var unge, Lina? Slikt går så fort over.

Ho fór bort med trøst. Men det var vondt å sjå kor kjerra skumpla henne. Ei mor, måtte han tenke. Vi ser så ømse ut attanfrå, nokon kvar av oss.

Helmer hadde det vondt. Ja og *han* hadde fortent det, og andre fekk lide for det, som vanlig.

Da kom Kari heim. Ho skulde ha eit tenestfritt år. Nå fekk Målfrid ut og luften seg, tykte ho, ho måtte vel utdane seg? Ho kom og levna opp huse kring dem. Gud signe henne, vesle skrove. Giftande gjente ho òg nå, men det kom ho ikkje i hug sjøl og kanskje ingen andre heller. Helmer måtte le med seg sjøl når han såg for seg denne granne gjenteskapningen, med den vesle vakre kroknesen sin, den bratte panna og dette blanke, snare blikke sitt. Blikke var da elles fast nok, berre møt det, de.

Kva ho tala med søstra om på tomanns hand det visste han ikkje. Men ein kvelden seier ho til han så Målfrid høyrer på:

— Ho Målfrid er til å gråte over. Ho trur ho er forelska i denne Emil-guten. Ikkje berre i motorsykkelen, skjønner du. Ja og enda verre: ho trur ho skal få han. Verst var det nå lel, om ho fekk han. Slik ein falskmyntar! *Eg* kunde kanskje fått folk av han. Men det slite vil eg be meg fri for.

Andlete hennes lyste av krigsmot og moro. Men ho var sorgsam i blikke da ho såg på søstra.

Målfrid sat der brennrød i kinna, som alltid når Kari terga henne. Dei var ulykkelig glad i einannan, morlausingane hans.

Men, sa Kari og såg blankt ertande på den andre, han er da ikkje så ubrukelig som han der Arvid. Slik ein tverr-vêr — kva var det du såg på han? Det var da vel einkvart? Du fekk ikkje folk av han heller, om du fresta, du er for god til det. Å hau san. Det er ikkje greit å vera gjenter nei.

Ein kvelden kom Målfrid heim seint. Der var ikkje ord å få av henne. Kari sa, høgt og likeglad: — Jaså, han har *synt* seg nå denne motorsyklaren vår? Målfrid berre såg ned. Kari lo: — Eg kjem i hug han eg, som synte seg for oss oppi skogen. Der er lærdom i mange ting, fy fan rett! Målfrid vart skjeiv i andlete; så fór ho på dør. Kari gjekk etter om ikkje lenge.

Sia ein kveld var det Kari som var ute og møtte syklaren. Ho var nedtil vegen og henta posten, forstår seg, men ho ga seg urimelig god tid. Og der kom lensmannsdrengen durande, saktna farten, måtte stane og stige av, for Kari var midt i vegen for han. Kari såg opp til husa som snarast. Det vart ein lang samtale.

Helmer vart så urolig der han gjekk og samla aks på åkeren, han torde ikkje sjå dit ned og kunde heller ikkje la vera. Men der skjedde da visst noko rett? Der var slik forgyllande rødna vestover, ein kunde bli ovtruisk. Gule åkrar i kveldslyse er noko med det fagraste du ser, tenkte han. Det er ikkje fritt for du syng med på tonen deres, når lyse fell slik over dem som nå. Unders ting å sjå ja.

Så fór sykkelmannen ein gong. Kari kom oppover, gjekk og rapa aks av havren. Noko meir hørte ikkje Helmer om det. Han var berre gammalfar i huse han.

Men ei veker tid etter gjekk Målfrid til Arvid. Gjekk dit åleine, sundags føremiddagen. Ho hadde set på Helmer før ho gjekk, så smilte ho og sa at ho vilde sjå til Husnes, — det var garen til Arvid. Søstra såg eit grann fortenkt etter henne; det var ikkje ho som rådde i dag. Helmer spurde ikkje.

Ho kom heim ved kveldstid, og da såg ho glad ut, det tykte Helmer i alle fall. Gleda fór i han òg. Han tok gjenta og løfta henne i vêre, og lo. — Men er du så lett da! sa han og sette henne stilt ned. Han var ein gammal tullvalle nå.

Men så var det i stand. Arvid levna til, og dei fortalde han var ein ny mann både heime og ute.

Målfrid fór til byen, med ring på seg. Værmor hadde pålagt henne, fortalde Kari, å ta eit «krusus» i husstell (men orda til Kari var nå ikkje så sætande alltid). Kari tok over stelle heime, men ho bad vakkert om å sleppe mjølkinga. Helmer greidde det med glede for henne, greidde det godt, tykte han. Men han undra seg over henne, vart litt utrygg, for dette likna ikkje henne?



Værforeldra gjorde gasta bryllop da tida kom. Helmer slo seg laus og var med. Ennå var han ingen einstøing. I gamle dagar var han vert i slike bryllop. Midt under festmåle nå retta han seg opp og såg på husmora, smilte og sa: — Hyggelig mat dette her, Lina! Og hyggelig folk ved borde ditt i dag. Vennene kjente att Helmer da, tykte dei hadde han i lag med seg som før.

Sjøl tykte han ikkje det. Det tok han med eit kaldt tak: Han hørte gudsrike til, han som dei, men ikkje i lag med dem. Nå men Målfrid såg lykkelig ut. Ho var i gode hender nå; ho var der han ønska henne å vera. Det var elles likt til at Kari var mest glad for det. Ho såg på søstra slik sola ser ned til oss somme gonger.

## V.

Det rare hendte, at Målfrid fekk folk av denne tverr-vêren som Kari kalla han. Ja av værmora med, hørtes det for. Ein vakker dag var ho og mannen hennes i kårstua. Det heile stod av seg utan noko slag grin eller ugreie. Det var liksom det gode i Målfrid lokka fram det gode i dem, — om det nå ikkje var fullt så einfeltdt, tenkte Helmer. Han såg i alle fall at Målfrid mognast og vart vaksemenneske vonoms fortare. Han takka Gud rett hjartelig for det.

Helmer venta ikkje at nå skulde alt vera vel og bra. Ein mognes da litt sjøl òg etter kvart.

Kari trivdes kanskje ikkje alt for vel heime, som ventande kunde vera. Han likte at ho var ute i lag med ungdommen. Men stundom kom ho seint heim, og det likte han ikkje, og sa ifrå om det. Ho såg vakkert på han da, klokt og truverdige, men bra barnslig òg. Han tok ikkje hardt i, han kom i hug kor vettug ei gjente ho var.

Så kom ein morgon da han sat inne for ruskvêre. Kari kom borttil han, sette fingrane inn i hårluggen hans (som *var* for lang ja), og var så opprådd som ei unngjente kan bli det med kvart. — Du Helmer, sa ho, det er noko eg vil fortele deg, du må ikkje bli sinna på meg. — Nå, meinte han, ho fekk akte seg aldri så lite. Kva var det for fark ho spekulerte på nå — ut med det! Da vart ho ein mon rødlett. Og så kom det: — Eg har blitt så fryktelig glad i ein gut! — Au au au! smålo han. Kven kunde trudd det om deg!

Ho hivde seg opp på fange hans, gnudde kinne sitt mot skjeggstubben hans,

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
slik ho gjorde det som smågjente når ho var ute og tagg om forboden frukt. Han tok og løfta henne i vøre, — som han gjorde det med Målfrid ein gong: — Skal ein aldri ha anna enn glede av barna da! Kven er det? spurde han da ho stod på golve att, og da var han verkeleg i spaning.

Ho la armen over auga som snarast. Det hadde han set av mor hennes ein gong, men dei to var da elles svært ulike?

— Det er lensmannsdrengen ja, fekk ho sagt. Som du vel har skjønt? la ho til og såg på han, litt trassig, tykte han. Med samme tykte han òg at ho var eit frammandt menneske. — Vart du forfæld nå? spurde ho. Ho smilte sorgsamt, og det tok makta frå han med ein gong.

— Ja ja, sa han midt i tankefattigdommen. Du får gjerne folk av han, du. Når du vil ha det brye.

Det tvilte ho ikkje på. Ho trudde det så det var synd å sjå. Nå ja, for Gud i alle fall er ingen ting umulig. Ho fortalde ho skjente på Emil for dette med Målfrid, ho tok i hardt mot han. Da vart han så nedtukta, han såg som eit piska dyr på henne, slik at ho måtte bli glad i han. Berre litt, frå først av, men meir og meir etter som ho lærte å kjenne han. — Lærte du det, meiner du? — Ikkje spør slik. Du kjenner han ikkje. — Nei *det* står fast, vesle gjenta mi.

Han hadde ingen rett til å råde henne. Eg har ikkje mot nok, tenkte han. Eg er ikkje store kjempen mot desse to ungene her. Han tenkte lenger inn i denne skodda, om at nåden er nødvendig, men der fins ting han ikkje stryk ut. Ein gong måtte han vel sjå klårare i dette. Han tenkte den vegville tanken òg, at Gud let ikkje ein sporv som Kari dette styrlaust ned i elende.

Sia kom ho og fortalde at det alt hadde hendt. Ho hadde ikkje stelt seg vettugare enn at dei måtte gifte seg lenge før dei hadde tenkt.

Der stod ho framfor han og tilstod det. Ikkje så at ho såg noka skam eller ulykke i det. Det gjorde ikkje Helmer heller. Han måtte berre undre seg over henne ein gong att; og den undringa gjorde han ikkje varm just. Han vart gammal av det, syntes han. Han var ein krøpling til å vone nå.

Dei vart da gift, men utan bryllop eller annan stas. Helmer var med dem til byen, på skrivarkontore. Det var god nok gifting det, etter den bibelen han las i,

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
men han var for gammel til å like det. Det fekk nå skure. Men Kari var for god til denne stautingen, eller drengen som Helmer sa med seg sjøl.

Det blenkte av klokskap i auga hennes nå òg, som det skjein av lykke i dem, men såg ho slett ingen ting da, *var* ho ikkje Kari lenger? Helmer sukka stilt og med seg sjøl. Ja visst sette han sin lit til Herren, det gjer vi i nøda, — Herren lyt tilgi oss det òg han.

Han sov dålig nå ei tid. Huse var for stilt. Natta var lang, opendaga han. Sovnar eg nå, kunde han tenke med kvart, da søv eg den u-rettferdiges søvn. Og det er søvn det, stille svarte sæla det — er det noka sak for den rettferdige å ligge vaken? Nei, som sagt, Helmer var eit kre til å vone nå. Det kom til å bli tungt for Kari. Vårherre krev at vi skal ha auga opne. Det er gammalt som han og verdensordninga. Det burde i alle fall Helmer ha visst.

Kari vilde ikkje vera gift med ein lensmannsdreng, som rimelig var. Og mannen fekk virkelig ein kontorpost i byen. Helmer syntes at Kari hørte til i byen. Han såg til dem rett som det var.

Mannen var dugande han, og der var ikkje noko slag tøv med han, det Helmer kunde skjønne. Det var berre det at pengane rakk ikkje til for han. Skylda auka, og Kari tenkte ikkje på det! Han mista posten sin, fekk ein ny og kom i frå den òg, kunde visst ikkje søke slikt meir, gjekk i gang med handel, og handla seg nord og ned.

Helmer sa beint ut til Kari: — Eg var da klok som ikkje hjelpte *han*. Så kanskje eg kan hjelpe deg og han der ein gong, han stakk borti gutungen ho sat med. Ho vart visst harm da. Det var mest vakkert at ho trudde på mannen sin enda.

Helmer hørte så ømse om han etter kvart, — vondt etter gale, som han sa. Da han hørte at krypen hadde fått pryl av ein ektemann, sokk hjarte i han. — Skal eg sjå meg sjøl att på den måten, sa han, men han hadde ingen tone å humre med nå lenger.

Så skjedde det, ei tid etter, at Kari kom rømmande heim til han med barna. Der var både gut og gjente nå. Ho svalt heim, trudde Helmer, ho måtte berge avkomme sitt. Vesle morsarven hennes hadde fare sin veg for lenge sia. Ho hadde slept trua på mannen sin, let ho Helmer forstå. Helmer tagde. — Men han er meg tru, sa ho. Herre gud ja, det måtte Kari seie!

Der gjekk ei tid. For Helmer var det ei god tid, for han hadde ungar i huse. Dei var så småtrollen og rare, dei gjorde han til bestefar og narr; dei styrde huse for han. Og Kari var der. Svarte vinteren var det, snø og fokk, men maken til lyse dagar var det lenge sia han såg. Ho vona at mannen kom etter.

Det gjorde han òg, trasen, men han kom og vilde ha lensmanns-ombude, som just var ledig nå. Kari såg bønlig på Helmer. Han forherda hjarte sitt og svara: Var det så sant du som vilde bli lensmann, eg skulde ta ned gamle sverde mitt og dra ut i striden!

Dei fór til byen att. Det vart eit uendes tragl med dumheit og kvardags-leitt, frå gale til verre år for år. Stakaren drakk visst òg, nå.

Målfrid og Arvid hjelpte dem dei òg. Dei heldt elles til midt i lykkedagen dei. Dei minte ein om gul åker med sol på. Eller om «vanlig folk». Kari var noko anna. Vakker som ulykka, kunde ein mest tenke, Helmer vart rar somtid og tykte han såg lagnaen pekte på henne.

Vanlig folk ja. Der var mange av dem, og Helmer hadde ikkje lov til å vasa seg bort frå dem. Der var venneflokk. Kloke snille menneske kvar for seg, og stridde for rette saka, men dei stridde så dumt! Men Helmer sat fast i sitt, han kunde ikkje hjelpe dem. Gud veit når han fekk att den gamle trua si. Og korles var det ikkje i bygda elles? Rettnå kjørte dei heile vognrukke sitt i grøfta, — Helmer fekk ikkje opp røsta si til eit vettugt ord der heller.

Kari og mannen hadde flytta utover til ein stad som heitte Øyvære. Han skulde vera der i frå. Helmer bad sterkt at nå måtte det gå vel. Han gjorde som Luther, sette Vårherre stolen for døra. Det vermte han sjøl om ikkje anna. Heile åre gjekk utan han hørte noko frå dem.

Ja vel, sa Helmer ein vakker dag, han la heile bygda bakom seg og fór utover til Øyvære.

Det var på lag som han hadde venta seg det.

Kari sat der åleine med ungane sine. Mannen var ute på forretningsferd. Ja visst. — Kor held han til nå? spurde Helmer. Kari såg på han. Det var just det ho vilde ha visst. Helmer hørte smått om senn korles det var. Dei flytta hit, for her hørte han heime, og her skulde han skape forretning med fisk og slikt, det var ting han forstod seg på; så fór han ut og skulde «ordne seg» så han kunde

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
komma i gang. Sia hadde ho ikkje hørt noko frå han. Ho trudde ennå at han kom heim att.

Her sat ho og leid velgjerningar av grannane, enda dei var da fattige nok. Det var ufattelig kor ho elska dette mannsbillete sitt.

Ein dagen tilstod ho det for Helmer. — Det er berre ein ting å seie: For meg er han den einaste mannen i verda.

Slik stod det til ja. Og slik står det til *her*, tenkte han når han såg seg om i være deres. Det var berre levningane av eit vær, han hadde aldri set noko så armodslig, — dauen i gryta, som dei sa. Folk hjelpte kvarandre med å berge live. Hittil hadde det gått på eit vis.

Kari vilde ikkje der i frå. Mannen skulde finne henne der.

— Ja, sa Helmer, du får vente på han her. Det rykte vondt i hjarte på han. Det vilde ta både mote og mæle frå han. Dette her hadde da ikkje lov til å vera sant?

Han snakka litt med folk der ute. Dei var ikkje skyld med rømlingen, men dei sa lite om han. Dei venta han nok ikkje hit meir.

Helmer sa da han skulde reise at han kom att. — Eg må sjå hit til småkrypa dine, let han, — enn dei kjente att meg da gut! Store Gud for ein gave dei er! Ho hørte ikkje større på prate hans, ho såg på han. Ho vart litt bleikare enn ho alt var. Ho såg han hadde gitt opp trua på at mannen hennes kom att.

Ho ansa knapt han stakk til henne nokre pengesedlar, men ho såg vakkert på han da han gjekk om bord i dampbåten. Egil-guten var ein ovmodig liten knekt, men like vel suttra han litt nå, og spurde: — Kan du ikkje komma att til oss da, Helmer? Du har ikkje set storsjøen her ennå, la han til. Og Solveig sa: — Så ruskar du med deg litt godt til oss igjen! Og så vinka vesle dama etter han. Dei vinka alle tre. Tre vernlausingar på ein svart holme i have.

Helmer kjente seg som ei gammal kjerring. Han burde vore ein ung bjønn.

Men, tenkte han i heimvegen og sia, så har eg da anna å tenke på enn djupe ting. Djupe ting ja, han gjekk med dem i kring seg, det eine spørsmåle breiddmed det andre. Der var visst særlig eitt som vilde han til livs. Det fekk stå ut til så lenge. Unda vegen her med religiøst samvett og slikt, har *de* set kor vondt denne gjentungen min har det?

Etter mykje strev fekk han seld garen. Han pinte han opp i høgste pris. — Eg sel for andre enn meg sjøl, sa han til den som pruta. Sia gjorde han auksjon. Det gjekk vonoms bedre, der var pengar att da gjelden var betalt. Somme av vennene var han til stor hjelp. Andre gjorde han skade og vondt.

Endelig fór han. Og da syntes han han skulde snart vera Helmer att. Det var som han ropte attover aksla til vennene og Vårherre: Far vel så lenge!

Her fór han ja. Han hadde med seg båtskarven, ei gammal laksnot og litt annan sjøreidskap. Noko mat hadde han og rusta seg med, men det fekk han gjera bedre ein annan gong. Her fór han, som sagt. Ein frigjort mann.

Ikkje før var det tenkt, så kom ein kjenning mot han på dampbåtsdekke, og det var just denne hataren hans der heimefrå. Og mannen hadde stygt nytt å fortele. Det var som i eventyre det, som i verda, tykte Helmer. Olga, den gjenta Helmer fall i lag med, henne hadde dei funne død i ein bekk. Mannen snakka sant, såg han. Kva meir han fortalde hørte han berre halvt på, det var ufyselige ting om kva folk sa og ikkje sa. Dei sa visst *ikkje* at det var Helmer si skyld.

Best det var sette mannen i, i rykande sinne: — Berre sjå på meg du! Du har aldri gjort anna enn bryste deg og sjå meg ned. Var du ærlig mann, da såg du ikkje slik på ein. Sia sa han ei mengd med vondt, men det var det vanlige styggsnakke hans det. Helmer såg utover sjøen og tenkte på sitt, kjente etter i lommene om han hadde fått med seg dette til barna; han skymta Øyvære langt vest i blånaen.

Litt etter rente det kvast gjennom han, at kanskje det var Vårherre som var etter han nå, vilde seie han noko nødvendig? Ja vel. Men det svara i han, han fresta å tenke det så rolig, så mildt det kunde gjerast, at når syndaren ber følgene av synda si, da lyt han få gjera det i fred; — vi får tenke nærmare over det sia. Visst var det vondt å komma i hug Olga ja — det var just det det *var*!

— Venner, venner! sa han best han stod og stirde ut i lufta. Gud er god, kom i hug det. Når eg bed til han om noko, da er det som eg håner han, som eg vil gi han eit godt råd.

## VI.

Helmer kom utover. Og Kari var like åleine, og like vonlaus. Og enda vona ho.

Han greidde opp med eitt og anna, men i farande farten berre, han vart meir og meir harm på mannen hennes. Han gjekk rett på grannane der ute, vilde ha meir å veta om denne kroppen Emil. Den første han råkte på var ein dei kalla Sjøtrolle. Han hadde ikkje før set Helmer så var han fienden hans. Han var samme mannen som han der heime. Dei andre forstod Helmer. Dei snudde godsida til, og litt om senn kom dei etter at dei visste det og det. Det siste var at mannen skulde ha skapt ein kino der nord ein stan, i lag med ei dame, kan hende han var der ennå.

Kari gjekk turen sin rundt øya den eine dagen som den andre, som dyre i bur plar vi seie. Så drepende er det å vera fødd trufast. Han tålte ikkje sjå det lenger, rettnå fór han ut og henta rømlingen heim. Til Kari nemnte han berre at han måtte ein tripp austover igjen. Ho skjønnte han like vel. Der blykta ei ny von i auga hennes. Den fekk han ta med seg på vegen.

Så var Helmer om bord i båten att. Han måtte ombord i ein til. Ei tid stod sjøen i frøs kring dem. Sia kjørte dei inn i svartstilla, lande stod og spegla seg i blanke ingenting. Helmer var ikkje hardare karen nå, det isa i han da båten tuta at dei var framme.

Han fann virkelig den han var ute etter, gjekk seg på han med han vasa i kring og spurde etter han. I blinkande soldagen stod dei der midt i mot einannan. Båe to glømte å helse, Helmer syntes han såg dem på film. Nå ja, han smilte og handhelsa på karen. Den andre måtte gi labb.

— Eg måtte ut og finne deg, sa Helmer. Det går ikkje rart med a Kari nå. Som du vel kan tenke deg.

Den andre mumla noko om at *ho* måtte vel ha det bra, ho var fri den elendige mannen sin.

— Kom ikkje med snakk nå, formana Helmer han. Du kjem og blir med heim.

Emil sette opp eit lystig andlet. — Kven er det som forteler det? spurde han, så innmari at det retta Helmer bein med ein rykk.

Det eine orde beit mot det andre. Helmer tok sterkare i, bad den andre tie og høre, trampa i gata åt han. Gamle prekaren var over Helmer. Emil vart mindre og mindre, vegen vart stengt for han. Kona og barna sine løyp ein ikkje strafflaust

var. — For Kari si skyld lovar eg det! sa han. Det kjentes som han svor det.

Den eine såg på den andre. Ikkje for under, tenkte Helmer, at Kari gjekk i kne for han der; men litt etter var stautingen ansles skapt. Han flirte og såg Helmer over frå topp til tå. Dermed flirte han på nytt. Helmer slo ikkje, og det var han stolt av.

— Du får undskylde meg, Helmer, sa han. Deg vil eg ikkje vera i noko slag skyldskap med. Den skamma skal ikkje gå over meg. Hels og fortel det.

Der var andre råder å bruke mot ein slik ein, men for Kari var striden tapt. Ho gjekk der ute og venta, ein burde, Herren tilgi oss, ha fare mordisk fram nå!

Å nei da. Til slut bed Helmer, tigg denne ærelausingen! Ja det gjer han, for Kari og småane hennes. Han bed at Emil må tenke seg om og vera nådig, lovar enda ein gong pengehjelp og anna hjelp.

Den andre hørte på han, såg verkeleg ut som eit menneske att. Men straks etter snudde han seg og såg oppover bakken. I eit hus der vart det opna eit vindauge, og ei lyskledd ei synt seg. Det var ei bydame, såg Helmer, ho var storveges lys og fin.

Emil retta på seg. — Denne hjelpa di kom nokre år for seint, sa han. Dessutan: *du* veit ikkje kva Kari har sagt til meg. Det var ventelig sanninga om meg. Hels henne med at eg trur det! sa han, vinka til henne i vindauge, letta på hatten og gjekk.

Kari spurde ikkje om noko. Ennå var der så pass att av henne. Midt i trøstløysa var der ei trøst i det. Helmer måtte undre seg over kvart drage i andlete hennes, det var fint og sterkt; ho kunde smile mangtydig som før mest. Så sterk var ho ja, og så reint for veik mot denne uransakelige kjærleiken sin. Den uslaste av oss, viljelausingen, må tyne slike.

Men at ho hadde snakka hardt til Emil? Da måtte ho vera tålig bra pint, det stod fast.

Der stod Helmer etter ei dum og nyttelaus ferd. Ei rett-ferd, om de så vil. Men, her etter måtte det bli enten verre eller bedre for Kari. Det kom for Helmer at ein er da ikkje vonlaus for det om der ikkje er noka von lenger? Noko slikt tull



Den første han møtte av dei andre var Ludvik, han dei kalla Sjøtrolle, for han var så bustut i hår og skjegg. Det var rare auga i han, dei var uventa blå i slikt eit hardsett andlet. Har vart arg nå som første gongen dei møttes. — Kva er det denne bondehyklaren stirrer på meg for? murra han, og så, enda vondare: — Hø! De ser folk i auga som ein forherda ein, — eg kjenner slike eg!

Det samme gjer eg, tenkte Helmer. Han der er minst halvbror til vondingen der heime. Men eg har da ikkje set på dem, eg? Skrót med det, somme kjerringar er slike. Der går han så arg at han skjelv i buksebaken. Enn å la hate eta seg opp slik da, tull i vesterhav!

Men denne hemnferda mi burde vore ugjort, sukka han og gjekk ned av haugen. Han sa det til Kari da han kom inn. For *han* var ikkje umaken verd. Han gjorde seg hard og la til: — Gud vender det òg til det gode. Han kjem aldri att meir. Tenk på det, Kari, at både du og barna dine er fri han.

Ho blunka ikkje for hogg, vesle kreke. Ho smilte, slikt det var. Helmer var henne litt for dum. Hadde vel så vore all sin dag.

Det bar i fiskinga med han. Gud ga oss arbeidsvona, eller arbeidsplikten, om de heller vil seie det. Gud? kunde det kjøle gjennom han. Gud ja, kvifor ikkje? Ein bonde er ingen filosof, han trur det han trur.

Båten hans flaut. Han flyt på tjæra og stry, trøsta han seg, ei sjølsøkkje til båt var han all sin dag, men nå skulde han få lære, han liksom Helmer. Han rodde etter seien frammed tarane når det var sjøstilt. Langt utpå våga han seg ikkje, bonde var bonde, men småsei var òg ein gild fisk, småsei og lever var mat for sjukfolk det. Ungane tok han god dei med, dei var ikkje så mette at dei krangla på maten. — Og så slepp eg ta tran da, trøsta Egil seg. — Du får det som du vil støtt du! sukka Solveig.

Ja ha, nå rodde Helmer sommar-ror dei kalla. Eit slit var det, for han da, ein ror milevis på ei natt, rundt samme tarane. Ein gong kom han taren for nær. Det var armelig han berga seg unda da brotte kom, eine sei-trøa hans tok det og fór med.

Det var mange blanke kveldar. Da var det hilderstilla all veg frå inste oddane til yttaste havranda, dønningane gjekk i kveldsol og skimra, i eit himmelsk spel av

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
gull- og sølvleter; her var det ingen konst å drømme om paradise, for den som lengta dit. Men sjøfuglskrike minte ein om at det var ikkje paradise her, og Helmer tykte det var best slik. Stundom syntes han, det er som når det laga seg til fest i bedehuse før. Venner, venner, sa det i han, det er ikkje verdslig dette her. Slik kjentes det når songkore greip han på dei store stemnene, ein gong i tida; da hadde ein òg denne himmelvidda over seg, denne utenkelige endeløysa i kring seg.

Evig som have, song det i han, liten som eit menneske under himmelens åsyn. Ein morgonen syntes han sola openberra seg for han. Ho synte seg for Helmer, stod og lyste mot han, berre mot han.

Slikt kunde komma for småfiskaren ja. Arbeide hans var uverdigg for folk her, dei tukla ikkje med slikt. Heller svalt dei visst ei dagstund, mannfolk har si ære her som der aust, — han såg fjellranda blåna der inne. Det var langt dit nå.

Men øyværingane var vettugt folk, dei tok mot småseien når dei fekk han og takka til. Enda meir takka dei for mjøl og poteter. Helmer måtte innover att og proviantere. Hoss Målfrid og mannen hennes var ikkje maten dyr. Ho hjelpte han òg med eit vandt erend: der måtte klea til åt Kari og ungane, *han* kunde umuligg kjøpe slikt. Han kom utover att som ein kakse.

Nokon velgjerningsmann for menigheita hadde Helmer aldri vore, vilde ikkje vera det heller. Den første kona hans sa han ga bort som han var ein riking. Den andre sa han ga bort i sinne, — som du hiver det til hunden, sa ho. Båe to hadde rett, på sitt vis; dei hadde fortent å få leva lenger. Men her var han nøydd til å føre litt i kring seg. Dei gjorde det dei andre òg her, dei som hadde einkvart å gi bort.

Helmer prøvde seg med konster når seien slo seg vrang, med kvit eller rød ulltråd på kroken, små knep frå smågut-tida berre, men det lokka Kari til å bli ivrig med i det. Ho skjønte berre ikkje at han vraka gul og grøn tråd. Han let seg overtale til å freste med ein tråd med ei merkelig farge på, og ho gledde seg som barne da han fekk nokre fine torskar på fargekonsten hennes. Ho tenkte verkelig utanom seg sjøl den stunda, det var nær på ho vilde ut og fiske ho òg.

Det hendte visst sjeldnare nå at ho gjekk den fredlause turen sin rundt øya. Der var ei trøst berre i det, for han. Det var litt for vondt å sjå.

Ofte hørte han dei song i bedehuse når han kom på land ved midnattsleite.

Det var ikkje stort bedre det. Det minte han så levande om vennene der heime. Dei snakka stygt om han der; han hørte eitt og anna frå Målfrid. Ludvik, Sjøtrolle, måtte ha hørt einkvart han òg, elles kunde han ikkje seie det han sa somme gonger.

Det vart som eit livsspørsmål for Helmer, at denne mannen måtte slutte å hate han ein dag, elles var Helmer ein forkasta skapning, der var ikkje levelig framtid esla for han og dei som var hans. Ja han tykte han burde ikkje snakke med Gud så lenge dette hate heldt ved.

Hausten tok til og kom. Austi lande heldt nok verda på og vintra seg nå. Helmer fór i sunde og pilka hyse. Kvinnfolka priste han for det, hysa var ein herlig ballfisk. Han batt flittig om kveldane på flyndregarn, han vilde ruste seg til live her.

Sjøtrolle var ute einkvan godvêrsstunda og drog seg ein matfisk. Av andre tok han ikkje i mot nokon ting, og slett ikkje av Helmer. — Eg kastar ikkje snøre i sjøen der *han* fer! sa han så Helmer skulde høre det. Denne åkertramparen ovent sunda, han burde vore heimjaga, både han og byførkja hans! Han vanæra Helmer og Kari så ofte han kom i nærleiken av dem. I fylla ein gong, — nokon hadde skjenkt han heimebrent —, tuta han mot Helmer: — *Finns* det ikkje råskap i deg, din fan! — Lit ikkje på det du, svara Helmer. — De ror som De sonar ei stygg synd, sa han ein annan gong, og gliste til. — Det gjer eg òg, *det*, tilstod Helmer. Den andre murra attover aksla der han fór: — Slike! Uskyldige gjentungar valdtar dei og drep dei, fer fram verre enn svina mot dem — eg skal få Dykk her ifrå!

Etter kvart hørte Helmer litt av dei andre om han. Ludvik hadde denne dotra som ikkje var rett. Ho tente austpå lande, og der hendte det henne einkvart så ho vart rar av det. Ludvik vart rar han òg da ho kom heim slik. Så dei tålte mykje av Sjøtrolle sitt.

Der var eit menneske til i være som han hata litt omframt. Det var Borghild, kona til Torger. Kanskje det kom av at ho òg var austafrå. Ho var berre ung å kalle, eit lyst og venlig menneske, hadde vore gift nokre år, men var barnlaus ennå. Ho hadde gitt bort så dei snart var snaue sjøl, enda dei sat i velstand da ho

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
kom dit. Sjøtrolle banna over slik åtferd. Mannen hennes tykte det var rett alt ho gjorde, det var slikt eit sjeldsynt par.

Ho var så tynn det reint gjorde vondt i ein, men der stod ei god ro frå henne. Helmer syntes høre på tonen i måle hennes at ho hadde opplevd litt meir enn folk flest. Ho skjønnte nok Kari bedre enn dei andre gjorde, alvore i smilen hennes fortalde han det. Det var likt til ho skjønnte han òg ho hadde knapt undra seg om han fortalde henne livssoga si. Sjøl visste ho korles hennes var.

Gud skje lov at 'n Helmer hadde Kari og barna å tenke på. Det tok alle vill-tankane hans, all galenskapen som fór gjennom han. — «Min sjel, min sjel, lov Herren!» kvad det i han, oftare enn rimelig var, djupt og einfeltdt og vidunderlig. Han syntes gråe berge song i han, tang-vasane som bala i båra, fuglen som sov utpå steinen sin, sjøen og endeløysa i kring ein, skyverda over ein, himmelverda ovanom der att, — all denne sanninga som møtte auga når han først vakna og såg.

Men Borghild var eit menneske for seg.

## BORGHILD OG BROR HENNES

### I.

Så rar ein bror er det få som har hatt. Borghild levde det oppatt i tankane, live deres frå «første dagen» og frå lenge før. Og første dagen det var da mor deres reiste frå dem for alvor. Der var stor hjelp i å leva det oppatt etter ho hadde mista han.

Bror kalla ho han den tida, og det samme gjorde grannebarna, men han heitte Arne. Kva han kalla henne stundom, villbasen, det kunde ein berre le til, han meinte aldri noko vondt med det han sa. Og *oftast* kalla han henne Borghild.

Den tida var ho større og sterkare enn han, enda han var åre eldre. Sjøl veit om ho var sterkare, men ho laut ta han gong og annan og legge han nesegrav og gi han litt. Han var rund og god å banke på. Mor hadde ikkje hjarte til å tukte han for gapstreka hans, og da var ho nærast til det.

Men det var den første dagen. Det var om sommaren det, og dei kom frå

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
bærskogen med det vesle dei hadde funne. Dei var bra svoltne. Midt ned på vollen møtte dei ein av jamnaldringane sine. Han stod og såg på dem og smått lo. Han hadde ting å fortele dem, kunde dei sjå. Han fresta å vera alvorsam; så seier han: — Nå har mora dykkes reist i lag med farken sin. Litt etter legg han til: — Det er alvors sant det. Han kom og klaveleidde henne med seg, som ei ku!

Han lo, men han var redd òg, han stod på sprange. Bror såg på henne. — Nå flyg eg på han, varskudde han.

Nei, meinte ho, det let han vera.

— Ja men han skal ikkje lyge så grovt, sa han. Ikkje om mora *vår*, han kan lyge om si eiga mor!

— Ti still, bed ho han. Og så snur ho seg til syndaren, han står der og gottar seg over dem, og let han veta: — Gå lenger nord i bygda du og fortel. Straks, hører du!

Gutladden veik unda. Da han var på trygt hald ropte han: — Du er så freknut som — som ei gjeit!

Ho bad han syne henne ei freknut gjeit; — gjer det før det blir for seint! formana ho han. Ho var godt mota på å ta han. Det var Bror enda meir, men ho heldt han att, og så kviskra ho til han: — Enn om han snakkar sant?

Bror vart still da, stirde fortapt på henne, han skjønnte at det kunde vera sant. Han kom aldri i hug at han var eldst av dem. Der stod dei. Humla song i kløveren kring dem, og sola skjein på alle blomane, og så anga det av høye på vollen, men det vart ein annan let på alt i hop. Aldri hadde det vore slik nokon gong før. Andlete til Bror var jammers fattig, mest ingen ting, samme kor brunbrent og godt det var. Nå ser han òg at ho er freknut. Det skremmer han det med.

Den andre guten smilte ikkje meir. Han har snakka sant, ser dei. — Skal vi gå opp i haugane hoss oss i morgo? spurde han; eg veit om eit godt molterom der.

— Visst vi får lov av mor, svara ho.

Bror tykte like vel at skarvungen burde *hatt* litt, han visste vel ikkje anna å trøste seg med. Ho tok han i handa, og så gjekk dei heim. Gjekk og gjekk nedetter, på ein frammand og vond veg.

Og så kom dei heim. Hytta var tom ja. For anna enn ei hytte var ikkje huse deres, men du verden kor god ei hytte det var når ho berre ikkje stod tom! Dei går

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
ut att. Kua står der i tjore sitt. Ho ser på dem, men ho er berre ei ku. Ho får meir mat, og da er den sorga sløkt. Ku-sorga.

Mor hadde nok reist bort eit par gonger før. — Ho kjem vel att denne gongen òg, fresta Bror å trøste henne. Han er så modig ein maur. Og så kan ikkje ho trøste han med nokon ting. For denne gongen er det ikkje ein tripp mor har gjort. Det ser dei både ute og inne. Stua var aldri så tom nokon gong. Der står omnen, mo åleine, og svart og sløkt. Veggene tier, heile romme tier, det er ikkje verande der; vesle dåmen etter mor kunde ha forjaga dem berre den. Men ute er det slik slag, så ødslig og tomt. Som ei stor skam har lagt seg over det alt sammen.

Bror torde ikkje sjå på henne. Da var det nær på ho gret. Mor hadde sett dei att her. Det var ho som sendte dem åt bærsbogen i dag, ho visste at han kom i dag denne svarte skreppehandlaren. Borghild tykte det var Bror og ho som skulde ha rømt. Skamma er vondare enn noko anna vondt.

Men Bror var ikkje nedfor. Han skjønnte ikkje stort av dette med mor, og det var vakkert av han. Han var slik ein rar unge all igjennom. Dess verre det stod til, dess meir slo han det bort i gap og skøy. Det skulde da lettne for henne det, trudde han. Ho måtte le til påfunna hans alt i eitt utover kvelden. Alt det han fann på! Han syntte henne grannane ein for ein, korles dei tok mot budskapen om rømminga, han hermte dem så friskt at du både hørte og såg dem. «Ho *kan* da ikkje ha rømt?» sa kjerringa i den garen. «Har eg ikkje spådd det!» sa ho straks etter. «Ho burde vore risa med ei spekesild!» påstod mannen i grannegaren. Ei var der som gret, av sorg og av glede. — «Nå *sett* eg meg!» jamra ho seg, og gutfantan fekk til tårar så det var ein lyst.

Borghild hivde seg ned breiddmed kua og lo. Så gret ho da ikkje den stunda. Dei har vel hatt ein bror dei andre òg, men ikkje ein slik hjelpelausing. Han var visst bakom høyhesja og gret ein snykt. Det var einaste høyhesja deres, ho stod der og sturde.

Men kua måtte mjølkas. Den òg hadde mor reist ifrå. Kua vart da mjølka. Sia matstelte dei seg, det nytta ikkje å glømme det lenger. Bror fekk ned vonoms meir.

Stillare kveld hadde det aldri vore. Ikkje ein lyd hørtes frå grannane i kring. Så fekk dei òg krype inn og sovne frå det. Bror låg ikkje lenge vaken, hørte ho.

Dagen etter var det like sant at mor var borte, men dei snakka ikkje meir om det. Dei bar inn høye utor hesja, og tok så til med ugrase i potetåkeren. Ho måtte mest tru Bror hadde blitt ein alvorsmann. Men så gale var det ikkje, ho såg det oppi augebrunene på han, dei var like levande best det var, som dei bevra av skire moroa. — Det er snildt av folk at dei ikkje kjem og ser til oss, sa han ein dagen. Og det var sant: det hasta ikkje med det nei. Skamma var viss nok som ho var. — For resten, sa han, så trur dei mor har komme att nå. Vi får hjelpe dem til å tru det. Ho hørte kor det *smilte* i han.

Ein dagen dei møtte nokre av granneungane vart dei utspurd. Borghild lo til nyfikna deres, og da var Bror straks framme: — De såg henne vel i går da ho kom utor bærslogen? Der med gjorde han rundkaste sitt over ei tuve og tok kute bortover vollen, og dei etter.

Det var jamgodt med å lyge, dette, ho visste det. Men ein fekk komma i hug: Bror venta ikkje dei trudde han, for dei laug sjøl. For han var det som ein sport dei kallar, der gjeld det å vinne over dei andre; han ga gjerne det vesle live sitt for det. Ja og så *kunde* det hende at mor kom att, kanskje så var ho her ein dag uti neste veka?

Dei greidde seg bra igjennom det. Lite grunn knapt med maten tok det til og vart, mest berre mjølk og flatbrød, litt spekesild fanns der òg, men ho var så brun og trist. Bærpengane torde dei ikkje skille seg av med. Og så kjerna ho og fekk smør ein dagen. Det var eit storhende. Bror dansa kring kjerna og song: Jamenn sa eg smør eg! Den dagen fekk han smør på brøde. Så gjekk ho til landhandlaren med smørre, som mor når ho var pengelens.

Handlaren såg på smørre. Da vart ho heit, vart visst enda meir freknut. Men han rekna berre ut, og spurde om ho skulde ha varer for smørre. Nei, ho skulde høre om ho kunde få pengane denne gongen. — Hm! svara han, og han såg som snarast på henne, men pengane fekk ho. Ho kjøpte sukkergodt til Bror, så glad vart ho, ja for ennå skjønte ikkje folk kor gale det stod til hoss dem.

— Dei skal ikkje få veta det heller, sa Bror da ho fortalde han om det.

Dei hadde vore leie mot mor den førre gongen skreppehandlaren var her. Dei kom ikkje inn til måls før han hadde fare. Nå ja, det var i grunnen ingen ting å angre på. Ein dagen sa Bror best det var: — At ho ikkje jaga denne svartingen på

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
sjøen! Det er sotbrent er det. Ho hørte kor gråten kokte i han. Ho trøsta han med at denne svarten hadde kasta trolldom over mor. Han lysna i andlete da. Mor måtte vera utan skyld. — Men at der finns slike som han da? undras han. Han har stole òg, det ser du på han. — Dei sett han nok fast ein vakker dag, trudde ho. — Da skulde eg hjelpe til! let han og hivde seg rundt.

Det var i grunnen ufattelig at dei hadde vore leie mot mor.

Samme dagen var ho bortpå vollen og snakka med kua. Kua likte det, etter fattig evne som vaksefolk seier. Men om ei stund snudde kua på hovude, ho såg noko uventa og snudde seg med heile kroppen, sette så i og smårauta som når ho såg mor.

Og der går mor, midt i levande dagslyse, med bærkorga på armen, men ho går heimefrå? Fotlage og all ting er hennes, der går ho i gamlaste kle-trase sitt, men det *er* ikkje henne. Det er Bror, det er Arne som har kledd seg ut. Andlete er gjømt innom tørklee.

Ho fekk ikkje opp måle til eit rop. Der gjekk den vettlausingen midt gjennom grenda så alle måtte sjå han. Det er just det dei skal, er meininga hans, dei skal sjå mor, at ho går til bærsbogen som før i år, som i alle dei år. Men skjønner dei ikkje at det er han?

Nei. Han er for lik mor. Borghild seig ned i grase og lo. Vårherre skjønner det nok han, at Bror meiner det berre godt, — sjå ikkje på han, han har ikkje meir vett! Lat dei tru det er mor, slik ei morosam løgn er da ikkje synd?

Samme kjerringa kom att frå skogen om kvelden, med både blåbær og molter.

Og søstra hans selde bæra, og ymta om at mor fann bær om det var slut for andre. Så gale kan ein komma til å snakke når det *er* gale, tenkte ho i heimvegen, men ho lo litt òg.

Bror tenkte visst ikkje stort, han fór der og leikte seg med dei andre. Han leit på henne i mest all ting. Det var så vakkert av han, ho kunde ha sunge. Men ho laut tenke for dem bære. Dei kom ikkje til å klare seg vinteren over. Bror svalt i hel for henne. Dei måtte vel på bygda og be. Noko meir nifst kunde umulig vera til. Mor ja, ho hadde vore nøydd til det nokre gonger, men sia arbeidde ho for det ho hadde fått; og så var ho fattig enke, hadde vore det lenger enn dei kunde minnas,



Bror kunde visst ha gått med posen. Han hadde sikkert komme leande heim, enten posen var full eller tom. Ho kunde mest høre kor han hermt og fortalde, ein hund måtte le til han. Men ho sjøl vart stiv i halsbeine når ho tenkte så langt. Mor gret ein gong ho kom att frå ei slik ferd. Rett som det var kom Bror, den sorglausingen, og vilde ha mat, *skikkelig* mat; — når det nå er tirsdagen i dag, skjemta han. Det var neimenn ikkje stor moroa å nekte han det.

Ein dag tok ho seg på tak og sa han korles det kom til å gå dem. — Det blir svelten det, eller fattigkassa, sa ho. Bror vart rådlaus. Andlete hans såg enda meir skrint ut. Men slik vilde han ikkje stå der. Han lo småøygd til henne: — Eg blir mett straks eg tenker på det.

Der var berre ei råd: dei fekk rømme bygda med all som først.

Sia tok dei seg mot for og snakka om det. For det første var det kua å tenke på. Dei såg ikkje anna råd, dei måtte til faster og tilstå heile nøda. Rettnå visste vel halve bygda at mor deres hadde rømt. Det var berre ei mil til faster, og ein dagen la dei i veg.

Men den mila vart dem for lang. For faster var slik ei rettvis kone, ho var fiendsk mot mor deres. Det gjekk meir og meir smått med dem, føtene vart så tunge. Bror såg på henne best dei gjekk. — Faster blir oss for tung, sa han og lo. Så stana dei, og så snudde dei om. — Kanskje så hadde ho hemna seg på kua, sa Bror. Og så slikt sko-slit da, la han til, enda dei gjekk berrføtt.

Dei gjekk til næraste grannen sin, han Per. Ein farlig mann var han ofte, han både banna og slo når det kom ungar i vegen for han, men dei våga det lel. — Berre du kunde gråte ein hikst eller to, sa Bror. Det monnar så lite om eg gjer det, sukka han.

Og denne gongen var Per god å komma til. Han hørte virkelig på dem. Der etter snakka han med kona si. Jau visst, dei fekk ta i mot kua til så lenge, når det stod slik til. — Både kua og føre, smålo han. — Til de har funne mor dykkes, seier han og ser mildt på dem. Jaså, dei tenkte seg nordover til moster si? Det var langt dit, ei kostesam dampskipsreise, hadde dei pengar til det?

Borghild var for andslopeen, ho kunde ikkje svara straks. — Vi får kløne oss fram, sa Bror.

— Det var ord det! sa Per. Slik skal ein tenke ja når ein er ung. Ut i verda,

ungar!

Han tala over med dem om resten, han skulde jamvel betale potetene deres når den tida kom; kan hende han kjøpte kua òg, om det røynte på.

Og så måtte dei til bords. Arme Bror kor han åt! Åt så han skjemdes av det, og enda ei stund. Han blunka berre når ho sparka han på leggen og bad han slutte.

Kona stakk til dem ein femkroning da dei sa farvel og takk for seg.

Dei kom heim att to lykkelige skapningar. Det verste var overstått. Men det var sant nok, det var ei lang ferd til moster, og moster hadde dei aldri set, ja og så skulde dei vera rike ho og mannen hennes. Mor hadde gjesta dem ein gong, ho skrytte ikkje noko større av det. Men dei vona dei fann henne der. Dei *måtte* finne henne der.

Bror spurde om dei virkelig hadde reisepengar. Ho lo og bad han kløne seg fram. Da lysna han over heile andlete. Han skjønnte ho hadde tenkt over det òg. Sparebørsea deres, tenkte han vel. Det var nok mindre der enn han trudde. Men ho hadde dei kronene dei hadde pint i hop for bær og smør, og så skulde det vera billig å reise for barn om sommaren.

Ho vona i alle fall det skulde klare seg. Det måtte da gå? Ho spurde Bror så hardt ho kunde: kva skulde dei ha til niste? — Du som treng mat mest kvar ein dag? sa ho. Det var vondt å sjå det truskyldige andlete hans da. Ein utmagra smågutfleis, hadde ho hørt nokon seie. Kva sa dei ikkje dei som var harde nok. Dei som det ikkje skilde.

— Pø! bles han. Kosten gir dei oss om bord, når dei ser kor svoltne vi er. Når dei ser kor staurmager du er. Eller, sa han og var klok mann, vi koker dei største potetene vi finn, eit spann fullt. Med finsalt til. Kva anna har vi ete nå ei tid? Inga sak for deg som skal slanke deg. Sjå her kor lett eg er! ropte han, og dermed hoppa han og hang etter eine handa oppi ei bjørkegrein. Mannskape om bord har nyst klaga på kosten, så dei er sikkert glad dei får gi han bort, sa han der han hang.

Det var friskt mot Antonius all veg med den guten. Ho vart modig ho med.

Pengane rakk til billettar, men da var dei og tålig fri for mynt. Visst ein da

Dei fór sin veg. Ut i ville verda. Først om bord i fjordbåten, og sia i storskipe. Kor dei der skulde gjera av seg visste ikkje ho. Men det visste Bror da han hadde set seg litt om. *Der* var just plassen for dem, ei krå oppå øvste dekke ein stan, for der var det lognt, og der var dei utor vegen; han var bort og ruska i eit slag stolar til dem, vesle vettlausingen!

Ho ga seg over. Skipe var så overhending stort, det var ein *by* som var ute og fór.

Bror glømte alt anna. Han reiste med dampskip han, storveges; — trur du vi ror på ein færing du? spurde han. Du all verda som ho unte han den gleda!

Sjøen var flat og fin, det var vandt å tru at jorda var rund, — det måtte vera i utlande det. Skipe gjekk mektig fram, og etter det, ut til sida, kom der ei rad med svartblanke bårerygger, dei velta seg og vatt seg, og skjein! Skipe skapte sjøormar til sommarbruk, vart dei einige om. Skya laga til eit andlet vesti have, eit vêrhovud dei kalla, for det var skapt av vêre. Lat det stå der og glo.

Ei stund sat ho og hadde det vondt. Maten vilde opp, enda ho hadde ingen mat ete i dag, verda heldt seg ikkje i ro lenger, det vildra og var i rørsle alt ho såg på, ho tålte ikkje sjå det! Ho beit i hop tennene og kaldsveitta, trudde ikkje ho kom på fast land meir. Men det gjekk over da skipe rodde seg inn i eit sund. Og bra var det, dei hadde ikkje så god råd på mat.

Sia kom Bror opp nedanfra innvålen av skipe (fekk ein vel kalle det), han såg smilande på henne, runda handloven over den vesle magen sin og sukka velnøgd. Han var mett! Han hadde vore i kjøkkene deres, ventelig, og fått mat. — Eg klagar ikkje på kosten om bord, let han, gjekk seg ein sving på dekke og var mett mann. Det samme gjorde dei verkkelige ferdafolka om bord, som dei skulde ha lært det av han.

Borghild åt ei potetkake. Ho kunde ha greidd to.

Ferda gjekk fint nordetter. Lande var ikkje noko særlig å sjå på, det var grått det, berg i berg, men så fanns der vakre stader òg, med kvite hus og flaggstenger og litt av kvart. Ein fekk da sjå det i alle fall. Og Bror likte seg. Han stod og opendaga nytt land stykke for stykke.

Det var berre det at ferda tok snart slutt, og korles vart det da? Nei ein fekk

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
ikkje gruve seg, det var for seint nå det. Bror kom og hadde snakka med ein av  
mannskape, dei skulde snart vera framme nå. Da måtte ho ha sove? Kor underlig  
grå natta var her på sjøen. At lande og sov? Bror, stakar, han var glad for at dei  
nådde fram snart.

Ho reiste seg, fresta å glatte ut skrukkene i skjorte sitt, det nye skjorte ho fekk  
i fjor, gjekk så fram i tryne på skipe (eller kva dei nå kalla det) og såg fram.

Ho fraus litt. Råkaldt var det, og her kom dei to ungar, dei var dummare enn  
sauen, og ho skulde ta vare på bror sin. Og der kom det frammande lande i mot  
dem. Det var ugodslig så frammandt.

I land måtte dei i alle fall, og det tok ikkje lang stunda, så var dei *der*, midt  
inne i ei stor folkfjöld, somme kom og andre reiste, i grytidlige morgonstunda.  
Velnøgd var dei visst alle.

Øyum heitte det her, men øyar såg ho ikkje, det var store stygge fastlande all  
veg, og hus i hus frammed sjøen eit stykke — slikt måtte ein da kalle by lel? Det  
fekk vera som det var, men kva hadde moster deres til etternamn, kva heitte  
mannen hennes? Der stod Bror, han berre såg seg i kring, friskt forundra, og leit  
på henne. Så spurde ho han like vel. — Pø! meinte han, vi spør etter Boletta, her  
finns ikkje mange som heiter noko slikt. Og som har garsbruk her, la han til og  
spytta. Ho kunde ha ledd.

Det stod ikkje lenge på å finne fram. Det gjekk mest alt for kvikt. Det var eit  
sturvore hus dei kom til, og den borteste døra måtte vera kjøkkendøra. Dei hørte  
der var folk i kjøkene. Bror drog på dei løgne brunene sine da, lea på akslene og  
sa: — Huff, er dei oppe så tidlig her? Og det hadde han gjerne rett i, at det var  
hardvore folk å komma til.

## II.

**M**en inn fekk dei våge seg. Ho visste enda så pass at ho pikka på døra. Einkvan  
sa noko der inne, og dermed beit dei i hop tennene og steig inn, beint inn i elden  
hadde ho hørt folk seie.

Noka moster var det ikkje dei helsa på, berre tausa på garen, såg dei.  
Borghild stinna seg opp og spurde om Boletta var heime.

Ho var da det. Var det noko ho skulde seie henne? spurde tausa.

Det var nær på at gjenta lo. — Er nå ho òg moster til nokon, mumla ho. Ho såg ulovlig vel på dem, gjekk så inn til Boletta.

— Nå får vi snart sjå a som ho er, kviskra Bror.

Kjøkkene var stort, og måla og fint og reint. Men Borghild hadde set eit velstandskjøkken før, der pla vera meir massing og kopparstas på veggene, meir krusty å sjå. Berre Bror kunde vera fin gut nå når prøvestunda kom!

Tausa kom att. Ein måtte mest tru ho hadde vondt av dem. Borghild trøsta seg med at ho hadde set ein enda større komfyr enn denne her, med nikkelhandtak på og litt av kvart, men her stod ho med denne broren og skulde be vakkert for dem, og kva skulde dei be om? For mor var ikkje her, hadde ikkje tort vise seg her — dei skulde ikkje ha vist seg her dei heller!

Torde denne tausaa ikkje ein gong be dem sette seg? Hjelpe oss da. Men når berre moster vilde syne seg snart så.

Da kom ho ja. Stod litt i døra og såg på dem. Inga sak å sjå at ho heitte Boletta. Så kom ho nærare, stadig med auga på dem. Ho steig varlig som ei høne. Hønelegger gjekk ho på òg, men ho var visst klok nok for det. Dei helsa det beste dei kunde.

— Kan de fortelle meg! seier ho.

Ho var visst på gråten. Ho hadde blårøde roser på kinna, men ho var uhuglig tynn. Blå i leppene var ho òg. Men auga hennes var verst, dei var så fryktelig lei seg, hadde aldri set anna enn det som ille var, og nå var dei to ungene her! Og så plukka ho seg på kjole-ermene med dei tynne fingerpinnane sine og visste ikkje si arme råd. Ein burde ha gått sin veg, om *det* kunde hjelpe henne.

— Er de barna hennes Lina da? sutrar ho. Og så kjem de hit, til oss? Kven er det som har funne på det? Så kom ho på at dei stod. Ho skjemde på tausaa for at ho ikkje bad dem sette seg. Tausaa tagde. Det var vel mest rådelig det ja.

Så sat dei der på kvar sin krakk. På kvar sin tiggarkrakk, sa andlete til Arne (han fekk heite Arne her). Da sa han, best det var:

— De har ikkje set likt til mor vår her heller da?

Boletta stirde som ein blind ein på dem; så jamra ho seg med dette brostne måle sitt: — Nei nei nei! Har ho sett av heimefrå nå igjen? Eg har aldri hørt så

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
gale, hm-hm-hm! Hadde de enda skrivi før de kom! — — — Kva slag menneske  
er ho da?

Det visste ikkje dei. Ikkje nå her dei sat.

I det samme kom mannen sjøl. Straks dei såg han kom dei i hug at mor hadde kalla han Bubblan. Det var som dei såg svære bublar på vatne, dei hadde lese om ei stor ei som brast. Nei brast gjorde ikkje mostermann, man han minka da moster hadde set på han litt. Nedreleppa hans minka litt ho òg. Bror var borti søster si med ålbogen: der såg ho mosterfolke deres.

Mostermann heitte Bertill, hørte dei. Boletta sette han til bords, og så laut han eta frukosten sin, kaldgraut med varm mjølk over. Borghild kunde gått med på det, men Arne såg bort i veggen; han hadde vondt av denne husherren. Og at han hata moster si det såg du på han om du berre såg øresnippene hans, — berre han ikkje lea på dem nå så var det godt! Mostermann åt. Fysj og fysj kor stygt eit mannfolk kan eta. Ingen hørte etter det han sa.

Moster kvinka og bar seg att. — Dei kjem her desse ungene og forteler dei er barna til søster mi. Mor deres har reist sin veg. Men kva har vi med det?

Mostermann såg kvast på dem. — Neih! sa han og åt. Nøff! bubla han. Men han var da bedre enn moster like vel.

Da han var ferdig skulde dei til bords, han las fort etter maten. Ennå ein gong såg han på dem. — Jaså? sa han, og det var ikkje mildt meint, tok så huva og gjekk ut. Moster minte tause om fjøse, klokka var *over* seks snart.

Dei fekk tørrmat dei, varm mjølk, slik ho var, og brød og smør, det mørkaste brøde dei hadde set hittil, men brød var det, ja og så var det potetkake. Er ho her òg? sa auga til Arne, men han gjekk på med frisk mathug. Her lukta det ikkje morgokaffe nei, det var vettugt folk som stelte her i garen.

Moster såg bleikt etter tause da ho fór. Slik såg ho på dem òg. Men ho bad dem forsyne seg; — de er vel ikkje foretne kan eg tru, sukka ho. Da ho var inn i stua ein vending, kviskra Arne: — Nå må du eta, nå får du mat! Borghild bad han tie. — Eg er mota på å eta dem utor huse! klaga han seg. Dei knip ikkje på sparinga her i garen, sukka han litt etter, full av lått. Så han heldt da hovude oppe i prøvestunda.

Moster spurde dem ut om mangt, enda det hørtes som ho visste storparten

(nesten da), at dei hadde truidd dei skulde finne mor her. Moster kremta og kremta, vilde visst ha gråte òg, men det vart berre snyting av det.

— Nei vi rømte unda for fattigdommen, sa Arne og såg hardsett på mostra si. Han vart oss litt for nærgående, la han til.

Borghild måtte smile, så gale det var. Moster anka seg og stirde fram for seg. Ho var uhuglig blå og blind i auga. Ho fortalde dem at mor deres hadde vore eit bra menneske frå først av; ho måtte ha hatt det for vondt i lag med denne faren deres, — han døde nå òg så ulaglig tidlig frå huslyden sin! — Men de kan da veta ho kjem snart heim att, trøsta ho dem.

Borghild svara at det vart nok lenge til, denne gongen. Mora hadde tatt med seg alt ho kunde få med.

Men kva hadde dei så tenkt? Hadde dei pengar å komma seg heimatt for? — Dei rista på hovude. — Å herre gud! jamra ho seg. Kva vil de så trive til? — Tiggargstaven, svara Arne, men Borghild sa dei fekk høre seg om her i kring, einkvan kunde vel ha bruk for dem. — Men vi skil ikkje lag, la ho til.

Moster såg på dem, frå den eine til den andre, og grunda. Det var ikkje fritt for at dei fraus ved det. Ho spurde etter alderen deres og ømse anna. Fortalde dem så om den store arbeidsløysa lande rundt, og at det var der sør dei hadde heimstad-rett. Men det var visst djupare ting ho hadde i tankane.

— Vi kjem der aldri meir, svara Borghild før Arne kom til ords. Så takka dei vakkert for maten.

Mannen kom inn. Frå stallen, kunde dei sjå, og han vart vist ut att med eit blikk, han fekk fli av seg lite grann før han steig inn hoss folk. Sia fortalde Boletta han heile soga deres. Det var meir enn dei hadde fortald, og just ikkje stor moroa for dem å høre på.

Boletta hadde ein ørliten hårknute bak i nakken, mest berre som ei grå vorte å sjå til, — det var stort ho hadde råd til *det*, tykte vel Bror. Dei kom i hug mor med alt det håre, det var vakkert som sommaren, som solskine over skogen. Men henne fann dei aldri att!

— Mja! sa Bubblan og skaut underleppa fram. M-jah! Dei har vel som ein fattigkasse der sør òg? Moster let han forstå at det var ikkje den dei skulde snakke

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
om nå. Bubblan sa nei vel, nei vel, og pusta strevsamt gjennom nesen. Ei stund etter såg han tålig mildt bortover til dem og sa: — Eg minns da mor dykkes. Ei lita nugle til kjerring. Men: ho var så beint ikkje stygg ikkje!

Boletta kremta, og da vart det kaldvore i kjøkkene ei stund. Endelig sa ho: — Det finns ingen her i kring som har bruk for slike. — Nøff! svara Bertill. Moster snufsa og sa: — Eg ser inga anna råd eg, — ser ikkje anna råd enn at *vi* får prøve dem til så lenge. Lære dem opp. Det er som ein kristenplikt.

Mostermann skaut leppa langt fram. Han sa møh! eller kva det var.

Moster heldt ved: — Enda det er urettvist mot oss. Vi som ingen barn har fått. Og så desse to da! Ingen ting kan dei, og ingen ting veit dei, og så så tynne da, som pir-ålen båe to!

Bubblan busa ut åt dem: — Legg i dykk og få kjøtt på si-beina! De får lystre meg i det. Som i alt anna. *M-jah!*

— Det blir ei prøvetid! sukka moster. Ja for dykk òg, la ho til.

Og det tvilte dei ikkje på. Ingen hadde spurd dem kva *dei* vilde. Arne såg likesæl ut i lufta. Nå ja, Borghild var einig med han i det, at når dei hadde stått over rømminga og heile resten, da skvatt dei ikkje så snart. Ho spurde han, høgt men rolig: kva sa han til dette?

Han gjorde litt med augebrunene, som han tenkte djupt over saka, og skaut fram nedreleppa. — *Mjah!* svara han. Vi kan da freste. Visst du vil.

Dei andre merka gudskjelov ikkje herminga. Moster tala alvorsord til dem. Ho bad dem aldri gløemme dette, at ho tok dem beint utor nøda, tok dem i barns stad så å seie. Og at dei her etter var tenestfolk. Og at nå måtte mosterfolke deres vera utan både taus og dreng. Kva ho skulde ha til klea åt dem det visste ikkje ho; men ho vona at ein kristengjærning var si lønn verd. Og så til sist: Berre dei nå kom i hug å vera lydige og takksame, ja og tilfredse, det var det viktigaste av alt!

Ho var på gråten da det var sagt. Borghild hørte ein sukk frå Arne òg. Mostermann pusta tungt gjennom nesen og slo fast at *der hørte dei!*

Ja der var dei. I barns stad, som sagt var, og tenestfolk dertil. Dei hadde glømt å takke for det. Borghild bad til Vakkermannen om kvelden at det måtte gå bra; — eit års tid om ikkje meir! tagg ho.



Ho hadde alt vore med i fjøse da. Boletta kom og tok seg av henne, lærte henne frå nytt av, slik og ikkje slik. Det såg ut som der var arbeid nok for eit vaksemenneske, men Boletta sa det var gudskjelov berre sju kyr, — «sju magre kyr», kom Borghild i hug —, og dertil så skulde ho sjøl ikkje vera langt unda. Var nå det òg ei trøst? tenkte Borghild.

Før moster gjekk inn såg ho på henne og tungsukka: — Å hjelpe oss rett for ei taus på ein gar! Berre tretten år. Men som sagt: når eg nå er mostra di, så i Guds namn! Det er dyrt å vera blauthjarta. Dermed gjekk ho.

Tausa retta seg bein og lo innbitande: Eg seier det samme eg. Det seier eg i morgo når eg krev lønna mi. Ho lo att: — Nei så mykje som i dag har ikkje Boletta snakka på heile åre. Berre ho ikkje hemnar seg på dykk, la ho til, for både det og dette blauthjarte sitt.

Borghild visste ikkje kva Arne hadde opplevd om dagen, men har var over-seg trøytt.

Morgonen etter vekte mostermann, — klokka tidlig, som Arne sa. Så hundtidlig hadde dei ikkje vore jaga opp før. Det bar i arbeide på kvar sin kant; så vakna dei vel etter kvart.

Tida ga seg til å gå. Moster laga om litt på dei eldre kleplagga sine, så hadde Borghild arbeidshyre. Til Arne vart det noko liknande; — men det liknar da mannfolk-klea òg, fann han ut. — Kan da ikkje tru eg skremmer hestane? sa han til mostermannen sin. Moster tok seg nær av det, men ho gret ikkje. Slik snakkar morlausingen som skal halde mote oppe, visste Borghild.

Men moster gret den dagen tauslause fór. For nå var dei tauslause på garen. Slik er det å vera for snild.

Borghild hadde rømt, trudde ho, var det ikkje for Brors skyld. Eller, i grunnen var det han ho vilde ha berga frå dette slavelive. Det var vondt nok å sjå kor ungane i grannelage lo åt denne munderinga hans, men verre var det å sjå kor nedtukta av arbeid han var, han var snart eldre i fotlage enn mostermann sjøl der dei kom stigande inn. Dei sleit han ut før han var konfirmert.

Dess gildare var det når han fann på einkvart løylig for hennes skyld. Ho skulde merke at *han* stod det ikkje noko på. Ein dagen dei sat og åt den dagvisse spekesilda, så sur ho var, såg han opp på henne, og sa på mostermanns vis:

Først lo mostermann, men da han hadde set på husmora vart han bublande harm, og spurde: — Gjer du narr av maten, av silda?

Borghild vart illsvien og måtte hjelpe Bror det ho kunde. — Han miss-snakkar seg alt i eitt han, sa ho, det var kjøtt på sibeina du meinte, ikkje sant?

— Er ikkje sild like bra som kjøtt da? spurde han og såg alvorsamt på dem.

Mostermann tok det for god fisk, og sa *m-jauh!* til det.

Arne hadde ikkje vett til å vera redd folk før det var for seint. Utpå vinteren gjekk han i mól-froste og kjørte tang opp på åkeren. Ho såg han frå fjøsluggen ein dagen, kor hjartans ilt han fraus. Eit par «bygutar» fór der og leikte seg, men dei var vinterkleddede dei. Best det var *hørte* ho han.

*Sur potet og sur sild,  
surt vêr med surmjølk til*

dikta han og song, høre det kven som vilde, og ungane lo.

Dei visste ikkje orde av, der kom Bubblan sjøl farande. — Din — din! frøste han, din —

— fattigunge, skjøyte Arne på, for det orde hadde han hørt før.

Men Bubblan svinga neven og slo.

Arne stod still og tok dasken. Han fekk han i hovude, det var så vidt han stod. Ingen av gutane der heime råkte Arne med ein dask, dei hadde øvd seg i boksing dei kalla. Nei han tok mot denne straffa. Borghild måtte sette seg på fjøskrakken. Ho ottas at Arne hadde gitt frå seg all vona nå.

Å nei gut. Da Arne kom heim med hesten, ropte Bubblan at nå skulde han kjøre ned på brygga etter eit sildkvarter. Arne spretta hesten frå sleden og leidde han til stalls. Du såg ikkje så beinberr skapning som den hesten. Moster-kallen stod mållaus med sinne sitt. Arne kom ut att, og kunngjorde i stort alvor:

— Nei eg tar kjelken eg. Han er lettare for meg enn sleden er for denne kjepphesten din.

Det var så vondt og handfritt sagt, det vart ingen ting att av heile mostermannen; han berre snøste og gjekk inn. Da Borghild var inni fjøse att tok ho i kring ein kuhals og lo.

— Han nøffar og slår folk, denne husbonden vår, sa han så Boletta hørte det.

Men der var ingen som såg det, og ingen som kjente det, la han til. Elles kunde det blitt han ein dyr dask.

Det tyngste for gutungen, såg ho, det var at han sakna mor. Om han kanskje ikkje visste om det sjøl. Ho for sin del tenkte meir på mor enn ho hadde lov til.

Mor gjekk *sin* veg. Kunde vel ikkje anna, slikt kjem over kvinnene somtid, og da er dei enda dummare enn mennene. Ei stor skam å tenke på. Men mor var da glad i dem òg? Ho var mykje glad i dem. Enda meir glad var ho i denne farken sin, lat henne fara i fred, burde Arne ha sagt.

Så var det skolen. Ja men det gjekk det òg, enda Boletta bar seg ille og dei sjøl måtte gruve litt for kvar dagen, særlig i første tida; desse «bybarna» var så leie mot Arne. Læraren var ikkje det, han fuska det enda til så dei fekk skolebøker utan mosterhjelp. Så svært lenge vara det heller ikkje før Arne var kammerat med dei andre gutungane. Han var så levande med i leiken deres, og så lo han like godt som dem når dei gjorde narr av han. Han vart dem for snild i lengda, dei ga seg og tok han god.

Vinteren gjekk, og der gjekk ein vinter til. Ei tid var ho sjuk oppi hovude, så svimren og elendig. Ho voks for fort, sa moster, og Bertill såg på førkjeungen som han vilde tverrstogge henne i galenskapen. — Du burde ikkje eta så kraftig kost, sa Arne ved borde stundom, du veks helsa av deg. På tomannshand sa han til henne, ho burde få i seg ein mjølkskvett i fjøse. Som godt var, kuvarm mjølk fresta henne ikkje til å stela. Derimot lurte ho i Arne og katten ein dråpe da og da.

Da var ikkje moster langt unda, — ho heldt da ord, gamla, og ein dagen kom ho på dem. Det vart ingen gledelig dag, men skrót i det, Arne og katten hadde fått dråpen sin.

Arne hiksta til og snudde seg bort, ein gong han såg kor sjuk ho var. Større helten var han ikkje nei. Men det gjekk, det gjekk.

Sia skjønnte ho ikkje at ho hadde komme igjennom det. For Brors skyld hadde ho greidd det.

### III.

Og konfirmert vart dei da tida kom, samme dagen òg; — det går som ein røyk,

kjerkegolve, den eine var redd at den andre tok seg for alvorsam ut. Dei hadde fått bra konfirmasjons-klea; ein kunde i alle fall vekse i dem ei tid.

Arne voks. Og om han var litt bortbytta i klea til kvardags og litt fattig-grå i andlete, så var han god nok mellom kammeratane, og dem hadde han snart alt for mange av. Dei var ikkje så bra som dei var mange til. Stundom syntes ho at ho heldt på og vart brorlaus.

Ja lang nok vart da ho òg, det var skjære skamma at folk såg det. Kleane ho gjekk i var just ikkje morosame, men kroppen *var* det verste, eit uendes strek opp i lufta. Så ho heldt seg heime om der så var ei fristund.

Det gjorde ikkje Arne, enda moster var streng slik; ho var eit kristelig menneske tvert igjennom. Han hadde eit eige lag med henne. Han såg henne så truhjarta i auga som ho var mor hans, og lova bedring. — Men, sa han gjerne, dess meir moro eg har i dag, dess kvikkare arbeider eg i morgo; så det svarar seg da, moster? Ho drog på smilen da, etter evne.

Ein gong skar ho seg i fingen. Ho vart så redd ho ropte noko reint ukristelig. Nei men *moster!* åtvare han henne. Han tok handa hennes og stelte med såre, trøsta henne det hjarteligaste han kunde, og til slut sa han: — Det var ikkje feitare fingen, berre som du skar i ein kjepp, ser du. Ho fann seg i det som han var dokteren sjøl, ho takka han jamenn!

Det gjekk fint det, men ein kvelden stengte dei han ute. Det var svarte haustkvelden, og guten var ikkje heimkommen til sengetid. Moster dømte i saka, og mostermann sette dommen i verk. Han varskudde Borghild at ho opna ikkje døra, for da bar det ut med henne òg, *for alvor!*

Ho sat oppå lofte sitt og venta. Endelig kom han. Da han fann døra låst, dundra han på! Stod så ei stund og var opprådd, dermed tok han i døra att og rista. Så ropte han på dem. Langt om lenge opnå Bubblan vindauge og sa ein heil *vål*. Det siste var at Arne kunde ha seg åt framstallen; så kanskje han fekk *sjå* einkvart i natt!

Arne var kar og sa at før gjekk han på kalde sjøen, så langskanka og kalvbeint eg er, skrytte han, men ho hørte kor rådvill han var. For resten, kalvbeint, det laug han på seg.

Ho gjekk den natta òg, på eit vis. For dei baa to, den eine i framstallen, den andre på ein stol ved vindauge. Eit par gonger reiste ho seg, vilde gjera oppreist, for hans skyld. Men for hans skyld laut ho sette seg ned att. For kor skulde *han* ta vegen når dei vart jaga her ifrå?

Han kom inn da dei sat ved morgobiten. Han helsa gomorn som vanlig. Ingen svara. Han såg forundra på dem. Boletta saug seg på gift-tanna. Så sa ho:

— Det får i Guds namn vera deg tilgitt, denne gongen.

— Tilgitt? spurde han og stirde blankt på henne. Så rar ein bror har ingen annan hatt. Nå ja, han trong ikkje henne den stunda, men skrót i det. — Skal de tilgi meg natta i framstallen? sa han. Det er sant, eg ga hesten fôre sitt, fortalde han Bertill og sette seg til bords.

Dei berre tagde. Da lo han, halvt med seg sjøl: — Nei eg var ein fåne i gårkveld. Eg vart med ein av bakargutane ned på brygga, skulde hjelpe han heim med ein mjølsekk. Først så kom ikkje båten, og til slut kom der ikkje noko mjøl heller. Nå eig dei ikkje mjølsåa å gjera brød av!

— Da har dei ikkje betalt! avgjorde Bubblan.

— Nei vel, sa Arne og var lei seg. For dei har ikkje noko å betale med.

— Nøff! snøste kallen og reiste seg. Fattigherk!

— Ja ja, sa Arne. Men *fattigherk* — — det må da vera eit farlig ord?

Moster sat steinstill. Bertill bubla einkvart og gjekk ut.

Borghild visste loven deres: Fattigfolk skal vera fattige dei, for det *er* dei. Dei andre ikkje. Somme snakka *mot* det, den eine hit, den andre dit, til dei såg ut dummare enn dei var. Med kvart lo ho til dem, for det hørtes som dei vilde sope ned stjernene med ei kalverompe og strø ut til armoda. Meir hjelpte det vel ikkje heller om Arne protesterte mot uloven deres. Men det var friskt at han gjorde det, kor som var.

Til henne sa han da dei var toina: — Var det naskt å vera deg i natt? Ja eg såg for meg du gret. Men gret gjer alle kvinnfolka, det gjorde mor òg. Kanskje dei har godt av det.

Jau jau. Det gjekk i alle fall over denne gongen. Boletta small det knapt ord i, og det var bra. Og kallen og Arne skulde ut med garna, og det var ikkje noko småhende just.

Bertill var mest ikkje Bertill når han konsta med garna og lærte frå seg. For det kunde han, garna og den store fiskekonsten! Mjølka skaffa han mynt, men han var fødd fiskarkall. Derfor var han blid ute på sjøen. — For da er han fri mann, sa Arne. Og Bertill sa om Arne: — Eg trur jamenn han lærer til slutt.

Arne kunde seie mangt til han da. Han spurde han ein gong: — Er du så rik som dei forteler du er? Mostermann murra og nøffa litt, men sinna vart han ikkje. — Korles har du bore deg åt med å bli det? vilde guten veta. — Arbeid og spara du òg, svara den andre. Så går det deg vel! — Berre eg hadde nokon ting å spara! sukka Arne. Han lo godt da han fortalde henne det. Det var lenge sia dei vona på nokon ting sønnafrå. Og mostermann forkynte: — Det er inga synd i deg, du kan bli fiskar du. Arne terga han og sa: — Du har gjømt pengane dine for godt, du finn aldri att dem, det gjer a Boletta. — Nå nei kar! let mostermann.

Og fiskar det vart Arne, men det var hennes skyld. Ho måtte få han der ifrå. Fire års slavearbeid mest utan både kost og lønn kunde vera nok, og så var «byen» eit farlig hol, for han da. At han tulla og var glad i gjentene fekk så vera (men det piska henne som skamma mang ein gong, kom ho i hug). Det var verre med desse gutknektane, for dei narra han bort i galne strek rett som det var.

Ein av dem trolla han med seg ned på brygga ein kvelden. Der låg det ein brennvinspakke som skulde til ein idiot utpå lande, ein som drakk seg til mordar og slikt når han fekk brennvin, skrøna uslingen. Dei fresta å berge han frå det, men folk kneip dem midt i gjerningen da ruta var knasa.

Arne var fattig i andlete etterpå. Låtten hans var sju mil borte; han hadde vel ikkje drømt om at han kunde vera så dum. Men til henne less han vera kar som før. — Fullmånen kom og ødela heile moroa for oss, sa han. Vi meinte det berre vel vi.

Umulig å skjønne at dei kunde vera harde mot han.

Mosterfolke tenkte sterkt på å jaga han. — Ja men det blir dyrt for dykk det, sa ho dem. Dei vart mållause da, hadde vel aldri hørt på maken, det hørtes mest som ho tenkte på *lønn!*

Arne, han leit på at ho fann ein utveg nå òg. Ja ja. Først gjekk ho til lensmannen og snakka vakkert for han: Guten var så og så dum, og kom han

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
ustraffa frå dette her, da skulde dei reise herifrå. Ho fekk stotta det fram vonoms bedre, tykte ho. Lensmannen trøsta henne, det var ikkje så farlig; Arne var så tydelig narra bort i det. Tenkte dei seg til heimbygda si? Ho fraus da han nemnte det.

Ho fraus ikkje mindre når ho tenkte på utvegen. Ho måtte gifte seg.

Ofte hadde ho tenkt at gifte seg det kunde ikkje ho som hadde denne broren å vera glad i. Ja ho kunde det ikkje elles heller, langt derifrå, det kunde dei andre, for dei var slik dei; — fy te helvete da mann! sa ho med seg sjøl gong og annan. Nå ja, der hadde ikkje vore noko tråv etter henne heller. Men der var ein utafrå øyane nokonstads, frå yttaste Øyvære; han var i slekt med mostermann og kom her ein gong sommar og vinter når han «provianterte». Ein utrulig lys og snild ein, og ein dagen fria han til henne. Det forstår seg ja!

Ho berre lo til han, kan du veta. Han kom att, meir alvorsamt, og da fortalde han at han hadde vore glad i henne frå han såg henne første gongen. Da skratta ho, for noko så dumt hadde ho ikkje hørt før: Ein vaksen kar, ein seglar på sjøen, og så eit gjentestrek som knapt åtte klea på kroppen, — og kva slag kropp da i gudsnamn! Ja og ennå var ho knapt 17 år. Det var synd at *han* skulde vera så dum.

Men han tok seg hjartenær av at ho viste han bort. Der til var han så lys og mild i måle, og i andlete, og snild som morgosola det var han, ein utrulig mannsperson. Nå fekk han bli bergingsmannen deres. Han og ho fekk berge Arne herifrå.

Ho spurde om han hadde rom for bror hennes.

— Både i huse og på båten, svara han. Han fortalde mest alt om seg og heimen sin.

Javisst fraus ho litt når ho «tenkte alvor om det». Men det kunde komma for henne òg, at kanskje var det rart å legge kinne sitt innåt denne kjaken hans? Nei det var ikkje han ho hadde drømt seg i lag med, *om* ho hadde drømt slikt tull da. Der skulde vera noko *usagt* ved den guten. Noko som ho og ingen annan fekk tak i. Ja men, kven veit —

Arne skjønnte snart at der var tjuv i lyse, som han sa. — Han er så forgapa glad i deg, denne lysluggen utant skjæra, sa han, du er dømt til å forbarme deg over

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
han. Men ein dagen tverrsnudde han seg mot henne, det var reint så han glefste:

— Du let han ikkje ta deg, det seier eg deg! — Skal eg narre han da? måtte ho spørre. — Det var vel! svara han. For elles narrar han deg. Og det liker eg ikkje, la han til, kokande heitt. Ho hadde ikkje venta seg det av han. Ho visste ikkje ut eller inn. Ho vart sjuk av det, vart liggande nedfor eit par gonger; det var så vidt Boletta fekk mana henne opp att, kjerringa gret!

Da bar det ikkje bedre til enn at Arne vart jaga utor tenesta. Han kom heim fullskjenkt ein sundagskvelden, og fortalde husbondsfolka alt han meinte om dem. Det verste var at det var så for sant. Dei jaga han på tverre flekken. Borghild såg at dette hadde han gjort for hennes skyld, *han* trong ikkje at ho gifta seg bort! Han kunde gå sin veg og berge seg sjøl, her gjekk han!

Han stomla til sengs som ein sigerherre. Dagen etter slong han bort i ei stue og tinga seg husrom til så lenge; sia skulde han skaffe seg arbeid, veit du. Kom så att og henta skrape sitt, stod ei stund midt i kjøkkene, såg ein gong i golve og ein gong på dem. Omsider sa han:

— Ja de må ha takk for meg da!

Mosterfolke svara ikkje. Ho såg stritt på han, men han nemnte ikkje lønn eller slikt. I døra såg han på henne, liksom han lova at han kunde ho lite på når det kneip. Eit underlig barn til kar.

Og så skreiv ho til han der ute, og sa ifrå at nå fekk han komma og hente dem. Om kvelden leita ho opp Arne. Da var ho redd. Ho bad han vera snild bror og bli med henne; når ho tok sjangsen kunde vel han og gjera det, — elles blir live meg litt for salt vesti havskjæra, sa ho. Han såg *vel* på henne da. Han svara skitt la gå. Sjøen var gjerne det rette for *han*. — Som du ser, sa han og tok seg over armen, så har eg lubba på meg bra med kjøtt i det siste.

Mosterfolka og ho sat ved middagsborde da ho sa opp tenesta. Ho fortalde ho skulde gifte seg.

Boletta sat som ho hadde svelgd både tugga og tannstubbane. Bertill såg ikkje klokare ut.

Ho fortalde det som var å fortele. Det fekk ikkje hjelpe om ho grøssa litt, — ho kom visst til å grøsse meir sia —, for slik ein bror hadde nokon kvar gjort umulige ting. Boletta hadde venta seg alt vondt av live, men ikkje dette lel. Bertill snøste



Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
og sa stopp der! Borghild måtte veta ho var for ung til å gifte seg. — Pytt! meinte ho, dei skulde søke om det. Ho trudde ho hadde hørt om noko slikt.

Mannen der vestfrå kom med skjøyta si og henta dem. Det var eit heilt farty å komma om bord i. — Jamenn er båten stor nok for både oss og godse vårt, sa Arne. Dei hadde det dei gjekk og stod i, og så eit lite knyte, ein pank med armodsdóm. Lyshåringen ansa ikkje det. Kven han så var eller ikkje. Tankane hennes fór over det som småguten over veik is, det kunde vera djupt nedunder. *Torger* heitte han.

Borghild sa til Boletta, dei var to-eina ei blink: — Du kunde gjerne testamentere Arne det vesle som blir etter deg. Gjer du det, da liker Gud deg. Boletta anka seg, dei var *for* vonde mot henne nå. — Han skulde fått lønn hadde han ikkje fare slik, sa ho. Men deg har eg tenkt på. Borghild lo og sa at det hadde ho gjort sjøl; — som du ser, moster. Ja farvel da, og takk like vel! Ho tok den sotgjerrige handa hennes. Det var rart å halde i så fattig ein ting.

Og så var dei om bord for alvor, og så fór dei, — ut av trældommens land, sa vel Arne med seg sjøl. Det var han som var glad. Han kjente seg som sjøkar før dei nådde ut til Øyvære.

#### IV.

Det var eit underlig stykke land dei hadde komme til. Om ein kunde kalle det land da. Der var alt for mykje hav og himmel kring ein, det vilde ta ein stakar og fara bort med han. Ein hadde einast berge å halde seg til, nakne gråberge, nokre fleinskallar med litt grønt i mellom. Det var ingen ting mot all denne sjøen i kring dem, all denne himmelhøgda over dem, dei var berre attglømte haugar vesti have. — Men det er da fedreland dette her òg, sa Arne. Han såg seg i kring og tok det til eige, det eine med det andre.

Nei det raraste var at dei hadde tid til å sjå på det.

Første morgonen ho vakna der var det nordavind. Skjæra pløyde i veg nordetter så snart ho augefesta dem. Det tok tid før ho kom i gang med å elske denne parten av fedrelande. Sia vart ho da glad i det. Dei hadde solstrålande kjerkevêr den dagen dei fór innover og vart vigde. Folke i Øyvære var ufattelig snildt mot ein frammand-kryp.

Og Arne var her. Ho hadde berga han utor verda og hit. Da fekk det ikkje gjera vondt at han vanakta henne for dette giftarmåle; ho hadde ikkje anna venta seg.

Dei gjorde rettelig eit *smal* første gongen Arne var med ut på fiskeferd. Det såg ut som lykka hang med han sia òg. Borghild undras ikkje stort over det. Ho såg han likte det nye live. Han likte å lyde mannen hennes ute på sjøen. Ho skulde òg ha likt å lyde han, men det fekk ho ikkje lov til.

I førstninga var ho redd kvar gong dei la ut: fire menneskemaaur i eit båtskal utpå villaste have. Du såg skjøyta som ein prikk der vest, og sia såg du ikkje det ein gong. Som dei var ute av verda alle fire.

Sia var der andre ting som skremte henne. Arne gjekk og kjeia seg når det var landligge. Han tenkte, såg ho, at verda var ikkje her, tida kom ikkje framom her: det var tusen andre stader ein skulde ha vore! Etter som det lei tenkte han til med på å rømme. Som mor, fór det i henne. Han kunde sjå på henne som ein sjøsjuk ein. Ho vart sjøsjuk sjøl. Ho visste seg ikkje anna, ho fekk lite på det gjekk over.

Den tida kom óg at det heldt på og gjekk over. Der kom liv i han att. Men da ho opendaga grunnen vart ho slett ikkje glad. Det var ei kvinne, og det var ei som kunde bli farlig for han. Dei kalla henne Enka, men enke var ho på ein måte ikkje; elles visste dei ikkje stort om henne, ho var henta langveges frå. Vakker var ho, på sitt vis. Det var vondt å sjå kor Arne drogs mot henne, han krinsa om henne dagstøtt, så uverdige det kunde bli.

Han vart meir og meir blind, så ho måtte mest ønske han hadde rømt like vel. Ho makta det ikkje bedre, ho snakka til han om det. Først lo han til henne. Sia vart han himlande harm, stod som ein fiende mot henne: han svær henne opp i andlete at endelig ein gong vil han vera sin eigen herre han òg; — eg tar henne og reiser min veg! varskudde han. Så kan du sitte att her og vera mor så mykje du lystar for einkvan annan.

Det kjentes som han drap henne. Men ho heldt seg oppe. Og tida gjekk utan der hendte noko meir. Enka ho sørgde berre over den bortrømte mannen sin, Arne måtte nøye seg med ein smil eller så.

Utpå vinteren vart eine barnsungen til Enka bråsjuk. Dokteren måtte hentas. Det stakk i hjarte på Borghild da. Vêre var alt anna enn godt. Ho såg det på mannen sin at han var lite huga på denne ferda; men han hadde einaste

motorskjøyta i være, så han var dømt til å fara, han og ein til. Arne hadde alt kledd seg i sjøhyre. Borghild torde ikkje seie noko, men ho skjønnte at Torger helst vilde hatt ein meir sjøvant kar med seg. Så fór dei. Full storm var det ikkje, men høg sjø.

Utpå dagen kom skjøyta inn sunde, mange timar før ho kunde vera ventande. Ho hadde gjort vendereis. Det var gråe kvelden, men Borghild såg der var berre ein mann om bord. Ho gjekk inn og sette seg. Om ei stund stod mannen framfor henne og fresta fortele henne om ein brottsjø —

Eit fattig og ukjennelig andlet framfor henne, kva er det denne skapningen står og stammar om? Sia hogg ho tak i han, ristar og spør:

— Kor *har* du gjort av han?

Men ho skjønner da om sider at denne mannen her han er uskyldig i det (dess verre, hadde ho nær tenkt), det nyttar ikkje å kreve att Bror, av han eller av nokon annan.

— Når det er slutt så er det slutt, sa ho berre.

Det sa ho sia òg, gong og annan.

Arne var for resten berga han. Kva det vil seie, det veit berre den som har hatt han til bror.

Ho vart glad nok i mannen sin òg, gudskjelov. Da tida var der kunde ho seie det samme om han: Den som ikkje har hatt slik rar ein mann, den veit ikkje noko om kva det vil seie, det veit ikkje Enka heller nei. Torger med det lyse hovude, ho måtte stadig undre seg over han. Kor tok han makta si frå, i all denne tida da ho ikkje var godtil å sjå han? Ho gjorde han vondt kvar einaste dagen (og natta med, gud hjelpe oss); ho visste det på ein måte, visste det og skjemdes, kunde ha gjømt seg og gråte over det, men sjå, ikkje det ein gong var ho godtil.

Han bar det. Han tok vêre som det kom.

Det gjorde henne glad etter kvart. Undringa var god å gå med. Og så kom den tida da ho døypte han om med seg sjøl, kalla han *Torgeir*. Da var han guten *hennes*. Det vart han meir og meir; den milde, harde mannen. Han var for resten så ung.

Det var ei natta ho vakna ved at ho gret. Ho vart blå vaki men gret like vel. Ho

klengde seg til han og klaga seg: — Du har vore borte så lenge! Han hadde vore ei vanlig ferd ut på fiske. — Du har vore borte all tida! heldt ho ved og sa. Dei visste lite om kor dei var, nokon av dem. Men dei drømte det ikkje. — *Torgeir!* kalla ho han da, og det gjorde ho sia.

Berre *det* var eit eventyr når ein først såg det, at han kom og vilde ha henne. Det skilde han ut frå all verda elles. Han kunde fått så mange andre. Best såg ho det på Enka. Om det nå ikkje var berre moroa heller å sjå det. Enka vilde ikkje vera ved det, men ho levna opp straks han snakka til henne, ho fekk verkelig hamlet da, blikke hennes vart farlig vake. Borghild kunde ha blitt redd, men det vart ho ikkje. Ennå hadde ho mangt å gi bort, dei laut hjelpe og gi bort rundt i kring seg, for det stod smått til i Øyvære nett nå. Ho hadde mangt å miste ja, men ikkje han. — Nei da skrik eg! tenkte ho.

Nei før kan sjøen få ta heile Øyvære, tenkte ho ein gong. Og båe delene kan hende, isa det gjennom henne. Kvifor skulde det ikkje hende, ho hadde vel mista eitt og anna før? Som nå det at ho fekk ikkje barn, det var eit tungt tap det. Ho hadde aldri trudd ho skulde eiga nokon ting, men like vel —

Men det hendte det som vilde hende. Det fekk vera trøsta hennes.

## TORGER

### I.

Øyvære var hans, så visst som han hørte Øyvære til. Ikkje så at han åtte det, for det gjorde væreigaren, kjøpmannen austafor, det var han som tapte pengane på det; han kosta på rorbuer og saltarhus og måtte så rive ned stasen og gi det bort å kalle. Nei men, Torger syntes all sin dag at være var hans, det var han som *dreiv* det og hadde andsvare for det. Dei andre her ute, dei var her berre dei, kunde flytte om det fall dem inn. Dei snakka om være dei òg, særlig om at det gjekk til atters med det, og at tidene måtte vel snu seg snart, men i samme stunda tenkte dei på brødmjøl, sirup o. s. b.

Det var med det som med den gamle fiskemåten, dei såg seglbåten var for gammaldags, men dei rådde seg maken, la inn ny skrå og vona at den gode

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
gamle tida måtte komma att. Ho kom ikkje att. Det burde ho ikkje gjera heller, for gammalt er for gammalt, Torger sa tvi til det. Han rådde seg motorskjøyte og bruk der etter, enda han var berre unge guten og det gjekk i mot far sin vilje. Far sukka og tagde, den kloke snilde mannen: det fekk skje som skje skulde. Ennå vart Torger litt kald kring hårgaren når han kom i hug det.

Skjøyta vart berginga for dem alle her, som rimelig var; det tilstod far, og dei andre stemte i med, — som rimelig var det òg. Det var farvel til gammaltida, og ein lettna var *det*. Sia fekk det komma det som skulde komma. Skjøyta låg der høgborda og brei i sunde, det ga trygd berre ein såg henne. Ho var god å tru på, som være her.

Torger hadde spara og tent, og spara hardare og tent meir. Det var moro det, for være kunde ein kjøpe billig, snart. Men nett nå var det sveltihel i fiskarbygdene, ein fekk vera glad visst ein levde. Sia, sa han, sia bygg vi opp være litt etter kvart, det gjer *vi*, alle som er her, eitt hovud og ei sjel. Sjøtrolle Ludvik sa: — Du har sett sjela di på eit gale kort da. Andre tenkte kanskje det samme. Torger svara ikkje på det, han var ikkje noko god til å snakke med folk. Men dei trudde han lel, dei han brydde seg om.

Hamnen her var ikkje trygg, dei hadde rett i det. Han skulde bli tryggare. Men det var elles som ein tenkte det. Sjå berre havskipperen Erik Bergan, hit kjem han inn frå banken og ligg uvêre over, han har ridd av mang ei kule her. Han er slik laga han, at han lit på hamnen her for han lit på Vår-herre. Ein kunde sjå ut når uvêrsnatta var over, og da låg Erik i sunde med tomastaren sin. Eit hyggelig syn i være.

Der stod Erik på dekke, ingen annan kunde stå så still. Det var sjelden han snakka med nokon. Han trudde så fast på Gud. Slik var nå han. Fritenkaren kalla dei han, dei nedi behuse, for han trudde ansles enn dem på Gud, sjøl veit korles han trudde.

«Behuse» ja, det var noko Torger tulla og hermte etter ungane til denne enka som kom her. Ikkje så at han hadde noko mot dem som hørte til der, men han hadde ikkje noko med dem heller, slik. Dei var gode grannar, og det var nok, men når dei kom i dette huse sitt da vart dei villt frammande for han. Han var der nokre gonger, sat der og skjemdes eller halvsov. Han kom der ikkje meir. Det gjorde ikkje Erik Bergan heller. Han trong det vel ikkje, han. Det var ein kjær

Nei, Torger var ingen kar i religionen og dei ting, det låg bortafor hans liv. Det hendte han las seg poetisk på dikt, ein vakker song eller ei god forteling, helst ei som var litt langveges ifrå. Ja han las dikt om have òg, dei kunde få det godt til, somme. Vel og bra, men han merka ikkje meir til det når han kom utpå. Det var ikkje anna enn sjøen der, nakne grå sjøen, ein evig kvardag for fiskaren. Der gjekk båra og velta seg, der gjekk straumen og saug, det fanns ikkje poesi i det utan du dikta det sjøl. Han tenkte med kvart: Kvifor stemmer de ikkje opp, gitar, og kved for oss om den naturfagre straumen, han som plagar dønningen til å bryte i blanke stilla og som syg alt flytande nedunder for deg? Og om brottsjøen som argar deg døgne rundt og slit deg ut? Eller om nattvakinga og sommarskodda og om trevekers uvêre, om den evige kaffen der utpå, fans morgongave til havfiskaren, ja og så om børnskapstape og om *tape* og alt det som er sant og dumt for oss, som er live for oss? Syng ut, gitar, og gjer oss glade!

Det var ei side av tilvære. Tilvære her ute er firkanta det og ein viss mann likt, men det er da bedre enn dauen og mangt anna lel. Bedre enn behuse i alle fall. Og så har ein da vona, som vi kallar det. Vona for være her, om ikkje meir, mange har ikkje det ein gong. Det er vonlaust, ja vel, men det kan gå like bra for det.

Så kom der ei lita von breiddmed. Ei anna side av tilvære. Det kjem når vi ligg i land og ikkje søv like vel. Det var ei jente.

Det hadde vore gjenter før, tålig mange av dem, han hadde set på dem og tenkt på dem, og så var det Olina her heime som han ikkje tenkte på, som han ikkje kunde tenke på ein gong. Henne tenkte far på, dess verre.

Nei den gjenta han fann, ho var ulik dei andre, — slik som det *skal* vera, sa han seg. Straks han såg henne tykte han at ho var gjenta for han, dei andre fekk finne seg andre gjenter.

Far måtte nok li eit tap der òg ja. Og det var ikkje nokon hugna å komma i hug det, for far var så stillfarande ein mann, så levande og god all igjennom, tenkte stadig ut det beste for ein, gjorde støtt det han meinte var rettast; ein gammaldags kristen (som fór hu-stups til helvete, meinte dei i bedehuse). Han såg for seg at Olina og Torger skulde bli eit par. Det låg på han som ein hellig plikt.

Frå først var det ikkje slik meint. Far var enkemann, dei trong hushjelp. Han hadde henta henne hit da mor hennes døde, gjenta var så vidt konfirmert da. Torger hadde ikkje noko mot denne hushjelpe, tvert i mot. Vesle rundlette Olina, du fann ikkje maken til slik snild og flink skapning; ho gjorde alt slavearbeide for Torger, foruten sitt eige. Vakker var ho òg, sa dei, så rundøygd og kvit-tennt og så lykkelig smilande. Far såg på henne med eit faderblikk. Torger likte henne ikkje bedre for det.

Så var det denne roren deres til marknaen. Far skulde ikkje dit den sommaren. Torger vilde i veg for skikks skyld; dei andre frå være hadde alt fare. Olina sette på ho vilde vera med. Far drog på det, tykte visst ikkje om at dei fór to-eina. Men han ga etter. Da såg han så rart på dem, særlig på Torger. Torger vilde gjerne ha hjelp til å ro. Dei var vel i 17–18 ára den gongen.

Stund og anna kom han i hug korleis far såg på dem: som han var gud eller prest og sa amen til ferda deres *like vel*. Slik såg han på dem da dei kom att òg. Som der hadde skjedd lagna og viktige ting.

Ingen verdsens ting hadde der skjedd. Det var nifst at eins eigen far tenkte så usømmelig. Men det gjorde han ja, arme mannen, der han gjekk og var gammal og ønska godt for dem baa to. Rett fram sagt, han trudde Torger hadde missbrukt gjenta, at han var æresforplikta til å forlova seg med henne. Han venta til fånytted. Det òg tilga han, etter kvart. Han dømte med seg sjøl at her skulde Olina bli, til eit levande minne om svikferda mot henne. Men slepte han vona tru?

Olina stelte vel med han da alderdommen og sjukdommen fall over han.

Torger tykte at for han vart det umulig å tenke på ei gjente meir. Men *det* vart ein mon lettare å bera da han fekk skjøyta og det nye sjølive å tenke på, men lyst vilde det liksom ikkje bli i kring han.

Olina ga visst ikkje opp trua på at ho skulde få han til slutt. Ikkje før han fortalde at han hadde ei gjente austafør. Dei såg vantruen på han da, både ho og far. Det samme gjorde dei da han la i veg og skulde hente henne hit. Gud veit kva dei gjorde da han kom heim med henne.

Første gongen han såg denne gjentungen der aust hoss folke sitt, vart han lei seg. Der er skapningar nok som er verjelause med dei veks opp, som li hundlive

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
på jorda. Ein har herda seg mot det. Men der er andre — ja ein er ikkje rå nok til å sjå at *dei* har det vondt. Han mintes henne stadig, ho var så bleik og grannvaksi, ho burde aldri tent hoss så hardt folk. Og så hadde ho denne broren sin: ho lei vondt ved at han gjorde det samme, kom knapt nok i hug ho sjøl var til. Han kunde visst ikkje gjera noko for dem.

Ho var i slekt med kona i huse, han med mannen. Dei var gniarfolk!

Andre gongen han kom der vart han glad. Ho såg verkeleg på han, og det gjorde ho så fritt og trygt, han hadde ikkje møtt så opne menneskeauga. Mest som ho visste at *han* var ikkje farlig. Ho glømte å blunke når han snakka til henne, men best det var drog ho ørande lite grann på smilen, tykte vel han var samme dummingen han som dei andre, og snudde seg til arbeide sitt. Ho var så vidt konfirmert.

Men ho var enda meir skrynn da han såg henne att, enda meir trøytt og vonlaus. Verst var det lel når ein såg henne for seg i tankane. Ho kunde umulig leva stort lenger. Han vart nokså frammand for seg sjøl da, vilde mest be om han fekk koste lik-kista hennes, — det skulde bli kiste det! —, eller så fór han innover og flytta henne der ifrå. Det vart som ein sjukdom i han. Dette opne blikke, denne dødsagre gjentekroppen, som like vel var mjuk og ledig og heldt seg bein i undergangen, denne smilen ho gjekk og bar på innvendig, ei tru eller kva det var, heile saga hennes slik ho dikta seg i han, det var med han ut på have, var med han i sømnen òg, ja han møtte det på moen midt i brennsteikte eksisen. Da gjekk det for vidt, måtte ein vel seie.

Han heldt på og vart ein ordlausning mellom dei andre, han måtte ta seg på tak når han skulde svara dem. Men stundom kunde der komma som ein lovna ned over han, så han kjente seg sterk nok for kva det skulde vera, for gjenta kunde ikkje bli anna enn hans. Han òg skulde ha ei jente!

Han sa til kommandersersjanten i ei slik stund: — De synes det er stort å styre kompanie inn i leiren her De. Men har De segla eit farty inn på ein frammand hamn i mørkre og uvêre nokon gong? Nei ikkje eg heller, sa han og lo, men i kompanie her er eit par som har gjort det mange gonger alt. Og så veit eg det De ikkje veit, tenkte han og lo innvendes. Hang berre live i gjenta eit år til, da skulde han snu på lagnaen hennes! Ho heitte Borghild.

Eit skinande eventyr å tenke på: at ein gong kom han til å løfte henne og bera



henne, ho sat på armen hans så levande ho var, kanskje så lo ho ein liten stubb òg, med seg sjøl om ikkje meir. Da var sjøen blank ja, berre speielen alt have utover. Han òg skulde ha ei gjente.

Ein gong var det sundag da han var der aust. Ho låg i arbeide som vanlig, gjekk i verste arbeidshyre. Ho kom inn på kjøkkene med eit stort fang risved, og vilde svinte seg ut att. Da reiv ho ein stor lapp av skjørte sitt, han hang der og dingla breiddmed ei stor flerre. Ho vart brennheit i kinna, vilde komma seg ut usynlig, men så hendte det uhendelige: ho såg opp på han og smilte. Eit ørfint stjernerap av ein smil, eller gud veit om ho ikkje lo òg, men ute var ho. Auga hennes lo i alle fall. Så nær han var ho den stunda. Det var rart, sa han seg, at dette live kunde vera så pass rart som det var.

Næste gongen snakka han til henne. Det hadde komme for han noko nifst. Dei kunde bli vår henne, somme av dei andre; det var ikkje rådelig å dryge lenger. Han var ikkje særst modig da det bar til. Skulde han vore så redd sjøen, da hadde han rømt være for lenge sia. To dagar låg han vêrfast der aust, men dei fór som fjør i vinden. Henne såg han mest berre skynten av da og da, ho låg i rave støtt.

Ja ja, så steig han i vegen for henne, det var straks utom kjøkkendøra. Ho hadde den vesle vanen at ho fingra ved ein liten halsknapp når ho stod framfor ein. Ho såg på han og såg ut i lufta, det eine like rolig som det andre. Skyene fauk over hustaka, regnelingen kunde komma i næste sekund, og Borghild stod på sprange og lei vondt.

Han smått svor inni seg at kom farbror eller kjerringsøtta hans nå og ropte på Borghild, da tok han gjenta og sprang med henne. Han kunde ta med broren hennes i samme vase, kven han nå var eller ikkje.

Og så snakka han alvor til henne. Det var eit målstrev å få det til. Fuglane må veta kva han sa, men han fekk da fram det meste. Han ansa at auga hennes vart unaturlig store først, men så vart dei smale. Dermed lo ho, stirde på han og lo av han og sprang sin veg. Ho lo visst godt òg; der er noko til unådig hjarte i slike småkrek. Han laut trøste seg etter kvart med at ho lo nå ikkje sist. Han hadde visst nemnt dette med å hjelpe henne, — utor dette gråkalde bondehelvete, sa han da?

Det laga seg slik at han måtte innover ein vending snart att, han var med i eit

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
styre, og nå krevde dei at han møtte opp. Og *han* møtte opp ja. Nei for det var mest som heile være og velferda der ute stod på spel. Kom ikkje ho dit, da var der ikkje stor vona i det. Han var så reint for einelig.

Han gjorde pina stutt. Han gjekk beint inn i kjøkkene, dette velvyrde garmannskjøkkene der dei forbanne meg kokte kumat all dagen! og å han opp sjøl ventelig, gud signe bøndene og kjerringane og kyrne deres! Han for sin part han kom utanfrå havsnøda eller der i kring.

Men han snakka folkelig til henne straks dei vart toeina ei blink. Dei fekk elles god tid, husmora hadde ein vev for seg. Borghild hørte ansles på han denne gongen, stod og snudde på den vesle beinknappen oppunder halsen og tok det rolig. Det var elles herlig å sjå, for nå var det liknament til hals på henne, så rund og fin, og ein dām av rødlett kom der opp i andlete hennes.

Det var underlig kor ho hørte på ein når ho vilde. Men det var bror sin ho tenkte på, det fekk han veta sia, guten fór og tulla seg bort i galne ting så ho måtte få han der i frå. Javisst lo ho denne gongen òg, men ho var alvorsam for det, reint lei seg.

— At De skal vera så dum De òg! sa ho. Ho lo enda ein stubb, åt både det og det.

Han lo litt han med. Og så venta han. Slik dei hadde venta der ute somme gonger: Kjem storsjøen og tar oss i natt, eller kjem han ikkje?

Da lysna det til i andlete hennes. Ho såg nærgåande på han, der var visst tusen små låttar i andlete hennes, ho måtte vera både redd og glad, men tirande modig var ho i alle fall, som ho vilde hive seg ut i lause lufta. Og så spurde ho med ein farlig liten smil:

— Enn om eg ikkje vilde skiljas frå bror min?

Kva han svara til det, det var nå vel likt seg, vilde han tru, men han tok henne i hand på at broren var velkommen. Ein mon bleik vart ho da, fri det var nok heller ikkje han. Og var dei forlova nå, eller var dei det ikkje? Det var live om å gjera at ein visste det, men det fekk vera som det var til så lenge. Han fekk sagt at han kom snart og førte dem der ifrå, på prøve, sa han visst. Det var lenge enda til *ho* kunde bli lykkelig, såg han, og straks etter såg han at ho stod ikkje der lenger.

Han fór ikkje heim med stor vona. Ikkje tykte han at han trong stor vona

fiskarmann?

Midt i svartaste tida, i lyse sommaren og sømnløysa, kom der brev til han. Ei vaksenmanns-skrift, såg han. Og så var det frå henne. Alt i verda er kanskje ansles enn ein trur, han fekk ikkje svimle for den tanken.

Ho bad han komma og hente dem, «etter ord og avtale», stod der. Bror hennes var jaga utor tenesta, slik og slik. «Du er den einaste eg kunde be om slikt, du er ein venn i alle fall,» skreiv ho, «eg har tenkt mykje på det.» Ho sa at ho torde ikkje lova for mykje, ho vilde vera ærlig og seie som det var, men ho skulde arbeide og vera snild så langt ho rakk, og broren skulde ho gå god for, — «han er det kjæraste eg har, det veit du vel?» Ho skreiv så sant som eit menneske kan få det til. Det trøsta han storveges det. Han var ein modig ein da han peisa i veg austover.

Bubblan kalla dei denne farbroren hans. Kjerringsøtta burde dei kalle Blåa. Berre dei nå var så kloke at dei tagde. Dei gjorde det.

Dermed, så å seie, var ho om bord hoss han. Det var ei *stund* da motoren kom seg i gang. Det var særlig eitt han vasa og tenkte, at der kjem Øyvære seglande mot meg med framtid og full musikk. Elles så hadde dei gråvære utover. Men to gonger smilte Borghild til han, ein gong da ho skulde koke kaffe om bord, og så da han hjalp henne i land. Siste gongen var der ein angst i det, ei bønn om nåde eller kva det var, men det var da visst som ein lovna òg: — eg skal vera djerv gjente, det svær eg deg!

## II.

Der var husrom nok heime. Far hadde alt flytta inn i vestre stua. Det var kjøkken og kammers til, og loftsrom ovanpå for Olina. Torger og Borghild fekk resten av huse. — Her er det rom for mange, sa bror hennes da han hadde set det over, men ho less som ho ikkje hørte det. For det første låg ho på eit loftsrom og broren på det andre, Torger nede i sengkammerse.

Der hadde Olina, vesle purka, reidd opp i bae sengene. Det aller finaste ved Borghild var at ho var så ulik Olina.

Olina ja, ho hadde kanskje sorg, på det vise det var, ho ga han eit lite hånsord

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
gong og annan. Ein gong daska han henne bakpå ein av dei elskelige rundingane hennes og sa: — Nå er det din tur, i veg med deg, ut og fri! Ho snudde andlete mot han og smilte, synte det ho åtte av tenner, 34 alt i alt. Nei henne var det ikkje farlig med. På ein måte var der inga Olina etter Borghild kom dit, og far sat reint tomhendt med denne dommen. Nå kunde Torger ha fortald han kor skyldlaus han var i den saka, men nå var ikkje det noko å fortele. Hunden han ta kor vondt det gjorde i alle dei åra!

Far såg venlig til Borghild og bror hennes. Han vilde ha gjort mykje for dem om han kunde.

Nykommarane såg seg om. Øyvære var ingen by nei, men ennå såg dei det ikkje heller, det var berre eit eventyr for dem, særlig for Arne. Og her var dei, det var eventyre for Torger, var det ikkje bra urimelig? spurde han seg. Det var merkelig kor all ting *vilde* seg for han.

— Du er ein tulling, sa Borghild ein dagen, kvifor vilde du ikkje heller ha Olina?

Olina var noko still den dagen dei rusta seg ut og fór til kjerka, da dei hærbudde seg til stordåd, som han sa denne brorgalningen hennes. Borghild var stillare enda, og ikkje så lite bleik. Men, ho sendte da ein annan stakar eit blikk like vel. Det var drømte ting det for ein sjøsliten ein.

Han kjente ikkje liv i handa hennes, da dei ga einannan «hendene derpå»; men ho var der da, inni handloven hans.

Halve være følgde med innover. Noka bryllopsnatt dei pratar om vart det ikkje, og ingen sørgde over det. Heile sverta natta over på eit «privathotell», og far drakk seg full ved borde og sovna; det vart vel siste festen for han. Dei andre stomla til sengs og sov der det fanns rom. Brurfolke låg på stasromme i lag med eit anna par.

Om morgonen vekte ho han med ein kyss. Har vi fleire vitnemål nødig? dikta han og tenkte.

Etter ein larmande og litt dum frukost bar det i palinga vestetter. — Gå vestetter, unge mann! sa dei i Amerika i farne tider. Torger Tronson hadde all tida sagt det samme, og nå gjorde han det.

Høgare dag stod aldri over have her, himmelen hang som blåaste vona over

synsranda, vilde syne kor milevis langt det var dit ut. Skjæra hildra opp og gjorde seg ukjennelige, men dei folka seg til att når ein kom nærare. Det gjer all ting, det, trudde Torger i dag.

— At denne motoren kann halde på slik og gå? undra ho seg. Noko finare hadde ikkje vore sagt om bord i ei skjøyte, her i lande da. Motoren, svarten, han banka som eit hjarte han, men der var ingen til å seie det.

Borghild sa velkommen heim til han. Det var blide ord å høre, om ho smilte aldri så fattig.

Arne var han ein frammandvoren ein. Han såg mest ikkje søster si (og ho såg berre han den tida), han gjekk opp i sjøbruke han og anna som var nytt for han, kunde mest ikkje bie til dei skulde ut. Ein gløgg kar for resten, det var ikkje til å tru kor fint han bonden gjorde båten og motoren rein. Torger sa til Borghild: — Han er rettelig ein smed, er han. Herre gud kor godt blikke hennes vart mot han da!

Torger måtte smile åt seg sjøl stund og anna. Det fór eit vanspark av ein måse her i vår, i tid og utid, han var jamkvit over all sin kropp. Dokteren sa det måtte vera ein *albino*, ein vantrivning i farga. Torger hadde ofte skjemdes over at han var så lyshåra. På moen kalla dei kan Kvitingen, og dei brukte han å gå etter i fjøllden, sa dei. Han skaut fuglen, den skulde ikkje fara og spøke og minne folk om at dei var to slike her. Ein kunde få albino-ungar med eitt mindre.

Albino-ungar, tenkte han ja. Han måtte visst tru på storken den tida.

— Må eg flytte ned nå da? spurde Borghild første kvelden etter bryllopsferda. For skams skyld, la ho til. Ho sa det på den sorglystige måten sin. Ho såg på han med eit blikk av samme slage; det råkete midt i blinken.

— Du kjem da vel til meg? sa han.

— Ja da, svara ho, men ho var ikkje større lik Borghild da.

Der hadde vore gjenter før, og eit par av dem hadde han vore nærgående mot, på trass mot far var det visst. Sjølv veit kor nær dei tok seg av det; han visste heller ikkje kva *han* gjorde om det. Ein gong las han i ei fillebok, der var ein ung ektemann som «venta» på kona si i aldri så lang tid, for ho skulde komma av seg sjøl, skulde ho. Usedelig gjerning! sa han den gongen, mannen burde vore sendt

Borghild, arme, ho hadde aldri komme av seg sjøl. Gud glede henne slik ho var. Nå ja, ho var ikkje den som gjekk frå lovnaen sin. Gud gi ho det hadde gjort, tenkte han med kvart, men slikt tenker ein da ikkje, da var ein albino da. Ja ja ja. Han gjorde seg skyldig i ekteskaps synda mot henne.

For resten, Borghild og bror hennes var berga dei. Det var trøsta hans. Og så var det andre ting å tenke på. Det første var å få i agnsild og komma seg utpå. Det gjekk da det. Men pina var, nå som før, at fekk dei fisk, da var det lite å få for han, og fanns der pris, da var helst ikkje fisken å finne. Eller utlendingane tråla med seg børnskapen deres så dei var glad dei fann att ein stubb eller to. Men dei var heldige ein gong i mellom. Og så syntet det seg at Arne-guten ikkje var for katten om bord, — når han da ikkje datt over ende og sov midt i arbeidsria.

Borghild var glad når dei kom att. Det var inga lita spaning ho gjekk i med dei var borte. Visst var det broren ho særlig kom i hug, men ho såg da den andre kroppen òg. Ho ga han den varmen ho hadde å gi bort. Og så vantrivdes ho ikkje her ute, var ikkje det bra livsfriskt gjort av ei gjente som henne?

Noko av det finaste i dette diktet om henne, det var at ho *kom seg* etter kvart. Jamenn gjorde ho det, ho hadde snart andlet og skapna som eit anna kvinnemenneske, ho var reint mjuk å ta i. Der grodde fram som ei smiledokk i eine kinne hennes.

Ein annan ting måtte ein òg bli glad i henne for. Ho tok seg nær av matløysa i være, denne fôrnoða, som ho sa for spøk. Det såg ut som folk skulde svelte derifrå. Dei måtte hjelpas å så langt dei rakk, og Borghild var den ivrigaste i det. Men ho kunde sjå tungt på han med kvart. — Dei syg deg ut! sa ho. Det lo han til, og sa dei var to om skaden. Litt pengemørkt vart det kanskje for dem ei tid, men ikkje i morgo.

Nei det rakla og gjekk. Om dei nå just ikkje fekk barn; og det hasta det vel ikkje med? Han kunde ikkje ein gong ønske så vondt over henne, ho var berre barne sjøl. Ja og så var ho mor for denne bror sin, men han hadde nok klara seg utan henne nå.

Han måtte dei like, alle på båten, men det fall dem ikkje lett å tru noko større på han. Han var snart lei fiskarlive og være her. Berre han ikkje vart lei søstra òg, tenkte Torger.

Korles det vart å vera henne da, det vilde ikkje Torger tenke på. *Elles* kunde han vore glad om han fór sin veg, kanskje.

Nokon kvar hadde sitt å stri med, eit ekteskap eller verre ting. Her kom ei kvinne med mann og barn, og nå gjekk ho øya rundt og venta på han, i år og dag. Som ho spådde ulykke over heile være, var det ein som sa. For tull skal dei seie om dei er aldri så kjeftlause.

Torger hadde venta ei ulykke. Det er klokt det, men det hjalp ingen ting.

Han måtte i veg etter dokteren. Det var rimelig vêr å kalle, og Borghild vilde at Arne vart med, han skulde ikkje vera mindre mann enn nokon annan i være. Det var modig tenkt av henne det.

Austi farvatne ein staden kom dei ut i stoplesjøen, han var rettelig nask mot dem. Arne fer fram og skal sette fokka til, i det samme Torger vil be han om det. Da kom ulykka veltande inn over luv baug, ein veldig foss av ein straumsgjø, og da den fór, da hadde gutstakaren òg fare.

Samme kor lenge ein låg der, borte var borte.

Ein lyt fara heim att på ømse vis. Det kan vera fan likt. Han var ein rovmåse da han fekk Borghild hit ut!

Borghild kom seg over det. Han hadde aldri trudd eit menneske kunde sørge slik og enda bera det. Det heldt på og sleit ut han med. Han ønska mest ho hadde hata han etter den dagen. Ei natta sa ho til han: — Det er for ille at ikkje du heller får sova. Ein annan gong sa ho, og strauk han over panna så det isa i han: — Du må tilgi meg dette! Måle hennes var heilt nær han. Det òg strauk han og isa.

Ein kunde sverje hardt i slike stunder at ein skal bli eit bedre menneske å leva i lag med. Men jamvel ein havhetning veit litt for mykje om seg sjøl til det.

Det var ho som vart eit bedre menneske av det. Særlig mot han ja, men mot dei andre òg. Da først vart det vondt at ho ikkje fekk barn. Men, som han alt visste, ho måtte under dokterhand før det kunde bli. Kven vilde plage henne til det?

Ein gong spurde ho han om han var svært glad i barn. Han svara som sant var, at det fresta dei han ikkje til, dei barna han hadde set. Det vart ho glad for; ho kunde bli så takksam i auga. Men litt etter kvart såg han, ein død bror blir

Ved den tida døde far. Han hadde gått og vasa i sømnløysa lenge, han som ein annan øyværing i den alderen, slik hemnar sømnløysa frå ungdommen seg. Borghild sa til Torger ein dagen: — Han far din ser så rart på deg? — Ventelig fordi det er han som lyt i veg først, svara han.

Slikt seier ein vel når ein er dum og lykkelig nok. Auga til far hadde liksom tatt vare på denne dommarmina hans. Elles såg han berre sveltihel for seg og Olina, — kva var ein trefire tusen kroner?

Det var førejulsvinteren. Dei var ute etter kveita, men ho hadde reist i lag med utlendingen for lenge sia, så dei fekk nøye seg med litt matfisk og ta levemåten elles på borg. Enda åtte for resten Borghild og Torger både hus og skjøyte å låne på.

Far datt på ein hálkekul og vart liggande. Han hadde all sin dag vore så frisk i magen, som ei god klokke. Nå var det den som tok skade. Dokteren visste ikkje noka råd.

Han låg og døde så smått. Han hørte på dei frå bedehuse òg nå, tok i hop hendene og sukka tungt. Ein natta spurde han etter Torger. Han stod like ved senga, og han bad Olina gå ut. Far kremta og var urolig. — Det er ho mor di! kvinka han. Der etter fortalde han, så godt han vann det:

Da Torger kom til verda hadde dokteren sagt til far at mor måtte aldri komma på den vegen oftare, det stod ho ikkje ut. Og det hadde han lova, for Gud sjøl. Det var ein dom. Men så kom ho på den vegen like vel. Ho pintes meir enn nokon var godtil å minnast, før ho slapp utor live. Far hørte det visst nå, han såg slik ut.

— Eg visste ho måtte døy om så gale hendte, sa han. Eg visste det da? Å jau, herre gud, det gjorde eg, det gjorde eg. Om ei stund sa han, der rann ein fred over andlete hans: — Men eg døyr rolig. For det var ho sjøl som vilde det slik. Eg må vel ha ein gjentunge òg? sa ho. Men, klaga han seg att, — *eg* veit ikkje kva ho tenkte da. Eg veit det ikkje! — — Ho var lyslett som deg, Torger. Ho sa så lite. — — Eg kan da ikkje tru ho hatar meg? Ikkje nå lenger?

— Tvert i mot, svara Torger. Ho er i kjærleiksverda nå. Kom deg etter! hadde han så nær ønska.



Ja for menneske har da fått dødens nådegave. Og døy fekk han. Men slik hadde han gått og plaga seg og dømt seg, derfor la han dom og plage over sonen sin med, og resultatet av det var at Borghild kom hit. Det var ein luftig tankeveg det, om ein vilde gå han.

Olina arva det som var att etter far, og budde i huse, slik far hadde ønska det. Borghild hadde ikkje noko mot det, tvert om. Ho likte henne, om nå Olina just ikkje gjorde gjengjeld.

### III.

Litt ansles var det med dette ulykkesmenneske dei kalla Enka.

Ho gjekk der rundt øya med dei to ungane sine. Det var ikkje ulikt til ho vilde syne fram ulykka si, men det var ikkje slik meint; ho var ikkje dum, det såg du i andlete på henne. Ho var berre så gudsjammerlig ung. Men ho hadde ein særskild måte å føre seg på, som stormodigaste bydama, ho bar bringa så hjartans frimodig. Og blikke hennes, om du møtte det, det gjekk over deg som skya går over skjære, som månen skråar sunde her ein hende gong.

Stakars Arne med han levde, han var visst bra fortulla etter henne, Borghild nemnte det av og til, halvt som det skulde vera til last for Enka. Ho fekk det ikkje ansles til enn at Enka hadde lagt seg etter han, det var synda og uskylda det. Torger smilte aldri så lite når han kom i hug det; det er ikkje berre kvinna som smiler over mannen, det kan vera så ømse slik, og den eine er den andre like kjær for det.

Borghild såg det òg etter kvart, at Enka hadde eit auga etter *han*. Det var likt til det gledde henne, på einkvart vise. Men da hadde alt Borghild blitt eit nytt menneske mot han. Ho hadde komme sjøl til han. Det hadde hendt, det uhendelige. Ho var berre varme og liv mot han. Det er smått om ord for slikt.

Den dagen, eller var det natta, da ho openberra det for han, den glømte han ikkje. Ein er berre eit lite *menneske*, om ein trur seg nokså havsalta og herda. Det var som når dei spela musikk av det høgare slage, du kunde ikkje bera det, men du bar det lel.

Nei det var natta og vinteren den gongen, han *syntes* berre det var ein sommardag. Stille vakre midnattsleite var det. Snøflisene kom lysande

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
nedgjennom lufta, månen stod med ein gulkvit krage kring andlete, ei heil  
naturskildring berre han, — og så var det vel ikkje anna enn varsle om meir  
snøvær. Det hadde vore ein frostrik vinter og stadig meir snø, nå var det òg  
vakkert. Det var første gongen han syntes at sunde og strendene sov. Dei sov  
fagert der dei låg. Synd at verda skal gå under ein gong. Om det er aldri så lenge  
til.

Folk sov dei òg, *dei andre*. Gud veit kva dei kan ha opplevd, kvar for seg. Dei  
er da med om bord i live? Han sa godnatt til dem alle i hop, men han vart  
sittande på sengekanten sin og sjå ut. Borghild sov snart ho med.

Der kom utenkelige tider for han. Men evig godvær? undra han seg. Nei det  
har vi ikkje opplevd, og det kann vi vera glad for. Vi treng ikkje ottast for det  
heller, slo han fast.

Borghild hadde snakka med Enka nokre gonger, ho fresta å live henne opp  
litt. Enka var kanskje for nedtukta til at ho kunde glede seg over det. Eller kanskje  
ho hadde for stor ro i seg sjøl. Han hadde lagt merke til det før òg, at kvinnene er  
som nakne for kvarandre, eig ikkje skinn som kan verne den eine mot den andre.

Borghild og Enka, dei to burde ha funne einannan. Men det gjer dei aldri, såg  
han. Den eine hadde mista mannen sin, den andre hadde endelig funne sin. Den  
avgrunnen torde dei visst ikkje sjå ned i. Og så var det ingen avgrunn, det var ei  
bru. Ja slik kom det for han.

Og slik var det. Da lykka kom til vesle gjenta hans, da kom reddhugen  
luskande etter. Angsten gjorde auga hennes vakrare, dei viste nye leter, syntes  
han, himlar og hav, syntes han. Men det var for vondt å sjå. Kunde ho slett ikkje  
tru ho berga ein ting som var henne dyrverdig? Å nei, ho hadde vel ikkje hatt det  
slik. Torger visste ikkje noko å gjera ved det.

Han hadde snakka ein del med styfaren til Enka, han kom her i sommar. Alt  
frå første stunda var det greit mellom dem, at være det burde leva. Dermed var  
dei venner å kalle. Helmer heitte han, ein greiskoren bonde; han helsa høgt og  
truverdige når han såg ein, tykte liksom at det var bra dei var til baa to.

Helmer meinte det ein dagen her, at hamnen i sunde den måtte dei kunne  
rette på sjøl, — kor mange mann var dei i alt? Nei staten! song han ut, tru heller  
på sjøormen. Der har vi steinura, sa han og var låg og faktisk i måle. Og slik  
steinur da kar! Finaste byggesteinen eg har set. Når vi murar att det gape der

mellom skjære og odden, da *monnar* det, — ja du har set det du òg.

Til sommaren gjekk dei i gang, let han. Når dei manna seg på det heile mannhusingen, frå tidligaste våren av — ikkje sant?

Slik snakka Helmer, men han sa mangt anna vettugt. Enda han var visst ein tagal mann, ein som sa det meste med seg sjøl. Dei likte han kanskje ikkje ennå, dei andre. Og Sjøtrolle var fienden hans, men om det sa Helmer, at han og eg vi høver i hop vi, som halsen og reipe, berre vent.

Det var ei soga for seg, å sjå kor barnslig han såg etter stydotra si, liksom han var ingenting og ho og barna var alt. Javisst måtte Torger og sjå etter henne. Som du vilde sjå på ein dødsdømt ein, slik på lag.

Han heldt Borghild fast og såg henne i auga. Slikt var vanskelig konst, for han meinte det så alt med seg. Ho smilte sannferdig til han, vilde seie at ho trudde da på *han*. Men bakom der var det visst godt om angst. Var det være her, tru, som vilde tyne henne? Nå ja, slikt noko var der ingen å spørre om.

Sia ein gong hadde dei møtt Enka oppå haugen, med Helmer og ungane. Dei prata litt om vêr og vind, der stod ein stor stas-ting til regnboge sør i hav, så gjekk dei kvar sin veg. Da seier Borghild:

— Det ser ut som du hatar denne Enka?

— Pøh! bles han. Det har eg vel ingen grunn til?

— Nei eg skjønner ikkje det, sa ho.

Der var ein djup sukk i det. Det gjorde beistelig vondt. Men han visste ikkje anna å trive til, han lo og hermte Helmer:

— Kvar gong høna får ei ny tann seier ho òg noko vislig.

Det var da ikkje så reint uhøvelig sagt det? Og der fór skynten av ein smil over andlete hennes. Men ho sa ikkje noko meir. Heller ikkje visste han noko meir å komma med. Han mintes det han sa ein gong, at helvete er fort tilrigga: Steng to snilde kjerringar inne i eit rom i paradise. Det våse hadde han ventelig hørt av ein som var like så vis som han.

Det urimelige var at han, ein fiskar og ein einfeld mann, skulde komma ut i slikt. Andre visste kanskje orde som måtte til. Han laut finne det han òg, — for det måtte han det! surra det i tankane hans. Borghild var ikkje slik at ho burde

lide vondt, der fanns ikkje rettferd i det, fanns ikkje vett i det. Og her gjekk han breiddmed henne og var fåne; han kjente han såg ut der etter.

Her må vera einkvart gale i verdensordninga, syntes han. Denne kjærleiken tar frå oss både hug og hått.

Borghild snakka om andre ting. Så pass til menneske var *ho*.

Her måtte einkvart hende, om det var aldri så hardt, så dei kom ut or denne gråskodda. Han tenkte så villt somme stunder, at han var nær på å klaga seg for denne vismannen Helmer. Han måtte da òg ha tulla og vore borti einkvart dumt? Ja, men visste han stort meir for det? Menneske kjenner vi alle, men kven kjenner *meg*? Det er det som er nøda med oss.

Lage hans kom og spurde om dei ikkje skulde utpå ein vending att. Det var just det han gjekk og pønska på, svara han, men dermed var *det* fare og glømt. Vestavinden susa godslig i bergnabbane, der synte seg ein mørkblå skymur austi lande, Borghild ansa ikkje det ein gong *ho*.

Ho tok kjærlig mot han når han kom til henne, vilde han useielig vel, ho var ikkje Borghild utan det. Men tankane hennes dei fór. Dem makta ho ikkje å halde styr på. Kjærleiken, seier folk.

Karane gjorde ei havferd att. Det lønte seg kleint. Sia gjekk dei heime i være og trødde igjen.

Det var ein god dag over være da Borghild sa: — Nå skal du ikkje gå og vase i tull og ingenting. Eg veit da det eg, at du reiser ikkje frå meg. I dag vil eg opp på høgste haugnakken der aust.

Det var ikkje farlig høgt til vêrs det, der var enda eit godt stykke att før du støyte mot himmelen, men det var bratt veg, det var eit klor å nå dit. Som godt var så var det vindstilt. Himmelshøge dropleskyer hang dørgstille oppunder blånaen, dei var kvite som kvitaste fuglefjóra. Det fekk all øyverda til å syne seg nær ved dem, kvar holmen synte seg liksom sannare enn han var, fjellhøgden der aust kom fram med andleta sine, og vestover var det slik slag, berre det at der *var* det ingen ting, sa Borghild; himmelen stod eventyrs tydelig nedpå have der.

Ja og der sat dei to. Dei var da nær einannan dei òg. Han heldt i handa hennes, så ikkje heile gjenta skulde fara sin veg, spøkte han, for det var ikkje berre koselig å sitte der øvst oppe. — Eg vilde nødig sitte her når det var

hans. Men ikkje sa handa noko, og ikkje ho sjøl heller. Men dei kleiv ned lettare i hugen enn dei kleiv opp. Det var reint rimelig å vera til.

Da sa Borghild, som ho hadde tenkt på det all vegen:

— Det er utrulig at ikkje Enka er meir moderne. Går og svartørger over ein ingenting til mann. Det er da noko naturstridig i slikt, nå for tida?

— Fuglane må veta *det*, sa han. Slikt er astronomi for meg.

— Nei da er det meir liv i det når dei seier ryk og reis! til einannan og finn seg ein ny trøstar. Dei er kvikke slik, dei som er *med* i tida, det har vi da lese om. Kvinna av i dag, skriv dei. Det høres som ein lovna det. For det burde da finnas einkvart nytt under sola?

Han måtte snu seg og sjå på henne.

Sia sa ho, meir for seg sjøl: — Nå kjem eg i hug vårsongen i lia der heime. Eg hørte visst ikkje stort på han den tida. Gi eg var barn att, seier somme. Det seier ikkje eg.

Da dei var nede ved husa heime, spurde ho om det var Roald han heitte, sonen bortpå Langholmen. — Der kjem han over sunde ein gong att, la ho til.

Torger hørte at Enka sat ute og spela på gitarr; det gjorde ho einkvan gongen. Kanskje det var det Borghild hørte da ho snakka om vårsong i lia. Sia skjønnte han litt meir. Borghild visste ikkje anna råd, ho vona at denne staskaren Roald, ein staut gut for resten, måtte bli fanga av Enka og ho av han. Ja ja, det kunde vera fint tenkt det, men herre gud, var ho så fattig da at ho laut leva på ei slik von! Måtte det skje henne som ho ønska!

Det såg vonoms bedre ut slik, etter kvart. Roald kom ofte over sunde, og Enka såg virkelig etter han. Men Borghild såg etter dem liksom det skilde henne.

## ROALD, VIDUNDERBARNE

### I.

Det var ikkje Enka han fór over sunde etter, ikkje nå meir, han less berre slik. Det var umannslig framferd, vilde dei seie, men det hadde dei ingen rett til, for

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
slik er vi nokon kvar. Nei det var ei gjente der borte. Han var ikkje verdig til å bli nemnt i lag med henne.

Det hadde komme ei gjente i vegen for han før, dess verre. Og det var rart, for gjenter det var ikkje hans sak, det var forboden frukt for *han*. Slik hadde det vore heilt frå smågut-dagane, leik og tøv til side, den som har ei framtid for seg, og slik ei framtid, han lyt gå vegen sin åleine.

Det var avgjort det, da mor sa den gongen at han skulde bygge opp att det far hans hadde rivi ned for dem. — Utan den vona, sa ho og gret, utan den vona kunde eg ikkje leva. Det er derfor det er slike evner i deg, sa ho, kom i hug det! Da lyste det stort i auga hennes. Han vart ein annan gut etter det. Det var så mektig sant det ho sa. Likeeins var det på skoleeksamen den store gongen: Presten nemnte at det var svært til kunnskaper i den guten, og læraren svara at det var evner til uvanlige ting der. *Uvanlige ting* song det for han etter den dag. Slik såg folk på han òg.

Så det var tull og vas til side all vegen, gjenter og leik og slikt det var ikkje for *han*, det var for dei andre (og dei andre det var berre skrap den tida, berre lettlynde og stakarsdom. Gud hjelpe oss, slik har ein vore!).

Og så kom der ei gjente i vegen for han *før* han skulde bli konfirmert. Sia kom der ei om senn, som der var noko slag hemn i det.

Men denne her ho var den einaste for han, lat det høras så dumt det vil. Han kom heim her i sommar og fann henne. Han vart meir opp i under for kvar gong han såg henne. Ho var dotter hans Eivind der vestpå, ikkje det granne meir nei, men *men*, song det i han, kven kan ho vera for ei?

Han såg henne om morgonen når ho kom ut og let dagen helse på seg, let vinden ta i den lyse kjolen sin, ho stod ute mot kveldhimmelen stundom og var borte i tankane sine. Han såg henne mest bedre her i frå enn om han var like ved. Ho var eiande mjuk i kroppen, vidunders god i andlete, i sjela, ho smilte for ingenting og var alvorsam for enda mindre. Ho var som skapt til å pine just han, slik han hadde stelt seg, men du milde gud for ei glede der låg i kring henne.

Og som sola skjein her ute i sommar. Morgons tid og all dagen, langt på natt.

Gjenta heitte Vebjørn. Ho såg ikkje han, og det var bra det, av både ein og to grunnar. Javisst snakka han med Enka stundom, men det la ho heller ikkje

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
merke til, ho gjekk i si verd. Ho hørte bedehuse til, som mest heile huslyden der vestpå, men for henne var der eit anna alvor i det enn for dei andre. Der måtte vera to slag religiøsitet. Ho var fødd med sin. Han hadde strevd seg bort frå alt det der. Berre av den grunnen var han henne uverdigg. Men der var ein grunn som var verre. Ho hadde kanskje alt hørt om det. Å ja da, det hadde ho nok.

Mange gonger rodde han heim i svartaste elende.

Roald var fødd øyværing, hundre prosent havmann som dei sa, men han hadde vore bonde austpå lande i fleire år og hadde aldri lengta heim. Enda det var ikkje frivillig han fór sin veg. Det var første gongen han kom bort i noko gjentetull.

Han gjekk på konfirmasjons-skolen den sommaren. Det var ei stortid, han lånte bøker i boksamlinga, og låg gjømt borti lauvskogen og las. Bøker, det var live for han. Dei andre leikte i fristundene, det var deres liv. Det hendte han slo seg med dem, med ein sukk for resten. Det var mest som ei æressak for dem at dei fekk han med, ja slik hørtes det.

Ei jente var litt meir alvorsam enn dei andre. Dei kom ofte til å sjå på einannan. Han synda grovt i tankane med henne, til han kom i hug kven han var og rømte inn i lærdommen sin og framtida. Men ein godvêrskvelden — ja det var ikkje anna det enn at dei to gjekk bortetter vegen eit stykke, det hadde mange av dei andre gjort før. Da vilde ho veta kor han heldt til når han var borte for dem. Han viste henne den vesle bortgjømte grasflekken sin. Dei sette seg der. Ja og litt etter hadde han armane kring henne. Litt kyss og klem som dei andre sa, ingenting meir. Dei var kanskje litt glad i einannan.

Da kom ein to-tre av dei andre gjentene, dei stod der best det var og såg, og fór sin veg att. Ja, men dei var to om det, dei som reiste seg og gjekk etter. Han trøsta henne med at dei andre ga han seg sytten om, og det samme skulde ho gjera. Han nemnte kanskje noko om framtida si òg.

Men ein dagen vart han kalla inn til presten i fristunda. Den dagen var mørk for han lenge etter.

Presten var ein ung mann, dei likte han framifrå på skolen. Han tok det pent: han vilde veta korles dette *var*. Roald tilstod alt, på lag slik det var. Presten trudde han. Men han kom med nokre ord til slut som var tunge å bera.

Dei vart tyngre da han kom ut, dei svor seg i hop med folksnakke og skamma og heile fiendskapen. Presten hadde vore så sorgsam i mæle, orda vart som glør av det. Han sa at for Roald var dette eit vålig hende: Nå hadde han alt ein flekk på sjela si, da vil der lett komma fleir. Og ein ting til: — For di skyld ligg ei gjente og gret i dag. Gløym ikkje det. Gløym det aldri!

Ute gjekk sommardagen sin glade gang, det var i ein song av det som vakkert er. Roald møtte ikkje opp på skolen om ettermiddagen. Han var nedved sjøen og stelte med båten sin.

Tidlig næste morgon la han i veg heim, utan å seie frå. Han sleit seg heim før kvelden. Mor vart forfæld da ho såg han. Det skilde han lite. For hans skyld låg der ei gjente og gret. Og her kom han med eit ødelagt liv. Den eine sanninga var svartare enn den andre.

Han fortalde hardt og sant, ho fekk dømme han som ho lysta. Han såg andlete hennes bleikna framfor han, ei stund var det berre eit barneandlet som gråten mannar over, det var så sann ein draum at han vilde både rope og rømme, uretten vart han for brensk.

— Du som er så høgt ovanom slikt! Ho såg på han, i sorg og i vantru, meinte vel ho drømte ho òg.

Men ho skjønte han litt om senn. Ho var all tida ein venn slik. Det skar godt nok det, men han tok til og såg dagen etter kvart. Han vilde freste å leva like vel, for hennes skyld om ikkje anna. Det bles havkaldt og heimslig ute, han såg kor ulla på sauene deres vart kjemt av vinden, det var som du blar i ei bok — men når kom *han* til å bla i ei bok? Han vilde gå beint mot all uretten i verda, han vilde stride til døden for dem som vart trampa ned.

Mor hadde lysna i blikke. — Men du er da ikkje fråvist lel, trøsta ho han.

Han syntes han myrda blikke hennes med sitt. — Eg er så fråvist som eg kann bli, svara han. Eg har vist meg frå sjøl. Han var den karen at han tok *konsekvensen*, enten dei skjønte det orde eller ei, merka han. Ein var ikkje pliktig til å li denne konfirmasjonen deres nå for tida, sa han mildare, dei skulde ikkje ha den gleda, dei andre.

Mor gret litt. Ho skjønte vel at ho ikkje skjønte stort av *han*. (Så gu tenkte eg det ja, måtte han tilstå sia.) Han kom elles i hug det ho sa til han den gongen far



Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
hadde missfare seg: Du Roald du opprettar æra for oss. Det er det vi skal leva på, og meir slikt. Nå sa ho: — Snakk ikkje om det, når kvinnfolka er slik!

Om kvelden kom far heim. Han var ein barka kar, han hadde vore utaskjærsgast og vent seg til god gammaldags juling. Mor la fram ulykka deres for han. Han fekk mordlysten i auga etter kvart. Det var mest rart å sjå. Han kom ikkje i hug noko om den ulykka han førte over dem: at ei gjente drap seg for hans skyld, og at han så drakk seg frå los-stillinga si på fjordbåten og kom krypande i land.

Roald tenkte heitt at den her gongen tok han ikkje mot pryl, tusen takk men her står eg! Men mor var støtt sterkare enn far. Det var elles inga moro for gutladden det, ein far var ikkje den som burde gi seg, men det fekk gå. Far ga seg. Mor nemnte berre at når kvinnfolka er slik —

Dei kom til det at Roald burde *ut*. Det var just det han hadde ønska. Slik bar det til at han kom til Vikland. Dess verre. Det òg hadde han visst ønska seg. — Nå måtte han dit, og det var straks ansles.

Han skreiv eit brev til henne som gret for hans skyld den dagen. Han vona, sa han, at ho tilga han, om dei nå var like gode om det, og at han vona han ein gong i framtida, men det var lang veg dit! kunde glede henne på eitt eller anna vise, han reiste ut i det frammande nå, ukonfirmert for all framtid, det fekk vera hans minnesmerke og skamfleck, om han personlig tykte det var adelsmerke hans. Live var ein vålig faktor i tilvære (jagu skreiv han visst det!), det drep meir enn det økslar og gror. Din angergivne og straffa Roald. — — Der fór breve. Han anda vonoms lettare etterpå.

Far og han hadde vore innover til Vikland før. Dei selde og kjøpte eitt og anna der. Det var sjølve innlande og bondetilvære for han der aust i fjorden. Rett nok var det berre ein einbølt gar, og dei måtte i båt som øyværingen når dei skulde til bygds eller byen, men der var ei vidd med flatt land, åker og eng utan grenser mest, og skog omkring med palmesving, tykte han djupt inni bringa. Og småfugl som pista og let, fuglesong heitte det, slikt fint spel i lufta, han visste godt det var finare enn gitarrspel òg. Men skogen var ei verd for seg å gå i, å stå i; om den kunde han ikkje fortele stort da han kom heim.

Første gongen han kom der, den var det finaste far ga han nokon gong, — da vart ikkje byen med nei. Det merkverdige var kyrne. Han lo midt i undringa,

for du skulde aldri ha tenkt deg noko slikt: Så stormaga kvinnfolk, og med brysta mellom bakføtene, — *jur* heitte det gudskjelov når dei sat der —, og så med det lange rompedangle bakpå da, dei famla i kring seg med henne som med ein arm. Dei var ikkje vakre, men han kom til å halde av dem lel, dei var så lange i andleta sine og hadde snilde auga, dei undras svært over han, men dei vilde han ikkje noko; og så lukta det så truhjarta av dem.

Høner og gris det var kjenningar, men der var hesten, ein medskapning så stor og sterk at det trur du ikkje, og enda let han dem legge plaga på seg, hestegreie, og så kommanderte dei han med berre munnen.

Han kunde stå still og drømme om det etterpå, levande draumar, vidunders ting. Var det ikkje for det at han skulde bli noko stort, da hadde han smikka til og ønska seg dit. Ja han gjorde det òg, stundom.

Far og han fór innover nå.

Tingen var fort avtala, for dei trong ein som kunde *ro*. Visse dagar i veka skulde dei til byen med mjølka, og så var det ei av døtterne som var handlarinne på andre sida fjorden, ho kom heim i helga og måtte ha skyss fram og att-ende. Dei hadde bruk for han elles òg, han var velkommen. Mannen sjøl var veikhelsug nå, og sonen var for ung, to år yngre enn Roald.

Der var tre gjenter. Handlarinna var eldst, nokre og tjuge år, ho var silkefin, med middelskole og handelsskole, ho kunde nok ikkje *ro* nei. Nummer to var idrettskvinne, så ho kunde *ro*, men nokon kvardagsror vilde ho ikkje veta av; ho skulde vera forlova med noko stort inni byen. Den tredje var for ung, åre yngre enn Roald.

Roald var ikkje større glad da han kom flyttande dit. For det første, han likte ikkje gjentene. Han var hjartans ferdig med heile gjenteverda, men dei var kloke og sjølgode, kritiske beint ut sagt. Og så han da, som var øyværing, ja og som var den han *var*. For dem måtte han vera ein eventyrlig dum skapning.

Og dei første stega hans i landmannslive, dei burde han ha fått glømme straks. I staden fekk han heller le til dem han òg. Som første gongen han måtte legge seletye på hesten. Eit par av gjentene heldt seg i nærleiken. Det gjekk ikkje særlig greit for han. Da snudde han seg til dem og lo, så kunde dei og få le, bad så ei av dem syne han konstgrepe med bakgjora og hesterompa. Gjenta gjorde det

til:

— Men legg de ikkje selan på havhesten dykkes der ute? Han fekk svare til givings den gongen: — Nei havhesten er fødd med selan på han. Da såg dei stort på einannan: — Tenk han er vittig da gut! Dei lo godt seg imellom da dei fór sin veg.

Slik måtte han gjera seg til idiot for dem gong på gong. Men gutungen, Gjermund, var snild og hjelpsam. Roald vente seg til desse gjenteskapningane etter kvart, og dei til han. Han lærte seg snart det viktigaste arbeide på garen, husbonden var nøgd.

Og Roald visste stadig med seg sjøl at dei kjente ikkje *han*. Dei visste ikkje kva som var han pålagt i live, heller ikkje drømte dei om at han las i kvar ei fristund så trøytt han var, at han hadde dei og dei lærebøkene i kista si. Men det hadde han ja, bøker for ei lang tid frametter. Grammatikk var da finare enn middagssømn. Stilar kunde ein skrive i hovude før ein sovna om kvelden, det var jamgodt med å dikte; han skreiv dem kanskje ned dagen etter, for dei var djupare enn han sjøl hadde trudd. «Ein uvêrsdag i fiskevære.» «Dei vanligaste treslaga våre.» «Profylaktisk handsaming av folkehelsa.» «Men størst av alle er kjærleiken.» Der låg dei. Dei skulde ha *visst*, somme (godt at du slapp det! tenkte han sia)!

Nei han vilde ikkje hemne seg på desse gjentene her, han lyste fred over minne deres. Som mor sa ein gong: — For deg får det ikkje vera gjenter til.

## II.

**H**austen var like god som sommaren her. Der var slikt alvorsamt lys over all ting, og all ting fekk farger som måtte gå ein til hjarte. Og så var det dei mørke, logne haustkveldane, — når skogen og himmelen tok til. Han skreiv stilar i hovude kvar kvelden mest. Vinteren derimot, han var ein gris her aust, snø og kulde og brutalitet. Men *men*, som Roald sa seg sjøl, ein skal herde seg, det trong han meir enn nokon annan. Og vinteren kunde vera vakker, ein fekk da auga å sjå det med. Har de set sol over nysnøen nokon gong? Han såg det.

Det er berre det med vinteren, at han sett ein øybuar i gapstokken. Dei dreg

livredd? Det var handlarinna som sa det. Med seg sjøl kalla han henne landhandlaren etter den dag. Ho var livredd sjøl ho, såla, ho burde akte seg. Nå ja, han snåva fort nok med dette skiherke på føtene, og gjentene lo. Dermed sette *dei* i veg, til avgrunns, tykte han. I førstninga drap dei han litt med snøball òg. Men han trøsta seg som vanlig. Trass alt var han lykkelig mann den tida: Han hørte ikkje til der, han var ein gjest og ein framling.

Og handlarinna, *Hallgjerd*, henne tukta han ein dagen litt meir enn som tenkt. Han skyssa henne det vesle sjøstykke over fjorden. Han var ikkje større modig på sjøen, men den dagen segla han som det skal gjerast, heller ikkje ein mon meir. Ho bad for seg. Han såg på henne, og spurde om ho òg var livredd? Andlete hennes vart mykje vakrare når ho bleikna slik som nå, men litt med kvart vanskaptet det i redsle. Han smilte visst aldri så lite, ein uverdigg glis, tenkte han sia, men han fira segle i samme stunda, det var nok! Da såg ho takksam på han.

Han måtte lova henne, før han fór heim, at han skulde ikkje segle når han skyssa henne, og så bad ho han fara varsamt i heimvegen. Ho var eit godt menneske. Vakker kunde ho vore òg, hadde ho ikkje hatt desse svarte tjukke augebrunene. Dei krenkte han på einkvan måten. Sia krenkte ho han med denne uvanen sin at ho sat og såg beint på han når han rodde, lat så vera at ho tenkte på andre ting. Om han berre var ein gutkvelp mot henne, kva så?

Hallgjerd den hårprydde kalla han henne ein gong. Ho hadde eit lite uvêr kring andlete med mørkt krulla hår. Ho rista på det da, ho merka ingen spott i orda hans. Elles var ho ei lærd kvinne mot han. Ennå da. Men noko til hovud tvilte han på ho hadde. Han tenkte ofte på det.

Ei tid etter var ho forlova. Det skulde ikkje vera høgare enn med ein matros på ein av fjordbåtane, fortalde yngste søstra hennes, vesle sladdermunnen, men Hallgjerd var overseg lykkelig. Ho dikta visst lange brev til han om sundagane, dei var i alle fall uhøvelig tjukke. Dem fortrudde ho til Roald, — dei andre bad visst at uverdigeita måtte sige av henne att. Ein gong han stakk til henne eit brev som måtte vera frå matrosen, det var ein sølvdropeblank vårkveld bortom husveggen, da tok ho og kyste han på kjaken i det samme ho sprang inn med det. Ein gutunge kan dei kysse når dei berre vil, slike. Leppene hennes minte aldri så lite om kleppfisk. Like vel, det var ikkje så lite rart; men han vilde ikkje tenke

Han arbeidde, og han las. Gjermund var ein kammerat, men han hang etter ein støtt. Han hadde vasa og skrytt av at Roald las «unorske bøker». Handlarinna kom og spurde om det var sant. Beint fram lyge og nekte, det var mot hans *prinsipp*. Og så måtte han (skam å minnast!) syne henne bøkene sine. Ho såg i dem, og på han, tok så smått til og eksaminerte han. Sia, korles det nå gjekk til, hadde ho fått han interessert for rekning. Ho hjelpte han storveges der. Ho fekk han til å tenke sjøl, å *sjå* det; herre gud, tykte han, det var da lyse dagen og grei veg, for det meste. Det var bortimot vakkert.

Søsterne hadde nysna det ut. Dei festa rått over lærdomstimane oppå loftet hans, og kom ofte slengande med dryge ord. Dei nemnte til med, at *før* han var konfirmert — — det syntes dei jamenn —

Det gjorde han meir harm enn han vilde gå ved for seg sjøl. Men det måtte vel ein gong svinge seg til så han fekk le åt desse flyndrene òg. Men slik tenkte ikkje den som var ute og skulde bygge oppatt æra for seg og foreldra. Han hadde aldri fresta å vera eit vanlig menneske, sjøl veit om ikkje det òg kunde vera eit interessant tilvære, med ungdom og galenskap og — nå ja, han snudde seg frå den tanken.

Før sommaren var slutt var det slutt mellom Hallgjerd og matrosen. Det var hans skyld. Søsterne hennes skilde lag da.

*Mildrid*, den eldste av dem, sa høgt, at endelig ein gong fira Hallgjerd ned matroskragen sin. Og til Roald lo ho og sa at nå gut, nå får du trøste enke. — Usselt sagt om søster si, svara han. Han såg sviande hånsk på henne, så ho reint glømte truten sin; ho hadde litt for store framtenner, men ho hadde lepper som svara til når ho ikkje glømte dem slik som nå. Auga hennes vart nær-på ærlige, dei var elles for store og skyldause, fanns ikkje truskylds blikk i dem.

Vesle *Aud* vart rasande på svikaren. Der var ei vålig glo i fjortenåringen. — At nokon kan tru på eit mannfolk! sa ho. Og så på ein sjømann da gut, eg trur folk er — —. Ho såg på Roald med gråtblanke auga, ho var vakker den stunda. Auga hennes var gjerne som to strek i andlete, fulle av all slag skøy og gap. Nå var dei store, dei var grå i leten, såg han. Dei minte han vondt om eit par han såg før han kom hit. Det òg skal eg opprette! svor han med seg sjøl.

Hallgjerd gret, søsterne kunde høre henne om netta. Heile månaen vart ho gåande heime.

Foreldra gret visst ikkje. Roald hadde vore der over eit år, og kjente dem alle så pass at han skjønnte dem kvar for seg. Mannen sjøl var ein knekt mann. Han let dei andre snakke nå. Husmora var kanskje for snild mot barna sine. Nå visste ho ikkje inn eller ut, ho var mor for dem alle.

Gjermund less som han ikkje visste noko om heile tilborden, for det less Roald òg.

Der gjekk ei veke om senn. Dei hadde bra med godvêr. Dei vart ferdig med korne, utan at mannen sjøl var med, Gjermund kjørte bindaren så det snurp etter. Mildrid og Aud var på åkeren etter tur og arbeidde på karavis. Poteten fekk stå ennå ei veker tid, det var for varmt i vêre til å ta han, — slik har det seg med poteten, veit de.

Om sundagen hadde dei skuronngrauten, det var som ein hedensk og hellig skikk, og rømmegraut måtte det vera enda ingen av ungdommen likte han. Roald syntes det var sjølv saligheita, og det sa han. Matmor såg hjartelig på han for det, ho fekk ei god tru om han.

Matborde i Vikland-kjøkkene kunde bli virkelig helgedagsfint, og slik var husmora med. Husbonden kom til bords han òg i dag. Andlete hans vart skrinnare og meir høgnesa for kvar tid. Han skulde snart døy. Mildrid hadde bytta av seg mannfolk-klea og kom inn som fin dame. Ho smilte vakkert til faren, gud signe trolle for det, men det var mor si ho likna på med det lyse håre og heile menneske. Aud vilde vera dame ho òg etter ho vart konfirmert, men stort anna enn ein gutunge var ho ikkje enda, ein arti bokk av ein gutunge for resten, så beinberr og gutelegga og kjekk. Ho hadde svart hår, men det låg glatt ned.

Og så endelig kom Hallgjerd, halvt uventa. Roald undras på korles ho såg ut. Ho sette seg stilt ned. Ho hadde vel gråte for mykje, ho var ikkje vakker.

Mildrid såg stivt ned i tallerken sin, for elles lo ho vel. Nå ja, vent, Gud hemnar. Aud vart rar da ho såg Hallgjerd, bortimot fargelaus i det brune andlete. Ho såg som snarast på dem alle, på Roald òg. Ho lei vondt, kreke, henne burde dei vera snilde med. Gjermund fresta å sjå ut som en åndsveik ein. Han var ein klok kar alt, og utrolig godhjarta. Mora ser mildt på Hallgjerd, ho vil heile

Ein matros i huslyden sin kunde han vel ikkje tenke seg. Men kunde han tenke seg døden, tru?

Hallgjerd skjønnte visst sjøl at det er skam å sørge seg så reint bort. Roald retta på seg og tenkte: Kjærleiken og elskhugen og heile bløyta burde vore landlyst ved lov, kva har vi elles politikk og storting for? Dei to siste orda vart sittande i han, han noterte dem i hovude; politik og storting låg kanskje midt i livsvegen hans, dei var så å seie maktfaktorar.

Det vart elles som vanlig ved borde der i garen, dei sat ikkje og sørgde. Der var støtt for mykje godmat til det.

Men det som skjedde var at Hallgjerd løfta andlete og såg på han. Der var noko uvanlig ved det, han syntes han maurkraup over all sin kropp, mest som ho handfór han, men det var som ho snakka alvor med han òg. Det krenkte han veldig, ho visste slett ikkje kven han var? Søsterne vart vår det, og dei sendte han kvar sitt blikk, det eine slik, det andre slik. Han vilde gjerne vore borte den stunda.

Samme sundagskvelden skya det over, men det var berre godvêrssky. Lufta var varm, det var reine sommarkvelden å gå ute i. Det vart tidlig mørkt. Sia lyste det opp med eitt og anna vêrblinke, kvasse små eldskin som flara opp og var borte att. — Nokon uti verda som leiker seg med varmen, sa Gjermund. Det er kornmo som kjem for seint hit, sa ein av dei andre. Dei var ute nokon kvar og såg på eldkonsten. Mildrid og Aud var i det ertesame lone, Roald heldt seg helst unda dem. Heldigvis, det vart for lenge mellom kvart blinke, så ei om senn gjekk inn og la seg.

Gjermund sat ei stund på låvebrua og gjeispa, kraup så inn på låven. Dei to gutane trassa og låg der enda, skulde først flytte inn til jul, påstod Gjermund.

Roald gjekk opp i øvre jorde, opp mot skogkanten, der var det ein gjev sitteplass, for der stod det ei hesje med hå. Ho stod der liksom av gammal vane, ein ansa ikkje alt på ein bondegar heller, i onna. Det klårna oppå himmelen, halvmånen synte seg over skyranda, og da Roald snudde seg mot hesja, vart han vår det sat nokon der, på den vesle høytuva som var sessen hans. Det var Hallgjerd. Hallgjerd den utrøstelige, fór det i tankane hans. Der sat ho og let

Det var ikkje fullt lovlig, tykte han, å gå sin veg med det samme, han vart ståande litt og vera dum. Så gjekk han bort til henne. Ho såg opp på han. Han visste ikkje anna å trive til: han la handa på hovude hennes. Han trega det straks. Sia trega han det meir, han sa fan og slikt.

Å trøste enke var eit kjent ord, eit vanæresord, men han var ikkje kven som helst, han var ingen umannsling. Ho lo alvorsamt, og før han kom seg unda tok ho handa hans og la mot kinne sitt. Det var kaldt, han meinte mest han tok borti sjølv sorga. Javisst ønska han seg derifrå, men ho sat så ulykkes-still og heldt handa hans. Han syntes visst han var med i ein lagna, i noko høgt, det kom knapt for han at det var han som stod der. Det var ein tosk, tenkte han mange gonger, men det tenkte han stadig om seg sjøl frå før.

Han kom seg derifrå, og var glad til, for ho tagde verre og verre, det måtte ende med eit skrik.

På låven anga det av høye som ein annan kveld. Å kjenne det var alltid ei oppleving for seg, ein gjømte seg bort for all verda i det. Så vakna ein midt på svarte natta, ei utleita fin tid å vakne på, men snart var ein borte att.

Vakna gjorde han nå òg, men det var i mørkaste redsla. Der kom noko levande og mjukt og la seg inn til han og tok i kring han, der var ein sukk innved andlete hans. Det var henne, gjekk det opp for han. Så elendig var det med henne. Ho låg der still. Kinne hennes var heitt nå; heit var anddråten òg. Gjermund han sov lydt og syndlaust borti sengbole sitt.

Dette her det, tenkte han først (og meir av samme slage visst). Nei ho fekk i himmelens namn ligge. Han kunde berre sovne frå det.

Men det gjekk som det gjorde. Herlig og forferdelig, syntes han. Ei evig skam, tykte han etterpå, — at han ikkje sprang sin veg, ja at ikkje heller *ho* sprang! Nei. Dess verre nei. Ja ja, han vilde vel vera på høgde med situasjonen, med lagnaen sin, det var noko slikt. Da han så vakna var det lyst i dørsprungene. Gjermund var vaken han òg. Han klaga over at han hadde bala og drømt heile natta.

Roald sette seg opp. Det måtte vera han som hadde drømt? Men *ho* var gudskjelov av vegen. Han var full av banningar og dødsønske. Det sveiv for han noko vondt om at han skulde vera ein *æresopprettar*.



Men da han stod ute under himmelen såg det straks ansles ut. Det var sølvdogga morgon alle jordene bortover. Skogliene og fjorden lya etter morgonvinden, hørte han visst alt. Det kjølte mot andlete. Der var ein rikdom med lys og luft. Lat oss tilstå at vi er berre menneske, sa han seg. Og han for sin del var eit mannfolk. Så det var i orden det, men sjøl veit korles dette kom til å spenne av.

Hallgjerd less som ingen ting da dei møttes ved middagsborde; det gjorde ho gudskjelov. Berre eit blikk sendte ho han, og det var ope og skyldlaust. Kann hende der var ein liten takk i det, slikt legg ein til side. Dei andre to gjentene vart han ikkje vår.

Han hørte for seg det ein mann der heime sa, at dygda og vette må vel vera det samme det.

Dagen etter måtte han skysse henne over fjorden. Ho vilde sjå til forretninga si om ikkje meir. Det bar han i mot at ho alt var så pass. Kvinnfolk og slikt! svor det i han. Og at ho let *han* skysse henne? Det var bortafor både blygd og sømnd!

Men ho sat da ikkje og såg på han denne gongen. Og så sa ho, straks før dei lenda: — Du har ikkje hatt det vondt enda du. — Nei eg? fjasa han og svara. Eg som ikkje er konfirmert. Det minte han for resten om at han var syndig langt bortreist nå, sat her og rodde den og den og hadde lidd den store usigeren, gud herren måtte veta korles *det* vart straffa!

Han leita i andlete hennes, om der skulde syne seg merke etter ei vond meining, etter kvinnelist. Der synte seg ikkje noko slikt. Ho sat visst og drømte tull, om matrosen ventelig.

Laurdagskvelden var ho ikkje ventande heim, for Gjermund måtte skysse søsterne til byen, der var ball eller anna fint, og Roald måtte sette i stand vassrøyre til fjøse.

Etter kveldstid skulde han ha skrivi ein stil om vatne i menneske si tenest, men i staden måtte han ha vatn sjøl, for han hadde røykt seg svimren, han var så ny i den sporten enda; gjekk så og la seg.

Men sømnen kom ikkje. Låven vart han for stor og for frammand, han vart nifst åleine der. Og så *var* han ikkje åleine, det var enda meir nifst. Det måtte vera mørkre som ga seg til å leva breiddmed han. Han sette seg opp, sat der

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
rolig. Redd var han da ikkje? Tolv år gammal hadde han sove åleine tre netter i Langholmhuse. Men den eine vesle lyden etter den andre stakk i han nå. Han likte ikkje å sovne heller.

Han tenkte framtidstankar eit tak. Det vart å gå jordbruksvegen først, sia inn i politikken, det var mangt å ta hand i der, og der etter — ja lenger vilde han ikkje tenke ennå. Lenger kom han heller ikkje. Det stomla og prata nedved nauste, livs levande, der kom folk til lands.

Det måtte vera Hallgjerd som hadde leigd skyss.

Han visste ikkje kva han vart, glad eller noko anna. Der gjekk ei lang tid; han tok alt til og kjente seg glømt og åleine att. Da gleid låvedøra opp. Der kom eit menneske famlande. Så var ho der. — Du jagar meg vel ikkje? kviskra ho. Kinne hennes var kaldt, men det var godt. Akk ja, ho var ovmechtig mot han, — kva er ein unggut mot ei kvinne? Og Hallgjerd var ikkje noko vanlig kvinnemenneske, kor mange slike kjem der til ein fattig gut utant Øyvære?

For resten var det ikkje ho som vilde det denne gongen.

Ei stund etter sa ho: — Her har eg det godt! Men det har visst ikkje du? la ho til.

Han tagde. Lenge etter sukka ho: — Å nei. Ein har det som ein har det, samme kor ein gjømmar seg. Så sov dei. Da ho gjekk kyste ho han på panna, det kjentes som ein takk. Litt mindre høgtid kunde vore på sin plass, tykte han, men han friska seg opp og sa sjøl takk! og hanen gol i fjøse og sa det samme.

Skyssen kom og henta henne sundagskvelden. Det var tekkelig tenkt av henne det. Ho fór da dei andre kom att. Mildrid hadde møtt kjærasten, kunde ein sjå, ho var ein mon meir fornem enn til kvardags. Dei var fine folk båe to. — Han er av det finaste folkslage i lande, erta Aud henne og hermte ein gong. Men Mildrid såg med eit allvetar-blikk på Roald, finare var ho ikkje lel. Aud, unge sjela, ho såg på han ho òg, ho visste ingen verdsens ting enda. — Du har sove gris heile tida du, sa ho, det synes på deg. Eg har ikkje sove ein drope eg.

### III.

Hallgjerd kom ikkje oftare. Det var stort det, av ei ulykkelig kvinne. Ho var ei dame ho, like vel. Han såg det når han møtte auga hennes ein sjelden gong. I alle

gudskjelov til. Ein fekk komma i hug framtida si.

Han tenkte ofte på henne. Men han skyssa henne ikkje meir, Gjermund hadde fått slik hug til sjøen. Ho var eit omframt menneske. Utrulig at han hadde vore så nær henne. Fanns ikkje skam i det, han kunde mest ha fortald mor si om det. Han kunde ha gråte stundom, for det ho ikkje vilde ha han meir. Men gjenter og slikt fekk ikkje vera til for *han*. Heldigvis.

Han flytta inn frå låven og arbeidde hardt i fristundene. For det første studerte han organisk kjemi. Dei snakkar om spanande fortelingar! Men etter han såg film i byen vart det ofte til at han såg det for seg, lange kinofortelingar, tusen meter på ein kveld taksterte han det til, og det var utor live sjøl alt i hop. Sundagskveldane gjekk han over kleivane og til byen, og såg dei filmane som var å sjå der.

Men det var nå litt så som så da, dei klinte live til med død og forderv og anna blautt. Så det var ei høvelig straff å lyse seg heim att etter narrie med ei halvblind lommeløkt. Aud var med han, for ho var spelarinne-gæln nå eit tak, sjøl veit kva framtid ho drømte seg. Ho var ein staut kammerat å slite seg fram i lag med. — Au-Aud! sa han der det var som verst å komma fram.

Så døde husbonden. Han søkte dokteren til slutt, men da var det ikkje noko meir att av han. Han døde stilt, utan eit ord. Gjermund den stillvorne guten sa: — Det er kvinnfolka som har snakka han i hel. Dei vilde han så alt for vel.

Dei trøsta seg med eit dugelig gravøl.

I jula var dei ferdige med sorga, som rett var. Hallgjerd var i byen eit døgn eller to, og da ho kom heim var ho ferdig til å gifte seg med matrosen. Roald tenkte mangt om det, men han tykte enda verre. Han vilde spytte på henne, og spytte på seg sjøl, på alle dei andre! Men så fekk han nåde til å le. Matrosen Albertsen vart nok ein lykkelig far når tida kom.

Gjentene skulde vore i byen på nyårsballe, men det hadde dei ikkje mot til. I staden bad dei heim kjæresten til Mildrid, eit par av søskena hans og nokre ungdommar av si slekt. Det gjekk stillt for seg, men reint fritt for dans stod det ikkje av seg, da mor var i seng. — Vi la henne litt tidlig i kveld, sa Aud til Roald. Det tar nok ikkje far seg nær av, han var ikkje den. — Vi er da moderne, tenkte Roald.

Mildrid førte seg som ei adelsdame mellom adelsfolk. Aud gjorde det vonoms finare ho òg. Best det var kom ho og vilde danse med han. Han sa som sant var at han kunde ikkje konsten, men da vart ho så lei seg at han la i veg med henne. Det gjekk bra, ho mana han med seg så det var ein lyst. Da vilde Mildrid òg ha ein dans med han. Jau jau, han fekk i veg da, og nå glømte ho heile adelskapen, det gjekk som ein *dans* med dem. Ho var forlivande god å ta i kring. Aud såg etter dem heile vegen, ein kunde tru ho hadde ikkje set dem før. Ho var så hjartelig der ho stod, henne måtte einkvar bli glad i når tida kom.

Farvel med dansen! trøsta han seg etterpå.

Han lærte skogslive å kjenne den vinteren. Dei hogg tålig hardhendt, og dreiv ut sjøl med noko leigehjelp. Han lærte å måle og blinke, det var uventa interessant. Å lunne var òg moro, å kjøre ned til sjøen gjennom bratte ulenda var ei sak for seg. Han vart ein mangrøynd og hardsliten kropp. Mest berre ein kropp. Lesnaen vart det godtsom ikkje noko med, men der er noko som heiter praksis, kva er vi utan den? Nei han glømte ikkje kven han var.

Mildrid stod og såg på, ein gong han kom ned kleivane med tømmerlasse. Den gongen velta både han og lasse. — Du lærer nok, trøsta ho han og smilte gåtefullt. Aud skratta da ho kom, men det var berre godslige guteskratte det. — Slik er det å segle båt i bakkane, erta ho. Dei var småbarn bae to.

Om sommaren var han heime i Øyvære ei tid.

Det var meir ødslig der ute enn han mintes det. Visst var det rart å sjå det att, der var mang ein kjær ting å møtast med. Men det var det han vilde sagt både mor og andre, at dei trong ikkje ottas for at han hadde glømt lovnaen sin, plikten sin; den og han var eitt.

Mor såg glad og forundra på han: han var blitt så stor, han var så forandra! Og så sukka ho og smilte: — Tida går!

Tida går og du blir ikkje med, stakk det i han. Nei det var verre enn som så. Tida går ikkje, ho sagar, sagar av kvisten som du sitt på. Og *du* klyp deg fast!

Far var tydelig eldre enn sist. Auga hans sa ikkje noko om dei såg på ein. Det var ikkje han Roald skulde opprette æra for, det var for mor. Der skulde vera *ein* ho ikkje trong skamme seg over. Han vilde gjerne ha stryki alderen og

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
fattigdommen bort frå andlete hennes. Sjølv auga dei var unge nok; ennå hadde dei vona.

— Du ditt mors-lamm! hånte Sjøtrolle han før. Far din er for resten ein tukthuslem.

Slikt gjorde vondt den tida, men det hjelpte han til å halde hovude oppe. Dei andre var milde og nemnte ikkje far, når ein da ikkje rekna einkvan gutungen. Nå gjekk dei her i være sitt og tråkka. Jamvel skjeggstubben på karane var fattigslig, det eine andlete etter det andre kom i møte med han som ein sukk. Men for dem alle var det visst eit lite hende at dei såg han att, at han gjesta være og dem. Det skynta kanskje for dem at han var ikkje berre den dei såg.

Ingen ting hadde forandra seg her, utan det at Kvitingen der borte hadde fått seg ei kjerring. Eit strå til menneske, syntes Roald, men for Torger var ho meir enn gull verd; slike kunde ta den dei vilde, utan å fornedre seg ved det. Torger vart glad i mest alt han kom i nærleiken med. Trudde på alt gjorde han òg. Til og med på være her trudde han. Det var vakkert det, veit du, men kor tok han dumheita frå, sjølv krafta? For være var dødsdømt av verdensordninga, eller tida dei kallar. Rømt av live, av lykka.

Torger var ein gild skapning der ute, skapte levebrød for far og alle dei andre, skapte mote i dem, det vesle dei trong av det slage. Sjøen svik ikkje, trudde dei den dag i dag. Roald ønska dem alt godt av sjøen.

Så hadde der komme ei kvinne austafra lande med to barn. Ho var ei av dem ein må tykkje synd i, men kva vilde ho der ute? Ho vilde vel pine seg sjøl, han hadde lese om slike og skjønnte dem på eit vis. Men at ho ikkje banka litt sømd og respekt inn i ungane sine? Det var utan tvil eit utslag av tidsforderve. Og at dei ikkje tok og rishydde mannen som hadde rømt frå henne? Samme elendige ånda der. Det har komme mentalitet i tidsånda! slo han fast her ein gong, — eldre var han ikkje den tida. Nei men her var mangt å preke krossferd mot, for den som såg det og kjente andsvare.

#### IV.

Sia gjekk han der på snauberge og tenkte meir over det, tenkte djupare over det. Særlig kom han i hug den einslige kvinna der borte. Slik ein fin skapning som

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
henne, kvifor måtte ho lide vondt? Om det var hennes eiga skyld, kva sa det i grunnen? Det sa berre at menneska burde vera milde mot kvarandre. I staden er vi vonde mot alle som har det vondt. I staden driv vi *politikk!*

Einsemda i kring han stemte i med, han vart mest som ein profet under himmelen. Han hadde store stunder. Det var som han ropte til alle menneske på jorda: — Ser de ikkje at vi er i samme båten, og at båten er i nød? Ser de ikkje at vi tyner kvarandre i staden for å ro i land? Lat oss tru på det gode i oss, lat oss syne det fram, godt folk! Det var mest som *orde* kom til han somme stunder; han kjente seg veldig og ulykkelig.

Og folk driv politikk med kvarandre!

Lite grann låttelig var det at han, ein unggut berre, gjekk her og tenkte det. Men den som har ein budskap å forkynne? Meininga skaper mote, det var hans tru. Og mote skaper mannen. Sanninga var at framtida hans hørte ikkje *han* til.

Dagen før han skulde reise var han over sunde. Han såg den frammande kvinna ein gong til. Det ga han makt i trua. Gud veit om han ikkje ein gong måtte skape eit epos dei kallar, om lidinga som adlar menneske. I alle fall, live vart noko heilt anna for han enn det hadde vore før. (Han sa armod's devel! neste gong han kom her og måtte minnas dette.)

For resten rodde han ikkje heimatt så sær's høg i hatten den dagen.

Sjøtrolle spurde om han gjekk *laus* enda, og mumla stygge ting om misshandla gjentungar og om hemna. Folk elles såg hjartans likeglad på han, trist og vantruen, der fanns liksom ikkje svar i dem når han sa einkvart.

Torger var ikkje ansles han. Det terga ein truskyldig ein til å snakke litt meir enn han vilde. Han sa mykje av det som glødde i han. Torger vart langsynt da, som han tok seg mé i lande der aust.

— Ja men, sa Roald til slutt, var eg dum nok, og det vil eg vera, da vilde eg rope til alt folke: bort med politikken, bort med egoisma, lat oss bli som barn att, lat oss ta til frå snaue grunnen av! Her må nokon gå i gang med å *tilgi*.

Torger smålo venlig og såg over pipa bort på Roald: — Det der er sjølve Bjørnson det. Ja det er da like godt for det om det er gammalt. Men eg ser ikkje det har hjelpt oss noko større?

Torger var sosialist han. Roald let seg ikkje stane så lett; han sa det han

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
meinte om tidsånda og heile politikken deres. Best det var måtte Torger le att, så sukka han og sa:

— Det er som han far sa ein gong, at det er ingen konst å komma på einkvart nytt, det er verre å komma på det av seg sjøl; det sa han det, til meg.

Roald vart harm, det der var for grov ein urett når det kom frå ein mann som Torger. Han sa berre at han for sin del heldt dommedag over seg sjøl i denne tida. — Torger svara, alvorsamt og tørt at det burde han la Vårherre greie med; — eg spår deg at han blir rettferdig nok, klemte han åt med.

Det nytta ikkje å diskutere med ein politikkar, det visste han før, men han sa han eitt og anna lel, sjøl veit kven som sendte han alle tankane! Til slutt lo Torger tredje gongen, og sa:

— Den der lærdommen din er jamenn den artiaste fisken eg har fått: Ein blanding av Oxford og Dybwad Brochmann, ja maken til tranfisk! Ja du helgammess Roald, du fann nordvestpassasjen lel du! Vi andre må tenke på simplare ting. Men *men*, sa han: — Du skader ikkje oss med salma di. Han sa det utan hån.

Deretter snakka Torger litt om alle småtingane vi kan utanboks, om striden mellom fiskar og bonde, mellom bonde og bymann, men særlig om det som plaga han mest, striden mellom industriarbeidaren og oss andre. Der skulde dei hatt ein talsmann! Men han var snart borti fåfengprate sitt: om Øyvære og framtida for det. For ein «diktar» han var. Og der til ein forherda politikus.

Ein av gutane vestpå var kommunist. Han var mørklett der etter, så klok han var. Feilen med han var at han hadde for svær panne, — trudde dei at dei vart klokare dess større panna var? Barn av si eiga tid, dømte han (at han hadde ei søster såg ikkje Roald likt til den gongen). Kjærleik mellom menneska måtte ein nok ikkje komma med til den karen. Han vilde ikkje eingong prate politikk med Roald.

Den som vilde fram med noko nytt, han fekk gå vegen sin åleine. Framtida venta han. Uskapt ennå, forstår seg, — ho var herlig uskapt ennå!

I den lykka sa han farvel til foreldra, og kom innover som eit nytt menneske. Eller lat oss seie: ein som vilde bli eit nytt menneske. Dei fekk flire som flire vilde, men tenk etter. Tenk etter, alle i hop!

Mildrid såg ikkje noka forandring på han, ho såg han kanskje ikkje heller. Det beit han som ein urett kor sunn og vakker ho var, eit attråverdig menneske å danse med og slik.

Aud såg på han med ein tvil eller kva det var, barne er det som *ser*, når vi skal snakke om det. Så brast det ut av henne ein gong: — Du har forlova deg uti havskjæra. Ti still, eg ser det på deg! Er ho *svært* vakker?

Ved middagsborde ein dagen snakka han med ein arbeidskar om det som låg han i tankane. Etterpå stelte ho seg opp framfor han, dei var to-eina i kjøkkene, sette handa for munnen, og så spela ho på ein usynlig lur og rima og sa:

Han bles på lur, han bles på lur,  
det er hans natur,  
lurikkar kalles ein slik figur.

Ho var av dem dess verre som snakkar seg bort i rim stundom. Auga hennes var tirande vonde og glade, men ho var for god ennå, vesle vondskapen hennes var berre barnespel. Han smilte til henne. Og så la han handa på håre hennes. I tomme tankeløysa, vel vel, men han merka der gjekk ei kraft ut frå han. Det merka ho òg, det ga eit kvink i henne som i eit lite dyr. Det hørtes som ho bad for seg eller takka. — Au-Aud! sa han og gjekk fort ut. Kan hende *ho* vart den første han vann for det som brann i han.

Sia merka Mildrid noko av det nye alvore i han. Ho såg hån-dumt på han, litt meir for kvar gong han kom henne for auga. Stundom eglå ho seg inn på han, spurde om han vart gudfryktig der vest og slik bortetter; ein gong tok ho i kring han og dansa med han. — Nå syndar du bra! hån-te ho. Leit du er så dum! sukka ho. Han trudde ho merka noko av havhimmelen i blikke hans, av ødsligheita der ute og alle tankane derifrå. Ho hata han visst for det; som rimelig var. Så gudsens vidunderbarnslig har ein vore! sukka han over det sia.

Kjæresten til Mildrid var blitt tilsett i ein bank her i heimbyen sin. Det var stas, han kom ofte til Vikland. Men gud veit, det såg ikkje ut som stas heller all tida, liksom dei ikkje visste for vel kva dei skulde med einannan. Slikt skilde ikkje Roald.

Han ga seg til og las andre bøker enn før, han søkte andre sanningar. I byen



fekk han låne den litteraturen han trong. Midt i denne åndelige lesinga kom han til å minnas noko utor naturlæra. Dei kan eit tjuvknep med elektrisiteten, det dei kallar *Grammes ring*. Dei får straumen og motstraumen til å renne samme vegen, til å dra *i hop*. Sanninga var så livsvarm: slik skal menneska arbeide, med og ikkje mot kvarandre. Får vi bort politikken vi, da har vi funne opp samme knepe.

Han arbeidde ut eit bladstykke om det, ein lang artikkel, og lenger vart han kvar gong han skreiv han om. Det var liksom han sjøl voks frå verke sitt, tvilen kom rett som det var og drap noko for han, men det var ei glede å bygge det opp att.

Og så var det sommaren. Sommaren der aust var ei høgtid, noko som gjesta deg og gjekk frå deg att. Midt i ullgråe regnvêrsria var det slik, og midt i solbrennte onna, lat oss ikkje snakke om nettene her mellom lauvskogen og sjøen. Så var det hausten att, den tida og den onna, frostnettene gjekk over jorda blanke som is, skogen gjekk mot vinteren, og så var den der, slik og slik skapte han seg til. Der var ein veldig lyrikk i naturen, i årstidene. Ein burde mest gløemme alt sitt for den.

Han mintes Hallgjerd gong og annan, oftare enn ønskelig var. For han var i grunnen slikt ikkje til.

Aud og han drog ikkje til byen på filmteater meir. Gjermund fekk motorbåt. Søskena kjørte til byen kvar laurdagskvelden mest, og natta over hoss ei tante. Sundagsmorgonen kom dei gjerne att med kjæresten. Nå ja, han måtte dei skysse heimatt sundags kvelden.

Det var eit ugodslig andlet på denne kjæresten, lat gå at han var ein vakker kar. Der kom fram noko uærlig i det og samstundes brutalt når det først synte seg for ein. Gjermund såg det visst han med, han let helst Roald skysse han heim. Mildrid var stundom med da, om ho just ikkje vart trua til det. På den måten vart Roald nøydd til å sjå mannen; elles var han jamgod med ei flyndre til å forstå seg på frammandfolk.

Nei det var ein morosam kar i båten, jøss da, han skjenkte og han skjemta og røykte og alt som til skulde, slik, han siterte litteratur, det kom som rogn utor ein stor-fisk, men rett som det var hadde du auga hans på deg: Dei vil veta kva du er verd, finns det nytte i deg, eller er du farlig, du sitt visst og ser på meg du?

Utrulig, unaturlig nærgående, kva i vondaste sytten, fór det i ein: skal han der atleten plage meg til å gi han av motorsveiva! Aldri. Ein kunde sjå ein annan veg.

Med kvart såg han slik, eller verre, på Mildrid òg, som ein forbrytar burde sjå på offere sitt, men ho, arme jass-jåla, vart visst lykkelig ved det, som småfuglen framfor ormeauga. Andre gonger såg han henne knapt. Ho less som det var bra det òg. Roald måtte tenke enten han vilde det eller ei: Kva vondt er det han vil gjenta?

Det merka ho visst, ho var lite blid i heimvegen, stod helst med ryggen mot han og stirde fram i halvmørkre. Men det hendte når dei gjekk opp frå sjøen, at ho slo seg laus og terga han eller vilde stridas med han. Ein gong skuva ho han ut i åkeren, ein annan gong hengte ho seg på han og vilde ta ryggtak. Heldigvis kom Aud i det samme, ho kremta høgt, og han svara Au-Aud! Ho spurde om han trong hjelp. — Du er snild du òg, sa han, så lenge du ikkje har ein kjærest. Ho svara at her var da visst kjærestar nok som det var. — Han svara eitt eller anna tull og tok etter henne.

Mildrid sa at barn pla dei la vera i fred. — Du får akte deg for han der, sa ho, han er av dei skikkelige han, og dei er verst; han var tidlig ute, veit du.

Aud bad Mildrid passe på sitt; — pass på bankboka di om ikkje anna, let ho. Ho sa det lågt og raspende vondt. Mildrid fór opp og vilde klore eller bite, visst, men ho styrde seg, og Aud formana henne til å vera *dame!* Han måtte le til forgifta hennes. Mildrid gjekk litt føre dem. Best det var såg han det rykte i akslene hennes. — Kappspring! ropte han til Aud, og dei fór i lynbrente renne framover til husa. — Vi vann båe to! kunngjorde ho. — Godnatt, din havhest, sa ho og gjekk inn.

Han arga seg over at han kasta bort tid og alvor på desse gjentesjelene. Men dei var så vemodig *levande*, det var det. Han stod der ennå da Mildrid kom. Ho stana breiddmed han, ho måtte sjøl veta kva det skulde vera til. Ho nynna litt, så fann ho på å seie: — Du som har stjernekart og veit alt på himmelen, kva er det for ei stjerne vi ser der? Han vilde ikkje ha nokon prat med henne, her og nå. Han svara som sant var: — Den stjerna der? Det er eg for augeblikke ikkje så stø på. Men den der, det er månen. Der med sa han godnatt da, og gjekk inn.

Ho glømte visst ikkje fort. Det var ikkje fritt for han var redd henne. Såg ho på han, da var det som ho hadde hemna i hand. Eller ho fall over han med lått og gøy: her var så stilt, så fredelig, — kom og dans da, gutladd! Ja så dansa dei da. Ho tok hardt i kring han, særlig om Aud var i nærleiken.

Ein dag var han bortpå låven og ordna opp til treskinga. Gjermund hadde tatt på seg fjøse, for Mildrid skulde i noko slag husmorskole, ho var berre med litt og lærte han opp. Aud hjalp til inne.

Det var om ettermiddagen, og han let låvedørene stå opne, så slapp han slå på lyse. Da veit han ikkje av før han har eit par hender for auga, kvinnehender, og han gissar på det er hennes og nemner henne. Ho slepte og stod leande og fiendsk mot han. Ja vel, litt uviss vart han nok, såg ut som ein tomsing, ventelig, for ho *var* ei gjente, ei kvinne! nytta ikkje å nekte det. Men han stinna seg opp og såg på henne, venta liksom å høre nærmare frå henne.

Men ho sa: — Du ser så stygt på meg. Som du vilde ta meg med vald. — Ikkje fullt det lel? meinte han. — Du må berre ikkje meine eg er redd deg, sa ho og lo hånlig. Eg kunde ta deg og halde deg fram!

Dei såg litt for lenge på einannan, og sia, da ho flaug på han, brautes dei litt for hardt, dei vart ville baa to. Det kunde ha gått gale. — Nei, stakar! pusta ho tett innved han. Han visste at nå vann han, å ja da, dette barka visst sytten i vald det, han såg seg om etter Aud, den frelsande engelen, men nei, ho fanns der ikkje.

Men Mildrid sjøl hjalp til han. — Du trur vel det er Hallgjerd du, sa ho. Ho lo på ein måte som måtte ha berga dem den òg.

Han rista henne av seg. — Kva er dette for tull, sa han, har du ein kjærest eller har du det ikkje? *He?* ropte han. Ho stirde skremt på han. Der etter såg ho bort; så sa ho: — Håner du meg for han du òg? Ja ja, sukka ho. Ho snudde seg og gjekk innover fôrgangen til fjøse.

Om ei stund slo han fast: verdig eller uverdig, han hadde i alle fall berga dem baa to. Han tenkte mange stormodige ting. Dei var ikkje verre enn at han glømte dem etter kvart.

V.

Aud såg vel på han at han hadde ikkje tankane sine heime all tida. Om sundagen

kvar sin kant. Han spurde beint ut kva som var i vegen med denne kjæresten her.

— Skil det deg? spurde *ho*. Han svara at det gjorde det, det eine menneske skilde vel det andre. — Å du er ein frostnavar er du! Ho snudde seg frå han. Litt etter såg ho på han att: — Kvifor skriv du ikkje heller til kjæresten din der ute? Han spurde i vondskap: — Veit du kva eg gjer eller ikkje om det?

Ho vart still da, lita og snild og rar. Ho ser på han, og ser i golve.

— Nei, seier ho.

Ho retta seg opp igjen. Ennå hadde ho barnekinn, men andlete kunde sjå bra vakse ut.

— Nei eg liker han ikkje eg heller, sa ho. Men du liker henne, det kan du ikkje nekte for?

Han svara at han likte dem alle som her var.

— Å fyda! hadde eg nær sagt. Nei han er etter oss for pengar. For pengeno er etter han. Ho ler: — Fine folk har det visst slik. Og Mildrid er lykkelig ho kan hjelpe han, — vi skal hjelpe kvarandre heile hurven av oss, er det ikkje slik? Eg las det du skreiv i blade om det. At du iddes? Eg burde vel seie De til deg snart. Det var da vakkert nok det du skreiv, la ho til og var ærlig i måle. Men tøv var det nå da. Berre ein song.

Han vilde ha gått over andlete hennes med handloven sin, men det var knapt lovlig. Nei ikkje for han i alle fall, og der til såg han for seg mor hennes og Gjermund. *Dei* trudde ikkje han gjorde ein gjentunge vondt.

Han var glad da Mildrid hadde fare sin veg. Elles: ho såg han ikkje etter den gongen på låven, han var idiot for henne, ein alt for moralsk idiot ventelig. Der fall ein god fred over Vikland-heimen smått om senn. Mildrid kunde ikkje hatt det for godt i det siste.

Det vart ingen skogsvinter det åre, verda stengte av for trelast att. Dei selde noko ved.

Dei var ofte i skibakken om kveldane. Der var flust med føre. Og slik ei stjernemengd der synte seg med kvart, månen vart reint til overs når han kom.

Roald lærte, påstod Gjermund og Aud. Frå langt oppi skogen kom dei susande brattreina ned og mot sjøen, halvblinde av farten, det var som du ga deg

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
livsfaren i vald, ga deg dauen i vald og ga sytten i *den*. Aud lærte han å stå hand i hand med seg. Nå ja, dei bjønna stygt somme gonger, især når dei tok dødssvingen tvert framfor strandsteinane. — Kælven, sa ho.

Roald hadde fått det for seg, at når han klara desse bakkane og den svingen, da skulde han klare mangt, heile oppgaven sin i live. Og så lufta ein av seg somme ting desse kveldane.

Der nede sa Aud ein kvelden: — Var ho svært vakker ho du forsynda deg mot på konfirmasjonsskolen? — Ja, svara han. Eg glømmar henne ikkje. — Nå, du var litt glad i Hallgjerd òg, kom ikkje med *den*. — Eg vart det, tilstod han. Da ho hadde det vondt.

Ho såg blankt og sterkt på han, ein stridshuga gut, syntes han. — Deg skjønner visst ingen, sa ho, da ser ein like snart kva som er opp eller ned på ruteressen. — Au-Aud! song han. Alt skulde ho borti med skyldløysa si. Men ein kostelig unge det var ho.

Han hadde elles *litt* andre ting for seg. Han sette seg inne. Han las, men enda meir tenkte han. Men dei tankane, tykte han sia, dei måtte ein helst kalle baktankar, for dei var tenkt før, av andre, han kom baketter og samla dem opp.

Gjermund var ein tenksam ein. Mora vilde ha han på landbruksskolen. Men han vilde vente til han fekk meir vett. — Blir det lenge til? spurde Aud. Han kunde svara for seg, handfritt, men han smilte berre.

I påska skulde han og Aud på skiferd i lag med ungdom frå byen. Dei trena hardt somme dagane. Roald tok over fjøsstelle, han hadde gått og lært av Gjermund, vore i kulære, som Aud sa. Ho smilte inderlig glad da ho fór; ho hadde aldri vore med på slikt før.

Om kvelden sette husmor seg i kjøkkene der han sat med nokre blad. Om ei stund såg han opp, for han merka ho vilde snakke med han. Ho var litt førlagd av seg, men andlete hadde fine drag, og så hadde ho venlige auga og ein særeigen liten smil. Smilte gjorde ho nå òg, men ho var ikkje glad. Matrosen var det ikkje som plaga henne, han var bra nok nå etter han vart far til slik ein gutunge. Ho spurde rett fram:

— Sei meg du, og undskyld at eg spør deg: kva tykkjer du om værsonen min skal bli? Eg snakkar så sjelden med folk. Eg går her og undres ofte. Kva seier *du*

Roald svara at han likte ikkje mannen noko større. — Han er meg for frammand, sa han; *eg* kjenner ikkje slike.

— Nei det er det, sa ho. Det er det. Ho sat og snudde på eit papir. — Nei det er det! sukka ho enda ein gong. Men har eg skrivi dette namne mitt her? ho retta han papire.

Det var ein veksel på eit par hundre kroner, og namne hennes stod der og såg hjartans falskt ut.

— Ja, laug han, det ser ekte ut dess verre.

— Gud skje lov for du seier det, sukka ho, og blikke hennes fresta å velsigne han. Eg er så glømsk. Eg veit eg har skrivi på eit slikt papir. Kanskje to. Jajaja! Ho gjekk åt kammerse med papire sitt.

Skjærtorsdagen kom Mildrid. Ho hadde vel vore i byen hoss kjæresten, frå i går. Ho helsa på mora liksom ho kom frå Amerika. På Roald helsa ho liksom ho reiste bort i gårkveld her. Ho var samme gjentedronninga enda, men ho var meir still av seg. Litt etter kvart såg ein ho hadde ikkje hatt det berre godt, det sa auga hennes og heile andlete; ho smilte mest som mor si. Der var ein mjukare klang i røsta hennes òg. Ein måtte ønske henne meir lykke, dugelig med lykke her etter.

Ho kom til han i fjøse, stod der still og såg seg halvt lykkelig i kring, snakka med gamle kjenningar, kyr og kalvar. Ho måtte få mjølke den kua som var hennes. Ho synte han spanne etterpå, ho var salig viss på at så mykje mjølk fekk ingen annan utor den kua.

Noko snakk mellom dem vart det ikkje, det var greit slik.

Ho kom dit ein kveld til. Ho kom småsyngande, i eigne tankar liksom, om det nå ikkje var berre i gleda ho song. Ho nemnte at fjøse var eit trivelig hol, at dyra var dei naturlegaste av alle skapningar, dei såg forlivande vakkert og truskyldig på ein opp frå føre sitt. Ho trudde dei kjente att henne alle sammen, dei grunna i alle fall på noko slikt. Ho nynna på tonestubben sin att, ein gammalvoren og vedkjømelig ein. Håre hennes skjein det lysgult i når lyse fall slik, halsen synte seg lysgul han òg, — frestande, det var orde om henne. Akk ja san.

Han visste ikkje sjøl av før han kom bakpå henne, tok i kring henne og kyste henne. Ein støyt for bringa var det han venta seg. Nei da, ho vart berre litt

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
forfjamsa med det samme, så ga ho seg levande over, i rolige gleda var det visst.

Eit livsalig sekund for dem båe, syntes han: to dumme menneske her! Slik såg ho på han òg; så sa ho, utan hån: — Men er dette deg da? Han undra seg sjøl òg, torde ikkje veta det, men han svara og sa slik han mintes det: — Velsigna vera din inngang og din utgang og heile deg! — Ja ut skal eg finne, let ho, ho kjælte litt med eit par ungdyr og gjekk. Ho snudde seg ved døra og neia.

Meir vart det ikkje nei, og det tykte han var ingen liten siger. Den sigeren fortente han einkvart for. Og dess utan, ho hadde set på han med så einslig eit blikk, han fekk det ikkje frå seg. Det var som ho sa han at ho var dømt til det han ikkje visste om, live blir ikkje stort anna enn einsemda.

Det og meir til undskyldte han seg med da han stillte seg inn på loftsromme hennes. Gale var det, av han, men i natt var ikkje han til. For ho venta han. Ho var ikkje seg sjøl ho heller, og da så. Og det som er urimelig, kven lyt ikkje freste det?

Han tenkte det samme da han tjyva seg tilbake utpå morgonen. Men eg var så viss på eg vart utjagd, tenkte han òg. Gale, ja vel — —

Å legge seg nå kunde han ikkje. Han sat og såg ned på fjorden, som eit poetisk menneske, kunde dei ha spotta han og sagt. Dagen kom, han var der alt, men det snødde. Vårsnøen kom lysande nedgjennom lufta, du såg ikkje kvitare kvitt. Etter kvart lysna fjorden òg, som av ei glo i han sjøl, lysna og skjein snøen i møte. Ei stund var han ei botnlaus lysgåte, så blank låg han der og fanga sol under snøtyngda. Det var påskemorgon.

Slik sat han og såg og dikta det til, men sanninga var der like arg for det, han tok blyanten og skreiv henne ned på ein papirlapp:

Far min forgreip seg på ei gjente i fylla han. «Og fylla ho fekk skylla for slikt svineri!» song morbror der heime når han var på sitt gladaste. Eg har ikkje den å skylde på.

Roald var barn den gongen det med far hendte. Barn? Nei det var det som var løgna, som var ulykka. Barn hadde han aldri vore, han var vidunderbarn han. Ein æresopprettar. Rettnå måtte han vel vera fri den børa? (Sia tenkte han om *det*, at vidunderbarne det ødela gjentene for han, dei frelste han frå den døden, men han takka dem ikkje). Andsvare der i mot, det venta han ikkje å bli fri.

Men det vart i alle fall stalltid og fjøstid. Og arbeide er nå arbeide da, knapt det finns anna trøst. Og ein festlig dag laga det seg til. Påskesnø og sol og ein stavstill fjol! rima det for han. Ja vel, tykte han da han var ferdig med morgostelle, han fekk halde helg. — Men er dette deg? spurde det han alt i eitt. — På ein måte ja, svara han. Mildrid såg litt uviss på han da dei møttes, han såg skynten av ein smil. Han smilte det friskaste han kunde få det til. Dei var enda ut med langsleden i kveldinga og rente på skaran. Litt vålig var det, men lystig liv. — Aka på isen håle, mulla *ho*. Isen håle likte han ikkje å høre om nå.

Andre påskedagen kom Aud og Gjermund heim. Dei var brune og uttjåka og overseg velnøgde. Dei var glade for dei fann Mildrid heime. Ikkje lenge etter måtte ho i veg, ho tok over marka på ski. Roald laut vera med og bera. Aud vilde vore med, men mora sa nei, ho var utsliti nok som ho var, ho gjekk og halta. Ho såg etter dem.

Dei krangla seg fram i løypa. Ein staden dei pusta ut la ho handa på aksla hans og sa:

— Eitt må du lova meg. At du er snild mot Aud.

Var han ikkje det da?

— Du ser kor forgjort ho er etter deg. Ho vart grå i andlete da vi fór. Ho eig ikkje makt til å verje seg mot deg. Du får verje henne du. Du er nå ein gong den du er. Du lovar meg det, Roald?

Det lova han av alt sitt hjarte. Aud skulde ikkje li nokon overlast nei, herre gud rett!

Mildrid takka han for det. Litt etter smilte ho og sa: — Visst du da ikkje blir alvors glad i henne. Det skulde nå eg ønske, men —

— Det samme skulde eg, svara han. Men, som du seier —

Roald visste ikkje kor mykje sant der var i dette med Aud, men Mildrid hørtes djupt sannferdig da ho sa det. Gjentungen gjekk for mykje åleine. Slik var det her på Vikland, og slik var det uti øyværa, det gjekk mykje folk åleine i Noreg.

Aud gjekk rolig i kring og passa sitt, ho hadde hendene fulle som det arbeidsmenneske ho var. Nokon matmann var ho ikkje, såg han, men det var ho visst aldri, og så var det våren nå.



Dei to karane hadde nok med sitt dei òg, særlig da Gjermund vilde fresta med ei laksnot igjen.

Ein laurdags ettermiddag dreiv Roald og vaska motorbåten. Han vermtte ei vassgryte borti fjæresteinane, til kaustikk-luta. Det var soldirrande sommarvêre enda det var berre april, snøen fór så det var ein lyst, og flua raste i vårgleda kring naustveggene så det lyste blått og grønt etter, ein kom til å minnas eldsjeler og anna fint. Men i morgon har vi nordavinden, visste Roald, røyken frå gryta kom sørover.

Nett nå kom han tjukk, det lukta einer? Han såg opp, og der sat Aud og la einerbar på varmen så han skulde få seg ein røyk. Han vart glad, for der var slik godlyndt ei moro i det ho fann på. Ho var her elles med matbud. Han rengte av seg ytterhyre og slutta for i dag.

Aud stod og såg ut på vika, der skimra fine leter i sjøspeielen mot kveldstid, men det såg ho knapt nok, auga hennes var på villstig. Best det var snudde ho seg til han.

— Hadde du det trøysamt i påska? spurde ho.

— Ja gut! De hadde det ikkje gildare i fjelle.

Ho blunka kringt nokre gonger. Andlete vart fattigslig etter kvart. Dagslyse burde ikkje ha falle på den armoda. Blikke glei til side, ga liksom opp. Det festa seg ved nokre isflak som hadde kvelda seg utpå fjorden, kveldsola syntte dem just fram.

— De hadde nok moro ja, sa han i rådløysa, men kom nå, var det ikkje mat du sa?

Dei gjekk i breidd oppover. Det kjølte alt av kvelden. Aud sa ikkje eit ord. Ho snakka visst med seg sjøl.

Han visste det der han gjekk, alt meir tydelig, at det var synd om han vart her lenger. Ja for ho makta snart ikkje meir. Han fekk vel rømme om det var aldri så tidlig for *han*. Hjarnte rørte seg i han og hadde det vondt: han måtte da bli glad nok i henne med tida? Det var som han hadde lovt henne det. Han burde ha stana nå og set på henne og sagt: — Berre vent, gjente!

Men det kunde ikkje han nei, det kunde andre, for dei var frie dei. Folk toska og sa at det er vondt å vera ungdom nå for tida — — ja nei det der vilde han ikkje

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
borti, og nå var dei framme. Aud gjekk og beit i eit strå, hørte ikkje noko av det vesle han sa. Ho smånynta ein stubb, for ho var heltemodig gjente.

— Du har så kledelig vakker kjole på i dag, sa han ved døra. — Ja i dag så, svara ho og drog på smilen; der var dypter med vonløyse i den. Han kom i hug ho var like-eins kledd i dag som dagane før. Han såg kor djervelig ho tok seg på tak da ho skulde gå inn.

Herre gud, den som var midt ute i live og striden, der det går for seg! Der blir ein sett til veggs ja, og slår seg fri att, — smågjenter og slikt, tankane på det ryk sund som steinar i elden, det er du og ikkje motparten som skal vinne. Det er det vi meiner med live, og nå vilde han betterde *ut*. Nei visst, dei pengane han hadde lagt seg opp rakk ikkje langt, men det er da folk som har lånt pengar òg? Her gjekk han gudhjelp meg som ein stegg!

Men Aud som sat der borte ved bordenden, henne vilde han spørre før han fór, om ho kunde, og torde, leva i vona nokre år. — Kom i hug, vilde han seie, at eg lever ikkje i anna enn vona sjøl eg.

Ho slo opp auga i det samme og såg skyggt bort i mot han. Hjartelage tok seg for underlige ting i han. Andlete hennes kom for nær han, slik lyse fall på det, utenkelig sorgsamt men godt, liksom det tilga han all pina det gjømte på. Han måtte få sjå henne lykkelig ein gong!

Det var jamgodt med at han lyste fred over seg og samvette sitt.

Freden vara til han heldt på med kveldsføre. Da stod ho der og kremta, gjorde seg gladværug og skamdjerv det flottaste ho kunde, modig inn i blode. — Jaså? sa han, og tenkte litt att og fram. Sjøl veit om det var venlig eller hatfullt ho såg på han. Det kom for han noko han hadde hørt om elskhugen, at den er kjærleik og hat i ei farlig blanding, han avlar og drep — nei han visste lite om det der, men andlete hennes gjorde han lei seg.

— Du trur noko gale om meg du, tok ho til. Kvifor gjer du det? Kva er det du trur, sei meg det! Det er noko om denne fjellturen vår. Du trur vi hadde det både slik og slik der. Ho sa ei heil mengd om det, og det var ikkje godt å høre på, måle hennes vart djupt da, det opna seg mot han i ein bryst-tone av rådløyse.

— Du trur da vel ikkje, tagg ho i kaldaste angsten, du trur da ikkje eg fór og tulla med ein annan — med ein gut? Eller at vi låg i lag og slikt, du trur da ikkje

— Nei det gjer eg ikkje, svara han så lognt han kunde. Nei, Aud.

Ho tok i båe oppslaga på fjøsfrakken hans. Ho stirde han i andlete og leita. Ho hadde vel merka einkvart på han etter påskehelga her heime, for slike småenglar er vårare i kjensla enn både barometer og seismograf. Han måtte ta i kring henne og halde henne i ro. Da ga ho ein liten klagelyd frå seg, skar visst tenner òg. Han bad til himmelmaktene at dette fekk ein ende snart, live er da ikkje ansles enn vi skaper det til for oss?

Han kjente kor ho *vilde* klare seg utan gråt. Ho låg tett innåt han, liksom det var der ho skulde og måtte vera. Kinne hennes var forlokkande mjukt. Ingen utan han hadde kjent det.

Men da han glømte seg og tok i kring henne for alvor, tok og løfta henne, da retta ho seg med ein rykk og stod dødsens forfæld framfor han.

— Jaså, sa ho. Ho sa det slik at det sokk i han. Du trudde eg var slik ja. Ja visst. Ho snudde seg frå han, som det var for evig tid. — Det var ikkje meir da, sa ho for seg sjøl. Så usæle ord hadde han aldri hørt før. Ho gjekk, det var så vidt ho ikkje sjangla, — uhjelpelig utsløkt å sjå til. Og han stod att.

Han torde ikkje rope henne att-ende. Det måtte bli for live det da; og det var umulig. Ryggen hennes såg han lenge etter ho var borte. Au-Aud! sa han *ei* tid.

Nå var det så, tykte han om ei stund, eit mannfolk står ikkje og blir gråtsprengt av slikt, dei bruker ikkje det. Ikkje dei andre nei, og ikkje han heller, slett ikkje han. Kan hende Aud kom til seg sjøl nå, at ho vart frisk så ho spytta etter han, så var *det* over. Det hender faktisk at det går ein bedre enn fortent.

Han skulde aldri glømme Aud, kor gammal han vart.

## VI.

Aud låg sjuk eit par dagar. Slik hadde hendt før utan at nokon la tankar til det. Kan hende dei gjorde det ikkje nå heller, det var helst uroa i han som skapte det til slik. Han syntes mora såg meir på han enn elles, og at Gjermund nødig vilde møte blikke hans.

Han trega som ein hund at han var skyld i dette. Men det var så *for* ulovlig, det var det. For desse gjentene her, det var som live sjøl det, dei var så

Da ho synt seg att var ho ikkje stort ansles enn vanlig. Ho såg enda på han som snarast, og blikke hennes sa ingen ting, det var blågrått som sjøen langt unda.

Der gjekk nokre strie vårdagar over jorda, nordvesten kom brasande med hagl og annan vondskap; det måtte gjera ein vondt for lauve som var så nyfødd enda, — visst ein da ikkje ga sytten i både det og andre ting. Himmelen var øde og livsens fiendsk. Dagar i mellom var det lokkande vårvêre, der kom kveldar med duskregn og fuglesong. Det var våren stutt sagt, og han var aldri ansles.

Gjermund fekk laks. Aud var med han ut til nota om kveldane, samme korles vêre var, ho var i ei fiskarspaning heile gjenta når dei la i veg. Med Roald snakka ho ikkje meir enn nausynt var, men ho svara han da. Så han trong visst ikkje reise for hennes skyld.

Men sia kom der morgon etter morgon da dei måtte sjå ho var nattvakande, ja at ho hadde liggi og gråte. Der kunde bli kjevande stilt i kjøkkene. Gjermund sendte eit blått og forundra blikk frå henne til Roald, han svelgde maten som det skulde vera hestemedisin. Jagu gjorde han det, snilde tenksame guten, han hadde vel gjentenerver enda; eller var det Gud som heldt på og rørte ved augelokka hans, så han skulde sjå verda og live som det var? Det vilde vera lut å drikke om ein vart uvenn med *han*. Mora såg på Roald ho òg, som ho vilde be han om noko vanskelig, syntes han.

Han kom henne i møte. Han slo på at rettnå vilde han lenger ut i verda. Av ømse grunnar, la han til, og såg frimodig på henne. Ho flytta brunene eit grann opp. Ho var moderlig god i auga, vilde han og alle andre alt vel, men ho fekk ein tunglynd smil og såg uvisst bort i tomlufta. Ho tenkte på Aud, venteleg. Han sa han vilde fara først dei fekk ein i staden hans.

Det fall han tyngre å seie det med Gjermund, så det sette han ut. Aud vilde han ikkje nemne det for, men samme dagen sa han det til henne like vel.

Det var så *stilt* i kring henne, han måtte seie nokon ting; han vilde helst ha stryki ei god hand over auga hennes. Ho stod og mata hønene, og skulde til grisene i samme svinten. Ho hadde striforkle på, her skulde vera kvardagen nå trass i vårsola og heile livsæla kring Viklandgaren.

— Ja nå har eg sagt opp tenesta, fortalde han.

— Det veit eg vel, sa ho og lokka vakkert på eit par unghøner som var lite *for* seg, ho venta hjartans gavmild på dem.

Å jasanya, ho hadde snakka med mor si.

— Det trong eg vel ikkje; det har eg visst lenge.

Ho var brennrød i kinna og ein mon stirrøygd, men ho glømte ikkje grisene, ho tok matbøtta og gjekk til dem. Ho gjekk bort frå han for siste gongen. Ho gjorde det praktfullt, som dei seier. Ingen måtte tru ho var eit barn lenger.

Mildrid kom heim. Ho kom som ein livgivar, der følgde som eit godt vêr med henne, eit skifte i stemninga både inne og ute. Ho hadde visst hatt det så pass vondt at ho tykte det kunde vera nok, slik var i alle fall andlete hennes, blikke og smilen og heile menneske. Ho og Aud hadde ein verden full med snakk seg i mellom, og godt var det, det var hunden så godt! Ho snakka elles med dei alle, greit og fritt.

På tomannshand var ho straks ansles. Ho smilte, men ho vart som nåmen kring munnen, skulde visst ha sagt han einkvart særlig men kom seg ikkje til det. Med kvart fekk han eit augekast som vilde sjå han all igjennom. Men så gjekk ho, og let sola forgylle håre sitt.

Ein dagen da han stinna ei klesnor for henne, sa ho: — Du reiser frå oss nå, hører eg. Ho smilte da òg, men der gjekk visst eit motlaust lite drag over andlete hennes. — Ja det lyt eg nok, svara han. Men eg har vore snild mot Aud, enten ho trur det eller ikkje. Eit fe, rettare sagt.

Det bles ein lystig kuling den dagen han fór ut fjorden og heim.

Kvelden før hadde dei gjort litt avskilfest, og sia hadde Gjermund skyssa han til byen. Båe gjentene vart med. Så gjekk dei og dreiv nedpå kaia ei stund. Det var blikkande fjord med kopparglans.

Dei snakka litt frå det eine til det andre. Mildrid sa noko om at Øyvære måtte vera ei merkelig verd å sjå, ho ga seg visst ikkje før ho hadde titta inn i det eventyre. Aud trudde det var for devlig langt vest, det måtte vera nifst der uti havheimen. Dei tøva vonoms lenger om det, sorglaust og lett.

Ja ja, så fekk dei seie farvel, natta lei. Det òg gjekk lett for seg. Dei tok han

gjentene var bleike, den eine slik og den andre slik. Motoren tendte, og båten la i veg heimover med dem. Han gjorde vakre fører i vatne, og der stod dei og veifta att-ende med kvite lommedukar. Han rota i lufta med hatten til svar, og såg med glede at Gjermund sveivde med sin han òg.

Om morgonen gjekk fjorden kvit. Det var ei god helsing. Live hadde vore vandt å segle hittil. Her etter måtte det bli greiare farvatn.

Der var mange kjenningar om bord, folk utanfrå øyane. Mellom dem såg han ein som han hadde gått i lag med på konfirmasjons-skolen. Den kroppen fekk han hug på å snakke med. Og den andre mintes han, godt òg. Roald førte prate inn på den tida, og den andre var openhjarta kammerat. Presten, fortalde han, han sørgde over at Roald hadde reist frå dem, slik ein augestein var det vondt å miste. Gjenta stod fram i grannesokne våren etter. Kammeraten lo, togg kringt nokre tak og såg underlig vennesælt på han. Jau da, det hadde laga seg ei kraftig saga om Roald og gjenta. — Du er ein folkehelt, i sitt slag, sa han til slut.

Roald lo med. Det var berre så utruglig at dette og meir til, dette gjentevase, hadde hendt nettopp han. Han som alt frå småguttida nekta å tenke på noko så uverdig. Det var ein urett mot han! For *han* hadde aldri drømt seg at gjentene bleikna når han gjekk frå dem? I gårkveld snudde Aud andlete mot han som snarast og let han sjå det som det var, *like vel*, kor useielig vondt ho hadde det.

Det måtte vera det minne som gjorde han sjøsjuk. For det vart han på siste havstykke, og det var første gongen han opplevde det. Det arga han sterkt. Han syntes sjøen sa tvi og hivde han i land.

Nå ja, sjøen var ikkje hans sak. Men der stod han i land heime så bleik og ussel at det var stor skam. Han hadde ikkje eingong munn å snakke med. Far såg på han og tenkte visst på fyll om bord.

Enka var der òg. Ho såg ikkje han, nesten ikkje da. Da sa han einkvart likehendt til henne, ynkvendig kjeflaus som han stod der. Det var noko om at sjøen burde ikkje vore skapt, kva kunde den vera godt for? Ja ja, ho var høvisk menneske og smilte litt. Han likte det ikkje, og sa høgt: — Ein skulde forherde seg mot han. Ein skulde forherde sjela si mot mangt! Det er synd vi ikkje gjer det.

Det stod ein frammand-kall der, Roald hørte sia det var styfaren hennes. Han såg på Roald og lo, stort og godhjarta. — Jau jau, sa han, og så gjekk dei oppover

med ungane mellom seg, i havlufta.

Nei sjøen hadde Roald ikkje noko med. Han snakka med foreldra om det. Først fekk han gå jordbruksskolen, så han hadde fast grunn under seg. Det gledde dem godt, såg han. Sjølve kalle, det fekk komma når det kom, og slik det kom, men om det kunde han ikkje snakke. Mor ho skjønnte han nok.

Litt sjøsjuk vart han gåande for det første. Live kunde jamenn vera bannsett når det snudde den sida mot ein. I fjor sommar da han var her da kjente han seg så rik. Han hadde ein budskap til menneska. Der gjekk store ting gjennom han. Mangt var barnetankar og draum, visst og sant ja, men sanninga i det var der da, — ho var der ennå?

Det kjente han når han møtte Enka. Han snakka verkeleg med henne, berre nokre ord om små ting, om ingenting, ho såg opp og svara litt meir for kvar gong. Der hadde lagt seg ein kveldfred kring henne. Henne kunde ikkje han trøste, og det var heller ikkje slik meint. Men han måtte kjenne seg skyldig til det, skyldig til å vera noko for alle, han var ikkje skapt til å gå unyttig i verda. For det var ikkje sant at menneske er vondt frå barndommen av, vi *er* det ikkje, og vi *vil* ikkje vera det, kjenn etter! Det måtte da finnas ord til å seie slikt med òg?

Slik fekk ho det til å røre seg i han, så det både vermtte og kjølte, enda ho vilde le om han sa det.

Han visste litt meir om seg sjøl etter kvart. Han hadde vore smågut alt for lenge, for han var det ikkje da han skulde vera det; han trudde han tenkte på andre når han tenkte ut framtida for seg sjøl. Han såg mangt slik i denne tida, såg seg sjøl i ord og gjerning frå da og da, han måtte smile ofte og skamfullt: Arme devel, kva sa du ikkje den gongen? Og særlig den gongen. Men verst var du lel da du gjekk fram til talarstolen på ungdomsstemna og ga deg til og *refererte*, ubedt og 13 år gammal. Det var visst da du slo fast for kven som vilde høre det, at *det har komme mentalitet i folkesjela*.

Denne styfaren Helmer snakka han ofte med. Nei han tenkte ikkje å seie stort til han, for mannen var gammal og klok han, og sjølklok og alt det, men der var ei tru innunder alt han sa, noko som tok i ein. Og så var fru Kari der. Enka. Så det vart til at dei kom i ordskifte gong og annan. Nå ja, Helmer lo til mangt han, og sa sanningar og slikt, men ein gjekk ikkje fattigare frå han, og ikkje dummare

Og fru Kari, som *han* kalte henne, ho hørte på dem når ho var i nærleiken, og smilte aldri så lite med seg sjøl, sårande klokt somme gonger, men det kunde vera barnlig òg. Ho merka kanskje at han var ikkje berre ein pratlar og ein diktar. Ein gong vart han litt for heit, han kom med dryge meiningar om religionen vår. Fru Kari kremta og såg mangtydig på Helmer. Men Helmer småhumra til henne og sa:

— Vi drep da ikkje kattungen fordi han har klør.

Det var venlige ord frå den kanten. Men i denne tida vart han vår henne som heitte Vebjørn. All ting skapte seg om for han da. Det slo han ned. Kvar gong han møtte fru Kari var han redd at ho skulde merke det. Men så var han ikkje redd det meir. Vebjørn såg på han ein dag. Ho såg stort og vake på han, undra seg opent over kven han var. Neste gongen vart ho brydd og såg berre som all snarast på han. Sia fresta ho å ikkje sjå han. Der var da von i det eine som i det andre?

Da kom breve frå Mildrid.

Ho fortalde som det var, ho skulde bli mor, og han var faren, ingen av delene let seg nekte, dess verre. Så gale kunde det bli når to ungdommar let vera å tenke, skreiv ho, og *ho* lasta ingen av dem. Ho hadde ikkje fått mot til å seie han det der heime, hadde ikkje trudd ho skulde bli nøydd til å seie han det heller, men nå var ho det. Men kva skulde ho trive til? Ho hadde tenkt å bruke dei råder som fanns, men først vilde ho høre eit ord frå han. Ein kunde bera skade og skam, men der hadde ein mor og søsken, og dei kunde bli ein blodig kjær når ein laut tenke for alvor på dem. Aud var det verst for, ho var ikkje «over det» enda (men det var han utan skyld i).

Det var eit vakkert brev, Mildrid synt seg som ho var, eit stort menneske i nøda. Men hadde eit brev nokon gong komme og ødelagt så grovelig for ein stakar? Spør, så får du svar. Han kunde og burde ha skrivi mangt, men så kunde han det ikkje, han skreiv at ho måtte søke råd straks, og pålitelig råd. Det han åtte av pengar skulde bli sendt først han hørte frå henne att. Gud hjelpe oss baa to!

Der vart ikkje noko å høre frå henne. Gud veit kva ho hadde venta seg til svar frå han. Han kunde ha gjort den synda òg, at han gifta seg med henne visst det



var det ho ønska. Den straffa burde dei ha lidd båe to.

I staden kom det uhuglige hende i blada: ein dokter i den og den byen var skylda for fosterdrap. Ei bondegjente låg for døden. Sia stod der meir om det, gjenta var utanfor fare, dokteren var sett under tiltale o. s. b. Og da far hadde vore i byen ei ferd, spurde han om det var ei av døtterne på Vikland det hadde gått så gale med, for det hadde han hørt, — han ho var forlova med nekte at han var barnfaren.

Roald iddest ikkje svara. Dei skjønnte visst eller såg kven som var barnfaren. Han mumla berre at det heile måtte vera løgn. Det vona han òg, for det var svartare enn døden, helvete hadde skapt om ei løgn til sanning. Han gjekk og vavra i ei natt av nyttelause bønner.

For dei hadde breve hans. Inga bønn eller tru kunde brenne det. Rettnå brente det han.

Han vente seg til det etter kvart. Og da han ikkje hørte meir, tok vona til og pinte han.

Jordbruksskolen sa han farvel til for dette åre. Mor og far undra seg. Han sa han fekk røyne sjøen ein vinter, dei hadde rom for han på skjøyta nå. Sjøl visste han godt det var ei kjerringtrøst. For Vebjørn kunde ingen ha reist ifrå, når ein først såg henne. Ikkje før ein hadde fått eit godt ord av henne, og det fekk aldri han, slik han hadde stelt seg. I grunnen gjekk han her og drømte med han venta på dauen.

Nå kom han i hug henne som barn òg, eit lite grev som dei andre, men ho sa noko underlig ein gong. Han kom over henne da ho lauga seg austi kvitsandvika. Dei andre to småkrika sprang sin veg, men ho stod rolig og såg på han. Ho hadde på seg eit rødt lite skjørt som sjøen sila og rann utor, ho hadde vore mordisk langt uti! Ho sa til han, fortrudde seg til han: — Eg har drømt at eg vart havfrue eg; det var moro det. Eg grodde i hop heile vegen frå her oppe og heilt ned, og så vart foteblada mine til ein blågrønn fiskespol, han var overhendig vakker og god å sømme med, du kunde aldri følgd meg gjennom båra! Ho tagde brått og stirde på han, for han var ein gutunge.

Tull! tenkte han visst. Nei *han* hadde drømt han: at der voks ut venger frå akslene hans, store kvite venger, han svaneflag med dem all lufta bortgjennom.

Vår herre veit, kanskje ho var ei havfrue nå, ei som berre kunde syne seg og synge for ein.

Sjøtrolle steig i vegen for han her om dagen, stod i eit lydløst hat og stirde på han med fiskeauga sine, dei lyste som grønngammalt glas. — Jaså, sa han endelig. Det er henne du vil til livs nå. Dermed lo han. Vondskapen kokte og lo i han så ein måtte grøsse. Endelig gjekk han. Ein hørte at *han* bad ikkje frels oss frå det vonde, lat det berre få skje!

Roald fekk ikkje sjå Vebjørn den dagen.

Det fekk han kvelden etter, men det var nå ein kveld for seg det.

## SJØTROLLE

### I.

Det vilde ikkje Ludvik nei, her han gjekk, legge seg borti develens gjerningar og dei ting. Ingen la seg imellom da Inger måtte li lagnaen sin, dei tok seg i vare for det, hyklarane. Inger som var einaste barne hans på denne jord. Ho hadde ei tullet mor ho, og berre han til far. Dei sendte henne heim til han da ho ikkje visste av seg meir.

Tullet, ho? Han kunde fortelle dem korles det var, han: Ho torde ikkje veta nokon ting av det dei hadde gjort med henne. Men sjå, det torde dei ikkje tilstå for seg sjøl. Ho skulde ha det òg, Inger, at ho var tullmenneske. Det arga han inn i eit lite helvet mange gonger. Her gjekk han og stabba. Sia skulde han ventelig ned i glohelvete og li straffa for ugjerningane deres. Og dei skulde sitte ved stasborde oppi himmelen og skine som sola, som lyskrona i kjerka. Der skulde Inger ha vore, det var hennes rom. Dei sytte nok for at ho ikkje kom der san.

Men her kom kanskje eit vestavêr ein gong, storhave kom inn og renska bort heile menneskesørpa, på kvar ei øy og langt inn i lande. Da fekk gamlingen frammandfolk så det monna litt!

For storhave hadde Ludvik set. Det var utan grenser det. Eit godt hav å segle på. Ein pløyde seg over det med skip. Dampskipe det går fram med makt og mynde, å jøss, Inger! Men så søkk det under oss ein dag, ei natt. Og vi blir

Men så, Ludvik, så kjem du heim, og da har du einkvart i kista di. Skipskista, det er ein venn det. Den einaste du har av det slage. Han mista henne ein gong. Han gret ikkje, det gjorde ikkje jungmannen Ludvik nei. Men så kjem du heim ein gong og har kista med deg. Det er første gongen du kjem heim frå *ferd*. Og heime der er mor. Ho er eit godt menneske, ho gret da han reiste. Der er søster òg, ho er eldre enn han; ho er noko for seg til menneske. Og så Anton, veslebror, han ventar nok han òg. Berre vent lite granne nå!

Ja det var ein gong i live det, gutar. Tre år borte. Han såg det og hørt det alt sammen førut, i eit syn han fekk. — Å herre gud! seier mor ho. Er det du da? seier ho, *er* det du det der? Ho seier mange vakre ord, og gret gjer ho òg. Men han låste opp kista si. Der var skrine til henne, og maken til skrin! Med lås og nøkkel til, sølvnøkkel enten de trur det eller ei. Og da ho såg ned i skrine da vart ho mållaus. Da vart søster endelig vår han; han hadde aldri drømt om at ho skulde bli halvparten så vår han. Og gaven ho fekk den vart ho på gråten over, så fin ein ring var det, med så dyr ein perlestein i. Det var gave som høvde *henne*. Ho tok i kring han. Betterde gjorde ho det ja! Vesle Anton, som hadde blitt så stor, han la på dør med pistolen sin, han skaut så det smala i fjelle, og ropte hurra og hei.

Live var hurra og hei den tida.

Men han, Ludviken deres, han ser på gamle stua han. Nakne stokkeveggene uta og inna. Det skal bli anna pallas det. Mor treng snart ikkje skjemmas av stua si nei. Og så skal det bli stakitt framfor huse, har de set det nokon gong?

Han hørte livs levande kor mor skrytte til grannekonene, drakk kaffe og fortalde om den nye herligdommen: — Han Ludvik han —

Ja da. Men så *kom* gut-tassen heim. Kista bar han på aksla heilt frå brygga. Siste stykke var det nær på at han sprang. Høh! Kva skyndte han seg etter?

Mor møtte han utafør døra. Ho vart ståande og gapa. — Herre gud! sa ho, og det var rett nok, men andlete hennes var gale, ho vart ikkje det spytt glad, og så sa ho: — Kjem du *nå*, midt oppi elende her! Da stod han der da. Stod og var tosk med kista si. Inne låg søster hans og jamra seg, skulde ha ein unge, så ugift ho var. Himmelen hadde komme ned-dettande over dem. Anton stod bortved fjøsveggen. Andlete på han var mest ikkje til. Dei gjekk og sette seg nokonstan;

sat der to brør i breidd.

Ja så gjekk heimkommaren sin veg. Visste ikkje anna å ta seg til. Han fann nokre kammeratar, og så hadde han brennvin, og dei var vonde mot han først, men sia vart han verre mot dem, han vart full og rasande og knuste ein slipestein (det var visst det?). Sia fór han og raga, vilde i veg og drepa barnfaren, stordrepa han.

Så var ikkje det meir. Å pytt san, Ludvik han tok seg opp att. Han kom heim andre gonger den karen.

Han kom hit òg. Han fann seg ei kone han som andre. Ho hadde ei god hand å stryke han med. Og så gret ho når han var ute i stygt vêr, ho var så redd å miste han. Såg de henne? Nei da, de ser aldri anna enn det som er stygt. For de speilar dykk sjøl i oss andre, gjer de.

Ho vart tullet, påstår de. Nei da. Ho såg inn i framtida berre. Da barne var født, da såg ho korles blodhundane vilde fara åt med Inger. Sia sat ho der og stirde. Stirde ihel seg. Det er de skyld i alle i hop. Enn om 'n Ludvik drakk litt den tida, i dei lange svarte åra? Drakk seg i frå det litt? Enn om han banna nokre ord? Og jaga dykk frå huse når de kom lurande — kva satan var det de vilde sjå? Var det meg, når eg stelte ungen? Eller kunde ho ikkje få døy uset? Nå nei san. Ho måtte gjømme seg på loftet. De burde vore lempa på sunde kvar ein og ein! Men skitt med det nå. Eg sett meg, gjer eg.

Sjøtrolle kunde sitte utom veggen halve dagen somtid. Han spikka gjernast på ei flis, eller òg la han armane i kross og stirde rett fram, såg på ingenting. Han kunde sjå fredelig ut da, som steinen nedi fjæra. Sola skjein på den og på fleinskallen hans, på hårkransen og på skjeggkosten. Inger kom og sette seg i nærleiken, ho sat der like still som han. Dagen syntet fram andlete hennes, kor visna og sløkt det var, utan levande drag; ein syntes det var nake som berge breiddmed, og like langt bortafør von eller vonløyse.

Sat ho der, da fresta visst faren å synge, på sitt vis. Røsta hans murra og skura, mól som sjøduren kring lande. Det minte om eit slag song like vel, djupt nedanfrå mørkre nokonstad. Folk vilde helst ikkje høre på det. For det skilde da ikkje dem?

Da sat han og synte Inger det vakraste han hadde set, rare ting frå mange stader, slik det kom i mot han i tankane; dei fór vidt da og hadde det rimelig. Inger skjønnte alt ho. Han fortalde om mor hennes. Det var så synd ho ikkje hadde set henne. Det vart til ein låg og fin tone det, som sommarvinden når han kved i dørene for ein.

Men når han gjekk bortetter berga, og stana litt og gjekk att, da sa han all verda sanninga midt i tryne. Han såg dommedagen kom som gravsvarte båreveggen med elden skinande oppi fakse. Han mana han til å komma. Det skulde bli litt ulåt i verda da, vilde han tru. «Sørv dem rait!» sa han på sjømannsspråke, det vilde seie så mykje som at dei fortente alt og meir til.

Og da stod han fram og vitna for han som kom: — Der ser du Inger. Fanns ikkje meir skyldlaust barn enn ho var. Du skulde set henne den dagen ho fekk reise heimefrå. Andlete hennes var som ein godvêrsmorgon, var det. Skulde eg ha nekta henne å reise? Det kunde du ja, som er *hard*.

Så kom ho heim att. Ingen skjønner korles ho fann vegen heim. Lensmannen? Nå er du idiot igjen. Eg vilde ikkje sjå han. Dei held i hop, heile sørpa. Du held med dem du òg, kom ikkje og *fortel* nokon ting. Kvifor kom du ikkje før med denne dagen din? Kva var det du bala så med da Inger trong hjelpa di?

Han sette treskoen hardt mot steingrunnen. Hadde han kjeppen i hand hytta han mot høge blånaen over seg, gjorde majestetsbrott mot Herren, nett fordi han visste det var synd!

Henne sendte dei heim til han. Umulig, drepande umulig å få jaga frå seg den dagen. Han berre er der like bannsett han.

Han såg ein neger i utlande, svarte armingen sprang seg beint ned i ei tom dokk, på lyse dagen, låg der steindau. Kvifor det? Han vilde berge live sitt, polisen og loven var etter han. Dauare neger har ingen set. Ein gutfåne lo til det. Styrmannen slo han i dekk. Skitt med han, han kom seg oppatt. Einkvan dasken har ein da fått. Ein har set mange ting. Berre ein slapp å sjå att dem! Nei da, det slepp ikkje han som her står. Ein smågut banka ein hest ein gong — —

Nei men i Italia såg han eit hestkrek som var så utkjørt at han måtte løfte på alle fire føtene i samme stunda, men da låg han der flat på gata. Og da bar det liksom til å banke. — Dio mio! skreik kjerringane, og det vil vel seie at develen han ta heile hesten han! Slik er folk.

## II.

Inger sendte dei heim til han, *etterpå*.

Det var noko vakkert inni han dei drap den gongen. Det var ein tone var det. Ja og så vekte dei opp noko inni han, noko som sov. Som skulde ha sove evig.

Nå piner dei han til å leva opp att både eitt og anna. Ting som aldri har hendt han, forbanna ei nei! Dei sitt og ønskar han må sjå det, til han lyt gi seg og ser og ser, som ein var i helvete.

Men *dei* ser ikkje. Dei ser ikkje korles den bonden der aust fór fram mot vesle Inger. Det er far hennes som må sjå det òg. Gjentungen var 17 år den gongen. Bort, seier eg, bort med heile syne!

Ei kjerring flådde ein levande ål, ho hadde ein spiker gjennom hovude hans og i veggen. Ålen arbeidde hardt. Og kjerringa sa, han er da dau, sju, men han er så dum han skjønner det ikkje. Dei trur Inger skjønner heller ikkje nokon ting. Trur ikkje ho minns valdtekta og heile styggedommen.

Med kvart, da får dei han til å tru at det er *han* som har gjort det! Det får dei han til ja, brannane, dyrplagarane! Men ennå veit Sjøtrolle att fram på seg, berre vast urlite. Men så manar dei fram eit anna gjenteandlet, det er kvitt av redsel, det stirrer steins blindt på han, men han kan ikkje spara henne, han er eit dyr. Men det er løgn er det, berre ein styggdraum frå gamle dagar, frå eksisen, frå eit vedskjul — kven fan hadde dømt han, sjøgasten, til denne eksisen deres? Hadde han søkt om å komma der?

Det er ein draum som har liggi og sove inni han. Ho skrik, beiste, ho lyg! Bort med deg!

Det var bort han sa når dei påstod han gjøydde. — Bedre vêr i morgo, sa dei, Sjøtrolle gjøydde i sta.

Nei aldri hadde han narra eit kvinnfolk. Det var kvinnfolka som hadde narra han. Ho som døde, ho strauk han ho, mange gonger. Ho hadde hender til det.

— «Herrens sverd og Gideons!» godt folk. Dagen er over dykk. «Thi som salmisten seier i sitt *vers!*»

Det sa han helst når han var åleine, uti oddane eller i båten. Han hørte opp i under på måle sitt. Det let da vettugt, og tett ved han var det, eit levande læte for Gud og alle menneska. Ein vettug mann hadde orde.

Og *om* han hadde tulla i skodda ein gong før i tida, i historisk tid, dødt skal da vera dødt lell? Om han nå pinte ein fugleunge ein gong? Ein trør da i hel mauren òg når ein går og marsjerer soldat bortetter ein hard veg, mange ting skjer. I dag er det Ludvik sin dag, du ser det over Øyvære og all veg utover, skyene står og skin vesti hav.

Inger kan ikkje folk ta frå han. Ho vaknar ein dag og seier far. Ja, svarar han da. Du er Inger. Du har berre drømt. Nå er det lyse dagen. Og da smiler ho.

Da såg han seg i kring, slik han gjorde det første dagen han kom her. Have var vidare her enn når du låg og flaut utpå det. Sjøtrolle hadde mange fine dagar.

Men så kom denne gjerningsmannen hit. Helmer den bonden kom veltande utover oss. Less som han ikkje hadde hatt noko med ein gjentunge å gjera, han såg hunden flette meg beint inn i sjela på folk og var skyldlaus mann. Slik gjer den som er skyldig. For resten da så, Ludvik hadde spurt eitt og anna om han òg, austafrå.

Her kjem han tråvande, bondehesten, og vil trø deg ned, der er slik ein snøs i nasen på han at det er svære ting. Ein slik ein eig ikkje samvett eller noko anna slag vett, det er han salig fri for. — Men eg vil nå varsku han før eg skuvar han utfor steinbrygga og hiver det gamle ankere oppå han. Det ligg og ventar på han det, rødare i leten for kvar dag det lyt vente. Her er kvennsteinen din, vil eg seie.

Sjå på denne stasdokka hans. Det er han sjøl som er far til ungane hennes. Og enda ser ho på deg og tykkjer synd i deg. Ser på deg så du tørrbannar. Å jöss, ho skulde vore *medfare* slik at! Ja berre vent, Helmer.

Og så kjem han, hyklaren, og skal sone straffa si her, for alle gongene. Ror tarane rundt og småfiskar i armoda si, for han veit det er'n Ludvik som har tatt det på seg, tatt på seg straffa for alle udyra og ror småfiskar-skamma si her. Snilefiskar og paddejeger, sa vi til sjøss. Måtte rett gud inderlig og betterde han! Berre vent, Helmer —

Ludvik hadde ei gjente på fange ein kveld, men der kom ein irlender eller ein annan ludder-venn og skråla om at menneske var hans. Du kunde knepe med å

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
slå ned ein slik ein, platt i dekk, — ål rait, sørr, du banna på tre språk og let han ha kjerringa si, god natt og takk for her! Du spente ned krusifikse i ludderheimen og gjekk, enda dei babla språk etter deg og vinka med flaske og glas. Fordømte reiveungane, men det var nå snildt folk like vel det da.

Han hadde den lykka at han kunde spela på eit par kvitkjeppar utor fjæra. Det vart gjerne ein slått frå eksisen eller utlande, han gnudde fele så vårhendt og vidunderlig og song teksten utan lyd: — «Han Gammalerik spela på positiv, og alle hans englar på tra-la-liv. Herregud i himmelen som all ting veit, skaff meg ei kjerring som er diger og feit!» Men han såg seg *vel* om før han la i veg med den, for den bønna hans skulde dei ikkje veta noko om. Ho som døde var i tankane hans ofte nok, der kom berre ein poesi over han stund og anna slik, om ei som var hoss han og som tålte *alt*.

Ho som døde ho såg han i den store prøva. Det var ei prøve ja, for dem baa. Det var i sunde her, eit kvinnfolk snubla i båten og datt i sjøen. Han var nedved stranda, og kona hans kom just og bad han heim til middags. Dette kvinnemenneske var ho så redd, trudde ho vilde ta frå henne heile Ludviken hennes (sjøl veit kva ho vilde òg, men tvi med det!). Kvinnfolke skreik, og kona ho såg på *han*, slik og slik, — kva skulde han gjera, fortel meg det? Han jumpa uti like vel, og han fekk tak i menneske og ryggsømte til lands med henne. Og da hendte just det han hadde frykta for, han sømte av seg buksa, for han brukte ikkje sælar han, og så kom han i land naken frå belte og ned, folk stod der mann av hus og kopte.

Kona hans stod still og lei skamma hans. Dei var så nygifte den tida. Men ho tålte det ikkje for vel. Ho vart gåande og komma i hug det. Ho skjønte ikkje det eine, og ikkje det andre heller.

Men rettnå kjem syndfloa, trøsta han seg. Nokon kvar var redd for det, såg han. Herren er stor. Da vaknar Inger og syng for oss. Inger song for resten nå òg, somme kveldane. Da heldt han gjerne for øra. Men det måtte vel låte slik når *ho* skulde kvede om live sitt.

Han spurde Helmer beint ut ein dagen: — Du er vel ikkje redd Vårherre heller du?

Da fjamsa Helmer og snakka om develen, at den mannen stemte ikkje han på.

Det såg snart ut som Inger var einaste vettuge menneske her i være. Berre ein



fann på noko til klea åt henne. Kjerringa hans Torger var ei gjeit austant fjella. Ho kom med klea til Inger. Ho ønska vel at Sjøtrolle skulde forbarme seg over henne, over barnløysa hennes. Han let henne gå heim med gaven sin like uhjelpet som ho kom. Nei før han kjøpte på det vise, før skulde han røve kleane av eit levande menneske. For resten så skulde han binde seg laksnot og fiske laks til sommaren, Inger skulde bli kledd. Ho var så lita ei tid, han vaska og stelte henne; ho låg som ein naken fugl i handa hans.

Og elles så stod nå ikkje verda til dommedags heller. Det var ei trøst.

Berre vent og sjå. Sjå på storsjøen. Han blir verre for kvar gongen han kjem. Før jul blir han nask.

Sjøen var borte ei lang tid nå, la de merke til det? Ei natta her var det hund' ta ikkje vatn i sunde. Men sjå, de sov de, grisa og sov alle sammen. De lyt opp på dekk når han kjem att, eg skal purre dykk eg. Eller nei, gutar. Eg er Sjøtrolle, eg legg meg ikkje borti Satans gjerningar eller noko av det slage, ikkje om bord i Øyvære i alle fall, tvi!

Han stappa treskoen i berge hardare enn vanlig, traska og gjekk. Inger såg etter han og skjønnte han.

## [DA GUD RØMTE LANDE](#)

### I.

Sjøtrolle sa det samme med seg sjøl den kvelden han stod på haugen i lag med dei andre, *den kvelden*, så å seie. Han la seg ikkje borti det. Lat berre sjøen vekse. Han gjekk heim og stelte kveldsmat for Inger og seg. Det var fort laga og fort ete, det var kaldgraut med litt sirup på. Inger åt det han sette fram, når ho berre fekk bruke sitt eige verkty.

I kveld hadde ho ete meir hadde der meir vore. Etterpå gjekk ho og togg i seg ei tørrfiskflis. Ho var eit grann meir livlig enn elles. Det var vel fordi det lyste i bedehuse.

Dei let lampene brenne der, til eit minne om at det gjekk skit med møte deres, trudde han. Han såg denne Roald frå Langholmen her enda. Gjekk der og venta,

Enka (liksom *ho* var Enke!). Ho såg etter denne gutfånen, ho var sjuk i auga som ei katte. Ja da, jøss da, nå smilte ho, for Roald helsa på henne. Han var ein gjentefiskar, så dum han såg ut i andlete. Sjøtrolle lo litt og såg heller på sjøen. Gud gi at han voks!

Inger såg helst på desse enkeungane ho. Han vilde ikkje nekte henne det. Ho burde ha spytt på dem, for dei drog seg unda henne. Storkjeften sin brukte dei ikkje på henne lel. Ho var dem for uskyldig til det.

Nå snudde ho seg mot faren og snakka. Det gjorde ho sjelden, og lite skjønnte han gjerne av det ho sa. Men nå pekte ho vest på Nakken og sa vonoms friskare: — Der er ein mann oppå himmelfjelle vårt. Han ser Amerika han nå. Han må sitte, gut, det er for lågt under himmelen der oppå.

Ein såg det rørte seg der oppe ja, ein svart ting mot berr himmel. Sia hørte dei det var Kristian, han som losjerte i Iverstua, han rømte dit med kona og ungen for dei var redd storsjøen. Sjøen kom ikkje med nåde nei. Men vøre stod kur stilt; det blikka sørpå sjøen når månelyse fall på han.

Sjøtrolle slo fast at Roald gjekk frå Enka og vestover, ho stod att som ho var spytt på. Det var denne førkjeungen vestpå han var ute etter nå. Tjyven ta han! Han hadde elles varskudd slarken om at han skjønnte han. Inger, stakar, ho såg etter gutslauren ho òg, i kveld. Mest som ho fresta å komma i hug nokon ting frå før i tida. Så song ho litt. Ho hadde ein fin tone i seg når ho berre fann han fram.

Roald hadde hatt vonde dagar i det siste. Gjermund Vikland svara på eit brev. Han fortalde nokre få kvardagslige ting, men tankane sine hadde han visst annanstads. Så nemnte han at mora var nedfor, for det hendte så mykje vondt i verda, — og dei som var skyld i det dei sa han farvel til og takk for lage. Og så kalde namne under, med helsing føre, rett nok, men det var meir som eit trugsmål enn noko anna. — Nedst på papire stod det rabla ned at han kunde helse frå lensmannsfullmekten, han var snart på veg vestover.

Det var som han fekk eit vått segl slått i kring nakne kroppen. For det var avgjort da at dei kom her og henta han, og det tålte han ikkje tenke på, han fekk reise lensmannen i møte. Det var vel breve sitt han skulde svara for. Dei fekk i guds namn ta han. Så var han da ferdig mann. Slik vart det. Ja. Men han hadde far og mor, her var *dei*, det var halvveges som han opendaga dem nå først. Dei

gjekk her og trudde på han, trudde reint lysblindt på han. Kva var dei utan den trua. Korles vart andleta deres når dei fekk høre om ulykka?

Vebjørge fekk han ikkje tenke på. Men to gonger i det siste hadde ho gitt han blikke sitt!

I dag flaug der ei glede i han. Der kom ein frammandkar med skyss austafra, og det var *ikkje* lensmannsskyssen! — Symaskin-agenten, hørte han mor sa, herre gud, kjem han nå og tar att maskina som Vebjørge kjøpte i fjor? Her i vår pinte dei til nokre kroner da han kom, men nå da, når faren er på sjukehuse, der finns ikkje skilling heime. Han burde vore nekta landgang her ute i fattigdommen!

Mor hadde ingen baktanke med det ho sa. Roald var innom etter lommeboka og kilte over sunde, fór snarvegen frammed stranda og vilde nå karen oppved stua der vest. Det tulla og lo i han, at bedehuskvinner, — ja pengar er ikkje til for dem, men ei elska symaskin? Der blir nok det verdslige dem for sterkt. Han ønska uvêre over denne pengesugaren, men han var storlig glad for han kom. Han kom i hug lensmannen i det samme og bad inderlig at båten hans gjekk under, ja han ønska i samme renne at heile være måtte gå under visst lensmannen kom!

Han nådde att karen ved stuenåva der vestpå. Roald fortalde lågmælt korles det stod til der i huse, og spurde om agenten vilde ta mot førti kroner og snu heim, og så tie om det? Og det vilde agenten, han kvitterte som seg bør og rusla ned til båten og fór.

Roald vart ståande. Ikkje ei sjel synte seg ute. Vebjørge og yngstebroren hennes var tosammen heime. Dei måtte da ha set maskinkremmaren? Kva tenkte dei når han aldri kom inn? Dei burde ingen ting få veta om dette. Berre ørande lite, som skynten av ein tanke om det, ei aldri så lita tru.

Han kjente kor god tørvrøyken deres var, så heimefattig og truverdig. Ja ja, fred med huse deres!

Han rodde heim. Sunde var som eit islagt vatn, så blankt var det. Han kom i hug lensmannen att, han kjente fullmekten frå eit par kortspelkveldar på Vikland; dette var siste åre dei to herreda hadde lensmann i lag. I kveld kom han her ikkje, gudskjelov.

Han var inne og åt nónsmaten, gjekk så ut att, for det var da litt meir ro der.

Og vøre var uvanlig vakkert nå mot avdaginga, det løfta rart i ein fredlaus ein.

Han hørte motorkakkinga før han fekk set seg i kring. Ja vel, det klang ein massinglyd frå den motoren, det stemte fint det. Lensmannsbåten hadde han hørt før. Nå slo det våte segle i kring ein att.

— Bera meg nå bort på ei stikke! sa han, men det var eit ord dei sa når einkvan småtingen gjekk dem i mot. Han tørka seg over andlete, men det nytta ikkje å løyne kaldsveitten nå. Alt han såg på sa farvel til han. Han hørte mor skramla i kjøkkene.

Båten la til på nordsida, meir kjent var dei ikkje her ute. Der var da som ei hjelp i det, for så kunde han ro over og møte dem der. I småguttida kraup han under ein storstein ein gong, det bles så for gale, og straks etter hivde stormen nausttake dit han stod nyst før. Så var live berga *den* gongen.

Fullmekten helsa, det vanta ikkje det, men han vilde visst nødig sjå syndaren i auga. Som ventande var.

— Jaså, De kjem nå, sa Roald. Ja her kjem eg òg. Eg nektar ikkje noko av det.

Den andre vilde til å seie einkvart, men så hørte han det Roald sa, og såg på han. Som ein fiende, tenkte Roald, og det retta han opp. — Eg er utlagt både til barnfar og barnmordar nå da? spurde han hardt, han var tørr i munnen som han skulde vera svidd.

— De? Fullmekten klipte kringt med augelokka. Andlete hans var ope og fritt, men nå fresta han å smile devel. — De? sa han enda ein gong. Jaså? Jaså. Nei skryt nå med måte. De vart ikkje nemnt i den saka; ho var da forlova gjente. Jaså! smålo han med seg sjøl.

Lande låg mest kolmørkt på bae sider av sunde, men sunde sjøl det lyste, låg der med ein liten dag mellom dei svarte strendene. Skyene stod med lys i seg dei òg, i så mild ei ro. Litt frammandt var det eine som det andre. Men fullmekten her var det mest utrulige, ei svart gåte, — rettnå lyste visst han òg.

Ein kom da til seg att. Fullmekten spurde etter ein som ga seg ut for symaskin-agent. Roald fortalde at han alt hadde fare sin veg, og spurde litt langkjaka om han ikkje *var* agent, han fór da med ei slik kasse? Fullmekten banna einkvart med seg sjøl og sa han hadde heftas lenge nok, kjeltringen fór og

Da dei var i båten kom læraren med veska si og bad om å få bli med austover, dit eller dit, eit nausynt erend! Det fekk han.

Skremt av sjøen her, dømte Roald. Lykksam reis! Det samme tenkte han om dei førti kronene. Maskina var berga. Han stod litt og vilde tenke, gjekk og glåmte i lufta eit tak, sluntra så i veg opp på haugen, det stod nokre der før. Han måtte fortele om agenten og lensmannskyssen, men han var så ihoprista han iddes ikkje seie stort.

Mildrid var noko underlig og langt unda. Ho var som kveldsrødnaen uti nordvesten, kom det for han, slikt eit vedkjømelig farvel. Ei stjerne stod òg der uti og brann, ho glødde seg gjennom skya tak for tak. Det var mest så ho svidde inni samvette på ein. Men han tenkte på Vebjørn, og ønska heitt at storsjøen måtte vera miskunnsam mot Øyvære denne gongen òg; — som så ofte før! minte han Vårherre om. For hennes skyld, vilde han òg ha sagt.

Ein liten gut i være heitte Herlaug. Han var dotterdottersonen til gammalfolke, dei som låg til sengs, og han var nykommar her. Derfor hørtes han så mykje dummare enn han var, i sær når han sa noko om sjøbruk og båtar.

Han hadde gjerne romme sitt ved husnáva. Der stod han nå òg. Han såg just på fartye hans Erik Bergan, for det hadde komme seg laust nå, og på storbåten som stod der på vatne og var så gammal. Han snakka halvhøgt om det han såg.

— Der sett fartye opp segle sitt. Der smell-smell det i det. Der tok det ungen sin og gjekk sin veg. Det banka og fór, det vilde ikkje vera her lenger. Det blir svart i sunde nå. Gammalbåten han blir åleine i natt. Han blir mørkredd da.

Herlaug gret aldri så lite. Det var slik, ei stund om kvelden. Han kom i hug mor; ho var død ho, kom aldri att meir. Ikkje var Eli her heller. Ho var borte hoss folk, for ho var så stor. Bort til folk skulde han òg, når han vart så stor. Men moster her ho var snild. Berre ho ikkje vilde vera mor hans, men det vilde ho det. Og mormor og morfar var snilde, men dei måtte visst døy snart.

Nå banka det ingen båt her meir. Og så vart det så mørkt. Han hadde seg inn litt fort.

Han pla fortele at han var oppkalla etter ein konge. Men det var ein raring til

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
konger, måtte dei tru, for han grov seg sjøl ned i jorda. Ungane her dei lo når han fortalde om det. Dei trudde visst det var berre berge alle stader, liksom her. Men dei var bra snilde. Dei flaug aldri på han.

Morfar låg og såg ut mot vindaug. Han brukte det. Men han såg ikkje noko større, han var for gammal til det. Han såg ikkje når det blinka i sjøen, såg ingen ting av det som er rart å sjå. Han såg visst berre det som er bortafor alle holmane, bortafor skya og uti der månen fer. Der vi er når vi søv.

Herlaug mota seg opp og fortalde at sjøen nådde langt inn på lande. Morfar svara at han hørte det. Han hørte mykje han, men mormor hørte ikkje noko. — Fartye gjekk bort i kveld, sa han. Ja. Morfar visste det òg. Men Jesus var her, sa han. Om Jesus snakka han kvar kveld, og da vart ein så trøytt. Moster var visst ned i bedehuse. Ho kom vel snart, og da fekk han mat. Men fartye det vilde ikkje vera her lenger.

Torger sa til Borghild da dei var nede av haugen att, han stod og såg kor breitt sunde vart: — Hadde eg skjøyta heime nå, da trur eg vi fór vår veg vi òg. — Du seier ikkje det? Det hørt som ho klaga seg. — Nei, ikkje for alvor. Øyvære har da stått prøva si det, veit du. Men for deg som er uvant med sjøen? For han er ein grål, han vilde helst ta frå oss alt i hop. — Ho svara at her var andre som kunde bli meir redd enn ho. — Enka, tenkte han. Blir vi aldri kvitt henne tru?

Dei møtte henne straks etter, og det vart så dei stana. Dei såg lampene brann ned i bedehuse. Gong og annan såg dei skuggar av folk der inne; det var Iverfolka, ventelig, for dei hørte til der, litt meir enn andre. Enka fortalde om Kristian som rømte til Nakken, han og kona hadde blitt så livskremt her i før-natt. — Enda dei hadde bedehuse å vera i, sa Egil, gutnabben til Enka. Det får da ikkje sjøen lov å ta lel? — Å men enkemor! sa søstra, i natt treng vi vel ikkje å legge oss? Egil og eg skal sette eit merke når sjøen er på det høgste, til eit minnesmerke for ettertida. Dei andre less som dei ikkje hørte slikt snakk i kveld. Det høvde ikkje i denne kveldstilla.

Torger heldt eit lite auge med dei to kvinnene. Dei ser skyldlaust på einannan, dregs mot einannan, det går visst for seg i eit hat som dei ikkje veit noko om. Sjølvpinsla var ein uvakker flekk på folk.

Borghild friska seg opp og sa, det var så si sak å vera overgitt til have slik. Enda så vakkert det kunde syne seg mang ein gong. Enka lya eller såg etter

einkvart, så sa ho ha eller ja. Ennå hadde ho vålig blanke auga. Dei var glør gode nok for både mann og kvinne, visst ein ga seg til å sjå dem.

Ei lita kjøle av austavind kom andande da og da, ei venlig lita helsing frå andre stader i verda, der dei hadde det ansles enn her. Eller ein kjente det som ei hjelpande hand: utpå natta har vi kanskje austavinds-rokke her. Det tergar opp dønningen kan hende, men det skulde da sette storsjøen på plass, det har det ofte gjort.

— Der kjem 'n far sjøl, sa eit av barna da Helmer kom småsyngande ned frå haugen. Han syng voggevisa si nå. — Stjernemikkelen vår, sa den andre gapungen, for Helmer såg på stjernene òg, såg på mange ting han, men det var berre kjærleg sagt av ungen. — Og der smatt 'n Roald inn i bedehus-svala, sa dei. Det var ein Mikkel det, vart dei einige om. Mora tok borti gutungen, og da tagde dei. *Dei* kunde vel tie ja.

Det hadde mørkna fort med dei stod der. Sunde vilde ikkje syne seg stort lenger nå. Der vart ikkje meir trivelig for det. Einkvan gjekk med ei løkt frammed stranda litt lenger vest. Ho skjein på sjøen og synte kor blank han var, og kor høgt han nådde; han sleikte oppi nauste hans Iver, men det låg heller ikkje høgare enn bedehuse. Lysflekkene fór att og fram over sunde, skjena som smågrisene om sommaren. Men, det var ikkje sommaren nå, tvert om, det var seinhausten, det var i kveld dette her.

Være låg mo åleine uti have, det hadde aldri liggi så attglømt før i si levetid. Månen gløtta ned mellom skyene, men det var ikkje Øyvære han såg etter.

Dei sa godnatt, som vanlig. Ungane skulde inn og ha kveldsmat. Dei småkvinka, men da Helmer lo til dem ga dei seg straks. — Vi får da ta straffa vår, sukka Egil. — Blir det aldri straff nok? suttra Solveig. Mora gjekk med dem. Helmer småhumra til Torger og Borghild: — Vart det sjøgang nå, da vilde ikkje eg vera her. Da vilde bonden på land.

Torger såg austover. Der kuva haugen seg i vêre, vonoms høgare, bort i mot ei hushøgde over haugen her ved husa. Det var ikkje lenge sia Borghild og han var der. Han ruvde blekksvart mot skyhimmelen. Sjøtrolle, kom ein av dem til å tenke. Svarte einsemda, tykte ein annan. Eller ei fattigmannstrøst.

Folk drog opp båtane sine gong på gong. Litt var det, så kom sjøen flyttande etter med dem. Han skapte om på lande frå stund til stund, laga til viker og sund innover berge, så ein fekk snart ro over lone i staden for å gå. Nå gjekk han over grensa der han stana i gånatt, han gjekk som klokka, som tida. Månen lyste på sunde blenk og annan, der såg dei det slikt det *nå* var; eit frammandt hav der sjøhusa speila seg i blanke vatne.

Somme gonger vart skya kvit kring månen, kvitaste lammeulla å sjå til, ein annan gong synte der seg ei stjerne sør i himlane, evig langt unda, ho låg i kursen sin der ute og helsa ikkje hit. For det meste var det sløkt og mørkt over Øyvære. Fred på jorda så å seie.

Den eine eller den andre såg austover. Nå nei, tenkte dei, dampbåten kom ikkje. Det gjorde han ikkje i kveld nei. Ja og *om* han kom? Skulde dei ha rømt da? Dei vilde ikkje tenke på det. Rømme frå heimen sin — ein kunde da bli kaldsveitt om ein ikkje pinte seg med slike spørsmål.

Helmer gjekk seg på Iver, der han stod og såg på nauste sitt. Helmer spurde om han skulde hjelpe han å berge ut einkvart. Iver rista på hovude, var visst nær på å smile: der var ikkje noko att i nausta hoss folk nå for tida. Nå ja, meinte Helmer, nauste rømte vel ikkje til havs.

Iver snudde seg og såg på han. — Gud rår, sa han. Andlete hans var breitt og truverdigg. Det hadde stuttklipt skjegg mest heilt oppunder auga. Auga stod alltid beint på den han snakka med, truverdige dei òg, men tenksame, og stundom kunde ein sjå at eigarmannen sette *alt* i Guds hand.

— Men nå skulde ikkje folk vera i bedehuse lenger, sa Helmer. Det flyt snart. Vi burde tatt ein taug-kale og tjora det fast i einkvart.

Iver såg på han att. Han var kald i blikke, religiøs. — «Herrens hus skal stå,» heiter det.

Nå-å, sa Helmer, det heiter vel at Herrens *ord* skal stå? Kor som er så blir eg visst nøydd til å vera varg i veum i kveld, visst ikkje du sjøl jagar dem ut snart. Ser du sjøen, mann? He?

Han møtte eit blikk i tru og vanakt. Trua i det var fast som grunnfjelle: Herrens hus skulde stå.



Sjøtrolle kom tett framom dem, men det var Inger han gjekk og såg etter. Ho var så vidfarug i kveld. Det var likt til ho hadde ein liten fest for seg sjøl. Kanskje ho var i bedehuse, såltinge. Han hørte dem lang veg kor dei salma og song, kor dei strengeleika seg. Det var musikk for henne det.

Roald hørte òg songen, og han hørte ei mannsrøst i lage. Det var morbror Fridtjof, trefotingen, han hadde gått over til religionen han òg i det siste. Han hadde fått for seg at verda stod ikkje stort lenger nå, Roald hadde spurt han om det var trefoten som varsla han om det. Og når morbror var her, da var mor åleine på Langholmen, så han burde ha rodd over straks. Det var det òg, at på Langholmen var ein livtrygg om sjøen vart aldri så morsk.

Men han kunde ikkje fara heim i kveld. For det som hendte han da lensmannsbåten var her, — ja han kunde ikkje tru det var i verda han heldt til, det trudde han knapt ennå. Heile fortida hans hadde dei flytta bort, heile skammelige elende. Han kjente berre det svei litt etter denne smikken i andlete, fortelinga om Mildrid som frelste han. Nei men det låg over han som ein lovna, her må hende meir, det må det i kveld ja, det store utenkte må skje. For kva var det andre, alle framtidsdraumane hans, mot henne, mot Vebjørn?

Han hørte røsta hennes mellom dei andre, hørte visst gitarren hennes òg, ja han syntes høre klangen av sølvdropar mot ei tonande skål, langt bortanfor denne umilde harpinga på stålstrengene, Gud var sannelig på denne staden. Ho åtte ikkje tanke på han som stod her. Det var derfor han måtte ha henne.

Han gjekk inn att. Han måtte kunne mane henne ut med blikke sitt. Han som ikkje hadde lov til å tenke på ei kvinne, han hadde visst *den* lykka, eller ulykka, med seg?

Morbror Fridtjof sat der og song seg lykkelig. Slik var det nå. Før var han den einaste syndaren deres i være. Han var den einaste som drakk seg full, og da gapsnakka han fælt, men der til så spela han danseslåttar så dei hørte det inn i sjølvaste bedehuse. Og dei bad for han. Ein musikalsk og ulykkelig mann, dei bad heitt for denne motstandaren sin. Mor hans bleiv da han var ung, og det tok han seg så umåtes nær av. — Alt som skjer det skjer for kvinna si skyld, pla han seie når han var skjenkt. Det får nok du merke, spådde han Roald ein gong.

Første gongen dampbåten kom hit i fast rute, da drakk morbror seg så full at han braut av lårbeine, bae ting til ære for stunda, påstod han. Den dagen var eg

patriot, eg ofra både beine og live, fortalde han, men live fekk eg att! Han halta i kring og var like ugudelig. — Korles går det med deg? spurde dei da han kom heim med trefot. — Litt opp og ned, svara han og hinka av stad.

Men ein verdslig snild og hjelpsam mann var han, det skulde vera sagt. Det han åtte hadde han gitt frå seg til søstra og søstermannen, og nå åt han gavebrød bortpå Langholmen hoss dem.

Nå endelig hadde Herren tatt han. Da visste dei han tok dei andre òg snart, læraren hadde sagt det. Morbror song. Han var så frimodig glad i røsta, så sæl i blikke og alt andlete, kvinnene trudde for visst at han såg himmelen open nå. Bønnene deres hadde gjort det.

Roald hadde aldri tenkt på morbror anna enn som ein spelemanns-bytting, ein lykkelaus ein, av dem som er gitt undergangen i vald. Ja han tenkte ikkje større på han nå heller, det vermtte berre gjennom han at verda var full av undergjerningar og slikt, og der sat Vebjørng. Det slo ikkje til med ord eller tanke når han såg henne, ho var evig frammand og tapt for *han*.

Og enda visste han fullt vel at heile undere var det gamle, ein gut vilde ha ei gjente som han ikkje kunde få. Slikt kan ein veta ja, men kva hjelpte det? Når ho song den tonen ho song nå, da sette auga hennes seg fast langt ute, i ei av dei bortlengste stjernerne som himmelen eig. Og røsta fekk ein skjelv i seg av den samme sæla, frå den iskalde himmelske venleiken der ute. Gud hjelpe den som liten er da, som lyt *vone!*

Da kom Helmer inn. Han kom berre spakt, men like sjølsagt som vanlig, såg dem alle sammen og kvar for seg, og kremta. Der følgde ingen kulde med han, kremtinga hans var varm og vennesæl, men gitarrane var åt og vilde dåne lel. Berre morbror song han i møte med full røst.

Helmer hadde stått ute eit tak att. Han lya ut i den store lydløysa kring være. Sjøduren gjorde han dum mange gonger, ein kunde mest ikkje høre seg sjøl tenke. Men han var glad i skjærlyden om kveldane, godvêrs-søyen av skjæra og holmane, tonen av lande i sjøen. I kveld var alt slikt borte, og han sakna det. Han vart uroa av stilla.

Han kom i hug kveldar han hadde hørt storkobben, *ertna*, nord i skjærgaren her, det let uventa og nifst, vilde ha ein til å grøsse; småkarane torde ikkje høre

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
det meir enn første gongen. — Ho har eit uvakkert organ å synge med, spøkte han og likte seg. Ho hørtes ikkje i kveld ho heller.

Songen frå bedehuse møtte havnatta her ute. Helmer kom til å tenke på martyrsong, ein engleprotest mot naturen i oss og ikring oss. Ei mengd med armodslig vellyd sendt til himmels, men dei hadde han ikkje ansles, Gud hørte nok meininga, og ho var god: han måtte berge sine, berge alle om det var mulig. Naturen var dem ein mørk fiende.

Da hørte han båretlyden utafra yttaste skjæra. Det var ein totre sukkar berre, så hørte han samme lyden nærmare hitover grunnane. Han venta til han hørte det i sunde òg, der gjekk ei einslig kviskring fram-med strendene, og så skvala det innover berge tett ved han. Han hørte nye lyd-drag vestafra i det samme han vilde snu seg og gå inn i bedehuse.

Sjøtrolle og Inger var like ved han. Han visste ikkje av før han hadde sagt: — Kan ikkje du Inger hjelpe meg å få dem ut? Før sjøen kjem.

Ho ser på han, stort forundra. Lyse syner andlete hennes, kor levande det blir. Ho står mo still. Og det rare var at det murra ikkje eingong i Sjøtrolle. Meir tenkte ikkje Helmer på det, han gjekk inn midt i songen deres, med den nye havlyden i øra.

Der sat dei i ein halvkrins og ga seg over i song og spel. Han kjente att seg i det så han smått fraus, i søsken kjærleiken og trua deres, i himmel-lengten så hjartelig han var, så jordisk han var. Bakom dem låg Iver på kne ved katetere, med andlete i hendene, han hadde mista hel-ringen under eine sjøstøvlen sin, men det var hærverk å anse det nå, ein mann i bønn er ein ting for seg det.

Fridtjof sat i midten og hadde lampelyse beint på det vakre hovude sitt, spelemanns-andlete hans var forandra alt med seg av den nye lykka. Slik sat einkvan før ein gong. «Min sjel, min sjel, lov Herren!» svara det i Helmer, med den gamle tonen som hørte *han* til, akk herre gud ja, det gjorde det!

Der sitt kona til Iver, og dei to halvaksne døtterne deres og ein liten gut, der sitt Anna, dotterdottra åt gammalfolke, og Olina frå Torgerstua og så Vebjørg den vemodige gjenteskapningen frå Vestpå. Roald står ved døra; han er litt bleik. Det er dei ikkje fri dei andre heller, om det skin av andleta deres. Ja ja.

Helmer kremta høgt. Songen la seg. Andletsdraga svana ned, folk såg meir og

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
meir vanlig på han, og Iver slutta bøнна si, reiste seg og såg på Helmer han med,  
utan undring for resten.

— Venner, venner! tok Helmer til ords. Det er vakkert dette her, og Gud signe dykk han! Men sjøen er her, oppunder huse her, nå får de komma ut da. Han stig fort vekk. Venner, venner! kalla han på dem.

Roald såg dem i andleta. Iver synte ikkje noko, ikkje meir enn han gjorde når brottsjøen fyllte båten. Dei andre vart skremt og fattige, såg hit eller dit, og Vebjørng ho såg på *han*. Ho tok til seg auga straks att, slik ho vilde ha samla kjolen kring seg om vinden fór usømmelig fram mot henne, herre gud kor ho vilde ha samla han kring seg! Men blikke hennes hadde slått mot hans, så det song i dem båe to, syntes han.

— Sjøen sluttar å stige nå, sa Iver. Det er avgjort det, la han til. Men der fanns ei lita darring i mæle hans.

— Nei, sa Roald, han veks, sjå her! Han synte dem væta som kom innover golve.

— Han fell nå, svara Iver. Gud har gitt ordre om det.

Helmer smilte, men det var slett ikkje i noko slag velmakt. — Sjøborden er i vage, kunngjorde han, eg hørte han vestpå grunnane, vi veit ikkje av før han slår til. Da fer huse. *Kjenn!* ropte han.

Dei skvett opp. Iver ser på dem, han er barnemild i blikke, ser så på Helmer. Han forteler han at han har eit ord å seie han, har hatt det lenge, — men eg vilde læraren eller 'n Eivind skulde sagt det, seier han og ser ned. For dei er eldstemenner her, og dei har bedt mest for Dykk.

— Har de eldstemenner her òg, sukker Helmer. Så rettar han seg opp og seier høgare: — Kom med det, men fort, kom *ut* og gi meg det!

Iver stod like rolig. Han sveik ikkje trua si nei. Dei andre hadde reist seg. Det var liksom slutt med songen her for i kveld, enda dei skulde synge her heile natta. Fridtjof halta til dørs, vilde vel ut og sjå. Dei andre såg på Iver. Best det var sette Helmer i att:

— Men kjenn, godt folk, kjenn!

Og det kjente dei ja: huse rugga på seg, golve løfta seg med dem og seig ned att; tilvære svikta under dem. Dei hørte sjøen skvala kring veggene. Dei fór ut.

Sjøen vaska fram-med dei nye strendene han hadde skapt, dragsua var i fullt arbeid, så dei måtte springe skulde dei komma tørrskodd frå huse.

Helmer sa lågt til Iver: — Plag ikkje dei andre i alle fall. Lat dem gå. Vi to kan talas ved i morgo.

Iver tagde. Han såg ut som han tenkte på morgodagen. Dei går i breidd frammed vassmåle. Sjøen sukkar. Helmer syntes: som rakkaren når han smurte reipe omframt for ein venn. Dønningen sukkar *tungt* vestover, Flesinn og Langfalle tar til mæle, Nødsfalle som Helmer hadde døypt det, andre grunnar vaknar og tar i med. Månen syner bårerygger i sunde, dei kjem runde og blanke så fredsviljen skin av dem, men fan skulde tru dem, ein bonde gjer det ikkje.

Han stig ja, seier Helmer. — Ja vel, svarar Iver. Og *eg* skal ikkje protestere, legg han til, for han er ein verdig tapar, har ventelig tapt i bønna ein gong før, det hører til.

Dei såg folk oppå haugen, ein to tre småflokkar. Det var ikkje langt dit opp nå, haugen var blitt til ein låg rygg. Derifrå såg dei kvitranda om oddane. Med kvart kvitte det på brott lenger vest. Stundom viste have seg i månelyse for dem, det gjekk med blanksvarte dønningar i nattstilla, som eit barn leiker seg i einsemda. Så var det gjømt att.

Bedehusfolka stod for seg sjøl. Dei snakka om å gå att-ende til bedehuse, for det var der det var trygt å vera. Dei nynna på åndelige tonar nå òg, dei var hjartefyllt av høgtid. Helmer elska dem for det.

Roald stod utafør bedehuse att. For dit måtte ho komma, kven elles skulde slukke lampene der inne? Og med ho var der så fór huse, slik skulde det ventelig gå.

Da ho kom trudde han ikkje det var sant. Ho kom gåande i sømnen visst, kom beint mot han, saktna litt på ganga da ho vart vâr han, vilde til å gå utomkring han. Ingen ting var trulig i kveld, ingen ting var utrulig heller, han retta fram armene mot henne, og ho kom inn i famnen hans.

Hellige stund! tenkte han. «I denne natt,» syntes han det sa. Stort meir visste han ikkje for det første. Han heldt i henne så varhendt han kunde, kjente henne

liksom det skulde vera slik.

I staden fresta ho å sjå andlete hans. Han såg hennes òg, etter kvart. Han syntes sjå ho var rødlett, og at auga var smale og ulik seg. Han sa Vebjørn eit par gonger.

Da kom båra plaskande innover berge. Ho varsla at denne natta var ikkje til endes ennå, tvert i mot! Vebjørn gjømte andlete innved bringa hans, men berre som snarast, så vilde ho få sleppe laus, ho måtte inn i bedehuse; — eg *vil* det! sa ho og sleit handa si utor neven hans. Vi skal dit alle igjen, fortalde ho, — tør ikkje du bli med?

— Du blir her! sa han og heldt henne på nytt.

Men ho bad så lågt og så nær han; ho hadde eit hjelpelaust mål å be med. Han heldt hardt i kring den vesle kroppen hennes, — det hellige legeme hennes, fór det han i tankane, men da hørte han dei andre kom syngande, og i det samme kom nokon ut frå huse.

Det var Inger det, og ho song, høgt og lykkelig, og lo til, lo mot månen som skimta fram. — Det er gjort, det er gjort! kvad ho. Men sjå denne gullflyndra kor skjeivkjefta ho er! Sia snudde ho seg mot bedehuse og klukklo med seg sjøl. Ho var ikkje mindre tullet enn dei hadde trudd nei, stakar.

Sjøen hadde ikkje stige meir, vart dei vår som kom ned frå haugen. Pris skje Herren ja, nå gjekk undere for seg her! Roald fekk ein klump i halsen han òg, han vart til ein ørliten glad ein som fekk live til givings attåt alt det meir, attåt himmerike. Han tykte andleta deres var det vakraste han hadde set, omframt henne da, dei var så rørande glade og menneskelige midt i sigeren sin. Dei glømte reint å gå inn.

Helmer kom nedover att. Kari var med han. Han mulla og song han òg, berre lågt, men det let varmt og trygt i mørkre. Samstundes kom Iver frå sin kant. Dei stod litt og venta liksom at nå tok krigen til. Helmer lurte seg ned til gamle fartyankere, som han hadde flytta unda sjøen før, og bar det lenger opp.

Dei stod der og venta da han kom att. Han kremta og tok til ords. Han skjønte dem så godt, sa han. I natt trong dei einkvart å tru på, å ja ja san. Noko som var meir handgripelig enn Gud er, om det så berre var eit hus, men det måtte vera eit

Dei svara han i kor at sjøen hadde gitt seg nå, på Guds bud, såg han ikkje det? Han rista på hovude og sa at han berre ønska det. Dei skulde heller lye vestover, bad han. — Vestover? Dei hørte sjøbord-duren ja, som tusen kveldar før, men han som stogga sjøen her, han som stilna stormen med sitt allmaktsbud, trudde ikkje Helmer det slag på den mannen?

Han hørte angsten i den ovmodige tonen deres, og han kjente seg ikkje sprekare i vona han heller. — Eg trur ikkje huse her står over midnatt, svara han. Første tungalda som kjem, ho tar det. Berre ho gjorde det snart! sa han, det var som han mana og bad. Om ei stund spurde han Iver korles det gjekk med nauste hans.

— Nauste, sa Iver, og dermed gjekk han rolig gjennom båreskvale og opna svaldøra til bedehuse. Dei andre stod ferdige til å springe etter. Da lo Inger borti mørkre så dei kvakk. Iver vart ståande i døra, stod der som ein vantru ein. Litt om senn merka dei det òg: gråe parafinrøyken kom vålande ut frå huse, ja og rutene var blinda av røyk, det måtte vera brann der inne!

Torger kom til i det samme. Han og dei andre karane storma inn, men dei vart vist ut att, røyken vart dem litt for drepende.

— Det er gjort, det er gjort! song Inger med tullmenneske-måle sitt; somme snudde seg mot henne og hysjta. Låtten hennes fór gjennom mergen på dem, gjorde dem rare nokon kvar. Låte slik i kveld!

Torger kom att frå nauste sitt med ein diger presenning, bløyte han i sjøen som just kom frøsande og dreiv kvinnfolka att-ende, Roald hogg i med, og så fór dei inn med han, dei andre karane etter. Der småbrann det og rauk heile golve bortover, det var skvetta med parafin, og lampene var oppskruvde så dei osa skjære forgifta. Det var så vidt live hang i karane til dei fekk ut nokre ruter og hadde breidd presenningen utover golve, alt med huse skaka seg og sjøen kom veltande inn. Varmen fekk dei drepi, men dei lukta verre enn gris da dei kom ut, — så måtte dei inn att. Roald lo til Vebjørn, at nå torde han gå inn, men ho hørte det ikkje, ho var berre forfæld.

Borghild stod og småtrødde da Torger sprang inn på nytt. Kari stod der som enke og såg på. Ho la merke til at Roald snakka åt Vebjørn. Ho smilte til det, og slik på lag smilte eit flak av sjøen som månen lyste på. Nå hørte dei Helmer jaga

ut dei som var inne, det var likt til han kom lempande med Fridtjof. Fridtjof såg ut som han vilde kjenne litt nærmare på Helmer, men han kom i hug han var omvendt mann. Roald kom ut med gitarrane, og i det samme kom bedehuse flyttande innover berge.

Kvinnfolka let over seg og sprang unda. Have yvde seg ut, måtte ha meir rom, og det la eit drygt stykke land under seg. Så seig det att-ende med ein lang gjeisp, just som Iver hoppa ut av svala og stod i vatn til langt opp på lår. Han såg etter huse da han var innpå tørt land. Mange torde ikkje det. Huse vart ståande på hall ut mot sunde, men det stod da, Gud heldt det der!

Inger ga ein hikst frå seg, klaga seg i eit lite dyrelæte og tok i kring far sin. — Og så blir det vår tur? spurde ho. Han murra i skjegge, visste vel ikkje anna til svar. Eit kvinnemenneske, Olina var det visst, ropte så det svara kvelt i berge på Langholmen: — Lat oss falle på kne og be!

Dei bad stilt der dei stod, men litt var det så fór både bedehuse deres og nauste hans Iver. Der låg dei og flaut, var løfta og dratt ned att. Dei vart meir og meir vrak. Det var nifst å sjå. Båre etter båre kom sendande inn sunde, svart bakom svart, og kvitfossa frammed lande og innover det.

Helmer sa: — Nå får vi rømme vi som er redde. Vi har haugen austpå. Eller veit du ei anna råd? spurde han Torger.

Torger såg på sunde, på husa og det som var att av øya deres.

— Nei, sa Helmer, haugen austpå er ein skarvnaкке å bu på, men like vel, i natt —

— Ennå er det ikkje verre enn somme gonger før, sa Torger til Borghild. Han tok borti handa hennes, og ho tok over neven hans. Handa hennes var støtt uventa kald å ta på, men straks vermte ho oppgjennom armen og i all kroppen på han.

Kari gjekk frå dem, ho skulde sjå til barna sine. Det var utrulig som ho hadde levna til i det siste.

Der kom ei alde som bad dem vike enda nokre føtt. — Naturen er ein blinning, sa Helmer. — Naturen utan Gud ja, svara Fridtjof. — Jau jau. Helmer bengla ikkje på det, men han sa einkvart om at han likte 'n ikkje nett nå; — han ser meg bra gudlaus ut, let han. Vi får berge oss best vi kan.



— Der kjem det ein kvitsjø til, varskudde småguten hans Iver, og dei drog seg unda. Det var ein vålig ein som kom, han gjekk ovom naustveggene og spytta skum og rask etter folk. — Tvi vøre deg! var det nokon som sa, og det måtte dei mest le til.

Have dundra vestpå og frammed nordsida av øya. Skyene heldt på og gjekk dei òg, vide svarte flak kom utor natta der vest, gjømte månen og drog inn i natta der aust.

Berre ein flokk menneske stod her og såg dem, det var useielig lite det, — små menneske til med, men det kom på eitt ut nå, dei hadde dette live dei ikkje kunde undvera. Her kunde ikkje nokon annan heller ha stått fram og trua sjøen.

Best det var sa kona hans Iver, ho song det ut som ein god budskap: — Det er ikkje berre være som går under i natt, det er heile verda! Dødsredsla hørtes som ein jubel i røsta hennes, og dei andre kvinnene vart fengde av det og klaga seg i kor: — Herren er snart i skya, han kjem og hentar oss!

Iver tagde. Han var lite glad.

Torger seier høgt, ein stor mann der han står: — Nei være det går ikkje under. Det vil ikkje Gud veta av, det er vantrua som regjerer dykk nå. Snakk til dem du Iver som har andsvare, *du* har da set ei natt i Øyvære før?

Iver såg fortenkt på han. Eit verdslig menneske er eit menneske det òg, og i båten må ein lyde den som skal lydast, — og Torger hadde rett, på sitt vis, men kva visste *han* om Herrens makt og Herrens vilje? Iver sukka og gjekk etter dei andre, som tok vegen vestover og heim.

Helmer, Torger og Borghild kom eit stykke baketter. Før dei var over Lone kom sjøen spylande frå nordsida, så dei måtte springe siste stykke. Han lauga øya, som det heitte. Det var ikkje første gongen, det.

### III.

**K**ari hadde kledd på barna da Helmer kom inn. Ho kledde dem som dei skulde på ei sjøferd. Dei ropte hei til morfar, dette her var noko dei tykte om. Kari smilte ho òg, han skulde sjå at ho skjønnte tilstande i være, ho var ikkje så bortsomla som han hadde trudd.

— Ungane synes det tegnar til ei livall natt, sa ho.

Helmer smilte gudfaderlig ned over dem. Så bytta han på seg tørre strømpar, for sjøen hadde spytta i skone hans, skjemta han. — Det er ikkje noko lågsko-føre i natt nei, sa Egil. — Du som er så stutt i sula, sa Solveig, du får bukselommene fulle av sjø. Han smilte med tirande vondskapen i auga, så ho skjønnte han bad henne passe sine eigne bukselommer. Båe to visste at dei var fæle gapungar, men pytt, dei skulde bli folk sia, ein veks da av seg unotane?

Kari ønska dem ikkje ansles. Dei var så ulik far sin som dei kunde bli, det var det finaste ved dem, resten fekk vera utenkt. Men ho tok oppatt det som hadde vore tankefeste hennes i det siste, at om han kom til henne nå, ho vilde ha vist han frå seg med sopelimen. Barna hennes skulde ikkje sjå han, det var dei for gode til, dei var hennes barn.

Ho tenkte det like vel, i kveld gjorde ho det ja: Det var rart at just ho skulde vera fødd tapar. Ho hadde pintes godt under det i fleire år, breiddmed det at ho var fordømt til å elske berre ein einaste mann. Berre ein einaste ein ja. Det var urettvist. Alt slikt var ein skyld i sjøl, det var taparen støtt, men kva var det som gjorde det? Ein gong fekk ho vel veta det, når det var for seint.

I kveld synte Roald at henne såg ikkje han heller. Han såg snildt og hjartegodt på henne, ja fy fanken, men ikkje slik, der var ei anna lita gås som var live for han. Nei da, ho lasta han ikkje for det, så dum kunde ho ikkje få seg til å bli, forbarka ei, men ho kunde ikkje ha vunne han, ikkje han heller nei, om det var aldri så mykje om å gjera! Enda han var ein tapar han som ho, — det var vel derfor andlete hans sette seg så fast i ein?

Det var skremmelig kor dette tok makta frå henne. Det var som heile mannfolk-verda snudde henne ryggen, ja og som om det skilde henne noko større.

Ja visst kunde ho seie det var sjølgjort. Ho såg litt for djupt i dem, kunde ikkje la vera det, dei kjente på seg at ho smilte over dem. Da gjekk dei heller ein annan veg. Tok andlete sitt og gjekk til ei anna ei.

Denne stua her, eller bua rettare sagt, den òg vilde ta makta frå henne. Ho såg på henne att, som ho stod på flyttfot. Der var dei fire veggene, så tydelig og avgjort det kunde bli, ho hadde gjømt dem med illustrerte blad og annan pryde, men da først synte dei seg til gagns. Ja ja, ho hadde ikkje hatt anna å hjelpe seg

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html) med. Omnen var ein gammal rustut kokeomn for fiskarane, han var rusta til tennene, påstod ungane; den hadde ho fått blank, men det tok seg urimelig ut, og så hadde ho kalka take nyst, snøkvitt, slik at det la seg nedpå hovude åt ein. Reine tape alt sammen, men lat gå med det, for så skulde ein ha litt bedring i vente.

Til våren rømte ho her ifrå, trass i heile skamma. Morfar skulde ikkje døy fiskardauen her, det var han litt for god til, og barna skulde ikkje vekse opp her. Berre ho ikkje var så *trøytt*. Det ga seg når ho kom her ifrå, men denne vinteren gruva ho seg rett hjartelig for.

Ho lengta etter Målfrid. Men der stod skamma midt i vegen for henne. Målfrid den truskyldige gjenta ho gjekk seg beint inn i lykka. Kari, som var den kloke søstra hennes, ho hadde vasa seg hit. Nord og ned.

Sjøen hadde ho ikkje vett til å vera redd, trudde ho. Han var ein trulaus ein, men han var dum.

Ho kom i hug kona hans Torger. Så einfeld var ho, gudsengelen, ho frykta for at ein vilde ta frå henne mannen hennes. Det som er gull for ein sjøl det skal vera gull for andre òg. Torger var god nok han, på lag slik ein mann skal vera, men berre for den som var kona hans. Andre kvinner såg ikkje han. Borghild var eit trivelig menneske ho òg, men ein kunde vel ikkje for at ein gjerne vilde skremme henne aldri så lite? Ho gjorde da elles ære på ei enke, ho var redd henne og avundte henne barna hennes.

Nei ein vart idiot av denne einsemda, små ting saug seg fast på ein som skjela på berge, som ruren på fjæresteinene. Det var utrulig at folk her ute var så mykje til menneske som dei var.

Så hadde ho kledd på seg sjøl. Helmer hadde kledd seg bra han òg. Ho stod i døra, med ein unge i kvar handa, ei varm lita hand i kvar av sine, dei vermte som bønner og tru må gjera det, som to sugande munnar, syntes ho òg.

Skyene låg i fredelig síg over være, men der var ei vålig tyngd i dem. Sjøen braka, han ofsa seg opp og kom dundrande verre og verre, der var eit manndrepar-mot i han i natt, og Gud sjøl hadde berga seg tørskodd her ifrå, var utanfor heile spele han. Her var *dei*, om bord i dette øyvære, det vesle som var att av det, dei hadde kvitglisen av sjøane å live seg opp med. Og ho hadde desse to farlausingane å berge. Morfar tenkte elles for dem nå. Ingen kunde bli redd for barna sine når han var her.

Herre gud rett, var det ho som sørgde nyst over at ein unggut ikkje beit seg fast i henne. Ein forunderlig lokkande tust av ein gut for resten. Der var draum i blikke hans, og *mot*, han var så dumklok og god at du vilde ligge med han, beint ut tala. Skrót i heile gutlarven!

Helmer smått song og smått murra der han stod og tok takst på omverda. Snudde seg så, med ei stor avgjerd i seg, ein kunde sjå det på ålbogane hans at nå fekk det bli.

— Vi får komma oss austpå haugen, sa han. Her blir det for utrygt, for oss da.

Dei gjorde seg i stand fortast dei kunde. Dei bunta i hop sengkleane sine, raska med litt mat til ungene og termosflaska med varm kaffe, den glømte ikkje Helmer nei, det var livsgifta hans, pla han seie. Egil tulla han inn i ein klepank. — Slik gjer dei med lika til sjøss! suttra gutungen, men søstra trøsta han med at dei skulde ikkje kaste han i sjøen denne gongen.

Kari var uti skjåen etter eit gammalt sjal. Ho såg at Roald stod ikkje langt unda, han heldt på og tørka sotrøyk av andlete med lommeduken. Ho gjekk borttil han, lo litt og sa at andlete hans vart nok reinvaska før morgonen. — Men nå flyttar vi unda, sa ho, for her blir det ikkje verande.

Han smilte han òg.

— Kom og bli med austover! bad ho. De vil da ikkje sette live til her?

— Live? sa han, han såg litt tankespreidd på henne.

— De får ikkje lov til å bli att her — — hjelp oss å bera! tagg ho. Ho sprang inn, for nå hasta det visst.

Ja ha, så var dei faraferdige da, Helmer slengte børa med gutungen på ryggen, Kari tok gjentungen i handa, og så ga dei seg i veg.

Roald var ikkje å sjå meir. Nei visst.

Ved Austlone dei kalla nådde dei innpå Sjøtrolle og Inger, som stod der og tenkte seg over; han hadde eit brød under armen. Austlone er ikkje breit, men det er lågare enn det andre. Sjøen brukte seg stygt der i natt. Over måtte dei, men det var så som så med vegen, ein fekk springe kvikt skulde ein greie det mellom to sjøar, og glatt ein på den sleipe grunnen, da kom sjøen og tok ein. Han velta opp frå sunde, og han kom skomfossande frå nordsida.

— Det er ikkje så farlig som det er stygt, sa Helmer, for han trong å styrke seg nå.

Sjøtrolle kaldflirte, og mumla at det skulde åkertramparen austafra veta bra mykje om. Han vart enda meir arg, sette auga i syndaren og spurde høgt: — Du er da ikkje redd dauen du som er fritenkar lel?

Nå-å, svara Helmer, det var som det var med det. Han kom visst til å grøsse når det bar i herdinga. — Men nå lyt vi over enten vi pistar eller gjel, sa han. Kom nå!

Han sprang, med gut-panken på ryggen og gjenta i hand. Kari sprang breiddmed, og Inger ropte *hei* etter dem. Dei nådde over og opp, just som ein frøsar nordafra var i helane på dem. Kari og Solveig hadde skone fulle av vatn og måtte bytte strømpar. Helmer sa straks at han måtte heim ein vending, her trongs meir klea enn dei hadde tenkt på. Han venta til Sjøtrolle og Inger var der. Dei kom bra fotvåte dei òg, for Ludvik var stølføtt av seg. Inger hadde dratt som ein helt i han.

Helmer hørte ikkje på Kari, han la i veg. Ungane såg på sprange hans og lo, han var fin i sirkus, påstod dei. Inger følgde han med auga ho òg, månen lyste opp så det var halv dag der han fór. Sjøtrolle snudde seg ein annan veg.

Kari og barna leita seg rom lenger aust og opp, der det var bra å sitte. Ennå fraus dei ikkje. Barna prata tull og less ikkje skjønne noko av tilstande. Dei gledde henne det dei kunde. Dess tyngre la det seg over henne, at denne natta vilde syne om der var von for dem. Ein fekk *sjå*.

Inger kom og sette seg breiddmed dem. Ho såg på barna, litt ansles enn ho gjorde det før, fresta jamvel å leike med dem. Og dei fann seg i det, som dei var vaksne og ho eit barn. Dei kasta moseflak på kvarandre. — Det var eg som frelste dem frå bedehuse, fortalde ho. Eg gjorde røyk åt dem! Men det var 'n Helmer som bad meg om det. Av og til lya ho vestover og var urolig.

Kari spurde om ho var redd, men da snudde ho seg unda, torde visst ikkje komma folk så nær. Litt etter gjekk ho til far sin, gjekk så lenger vest, som ho venta på nokon.

Før pla ho gjerne sjå frå barna til Kari og småflire og riste på hovude, — *ho* visste noko om dette med mor og barn!

Berre morfar kom att snart. Barnsungane vart som to ulykker når ikkje han var der, og Kari sjøl den tredje. Nå skulde han da snart vera her?

Da hørte dei Sjøtrolle, han snakka med seg sjøl, men kanskje andre òg skulde høre det. — Enn denne gutsvimlingen frå Langholmen da, som let mor si sitte åleine heime i natt. Går og bed til ei bedehusgjente, — ho veit ikkje eingong at ho er kvinnfolk —, du snakkar om idiot! Kva slag sengvarme kunde der vera i ei slik bleiknebbe? Dei kjem for resten ikkje i seng, lo han. Her blir vaska bort mykje skrap i natt.

Ho tok ein unge i kvar arm og heldt dem innåt seg. Det måtte bli rart å sjå dem store.

Helmer var inne og stuva fullt eit skrin med viktige ting, fortøyde færingen sin ved husveggen, i det gamle skipsankere, tok med seg færingssagle og gjekk. — Far vel du bekkleiva mi, sa han til båten. Vi rodde ikkje kleint i lag vi! Ein sjø fekk han til å kvikke seg, han flødde rundt om stuå og fyllte båten. Helmer tenkte seg opp til gammalfolke og høre om dei ikkje vilde bli flytta, men han møtte Torger som fortalde at han just kom der ifrå, gamlingane vilde ikkje høre snakk om flytting, dei låg trygt der dei var, — og det har dei rett i, sa Torger. Helmer sette frå seg sakene ved Austlone, han måtte vestover og snakke alvor med Iverfolka og dei andre, for dei sette live på spel der vest.

Men han kom ikkje lenger enn til Skare, vesle bergskåra som går tvert over øya straks austfor Iverstua. Båra hadde sopt vekk dei to plankane som låg der til bru, og sjøen gjekk som elva både frå sør og nord, det var ikkje hans sak lenger å hoppe over *der*. Han stod tankefattig og såg over til stua, hørte songen og spele deres, — «hjemlandstoner fra lovsangsdalen» mumla han. Det let så armt, så menneskelig, det drog i heile hjartelage hans. Men over fekk det han ikkje. Nei, godt folk! sukka han. Han vart harm på vettløysa deres og ropte det kraftigaste han kunde, men dei hørte han ikkje. Dei vilde ikkje høre han heller. Dess utan var det for seint nå, «ingen kan komma over frå oss til dykk, eller frå dykk til oss». Sjøen lauga rundt Iverstua og den vestpå, lauga snart heile den parten av Heimvær-øya.

Men Iverstua hadde vel stått einkvan rykken før òg? Å ja da.

Det var ikkje lenge sia han skildes med dem. Dei såg ut som dømt folk, tykte

Han sa dem farvel og fór austetter, han vart så gudnådslig pint av songen deres. Havdønne kring han vart som ein himmelsong det òg, gud hjelpe oss kor det dura! Han mumla og las der han fór: — «I natt kjem eg og krev sjela di,» men *han* syntes det var sjøen som las det over han og dei andre her, ville havskremsla braka det ned over han. Sunde vart til ein brølande kjeft rett som det var.

Båra sleikte etter segle hans da han kom dit. Skrine var borte. Som ventande kunde vera, han Helmer var nå ein gong fødd slik, idiot dei kallar, men at han bar seg åt slik *i natt*? — Venner! sukka det i han, her står eg med hjartelage mitt (dette lage med hjarte ja, kaldsusa det gjennom han), og der står det ei stjerne i skykanten og skal trøste tomsingen, ho er død som eit gris-auge.

Nei det var måle til Inger, den andre tomsingen, som kom og trøsta han. Det kom så menneskelig og godt det kunde bli: — Skrine ditt er her det, Helmer. Det var eg som gjorde det! — Hurra Inger! ropte han, tok segle på nakken og sprang, — nå smurte eg fothyre mitt og fór! lo han til seg sjøl, Herren vera signa frå nå og til —

Han hadde alt berga seg over, syntes han, men da vart han løfta i vêre før han fekk tatt seg på tak, og dermed glatt han jagu og heldt på og fór. Kor i sytten ber dette av? undra han seg, eg må nå vel få neglefeste lel? He! Han sparkar i og søm med føtene, og karar i berge med venstre handa. Da tar nokon i seglråa og dreg, og litt etter triv dei han i kragen og lingsar han på land.

— Så, bonde, her er fedrelande! seier Sjøtrolle ned over han med denne banningsrøsta si, ho murra jordvarmt og livtrygt tett ved han.

Helmer drog seg lenger opp da Inger tok frå han segle. Han takka dem bae to, såg dem i auga og lo og rista på hovude: ein skulde ikkje set slik ein småvar som han var! Inger lo med og dansa litt: — Du vart berga, Helmer, du vart berga! Men nå er du våt som eit utpissa vêrelam! Det var 'n far som berga *deg*. — Nå-å, sa far hennes, eg held han nå for samme slarken for det.

Men han lo som ein gammal slåss-kammerat da Helmer ranga av seg ytterkleane og vrei dem opp; — det var rett! sa han. Berre du ikkje frys i hel. Enka såg ikkje denne vesle havsnøda di, la han til. Og det var så, Kari og barna var eit godt stykke unda.

Torger og Borghild kom. Dei hadde nok å bera, men dei sprang som hjorten og kom tørrskodd over. — Ho Borghild er uvant med storsjøen, undskyldte Torger seg for det dei òg rømte.

Nå var dei da så mange her, åtte krek i alt. Dei samla seg i ura austunder bratthaugen, rydda seg sitteplassar og sat trygt. Dess verre, dei hadde ikkje ved, elles vilde dei gjort bål, for det kortar tida og er så vennlig om natta. Dei fekk korte tida lel.

Helmer var bortom nåva på haugen og bytta på seg tørre underklea. Og det naturstridige gjekk for seg, at han fekk Sjøtrolle til å bytte på seg eit par av hans strømpar. — Du får gjera meg den glede òg, bad han, når du nå har berga live mitt. — Hø, live? bles den andre. Men, *han* kunde da alltid gjera einkvan ei glede, jøss da!

Ja. Men korles går det dei andre, dei som ikkje er her? Nokon kvar tenker det og tier med det, let have ta det, for det tar visst alle i hop i natt. For Helmer var det utrulig at han sat her når der låg tre hjelpelause menneske i grannestua. Han reiste seg både ein og to gonger, var på sprange, han fekk i guds namn ta dem med makt alle tre, ein om senn.

Han såg opp, av gammal vane, men der oppe var det ikkje anna enn skyhimmelen å sjå, og han er alltid like rådvill som du sjøl er. Nei men eg gjer det ikkje, sa han med seg sjøl. Han gjekk ved at det var grovt tenkt, men live i han var slik, det sa nei, live spør ikkje Vårherre ein gong, det *er* berre slik; — nei eg har tre andre å svara for! slo han fast.

Han sette seg, men enda var han på sprange, det vart visst så han la i veg — — det skulde da gå bra det lel? — Eg kjem i hug gamlingane og gutungen, seier han.

Torger og Borghild ser på einannan. — Dei ligg trygt nok der dei er, svarar han. Nei men eg må visst ta meg enda ein liten springmarsj eg, seier han og reiser seg; det var noko eg kom til å tenke på.

Borghild såg på han heile tida. Der etter ser ho på Helmer, legg liksom andsvare på han.

— Eg blir med, sa Helmer.

Sjøen braka i ein einaste over-vettes dur. Alle holmane og øyane dei såg var



— Går du, da går eg med, sa Borghild til Torger.

Helmer kremta og sukka høgt. Kari snakka med barna. Da gjekk Torger og Borghild. Helmer sukka på nytt. Sjøtrolle trøsta han, for han var all tida snild mot barn og slikt: — Vi er ikkje rare springarane nå lenger vi. Var det *før* der i mot —

Ved Austlone sa Torger til Borghild: — Blir du att her, da skal eg ta hit 'n Herlaug åt deg. Ho måtte ha tenkt mykje på gutungen, for der gjekk noko useielig over andlete hennes i det samme.

Vel, så skulde han i veg. Sjøen var visst ikkje verre nå eit tak. Torger venta, og fór. Men han skjønnte straks at dette var enten for tidlig eller for seint sprunge, han saktna farten, og i samme augeblinken kjem ein velt med sjø nordafrå. Torger bråsnudde og hadde så snær komme seg unda, men der Helmer glei der glatt fotfeste for han òg, sjøen fór med han.

Borghild hoppar ned av bergtrappen, får tak i neven hans på einkvart vise og finn seg klotak i berge med den andre, og held. Ho maktar det ikkje nei, men ho held like forpligga, sjøen isar henne oppunder armane og vil ta henne. Ho har visst det all sin dag at Torger skulde ho miste.

Men korles det gjekk eller ikkje så hadde Torger òg tak i berge, og litt etter har det hendt, dei ligg sjøfritt oppi bergtrappen. Det blir til at dei ler, som dummaste ungane, — så gret dei da ikkje den stunda, og straks etter må dei ha seg unda for ein sjø som er verre enn dei andre. Over Austlone kjem ingen levande lenger i natt. Ein fekk vera glad ein var på denne sida. Og så laut dei skifte klea.

#### IV.

**G**ammalfolke sov. Det hørtes slik; og da vart ein bra åleine. Herlaug skulde til å sova han òg, mange gonger, men for kvar gong hørte han tydelig moster kom, og da fekk han vel ein matbeta, men så var det berre sjøen som heldt på med einkvart ute i mørkre. Ein gong vakna han for det at nokon var på vindauga og vilde inn, men det var berre sjøen igjen, han klaska heile vassbøtta mot glase.

Da gjømte Herlaug seg under dyna. Men da var morfar vaken og sa einkvart. Han sa det ein gong til: — Nei sjøen er ikkje farlig. Han vil ikkje inn her. Visst du

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
har lese kveldbønna di. Herlaug hadde da det, visst, men i kveld kunde han godt ta henne enda ein gong. Men han skjønnte ikkje kor det vart av moster. Og korles skulde ho komma seg tørrskodd inn når sjøen stod straks utafør døra? Sia kom han inn òg, enda døra var att, han sukla på golve. Så var han på rutene igjen.

— Han spyler vindaugé nå, fresta morfar å fortele mormor.

— Nei *eg* har ikkje sovna enda, svara ho. Berre ho Anna såg etter varmen før ho la seg.

Morfar trøsta henne med at det gjorde ho ja. «Den Gud vil bevare er utan all fare,» sa han og gjeispa.

Der med sov dei att, og Herlaug var overhendig åleine. Sjøen braka så stygt at. Og moster kom ikkje. Og mor ho var død.

Moster Anna tenkte på han gong og annan.

Ho og Olina frå Torgerstua vilde seie godnatt til lage sitt da dei kom til Skare. Dei andre, og særlig Fridtjof, bad dem bli med åt Iverstua. Dei to gjentene stod rådville. Dei tykte dei måtte sjå heim. Dei var slett ikkje huga på å gå over Skare nå så seint. — Lat oss ikkje skille lag i kveld, sa Fridtjof. Vi skal be *sammen*; vi skal synge og prise Gud så han hører oss. Kom nå, Olina, kom Anna! lokka han for dem.

— Det ligg høgare lande her hoss oss, sa endelig Olina, og det sanna den andre med henne i.

Fridtjof rista tunglyndt på hovude: var det virkelig det dei tenkte på? Trudde dei ikkje Gud berga dem kor dei så var? Han snakka lågmælt for dem, gjennomglødd av den nye søskenkjærleiken. — Vi skal vera eitt liv og ein lagna, ikkje sant? Slit ikkje av søskenkjeda!

Dei kunde ikkje anna da, dei kom og vart med. Dei såg seg att-ende. Sjøen vaska plankane dei gjekk over på, men dei var bolta fast i berge.

Roald gjekk ikkje over. Vebjørng stana breiddmed han, som snarast slik. — Bli du ikkje med? spurde ho og såg ned. — Gå ikkje du heller, sa han. Gå ikkje frå meg i natt! bad han litt etter. Ho står der og ser på han, uendes tung i blikke. — Ja, seier han, eg er berre eit verdslig menneske.

Det var det ho hadde tenkt på ja, såg han. — Det er fryktelig synd på deg det, sa ho om ei stund. Men kanskje denne natta er sendt oss for at du skal bli frelst?

Han åtte ikkje mot til å svara på det. Og nå gjekk ho visst frå han. Han bad henne enda ein gong at ho måtte ikkje gå. — Ja men her kunde dei ikkje bli? — Dei kunde gå opp i Torgerstua, sa han, der var dei trygge for sjøen. Ho såg på sjøane, dei kom sendande i lange drag og susa inn over berge. Med kvart såg ho mot Iverstua der dei andre hadde gått inn.

— Nei, sa ho om sider. Eg må vera der dei andre av oss er. Kom og bli med! bad ho. I lag med oss. Når eg bed deg om det? la ho til, og da var det som ho steig ned til han og var menneske, andlete hennes vart meir levande enn noko anna andlet han såg, og enda var ho *Vebjørn*. Vebjørn med ein kvinnesmil.

I ein augeblink, den største han har hatt, ser han andlete hennes, han opplever det. Han ser det, livsalig og forferdelig, at dette er kjærleiken, elskhugen, religionen, så himmelsk og jordisk er han, ein går på båle for eit andlets skyld og lovsyng Gud, ein kunde gjera tyngre ting — og kvifor det? Ein svart ein kviskrar at det er fordi du ikkje kjenner henne, du er ein stakar i live, du kan aldri leva for det som *er*. Men du ser på han i iskald vanakt og spør: — Kunde *du* ofre live ditt for nokon ting?

Herre vår gud kor truhjarta ho såg på han nå. Han kasta frå seg live og alt og gjekk med henne over Skare. Sjøen frøste over plankane og gjorde henne våt på føtene. Det var verdslig å sjå slikt nå, men det var da uverdslig nok òg, ho steig som ein ånd over plankane!

Sjøen vaska syllmuren under Iverstua, men dei song der inne og brydde seg ikkje om han, kven er han at han vil krenke Guds egne barn? Det makta han ikkje nei. Gitarrane jubla i ein dødsens valsetakt, og Roald rista på hovude og sa han kunde ikkje bli med inn. — Eg kvamnar i all denne kristensongen, sa han. Det var hardt sagt, men det var så alt for sant. Han visste ikkje av før ein sjø hadde skilt dem åt, den eine sprang att-å-bak, den andre til sides og opp trammen. Ho vinka til han, stod litt enda, og gjekk inn.

Han drog båten sin bedre opp, gjekk og sveiv åleine eit tak, snakka nokre ord med Enka. Ho fortalde at dei skulde rømme austover. Da vart han redd for live han òg. Heim kunde han ikkje komma nå lenger. Det bar vestover med han på nytt. Det bar inn i Iverstua med han òg. Andlete til Vebjørn lyste opp, det var som ho hadde han i gudsrrike med seg. Etter ei uendes liding var han ute att, og

Dei kom seg over plankane att, i skom til knes, og straks etter reiv sjøen med seg ein planke. Dei sveiv hus-imellom, og vart sittande bakom Gammalstua. Dei sa mest ingen ting. Dei såg Torger og kona gjekk austover med kvar-sitt kleknytte. Om ei stund gjekk dei samme vegen.

Månen gliste mellom skyene. Sjøane gjekk med faks på ryggen midt i djupaste sund.

— Vi må over vi òg, sa han ved Austlone. Han sa det eit par gonger til. Ho møtte blikke hans, men tagde. — Dødsnatta er over oss, sa han om ei tid.

Men ho stod still. Han vart harm, vart både redd og rasande, tok henne i armene og sprang med henne, i rette augeblinken. Ho var som ingen ting å bera, men best det var vreid ho seg om i armene hans og gjorde motstand. — Vera still eller så dett eg! bad han og måtte sette henne ned. Det var med nød dei kom seg att-ende.

Dei stod andsløpne båe to. Dei hørte folk snakka der aust, det var ikkje lenger unda.

— Vilde du så endelig vore i lag med dem? spurde ho. — Eg tenkte å berge live ditt eg. — Men er vi ikkje trygge her da? — Jau, du veit, trøsta han. Ho såg på han, kvitbleik: — Er det for seint å komma over nå?

Dei såg på sjøane som vaska over Austlone. Dei såg det båe to, at nå eit tak var sjøen for grov. Dei venta, men det vart verre og verre. Så vilde dei gå vestover att, og opp til Torgerstua. Der kunde dei sitte trygt, og huse stod tomt i natt. Dei såg på einannan, dei vart så rare all igjennom ved den tanken. Roald visste ikkje av før han tok og kyste henne.

Det gjorde han ja, ufattelig syndig som det var, og ho *svara* han, med heile seg. Og så ser ho halvt lystig på han: — Vi er visst galne vi. Eg trudde aldri — —

Ingen av dem hadde trudd det. Live fór liksom så fort i veg denne natta.

Om sider opendaga dei at det var ei øy dei stod på, heile Heimvære var rettnå berre øyar. Dei venta og venta, men sjøen veik ikkje, tvert i mot. Dei kom ikkje inn i Torgerstua i natt!

Nei. Vegen til det paradise var stengt for dem. Dei fekk vera glad dei hadde berg å stå på. — Nå ja, sa Roald, sjøen tar snart siste sprengtake nå. — *Eg* er ikkje

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
redd, sa ho og tok omkring han att. Ikkje er det synd heller at vi er i lag her.

Lange stunder stod dei kyss mot kyss. Dess meir dei åtte einannan, dess villare sakna dei einannan, saknaen vart til ein drepande vellyst. Sjøen gjekk i skom kring føtene deres, sjøduren låg som svarte lydløysa over dem, dei ansa det berre som at døden stod og venta på dem.

Da vakna Roald og var isande redd, for der kom nokon og tok i han og famla seg oppetter bukselåre hans, i det samme såg han ned i eit andlet, det var som vette brast i han, og han sette i ei høgmaelt banning mot devlar og draug og kva det så var: — Dra til helvetes, for *elles* —

Det var katten frå Gammalstua som hang på han, han var hivd hit av sjøen, og slik såg han ut. Han skvatt unda for sparke, og han hadde så nær berga skinne sitt i land, men dragsua kom og fór med han.

Vi drep da ikkje kattungen fordi han har klør, sa Helmer ein gong. Men nå var Helmer der aust han, ein gammal mann mot ein sjøl, men ein livets mann, han berga seg og sine.

Vebjørn gjømte seg hoss han att.

Midt i lykka og reddhugen hadde han små syner, men særlig eitt: Det var hit han skulde. Det var hit, til denne stunda, han hadde strevd all sin dag. Alle dei lyse draumane hans, stortankane hans og heile dumheita, det og det — — her stod han og heldt livsdraumen sin i famn. Stort eller lite, det kunde ikkje han veta nå, men her heldt han *henne*.

Ho klengde seg inn til han, skamlaust, kunde han ha tykt, men herre gud, ho hadde aldri levd før, hadde ikkje noka von om at det kunde bli heller. Dei stod i vatn til knes alt i eitt nå. Rettnå heldt dei ikkje varmen stort lenger. Men skulde dei sette live til her da?

Nå burde ho bedt til Gud at han brukte allmakta si. Kanskje ho gjorde det òg. Ho gret stilt og godt somme stundene. Eit par gonger spurde ho som i villska: — Er det du dette her?

Gong for gong såg han, når sjøen drog unda, at åleine kunde han ha sprunge over og til tørt land. Men det fell meg ikkje inn, svara han. Du såg for resten korles det gjekk med kattstakaren.

— Er det du dette? spurde ho stilt.

Det var han ja. Vidunderbarne. Han stod og heldt i ei kvinne. Men *var* det så at sjøen heldt på og ga seg?

## V.

Helmer hadde glømt kveldsmaten før dei fór. Slik var han all tida, tilstod han, glad i mat men glømte å eta han, stundom da. Nå var han innhol, og dei fekk årsake at han stappa i verste tomromme. Mat var godt det, han kunde ha sunge over brødiskiva si. Vesle Egil ser på han, trøytt og sur som han er, og forteler: — Han morfar let att auga når han sveljer. Solveig mumlar i halvsønnen: — Når han berre ser seg for før han bit så. Mora strauk dem over hovude og smått lo. Det undra dei seg over, det høvde liksom ikkje henne å vera slik, som ei anna kjerring.

Sjøtrolle tok brøde sitt han òg, pussa av det på trøye-erma enda ein gong, pussa av tollekniven på bukselåra og skar seg ei snei. Helmer lo og sa: — Jamenn er det solid brød du har der, Ludvik, det hørtas som du skar sole-ler. — Mh-hm! tilstod Sjøtrolle. — Og smør på slikt omframt-brød liker ikkje du nei, sukka Helmer. Nei. Men du, Inger, du er da ikkje så prinsessefin lel? Han skar ei skive av sitt brød, smurte på bra med smør og retta henne, — for det du berga skrine med smørre i, sa han.

Jamenn tok ho i mot det òg, men ho snudde andlete bort. Ho snudde ryggen til dem med ho åt. Ho let seg lokke til enda ei brødiskive, og faren fann seg i å ta smør på sine. — Ein uvane! let han, men i det samme kom ein sjø og trua dem, dei fekk gi rom.

Dei måtte heilt oppunder øvste kanten av haugen. Der var det snaut og bratt, Borghild kom i hug da Torger og ho kleiv opp her ikkje så lenge sia. Karane slepa opp stein for stein og bygde sitteplassar. — Det burde heite Skarvnakken her, påstod Helmer. — I morgo seier vi han var bra å ha, tok Borghild frami. Sjøtrolle murra: — De har nå upraktiske fjell innpå lande òg, vi har set dem. Men du sitt som ein legdslem, Helmer, her er sess for deg!

Han reiv det av seg i sinne, men dei hørte at dette var ein ny tone i den munnen. Og sia, da Helmer slo frampå om at dei skulde bygge på sessane med tid var til, da slo Sjøtrolle fast: han Helmer har rett. Inger var med og langa opp

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
stein frå ura, det stod heitt om at ikkje brottsjøen tok henne. Helmer sa ho var ein hedersmann, og ho vart lykkelig enda så våt ho var. Borghild plaga henne til å ta i mot og bytte på seg noko tørt. Det hender alt i eventyre, tenkte dei.

Så sat dei på nytt, og sjøen kom veltande meir nærsøken etter kvart. Nedi sunde grunnbraut han rett som det var, fossen gjekk med dødsbrak landimellom, dermed drog han ut så sunde vart nækt til løyndaste steinen, ein tykte mest ein var vitne til noko rått usømmelig. Og når sjøen frå andre kanten kom og stod like opp til føtene deres, det var trugsmål nok det, men når han så drog ut, da opna avgrunnen seg for dem så dei svimra mest, dei vilde snu seg frå det, men djupe saug blikke med seg.

Dei såg kor brott for brott tok lyngtorva på Langholmen og bretta i vêre, rulla henne oppetter så kvite berge synte seg, nakne hjelpeløysa. Der borte sat kona åleine i natt, men ho sat livberga, for øvste holmryggen var høgare enn haugen her. Da spurdes det meir om korles det gjekk sonen hennes, han Roald. Helmer sa det, og Kari såg opp utor tankesømnen sin.

Inger kleiv opp så ho såg resten av Heimvær-øya. Torger var der oppe før, men han sa ikkje noko. Inger sa heller ikkje noko dei skjønnte. Ho ga frå seg ein og annan klagelyden; så ho var vel like tullet igjen som før. — Jaså! raspa far hennes og sa, han skjønnte visst kvar ei ulykke ho varsla. Jaså? Tenkte det mest ja.

— Og der er dei to! sa ho om ei stund. Nå ser eg dem tydelig, dei står i måneskin og sjø til knes, til langt oppå lår. Hitafor Torgerstua. Dei held i kring einannan — hå!

Kari less ikkje høre det. Henne skilde det lite. Ho tok barna inn til seg, dei sov alt. Ho sov snart sjøl òg, av kulde, det var havkaldt som vanlig her. Færings-segle var for vått, Torger hadde breidd det ut så væta skulde sige utor det, det var det han stelte med der oppe. Og morfar sa med høg røst, ho drømte mest at han var på krossen:

- Ja, venner, nå går ulykkesnatta over være vårt.
- Det har du rett i, svara Sjøtrolle som eit uhuglig dvergmål.
- Tullprat, sa Torger, han kom just klivande ned.

Eit flak av månelys glei over dem, kva det nå kunde vera godt for, det gjekk austover og drog mørkre etter seg. Eit nytt flak kom, men i det samme kom

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
dommedagen brakande, eit isberg til sjø, han gjekk somme av dem til knes og vel så det. Der kom eit par til, dei lyste sjøl og varskudde, og rømlingane drog føtene til seg hardaste dei kunde; dei saug visst magen inn til seg òg. Berge ovafor dem var for bratt, dei måtte vente her og sjå, han tok dem da vel ikkje?

For dette var toppen av sjøen i natt, ein gong må det vera høgda. Men langt ifrå, det vil ikkje bli som ein ventar det, slik var det ikkje i natt nei. Sjøane kamma seg og kom like tråsoekne; slik måtte lagnaen sjå ut, nå såg dei da *den*.

Berre han ikkje tok liv nå der vest.

Inger hang og klønte der oppe enda og såg vestover. — Hå, hå! ropte ho og sa. Å nei lel! Dei hørte ikkje større på henne, ikkje før ho klaga seg med seg sjøl, det var meir som ho song:

— *Henne vilde han ha! Og meg vilde aldri nokon ha!*

Ho hadde det godt ho som var tullet, tykte somme. Andre fór der som ein tanke igjennom, og faren reiste seg, vart ståande og stirre opp til henne, han kremta og var rar alt med seg. — Jaså! sa han endelig. Skal eg *tru* det er sant? Jaså, jaså, Inger! Sia mumla han mange ting, kva det nå var. Helmer bad han sette seg, og det gjorde han. Helmer og Torger var oppe og såg.

Torgerstua stod, og Gammalstua stod på hall. Meir kunde dei ikkje sjå, for månen hadde gjømt seg. Dei kraup ned att og tagde.

Og sjøen braka, over vett og von. Stundom hørte dei det, noko forferdelig som skjedde og som kom; lange stunder hørte dei det ikkje, det var over dem som ein vond sømn. Etter kvart vart skomspruten for nærgåande att. Torger snakka om å flytte på seg, litt lenger sør og opp, for der tok han ikkje så hardt. Der var det mindre om sitteplass, men det var alltid einkvart å huke seg fast i. — Hadde eg berre, sa han, komme meg etter den tauglina eg tenkte på, men sjå det gjorde eg ikkje. Vi må flytte. — Ja, sa Helmer, men han vasa litt i det: — det var eit forsøk som var eit forsøk verdt.

Dermed vakna han til og snakka rolig over dem med dei flytta seg bort til den nye bustaden sin, røsta hans vart stor og varm, og vermte dem tvert igjennom: dei hadde eitt å ta seg til nå, å vera glade for at dei var *her*. Karane langa kvinnfolk og ungar seg imellom, — som det var famnved, sa Helmer. Arbeide var elles farlig nok, men det gjekk. Og så sat dei på nytt, noko vondare enn før, men



— Var det ingen monn i bygginga dykkes da? suttra Egil. Morfar tok han på fange og lo over han: — Vi var da ikkje sure den stunda det stod på. Solveig steinsov. Mora var så vidt trøytt, ho var glad Borghild tok gjentungen på fange sitt, dei sat i breidd og hadde sitterom på eit vis. Inger fann seg rom sjøl, og faren krøkte seg ned attmed henne. — Jaså, Inger, det var slik? bromma han og sa. Ingen vilde ha *deg*!

Midt i månemørkre som la seg over dem lyste det opp med eit lyn vestfrå have. Der kom fleir slike vêrblink. Dei var stygt bleike, øyane og sjøen dei synte fram vart eit ugodslig syn. Sjøtrolle let att auga og smått anka seg for kvart eit. — Vårherre gliser åt oss i natt, sa han. — Visst det ikkje er vi som gliser åt oss sjøl, sa Helmer. Atterskin av uvêre vesti hav, la han til og sette gutungen bedre til rettes i armløkka si. Det fell ikkje inn i natt, vera uredd for det. — Det har 'n Helmer rett i, sa Sjøtrolle til Inger. Berre ein fjert i horisonten. Og det samme er vi, sukka han. Han var lykkelig i natt, det var han utan tvil det, men ein blir mest livredd av å vera det?

Dei fraus ille enten dei var våte eller ei. Dei hadde vondt for å halde seg fast. Ei stund hakka den tenner, og ei stund den, og med kvart gjorde dei det alle. Andleta var det ikkje verdt å sjå på, ingen av dem likna eigarmannen sin noko større, berre attergangaren hans.

Helmer såg på Kari. Auga hennes kom for han dobbelt djupe nå da ho let dem att. Dei hadde set nok for det første. I denne stunda glømte ho visst at ho var mor. Det er mange ting slik som er godt for menneske. Døden er knapt så farlig som han er stygg til. Det er denne ventetida. For somme er ho visst over evne dei kallar. Det var trulig at Kari vart sjuk etter denne natta. Etterpå snudde det seg vel for henne òg.

Kari drømte tak og anna at ho berga folk, to menneske som heldt i kring einannan, dei skulde få leva, men for kvar gongen vakna ho og såg kor ho var. Ho såg på Borghild og smilte til at ho hadde duppa. Borghild sat slik at ho stødde henne med eine knee sitt. Det var bra hjelp i det.

Borghild såg at Kari unte henne Torger, av alt sitt hjarte. Ja ho syntes mest ho hadde fått denne gjentungen òg i gave. Ho undra seg og vilde gråte: Var ho fattigaste sjela i være ho da? Ja ja, det skulde einkvan vera det òg. Ho vildra litt i

tankane: To fiendar er da visst òg glad i einannan? To kvinner som er fattige på kvar sitt vis —

Torger syntes sjå kor vakkert ho drømte nå. Han fresta å tenke ut noko fint for henne, men det vilde ikkje bli anna enn tull, — kva triv ein til når sjøen gjer seg til idiot? Sjøen som ein har levd i lag med all sin dag? Det er da den ein har levd *av*? Nå vil han tyne heile være for oss, han flår det så det er ei skam å sjå, kva skal slikt vera godt for? Overmakta var noko ufyselig!

Sjøtrolle stod og tagde og argfraus. Han svor på at han let seg ikkje fryse i hel. Og Inger, såg han, ho hang fast i berge som ei ørn, gut, og var vettugare enn alle dei andre. Henne hadde dei vraka, dei let henne gå urørt. Det vart henne litt for tungt ja, armod's ungen hans. Slik ei vanheder var verre enn valdtekt. Og der sat Helmer, som han berga her i kveld, dei måtte ikkje tru han var nokon dumming han. Det var mykje til kar, ein kunde ha slått han på aksla og sagt at i morgo er det over, Helmer!

Men der karar Inger seg bort til han, der han sitt og blåheld på gutungen, ho hukar seg ned framfor han og gjer små vakre fakter, klappar seg på fange og rettar fram armane. Ho er gudelig vakker i andlete sitt. Og Helmer han smiler og let henne få ungekroppen, ja det gjer han det! Ho sett seg og tar han på fange, og da kjem tungetippen hennes fram, og auga dei blir stive, så lykkelig er ho. Folk er jagu noko for seg det!

Som nå det at dei ikkje sovna og slepte take når sjøen løfta i dem, men nei gut! Det måtte vera Gud sjøl som var så mektig. Helmer bad nok til den mannen nå. — Det er det som hjelper oss, mumla han.

Sjøen var ein rakkar, ein skal aldri tru han oftare. Han gjorde alt det vonde han berre kunde finne på. Denne enkestakaren var det visst dugelig synd i. Kva slag fingrar hadde ho å halde seg fast med! Å, dei var livredde alle sammen nå. Og høgare opp kom dei ikkje. Ikkje hjelpte det heller.

Helmer retta seg opp og såg på dei andre han òg. Han tok tungt etter vêre. Så snakka han med dem, sa venner til dem og bad dem halde seg fast. — Om dei tar bort jorda under oss, og himmelen over oss, sa han, vi er da menneske lel. Vi frys oss igjennom det. Vi veit ikkje sjøl kor mykje vi tåler. Til slutt sa han at ei lidingsnatt skulde menneske ha, det hadde aldri vore ansles det.

Dei trong orda hans. Det var inga sak når dei hørte måle hans. Berre Torger sat like sæl. Han tenkte på Øyvære. Stod ikkje huse hans over denne natta, da visste han ikkje noko meir. Helmer vart varm når han såg andlete hans, han tenkte med fryd at der er *den* mannen, han som druknar vel til freds berre han veit at lande hans held seg oppe!

Og så var stunda der da Helmer tok fram termosflaska, — den her tåta mi, som han sa. Han hadde ein kaffekopp i trøyelomma, der fanns mest ikkje sjø i han, og den skjenkte han i åt dem, her går! ja der gjekk sukker òg, om det nå ikkje var berre søtt. — Det vermer i'n Helmer! rima han da det var hans tur til koppen. Det vermte dem alle. Dei hadde ei god stund. Og barna sov. Det varar med det varar, tenkte dei, og så kom sjøen verste gongen.

Dei sat i vatn og skom til oppunder armane første og andre gongen, tredje gongen visste dei ikkje for vel korles det var. Dei ansa berre og undra seg at dei var der ennå.

— Be meir til Vårherre, Helmer! ropte Sjøtrolle.

Vårherre? fresta Helmer å tenke. Og da ansa han at Kari var borte.

Dei ansa det ein om senn, og tagde. Egil hadde visst set det i sømnen, han klaga seg og mumla noko om mor, men Inger heldt han slik at han ingen ting såg.

Dei venta eit nytt laug, og da var det gjort. Det fekk komma. Oppå øvste bergnakken var det ikkje tryggare enn her, for han var glatt og skrådde mot nord. Kom sjøen verre nå, da snøydde han der som her. Så dei fekk vera her. Karane bala med segle. Vått var det, men slett ikkje verst, det både vermte og stødde. Inger fann seg feste litt høgare opp, fekk Borghild opp breiddmed seg og snara segle kring henne og guten på ein lur måte. Men ho rista på hovude åt Helmer: Kari var borte ho!

— Inger, Inger, mumla han. For henne hadde han visst om all sin dag, den som lagnaen sløkker lyse for; ein slik ein lyser da snart litt meir enn vi gjer.

Han ranga av seg stortrøya, vrei henne opp og snara henne kring Inger, men ho tok henne over Egil. Sjøtrolle og Torger nappas om å få tulle inn den andre ungen i si trøye. Torger vann, for Borghild tok råda frå dem og ordna det. Båe barna vart lagt i segle, og alle sette seg og stødde bunten. Sjøtrolle murra veldig,

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
så hadde dei ikkje hørt hav-ertena før da hørte dei henne nå. Han breidde trøya si bakom ryggen på Borghild; — ikkje noko kvinnfolk-nykkar der eg herskar, let han henne veta; han sat der i busserullen han som dei to andre karane.

Helmer hadde skrine å akte på. Han visste alt var vått der. Men, der vart alltid ein matbete å finne når det lei på. Om her var nokon att da. Ingen av dem hadde vel stor vona om det.

Sjøtrolle kremta lenge og djupt; så seier han det: — Du ber det, Helmer. Kjenner eg deg rett så ber du det ja. Kom i hug, dei beste av oss lyt døy først! Med så sagt tørka han sveitten av panna og tagde. Alle tykte dei at for Helmer var det inga sak. Han hadde handfeste i sjølve evigheita han.

Sjøl spurde han seg om han var Helmer ennå. For han hang her og trudde ingen verdsens ting. Ja han trudde da at han skulde berge småkarane over verste elende når dei vakna opp til det, men han leit mest like mykje på at dei slapp å vakne. Kom sjøen att aldri så lite verre, så.

Torger måtte seie noko til Borghild, men der var ikkje noko å seie, det vart berre til at nå måtte *ho* halde seg fast da! Etterpå kjente han seg ubergelig dum, for dette måtte ho misstyre, — var det rart at han var heldig med torskefiske, han? Men Borghild var klokare. Nei ho smilte ikkje, munnen var knapt til det i natt, men han såg ho vart glad, og når ikkje han var redd da var ikkje ho det.

## VI.

Sjøane kom verre enn før ja. Dei reiste seg allmektig der nede, bratte som rettferda, fór det i ein, der kjem døden, fór det i ein annan, dei krøkte seg mot ein, kvitna og gjekk til falls, det hørtes som all himmelen revna, men nei, dei nådde ikkje fram, anna enn med skomfrøsen. Men berre vent!

Ludvik snudde seg mot Helmer. — Berre eg var litt meir glad i Jesus! klaga han seg.

Sjøen og døden, døden eller live, ingen kom stort lenger med tankane sine nett nå. Men der var mangt ein vilde ha levd for, ei ørjemengd med dyrverdige småting, herre gud at ein ikkje ansa dem før? Eller om ein hadde vore der eller der —

Torger skulde døy på sjøen, det var avgjort og i orden det, men ikkje ennå lel,

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html) og ikkje her? Det skulde ikkje Borghild heller, det *kunde* ikkje vera slik meint. Det var dumt han ikkje var tobakk-etar, for da kunde han tatt seg ei skrå nå.

Borghild var like trygg som han var. For det meste fraus ho så ho ikkje visste til seg, ho ønska ho var litt meir inne i denne frysekonsten deres her vest. Men var ho verdig til å halde liv i denne vesle skapningen som ho fresta verme ved bringa si? Det var det her spurdes om.

Nei have kom ikkje og tok dem. Det var overstått det. Fotfeste for båra veik unda: sjøen fall. Og det stemte med tida, tykte karane, om ingen av dem var mann for å sjå på klokka nå. Men det merka dei òg, at det var tida som var fienden. Ho vart evig for dem. Natta stod over dem, og ho rikka seg ikkje. Himmelen synt seg, med stjerner og stell. Han var drepende kald i åsyna. Små skydottar hadde stana der oppe, dei var ihelfrosne, kom det for ein.

Gong og annan kom eit vinddrag og isa gjennom dem, vilde suge live utor dem. Ein kunde ha bedt til stjernerne at dei gjorde miskund og flytta på seg, at dei sette himmelklokka i gang, for elles opplevde ein ikkje dagen når han kom. Men for dem var ein ikkje til. Da var sjøen mildare å tenke på. Ein kunde ha sove vakkert i han, utan nattkulde. I ein voggande draum.

Men Torger sa noko som var sannare: — Nå, karar, nå flyttar vi ned til sessane våre; dei er sjøfri nå. Dei andre måtte ut av kald-dormen sin og til å sjå. Der hadde gått evige tider, men inga tid dessverre. Men der var virkelig steinseta deres. Somme hadde ramla ned, men dei andre var visst vennlige å sitte på. Det var umulig å røre på seg, men dei måtte dit ned, for det var mindre trekk der, sa Torger som var der først. Helmer sukka, og det var den djupaste og einsligaste bønna dei hadde hørt, men snart kremta han seg opp og var full Helmer att: — Skal bli ja!

Så døde dei var kom dei seg på plassane om sider. Midt i sjauen spurde Egil, halvt sovande, etter mor. Helmer la andletet ned til han, og sa at ho hadde det godt nå, ho fraus så fælt, og tålte så lite; — du burde kanskje ha fått vera med henne? sa han. På det svara ikkje Egil noko.

Dei hadde ei uendes tid av natta framfor seg. Alle mintes dei andre netter, eller små stunder i live sitt, slik og slik var det når ein såg det her ifrå. Dei kjente seg knapt helse til å oppleva slikt meir. Månen lyste fred over sittinga deres.

Helmer kom i hug tree i hagen der heime, der han sov barndomssømnens sin,

det klorte på veggen om natta, krafsa og sleit ut fingertuppane sine, det var som ei botsøving det hadde for seg. Gutungen gjømte hovude under fellen. Desse småkrokane hadde berre eit vått segl å gjømme seg under.

Han slepte undringa innpå seg, for ho hadde vore der i heile natt: Kor har du gjort av religionen din da mann? Trua og bønna, kristengleda og heile den verda — nå da du skulde ha bruk for det? Ja her er det ikkje, svara han. Eg sitt her så snau som du ser meg. Sjøen tok det visst i natt her. Ja og vent nå: Det verste er at eg saknar det ikkje heller (tobakken sakna eg da i si tid). — Ja det er underlig, sa han. Ein utrulig ting for meg.

For resten laut han slå hendene nå. Inger var glad ho fekk halde Egil att. Gud veit om han sov.

Men det var i oktober *i fjor* det, tenkte Torger. Vêre var så mildt dei la seg og god-sov på dekke om nettene utpå banken. Og heime der sov Borghild. Nå sitt ho her og frys forderva. Ho held så trutt på annanmanns barn, du får henne ikkje til å legge det frå seg og slå hendene. Skal eg tru ho må døy barnlaus og for eit barns skyld? Han vermtte henne ja, men der var visst ikkje stor monn i det. Ho hadde lurt av seg eit skjørt og tulla kring barne. Dess verre ja, men var det ulikt henne?

Borghild dorma att. Dei var så lange desse dødsstundene. Og Bror var langt, langt borte. Men ikonn sat på kvisten sin og åt granfrø, det var så inderlig beisk og god ein mat. Auga i han såg blåblinde ut, som han berre lya med dem. Og solvinden bles i håra på rompedusken hans og kjælte. — — Klauvene på kua der heime dei sprikte eitt hit og eitt dit, så nautelig vegvillt. Slik slag med auga hennes. Bror vart ikkje vår det han.

Ho opna auga litt meir, og tykte: det er ei sak å leva, og ei anna sak å døy, men *nå* er det det samme!

Tak og anna hørte dei Sjøtrolle sitt, han snorka visst i dødsangsten først han blunda. Så var han vaken og snakka med Inger: — Hutte-oss-tu for ein daue! Du har det fint nå, Inger!

— Hå ja da! kviskra ho, for ho hadde Egil på fange. Og bedehuse deres det fór, men dei vart berga!

Berga? Mindre trulig det. Ho fortalde nyst her om hus etter hus som fór. Somme ønskte, nå snart, at sjøen hadde tatt dem òg i samme vase.

Dei sat og døde og døde. Men Helmer tenkte det, og Sjøtrolle sa det: — Nå har vi rom, nå lyt vi røre oss med vi er til, sia er det for seint. — Ja godt folk, stemte Helmer i, så lågmælt at han ikkje vekte barna. Vi er pliktige til å berge dette her live vårt, vi som er att. Og det skal gå, ikkje sant? Vi skal døy med ære i alle fall. (Gamle ord utor ei gammal tid, men likevel —.)

Han og Sjøtrolle gjekk i gang. Dei tok tak av ømse slag, og la makt og sinne til. Dei var sterkast båe to var det likt til, men dei var så støle etter frysinga, dei var ikkje gangføre. Helmer datt han, med den andre oppå seg, og det var ingen god plass å dette på, han vart smågut-arg med det samme, skammelig òg, han fór opp med heile Sjøtrolle på nakken: — Nå har du synt meg fedrelande to ganger i natt, men nå skal du få *kjenne* det du! og så la han trolle over ende. Dei lo båe to, to utgamle smågutar. Live i dem vilde ikkje døy.

Torger sprang opp brattberge, utan å dette ned og slå i hel seg. Oppå toppen gjorde han nokre fakter frå eksisen, kom farande ned att, løfta Borghild og barne og svinga rundt med dem, gjorde det samme med Inger og hennes barn, så det gurgla i halsen på henne av fryd og redsle; der etter drog han krok med Sjøtrolle og let han vinne, drog med Helmer og vann så vidt det var. Da måtte dei to gubbane ta kvar sitt barn, — og Sjøtrolle var naturstridig å sjå til der han sat med sitt —, med at Torger sette i gang kvinnene, han fekk dem til å slå floke og meir slikt, ja han dansa med dem òg. Dei trampejåla så Sjøtrolle snudde seg frå dem.

Dei fekk varmen i seg. Men det visste han, havfiskaren, at får du varmen i deg slik, da må du òg halde han i deg på samme vise. Og Sjøtrolle snakka om fienden deres på sjøen vinterdags, *toterbiten*, den skulde dei akte seg for, — det måtte vera dødskulden han meinte. Nei den vilde dei undgå, ingen av dem var huga på å sova seg i hel nå lenger.

Dei stod i på karavis, fann på det eine etter det andre som kunde verme. Nei vel, det var ikkje rart å vera menneske når slikt uverdige tull vart store ting, men blås i heile verdigheita, dei torde ikkje gi seg. Helmer torde ikkje ein gong tenke på at Kari var borte, såg dei, det fekk vera til sia.

Og levande kom dei vel ikkje frå dette dei heller, men det var ei anna sak. Natta var dryg ennå, og vindkjøla saug overveldig i den usæle kroppen; og sjøen han ga seg så smått, så smått.

Helmer stod opp og song over dem da dei kvilte på. Røsta hans var

menneskevarm som ho var i fordoms tid. — «Min sjel, min sjel, lov Herren!»  
kvad han. Vers etter vers, tonen gjekk dem til bringa og vermtte dem der.  
Overmakta var for dum ei makt, det var skam om ein ikkje spytta på henne.

Ungane var varme å kjenne på. Berre dei nå kunde få sova lenge.

Ei og anna natta hadde dei opplevd før, nokon kvar av dem. Det var mest ikkje til å minnast nå lenger. Den tid da songen gjekk i bedehuse, med angen av kaffe til: — «når den siste time slår!»

Da sjøen lågna så det monna litt vart Helmer urolig. Han gjekk frå dei andre. Han var så langt ned som brotte let han komma, stod og såg etter kva båra hadde for seg, kva ho kom rullande med. Det var tare eller tang det, men for det meste ingenting. Kari var bedre gjømt enn som så, gudskjelov. Han retta på seg, på det kroppslige elende sitt, vida ut bringa og snudde seg mot aushimmelen.

Der kom ingen Gud nei, berre lovnaen om ein dag att, av det slage det kunde bli. Nei Helmer venta ikkje syner, han stod her ein snau og fri mann. Slik hadde han vore i årevis utan han merka det sjøl! Så fekk det vera slik da. For det kunde han synge om Herren like godt, og like sant; han var ein fager draum i si tid. Herren ga, og Herren tok, han tok heile religiøsitetten min, han skal vera lovprist for det, som sagt.

Han snykta til eit par gonger når Kari kom han i tanken, det var da inga skam det, i natt? Han song «Herre ta i din sterke hånd», stod liten men frimodig mot himmelen, let himmeldypta ise gjennom seg. Tusen på tusen med evigheits-mil bortanfor Vårherre, dit ønskar vi oss, der er det paradys der. Men når vi så kom der, og budde der —

Han tok like godt med det samme «Den signede dag som vi nu ser», for nå dagas det verkelig, og sjøen og overmakta fekk som ei skamkjensle i seg, brysta seg ikkje så storveges lenger over uverke sitt. Det var berre sømmelig at menneske følgde dem eit stykke med song.

Inger og Torger hadde speida og set: Rettnå var det framkjømt vestover. Men alle var dei for late i kroppane enda, kunde ikkje lite på noko riddarsprang. Dei fekk komma i hug barna, vart dei einige om. — Torgerstua står, og Gammalstua står på hall, fortalde Inger. Det vart så dei bia oss lel! sa ho og var glad.



Ein fekk bie sjøl òg. Men ein halv time er ei lang tid, ti gonger lenger enn dei visste om i går ved dette leite. Dei fór der og tulla ennå då sola kom. *Ho* såg ut som ho hadde sove over seg og visste ikkje nokon ting særleg. Himmelen gjorde heller ingen stas for henne. Det var lyse i lufta som var stasen.

Og nå kunde dei ikkje vente lenger. Sola var blind enda og hadde ikkje anna enn kulde å gi, lufta var som blanke isvatne. Og barna vakna og hadde det vondt. Ingen hadde noko å varme eller trøste dem med, ikkje ein sukkerbit heller nei, smått stell her aust i ura nå san. Helmer tok dem og heldt dem innåt seg, og fortalde dem at ennå levde *dei*, men det var mange som ikkje gjorde det etter denne natta, det gjorde ingen av dei andre barna i være. — Døden var her og vilde ha oss alle, sa han. Meir trong dei ikkje høre, kunde ein sjå.

Borghild knektes i hop og seig innåt mannen sin. Han tok henne på armane og roa barn med henne. Ho var bra att da han sette henne ned.

Han såg holmane bli til på nytt i kring seg, dei sola alt dei skamfarne sidene sine, og himmelen var vinterblå over dem. Innlande tedde seg fram det òg, denne velkjente blåfjellranda som dei tok mé i vestpå have. Og her var Øyvære. Ein burde vel ha takka for berginga, men han visste ikkje: Dette overke her i natt, kva skulde det vera godt for, å fara fram slik mot verjelaust folk? Dei hadde knapt dødd av velvære her ute like vel. Ja dei burde ikkje ha levd så verjelause, det var så, det er nå ein gong straff for å tru det beste, men han, som sagt, var ikkje opplagt til lovsong nett nå.

Ein fekk sjå korles det gjekk med Borghild etter denne medferda, og med ungane.

Sjøtrolle kom tett borttil Helmer. — Du får ha takk for både bønner og tru! sa han. Utan det hadde vi vore i tarebygda nå, heile smelta. Og så mumla han med seg sjøl, at hadde dei vore større menneske, litt meir til folk enn dei var, da kunde han ha skjont denne berginga. «Mi sjel, mi sjel!» murra han.

Inger var fortenkt. For barna gjømte andleta sine og berre fraus.

Nå bar det i veg, sa Helmer. Dei fekk takke for seg og gå heim. Jaha, dei let skrape sitt etter seg og krungla seg fram til Austlone. Der stana dei, stod og såg på være sitt og sa ikkje noko.

Det var litt ansles å sjå det enn å tenke på det. Det var dem litt for sant.

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
Torgerstua stod åleine. Gammalstua hang der på eit vis, og vrakhaugen av nauste hans Torger breiddmed, sjøen hadde lagt han att der av ein eller annan grunn. Lenger bort såg ein kor dei andre husa hadde stått. Sjøen gjekk der og vaska dei gamle tuftene, klask og annan, som i glømska etter ei vakarnatt. Der gras-svoren grønte før, der låg berge flådd og naken i dagen, torva var rulla opp i svarte bårer oppetter øvste rantane.

Ei utrivelig ødemark gliste mot heimkommarane, men nå måtte dei i hus, varme var det einaste som var verdt å tenke på. Dei kom tålig bra over, litt væte skremte ingen.

Gammalstua låg og kregde som eit gammalt farty-vrak. Ingen var huga på å sjå inn enda, men dei gjorde det like vel. Det var ikkje bedre enn dei hadde frykta. I senga, som hadde hamna ved nedre veggen, låg dei to gamlingane steins still. Gutungen låg på golve; han var alt nåkvit i andlete.

Berre Ludvik gjekk inn, dei andre skyndte seg åt Torgerstua for barna si skyld. Han kom snart etter. Ennå var der liv i kona, fortalde han, litt liv ja, men ikkje noko vett nå meir. Dei andre to var alt stive.

Men det store spørsmålet var om dei hadde tørre tendstikker og ved som kunde brenne. Sjøen hadde vaska golve for Borghild, og i vedbua hadde han vore og stelt med veden og tørva. — Her må grisen ha vore, sa ho da ho såg dit. Enda godt dei ikkje hadde gris i år, eller høner, trøsta ho seg. Dei fekk opp varme, når dei tok eldste kjøkkenkrakken til hjelp, og alle bytta på seg tørre klea, så nær som Inger, ho nekta tvert. Kaffe vart det vonoms fortare, og stuevarme til, og med det stod på var karane bort etter gammalkona. Der var liv i henne ja. Ho vart stelt med og lagt i stua hennes Anna, for *ho* kom knapt og spurde etter husromme sitt meir. Der var fleire som ikkje gjorde det i dag.

Ungane vart nedpakka i dundyner, og Borghild fekk samme lagnaen. Inger la seg ikkje i frammandt hus, før sprang ho åt ura att, såg dei. Alle hadde drukke meir kaffe og nafta enn godt gjorde, men det gjorde godt lel, med noko mat til. Så bar det til sengs med karane òg, ein blund var paradise nå, alt anna kom bort. Dei var vant til å ta sømnen når han trongs og ha seg opp att når tida kom.

Inger dorma litt i ein stol, men ho var snart ute att, gjekk og såg etter grannane, dei frå Iverstua og dei andre, ho fekk det ikkje til, dette at dei var så søkk borte. — Men nei da! sukka ho, ikkje så mykje som ein sko-sole etter dem i

tangbe'en. Dei har berga seg over til Langholmen, trøsta ho seg, guden deres har ført dem tørskodd over, har gjort samme spele før han. Det vart berre 'n Roald og a Vebjørn som let seg drukne for alvor. Ho stod på ein av syllsteinane etter Iverstua, og da kvad ho litt for eiga rekning: — Du døyr, og ho døyr, men eg lever ennå eg. Og 'n Helmer søv, og ungane hans søv, og 'n far søv i nærheita med dem. Nå er det fred på jorda!

Det var ho som varskudde ved middagstid at skjøyta kom. Torger hadde alt hørt takten hennes i sømnen og heldt på og sat i senga.

Skjøyta kom bankande inn sunde som det var ein annan dag, saktna farten og såg etter bøya si. Både den og kjettingen var borte. Karane dregga midt i sunde og gjekk i jollen. Det måtte vera eit rart vær å komma heim til? Ja Langholmmannen såg da att huse sitt han, men den andre ikkje.

Ennå drog sjøen så pass at det var vågsamt å lende med jollen. Dei andøvde ei stund, så hoppa ungguten Gunnerus, og med Torger si hjelp kom han da i land. Han var kommunisten deres, og farlig god til å tenke og til å snakke for seg, men han var berre snaue menneske han òg nå, fekk ikkje opp munnen til å spørre etter søstra og broren. Broren var berga han, vesti Nakken, kunde dei trøste han med, søstra visste dei ikkje noko om. Langholm-mannen såg kona si oppved stua heime, men ikkje Roald. Roald var det vel helst kona såg etter òg.

## VII.

Inger kom og varskudde om Iverstua: Ho såg henne tydelig aust i sunde, på Langholmsida, take var så nauande likt seg. Men dei fekk skynde seg, let ho, stua heldt på og reiste att. Dei fór i veg med skjøyta og jollen og fann huse. Det låg flatt på berge. Sjøen rugga på det, men han hadde ikkje skamraska det meir enn at det var Iverstua enda; han var for resten rimelig nå. Frå det vindaug som snudde opp kunde dei sjå ned i stua.

Dei låg der alle så nær som Vebjørn og Roald.

Det var rart å sjå att stua slik, nedgjennom vindaug, og rart å sjå att grannane på denne måten, dei låg der i sjøen og vart vogga for kvart sudrage. Andlet for andlet der nede snudde seg mot ein, snudde seg bort att, til sitt. Dei hadde fått ein mild død, kom det for ein. To av dem hadde gitarren i handa.

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
Sjøen gjømte vakkert på dem til så lenge. Ennå drog sjøane så dei kunde ikkje gjera meir.

Men korles stod det til med Kristian og dei andre som rømte ut på Nakken? Noko bål frå dem hadde ikkje vore å sjå sia i gårkveld. Dei var vel utan båt nå og sat der og fraus og svalt.

Det synte seg at Nakken var snau for folk. Han var så lauga og medfare at ikkje ei klo kunde fått feste der, meir øde berg stod ikkje i sjøen nokon stad. Som eit avskrapa hestehovud, syntes Helmer, så mektig i elende sitt.

Sokning og slikt fekk vera, ein måtte stelle med dei andre. I grunnen burde dei fare austover med skjøyta straks, det var for mange ting dei vanta, men her måtte dei levande la dei døde gå først.

Dei matstelte seg fort og kraftig, live smakte dem godt den stunda, og dermed bar det ut til dagens gjerning. Den fekk dei gjera.

Om kvelden hadde dei alle lika i Gammalstua. Den hadde dei støtta opp så ho stod. Litt seinare bar dei gamlemor dit, att-ende til heimen hennes, ho var død ho òg. Der låg dei i breidd på det skjeive golve, 11 lik. Helmer var glad enda ein gong at ikkje Kari var der. Barna stod i døra og såg på lika, men dei gjekk snart ut att. Det var knapt dei ansa på at morfar tok dem i handa. Ingen sørger visst meir pinsamt enn spottefuglen. Han får vel ha *det* han da, krypen.

Ludvik kremta sjøtroll eit par gonger og var stiv som ei maske i andlete. Han var nok ikkje alt for einig i Guds vegar nå da det gjekk innpå han. Inger vart enda mildare i blikke da ho såg dei døde kjenningane, ho smilte rådløst og lea på hovude. Der låg ei lys helg over henne, syntes Helmer. Det låt litt i henne da ho tok bortpå andlete til Herlaug. Noko det samme var det med Borghild, såg han. Han rista på hovude: Kor vi diktar og tullar når vi ser lik. Dei er da ikkje noko meir. Berre som eit amen inne i oss.

Så stod dei utom døra, i stille kvelden. Sjøen gjekk og søya kring landa ennå. Det var som selskap i det. Ei sky langt austpå hadde set månen alt og lyste i kvitaste gult. Men karane la råd opp for morgondagen.

Dei fekk ta lika og fara austover til kjerka med dem. Å fara have med 11 kister om bord i skjøyta var ikkje så greit. Det vart til at alle vilde vera med austover. For barna var det ventelig ein lettna å komma ut og bort.

Dei fór ut sunde i god tid med farmen sin. Vêre var godt nå òg. Det var så lyst. Ei lita nordavindskjøle grådde sjøen. Austpå leia var sjøen nokolite kulrygga enda, den eine dønningen etter den andre kom og minte om det som hadde vore, men dei var blanke og fredelige, vilde ikkje vondt.

— Øyvære ser etter oss, sa Helmer. Mest som det bed oss helse austover. — Og be om hjelp, kanskje? sa Torger. Smeis på a fokka heller, sa han til Gunnerus. Det vart gjort, og da gjekk skjøyta straks meir stødig. Dei ga henne storsegle òg. Da fór dei fint.

Sia sa Torger, til Helmer eller Borghild: — Ja eg må utover igjen eg. Men: Det dømmer eg ingen andre til. Borghild spurde om det var henne han tenkte på, og smilte over dumheita hans.

Helmer sat just og tenkte på det. Han fekk ta avgjerda nå, og ho var stor. Der framfor han sat barna hans, med ryggen mot mastra. Dei såg ikkje det granne meir ovkloke ut enn andre barn. Av og til kjente han blikke deres på seg. Ja ja. For deres skyld, sa det i han. For deres skyld måtte han reise på seg, opp og stå, så å seie, ta til frå nytt av enda ein gong. Han reiste seg med han tenkte på det, og det var eit tak, for han var uhjelpelig støl etter denne storvasken her.

Barna hørte ikkje til vesti eit utvær, dei krevde ei framtid. Han tenkte mangt om det, og gledde seg så smått. For enda var han mann til å rå seg eit garsbruk og komma i veg att. Kari hadde nok tenkt på det ho.

— Skal vi reise frå a mor da? spurde Solveig best det var. Dei såg på han baa to.

Han rista på hovude: — Det er ho som har reist frå oss. Ho har det bedre enn vi, nå.

Dei sa ikkje meir, for det var vel ikkje meir å seie.

Ludvik snakka med Torger: Han undra seg på om han kunde flytte inn i Gammalstua? Kven skulde han spørre om lov? For når ein kila henne opp så vart ho da god å krype inn i.

Torger visste ikkje om der fanns nokon arving etter gamlingane, omframnt ein gjentunge. — Du kan krype inn hos oss i vinter, sa han. — Ja der er det rom nok, sa Borghild. Til både dykk og fleir. Ho såg bort mot Helmer med det samme.

Ludvik såg tomt på dem, der etter på Inger. Ho sat og småanka seg når skjøyta rulla litt for mykje, ho hadde vondt av dem som låg nedi romme. Nå stirde ho på faren. Auga hennes naubad for seg. Ho vilde ikkje bu i hus med andre. — Og du reiser vekk nå, sa ho til Helmer.

Helmer hadde tatt avgjerda. For det første vilde han sjå seg om etter husrom til så lenge. Sia kom han vel over einkvart, samme kva det kunde bli, Målfrid og mannen hennes var gode å snakke til om det kneip. Småkarane skulde få det bra, han såg lyst fram for seg. Dei sat der og *visste* han fann ein utveg. Det skulde bli som Kari drømte seg det.

Ja. Men så kunde han det ikkje. Tvert nei. Han kunde ikkje skille lag med desse folka her. Etter kvart skjønnte han ikkje han hadde tenkt på det. I skjære skamma vart han ståande og sjå ned.

Han syntes han hadde levd i lag med dem i årevis, desse rare menneskeskapningane, men når hadde han *snakka* med dem? Når hadde han vore noko for dem, vore med dem i live deres? Alle dei gongene han kunde ha gjort det! Ja slik låg live hans all vegen attover, han hadde berre gått og gått, vore Helmer og aldri noko anna, ein tomhendt mann. Ein ørkentråvar snakka dei om ei tid her.

Han vart ståande og tenke på det. Skjøyta rann fram mellom skjær og oddar og ut på ein liten fjord, han såg det gjennom tankane og gledde seg ved det òg. Han fór ikkje som ein rømling nei. Det var han og dei andre frå Øyvære som var ute på ei ferd. Der var den, og der den, her var dei samla dei som att var. Ludvik stod og stirde på han og smått trødde; han hadde så runde blå auga.

— Ja, Helmer, sa han, nå er vi snart framme.

Dei såg på Helmer dei andre òg da.

— Det var det eg skulde sagt, sa Helmer, han retta på seg og møtte blick for blick: — Vi blir med utover vi òg. Om de har husrom for oss til så lenge? Eg skal snart ha hesja opp Iverstua att, eg har tømra før eg.

Dei levna til i andleta vonoms meir. Torger og Borghild lo vantruen mot han, mest lykkelig. Husrom? sa dei. Det stod der da og venta! Ludvik murra noko djupt nedi halsen, og spurde om det var *sant*, forsikkra så dei andre om at dette hadde han visst all sin dag om 'n Helmer! Inger ga frå seg ein glad liten lyd ho òg.

Created at 10/6/2010, from URL:[http://www.nslnorge.no/visning/NSL\\_Duun\\_MogM\\_tekst.html](http://www.nslnorge.no/visning/NSL_Duun_MogM_tekst.html)  
Jamvel Langholm-folka såg litt meir oppliva ut. Om dei nå ikkje skjønnte dette med Roald.

Men det var barna Borghild såg på. Ho vart så heit i blikke.

— Ikkje sant, sa han til dem, vi reiser utover på nytt?

Borghild spurde om det samme: Våga dei seg ut i Øyvære ein gong til?

Han syntes sjå ein liten varme i auga deres, men dei var like alvorsame, andleta var like fattige på uttrykk. Egil svara med det vesle tørre måle sitt:

— Ja nå ja, når det er overstått.

Og Solveig fresta å smile. Borghild såg på Helmer, men ho slo ned auga og vart rødlett. Inger klappa litt i hendene for seg sjøl.

Helmer var beinstøl og sette seg. — Det bit ikkje sjølaug på deg, sa han til Ludvik. — Nå, meinte Ludvik, eg er ikkje rart til sjøtroll her etter. Om ei stund sa han, tett bort til Helmer: — Men eg vart da berga lel — kva skal ein meine om det? Helmer smålo og rista på hovude: — Nei nå, Ludvik, nå blir du meg for djup. Men det har du rett i, at det er rart å sjå seg sjøl nå eit tak.

Frå den andre sida døden, kunde ein mest seie. Han såg på barna. Dei såg ned. Så smilte den eine, og så den andre, mest som i gamle dagar. Litt etter kom dei og sette seg breiddmed han. Forunderlige skapningar. Det var dei andre her òg, levande og forunderlige. Ein stakar vart sentimental. Kvifor var det slik ei skam, tru? Menneske fekk vel aldri lov å vera menneske, det sørge det sjøl for. Det måtte vera det som gjorde det.

Nei han song ikkje, det kom han knapt til å gjera her etter. Men heile han var ei glede som tona, ei tru som flytta både berge og han. Tilvære kalla han det.

Og så var dei i kjerkevågen med farmen sin. Lika vart lagt i eit stort naust, eit som folk gjerne kalla liknauste, for det hadde liggi mange der før. Denne gongen var nausteigaren missnøgd med at dei kom, og særlig med at dei kom *slik!* Han skjemte på dem og klaga seg, og der stod dei. Torger og Helmer baud betaling for husromme.

Borghild såg på mannen sin, som ho vilde be han ta denne eigarmannen og sette han på eit vanærande kjørel.

— Vi ber dem inn lel! sa Inger.

Og det vart til at dei gjorde det. Ludvik sa til Helmer:

— Det ser ut som folk er verst mot oss dumme. Nei eg vågar Vårherre slik, han bergar for tvert han.

Der kom mykje folk til, det vart stor samling og folkesorg, men øyværingane fór austover til handelsstaden, dei måtte ruste seg for live att. Det spurdes skade etter storsjøen mangestads frå, men det var berre Øyvære som ulykka hadde gjesta.

Noko med det første Helmer såg der aust var Borghild og dei to barna i breidd oppi «gata». Solveig hadde spurd om ikkje ho og Egil måtte ha svarte band på armen sin nå, og Borghild hadde jamvel fått innbillt Egil at der måtte noko liknande til ja. Der gjekk dei inn på ein slik butikk. Inger var med.

Helmer og Ludvik stauka i veg att, dei hadde sitt å gjera. — Men at du har peng ennå da? sa Ludvik, du må ha vore rik? — Før tryt det skodd i Vesterhav før det tryt peng hoss meg! gjønte Helmer. Men kor gjorde Torger av seg, han som var provianteringsministeren deres? — Nå, det tok vel tid, trudde Ludvik, å telefonere til byen etter så vidt mange likkister, byen var knapt budd på så stor omsetning i den bransjen. Dei fekk gi seg tida, Øyvære rømte ikkje frå dem.

---

Olav Duuns *Menneske og maktene* er lastet ned gratis fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)